

KULTURMINNEPLAN FOR STEINKJER KOMMUNE 2014-2018

KULTURARVEN I STEINKJER



 Steinkjer kommune


STEINKJER
åpen, lys og glad

FORORD

Kvart enkelt kulturminne er ein ikkje-fornybar ressurs. Det representerer ein verdfull historisk miljøverdi og inngår som eit viktig element i den heilskaplege samfunnsutviklinga. Samtidig blir det stadig skapt nye kulturminne. Hovudmålsettinga med ein kulturminneplan for Steinkjer kommune er å auke kunnskapen om vår historie og styrke Steinkjer sin identitet og attraktivitet. Planen skal understøtte satsinga på kulturbasert næring og reiseutvikling. Historia til Steinkjer skal vere ein ressurs i den vidare samfunnsutviklinga.

Det er viktig å finne eit representativt utval av kulturminne vi skal ta vare på, slik at vi kan gi oss sjølve og dei som kjem etter, eit mest mogleg samla bilete av kulturarven til Steinkjer. Eit viktig poeng her er vern gjennom bruk, sjølv om bruken i dag kan vere annleis enn den opphavlege.

Kulturminneplanen skal omhandle alle kulturminne, både automatisk freda fornminne eldre enn 1537 og nyare tids kulturminne. Alle objekt finst i databasen www.mittkulturminne.no. Immaterielle kulturminne er knytta til mange av kulturminna. Lause gjenstandar er ikkje tatt med i planen.

Det er lagt vekt på at planen skal vere lett å lese og framstå som interessant for dei som bur i Steinkjer. Både skular og historieinteresserte skal ha nytte av planen.

Prosjektet har fått økonomisk støtte fra Riksantikvaren

Planen er vedtatt i kommunestyret [dato].

[Den endelege utgåva vil bli utstyrt med litteraturliste, kart og med nokre illustrasjonar i tillegg].

INNHALDSFORTEIKNING

DEL 1: INNLEIING	13
1.1 Bakgrunn	13
1.2 Kva er eit kulturminne?	13
DEL 2: PLANDOKUMENTET	14
2. PLANEN	14
2.1 Kvifor ein kulturminneplan?	14
2.2 Grunnlagsmateriale	14
2.3 Arbeidsprosessen	14
2.4 Tilhøvet til andre planar	14
2.4.1 Kommunale planar	14
2.4.2 Fylkeskommunale planar	14
2.4.3 Nasjonale planar	15
2.5 Andre hjelpemiddel i skriveprosessen	16
2.5.1 Askeladden	16
2.5.2 SEFRAKregisteret	16
2.5.3 NB!-registeret	16
2.5.4 Mitt kulturminne	16
2.5.5 Skriftleg materiale	16
2.5.6 Munnlege overleveringar	16
3. UTFORDRING, MÅL OG VERKEMIDDEL	16
3.1 Utfordringar	17
3.1.1 Kva skal vi verne?	17
3.1.2 Verdisetting og vekting av kulturminneverdi	17
3.2 Mål	17
3.3. Verkemiddel	18
3.3.1 Informasjon, kommunikasjon og kunnskap	18
3.3.2 Økonomiske verkemiddel	18
3.3.3 Vern- og forvaltingsplaner	18
3.3.4 Juridiske verkemiddel	18
4. KULTURMINNE SOM IDENTITET	18
4.1 Kulturminne som ein verdiskapar i seg sjølv	19
4.2 Kulturbasert næring	19
DEL 3 KULTURMINNEVERNET	19
5. KULTURMINNEVERN GENERELT	19
5.1 Kulturminnevern – kva er det?	20
5.2. Statlege forvaltingsledd	20
5.2.1 Miljøverndepartementet	20
5.2.2 Riksantikvaren	20
5.2.3 Statens naturoppsyn	20

5.2.4 Sametinget	20
5.3 Regionale forvaltingsledd	20
5.3.1 Fylkesmannen i Nord-Trøndelag	20
5.3.2 Nord-Trøndelag fylkeskommune	20
5.3.3 NTNU Vitenskapsmuseet	21
5.4 Lokale forvaltingsledd	21
5.4.1Steinkjer kommune	21
5.4.2 Stiklestad nasjonale kultursenter avdeling Egge museum	21
5.4.3 Nasjonalt senter for gjenreisingsarkitektur	22
5.4.4 Andre organiserte formidlingsarenaer	22
5.5 Det frivillige kulturminnevern	22
5.5.1 Nasjonale frivillige organisasjonar	22
5.5.2 Regionale frivillige organisasjonar	23
5.5.3 Lokale lag	23
5.6 Grunneigarane	23
6 LOWERKET	23
6.1 Lov om kulturminner av 9. juni 1978	23
6.2 Lov om planlegging og byggesaksbehandling av 26.juni 2008	24
6.3 Lov om forvaltning av naturens mangfold av 19. juni 2009	26
7 SENTRALE OMGREP I KULTURMINNEVERNET	26
7.1 Metode	27
7.1.1 Kulturminne eldre enn 1537	27
7.1.2 Kulturminne yngre enn 1536.	28
DEL 4: STEINKJER SI HISTORIE	28
8.1 Innleiing	29
8.2 12000 år på 24 timar	29
DEL 5: KULTURMINNE I STEINKJER	30
9 Oldtid og mellomalder	30
9.1Bergkunst	30
9.1.1 Bøla	30
9.1.2 Helleristningar i Beitstad	30
9.2 Busettingsspor	31
9.2.1 Våttabakken	31
9.2.2 Toldnes	31
9.2.3 Gjævrånmarka	32
9.2.4 Giskåsmarka	32
9.2.5 Storaunet på Ofteåsen	33
9.3 Graver	33
9.3.1 Trekantanlegg	33
9.3.2 Gravfeltet på Helge	33
9.3.3 Guin	34
9.3.4 Vekreshaugen	34

9.3.5 Steinsettinga på Tingvold	34
9.3.6 Fornminna på Eggevammen	34
9.3.7 Skeifeltet	34
9.3.8 Gravrøysene på Rensviktangen og Sandviktangen	35
9.4 Vegfar	35
9.4.1 Vegleia mellom Nodal og Strømstad	35
9.4.2 Vegen mellom Vibe og Helge	36
9.4.3 Hulveg og gravrøys på Tessem	36
9.4.4 Hulvegfar på Fornes i Stod	36
9.4.5 Vegen over Kvamsåsen	36
9.4.6 Den gamle kongevegen, Sparbu-leia	36
9.4.7 Gammelvegen til Giskåsgardane i Ogdal	36
9.4.8 Pilegrimsleia – Nordleia	37
9.4.9 Kavlsruene ved Fisknes	37
9.5 Heilage og magiske stader	37
9.5.1 Råmmåguttu og offersteinen	37
9.5.2 Vortesteinen i Stod	37
9.5.3 Olavskjelda i Egge	37
9.6 Bygdeborgar	38
9.6.1 Bygdeborgen på Hoåsen	38
9.6.2 Gjævranslottet	38
9.6.3 Skansåsen	39
9.6.4 Bygdeborgane Nattsjøberget og Vinillen	39
9.6.5 Bygdeborgane i Beitstad	39
9.6.5.1 Steinfjellet	39
9.6.5.2 Kvitberget på Oppdal	39
9.6.5.3 Østvik	40
9.6.5.4 Elnan	40
9.6.6 Bygdeborgene i Sparbu	40
9.6.6.1 Johalla	40
9.6.6.2 Korpdalsberget	41
9.7 Vardar	41
9.7.1 Ulvenvarden	41
9.7.2 Borghatten	41
9.7.3 Fossemheia	41
9.8 Fangstanlegg	41
9.8.1 Kolåsen i Ogdal	41
9.8.2 Grøtan i Kvam	42
9.8.3 Roktplassen i Ogdal	42
9.8.4 Falkefangst i Skjækerfjella?	42
9.9 Jernvinneanlegg	42
9.9.1 Jernblåster ved Skjærsjøen i Beitstad	42
9.9.2 Jernutvinning i Ogdal	43
9.10 Steinbrot	43
9.10.1 Slipsteinsberget i Sparbu	43
9.10.2 Steinbrotet på Jørem	44
9.11 Førreformatoriske kyrkjer og kyrkjestader	44
9.11.1 Mære kyrkje	44

9.11.2 Ol kyrkjestad	44
9.11.3 Kvam gamle kyrkjestad	45
9.11.4 Solberg gamle kyrkjestad og kyrkjegard	45
10. Nyare tids kulturminne	45
10.1 Bustad og busetting	46
10.1.1 Storgardane	46
10.1.1.1 Vibe	46
10.1.1.2 Trana, øvre	47
10.1.1.3 Hegge	47
10.1.1.4 Tuv	47
10.1.1.5 Gjævrån	47
10.1.1.6 By	47
10.1.1.7 Egge gard	48
10.1.1.8 Five austre i Kvam	48
10.1.2 Firkanttunet	49
10.1.3 Fjellgarden	49
10.1.3.1 Bøverdalen	49
10.1.3.2 Giltmarka	50
10.1.3.3 Hals	50
10.1.3.4 Kvernå	50
10.1.3.5 Roktgarden	51
10.1.3.6 Bakkhaugen	51
10.1.4 Småbruket	51
10.1.4.1 Bakken i Stod	52
10.1.5 Husmannsplassen	52
10.1.5.1 Aunplassen	52
10.1.5.2 Husmannsplassar i Steinvika	52
10.1.5.3 Sagplassen/Storvoll på Gaulstad	52
10.1.6 Bureisingsbruket	52
10.1.6.1 Hollåsfeltet	53
10.1.6.2 Lia	53
10.1.6.3 Vassaunet	53
10.1.6.4 Floin i Sprova	53
10.1.7 Samisk busetting og samiske kulturminne	53
10.1.7.1 Skaril har sett namn etter seg i Kvam	54
10.1.7.2 Finnplassen i Laupsmarka i Stod	54
10.1.7.3 Hatlingplassen Nolla	54
10.1.7.4 Finnheimen i Stod	54
10.1.7.5 Limbuåsen, Finnstuvollen og Finnstutangen i Følling	54
10.1.7.6 Ellenplassen i Henning	55
10.1.8 Bygdesentra	55
10.1.9 Steinkjer - «Bygdenes By»	55
10.1.9.1 Sneppen	55
10.1.9.2 Gamle Kongeveg	55
10.1.9.3 Finnmarka	55
10.1.9.4 Anna Kammens hus	56
10.1.9.5 Sveitserstil - Møllevegen 2	56
10.1.9.6 Gardsbruk i sveitserstil: Overrein og Bruem	56

10.1.9.7 Villaer i sveitserstil: Bergstrand, Ølvesheim, Trollhaugen, Bjørkhøi	57
10.1.9.8 Art Nouveau	57
10.1.9.8.1 Elvarheim	57
10.1.9.9 Nyklassistiske villaer og embetsmannsbustadar	57
10.1.9.9.1 Johan Bojers gate 1-7	57
10.1.9.10 Funkis på Nordsihaugen	57
10.1.9.11 Funkis i sentrum	58
10.1.9.12 Folkefunkis på landsbygda	58
10.1.10 Gjenreisingsbyen	58
10.1.10.1 Sverre Pedersen og Sverre Olsen	60
10.1.10.2 Gjenreisingsbyens omdømme	61
10.1.10.3 Vern av gjenreisingsbyen	61
10.1.10.4 Svenskbyen	62
10.1.10.4.1 Ogdalsvegen 48/50	62
10.1.10.5 Villastrøket Sørsibakken	62
10.1.10.5.1 Furuskogvegen 26	62
10.1.10.5.2 Furuskogvegen 3	63
10.1.10.5.3 Furuskogvegen 18	63
10.1.10.6 Milbo	63
10.1.10.7 Ogdalsvegen 66 -111	63
10.1.10.8 Kalv Arnesons gate 16	64
10.1.10.9 Nyreising i Egge og Ogdal	64
10.1.10.9.1 Åsvegen 50	64
10.1.10.9.2 Bergvegen 16/18	64
10.1.11 Myrslovegen 146	64
10.2 Landbruk	65
10.2.1 Seterdrift	65
10.2.1.2 Åssvesetran	65
10.2.1.3 Huslia	65
10.2.1.4 Heggesebekksetran	66
10.2.1.5 Aunsetran i Sparbu	66
10.2.1.6 Storroktsetran og Litroktsetran i Ogdal	66
10.2.1.7 Gjetarsteinen i Volhaugen	66
10.2.2 Fjellslått	66
10.2.2.1 Kasperbua og Veinesbua i Kvamsfjella	66
10.2.2.2 Stakkstonga i Nollamarka	67
10.2.3 Myr dyrking	67
10.2.3.1 Myra	68
10.2.4 Andre driftsbygninger - tørkhuset på Ner-Skei	68
10.3 Skogbruk	68
10.3.1.1 Vassfallet ved Selli	68
10.3.1.2 Havda sag	69
10.3.2 Fløytardammar	69
10.3.3 Løftarar	69
10.3.4 Skogastuer	69
10.4 Handel	69
10.4.1 Røysing bygdesentrum	70
10.4.2 Kvitvangsvågen	70

10.4.3 “Sko-Schei”	70
10.5 Bergverk	71
10.5.1 Kopperverka i Ogdal	71
10.5.1.1 Rokne smeltehytte	71
10.5.2 Sølvgruva i Oftenåsen	71
10.5.3 Skrattåsgruva på Byafjellet	72
10.5.4 Prøveskjerping ved Storrokta	72
10.5.5 Marmorbrotet på Lænn i Sparbu	72
10.6 Vasskraft	72
10.6.1 Helge-Rein-By Brug A/S	72
10.6.1.1 Spinneriet	73
10.6.1.2 Sliperiet	73
10.6.1.3 Arbeidarbustaden Storhåggan	73
10.6.1.4 Taubanen til Eggebogen	73
10.6.2. Hegglikverna i Kvam	74
10.6.3 Nodal mølle og Kvam elektrisitetsverk	74
10.6.4 Semsfossen torvstrøsamslag A/S	74
10.6.5 Kraftverka i Kvernfossen og Sagfossen	75
10.6.6 Hamrum kraftstasjon i Sparbu	75
10.6.7 Steinkjer kommunale mølle og elektrisitetsverk	75
10.6.8 Støa kraftverk	76
10.6.9 Rygg kraftverk	76
10.7 Annan industri	76
10.7.1 Laup teglverk	76
10.7.2 Kalkommen på Vallem	77
10.7.3 Dampsaga kulturhus	77
10.7.4 Sagbruksepoken i Paradisbukta og Steinvika	77
10.7.5 Tjærebrenning i Fivesmarka i Kvam	78
10.7.6 Gilberg frørenseri i Sparbu	78
10.8 Samferdsel	78
10.8.1 Veg og vegbru	78
10.8.1.1 Hjellan i Beitstad	78
10.8.1.2 Gamle Ogdalsveg	79
10.8.1.3. Lund bru i Egge	79
10.8.1.4 Nodal bru i Kvam	79
10.8.1.5 Hamrum steinkvelvbru	79
10.8.1.6 Veiebrua i Sparbu	79
10.8.1.7 Fånettbrua	80
10.8.1.8 Håkkadalsbrua i Steinkjer	80
10.8.1.9 Skjeflo-furua	80
10.8.2 Jernbane, jernbanebruer og stasjonsbygg	80
10.8.2.1 Sparbu stasjon	80
10.8.2.2 Figga bru og Steinkjer bru	81
10.8.2.3 Steinkjer stasjon	81
10.8.2.4 Jernbaneparken	81
10.8.2.5 Jernbane-skjeringa i Våttabakken	81
10.8.2.6 Sunnan stasjon	81
10.8.2.7 Stod stasjon	82

10.8.2.8 Valløy stasjon	82
10.8.2.9 Gråsteinsmuring Sunnan- Snåsågrensa	82
10.8.3 Vassvegen	82
10.8.3.1 Klingsundet på kryss og tvers	82
10.8.3.2 Naustet på Hoøya	83
10.8.3.3 Steinkjer hamn	83
10.8.3.4 Fyrlykta "Jakob"	84
10.9 Kyrkjer	84
10.9.1 Skei kyrkje	84
10.9.2 Følling kyrkje og kyrkjestad	84
10.9.3 Egge kyrkje	85
10.9.4 For kyrkje	86
10.9.5 Beitstad kyrkje	86
10.9.6 Bartnes kyrkjestad	87
10.9.7 Henning kyrkje	87
10.9.8 Kvam kyrkje	87
10.9.9 Bodom Kapell	87
10.9.10 Steinkjer kapell og krematorium	88
10.9.11 Bartnes kapell	88
10.9.12 Steinkjer kyrkje	88
10.10 Andre institusjonar	89
10.10.1 Helse- og sosialinstitusjonar	89
10.10.1.1 Gamleheimen i Stod	89
10.10.1.2 Wimpelmannsgarden i Steinkjer	89
10.10.1.3 Beitstad gamleheim - Utvikheimen	89
10.10.2 Skolar	89
10.10.2.1 Vollen skole i Sparbu	90
10.10.2.2 Steinkjer folkeskole	90
10.10.2.3 Moen skole i Beitstad	90
10.10.2.4 Bruheim (Bruem) skole i Sparbu	90
10.10.2.5 Mære landbruksskole	90
10.10.2.6 Høvdingvegen 10 - Statens skogsskole	91
10.10.2.7 Steinkjer ungdomsskole	91
10.11. Krigsminne	91
10.11.1 Stabburet på Jørem i Sparbu	91
10.11.2 Anne Austli og "Hotellet" i Ogdal	91
10.11.3 Tangen i Stod	92
10.11.4 Fangeleiren i Holanmarka i Sparbu	92
10.11.5 Kinobrakka på Steinkjersannan	92
10.11.6 Illegal kvern på Giskås i Ogdal	93
10.12 Ferie og fritid	93
10.12.1 Bodomheimen	93
10.12.2 Andre jakthytter	93
10.12.3 Sætervika feriekoloni	94
10.12.4 Firmahytta "Børgin"	94
10.12.4 Hovig-hytta ved Mokkaatnet	94
10.13 Idrett, sport og ungdomsarbeid	94
10.13.1 Skistua på Byafjellet	94

10.13.2 Haugtrøbakken i Kvam	94
10.13.3 Hoppbakken Klempen i Ogndal	95
10.13.4. Hoppbakken Jutul'n på Lø	95
10.13.5 Hoppbakken Svedjan i Ogndal	95
10.13.6 Store og Lille Oksvollhalla	95
10.13.7 Travbanen på Bommamyra på Heggesenget	95
10.13.8 Fjell salongskyttarbaneanlegg	96
10.13.9 Speiderhuset	96
10.13.10 Skauna ungdomshus	96
10.13.11 Heistad forsamlingshus	96
10.14 Statuar og minnesmerke	96
10.14.1 Edvard Lillemark – gråsteinsmurar og bautasteinar	96
10.14.2 Mordet på Drøgsåsen	97
10.14.3 Minnesteinar og monument ikkje nemnt annan stad	97
Litteraturliste	98

DEL 1: INNLEIING

1.1 Bakgrunn

Steinkjer kommune har ei usedvanleg rik og stor kulturarv. Dei tidlegaste spora etter menneske går heilt attende til eldre steinalder, for 11000 år sidan. Sidan har det vore kontinuerleg menneskeleg aktivitet i vår kommune, og kulturminna er difor mange og varierande. Dei er viktige i lokal og regional samanheng, og ei rekkje av dei er også sentrale referansepunkt med stor nasjonal verdi. Tidlegare såg mange på kulturminne og kulturminnevern som ein utgiftspost, men i dag er det brei sëmje om at kulturminne er med på å halde oppe både busetting og næringsgrunnlag i eit lokalsamfunn. For dei fleste i Steinkjer kommune er kulturminna ein del av kvardagen, og ei viktig samfunnsinteresse på lik linje med andre samfunnsinteresser. Dei fleste av oss er på, i, eller ved kulturminne kvar dag, ofte utan å vere klare over det.

Kulturminneplanen vil gi eit breitt innblikk i kva for kulturminne vi har i Steinkjer. Planen vil fokusere på vern av kulturminna og vil gi grunnlag for ei god kulturminneforvaltning. Kulturminneplanen vil også bli eit effektivt verkty i planlegging og sakshandsaming for teknisk sektor, landbruk, oppvekst og kultur. Håpet er at planen også skal vekke interesse og auka forståing for kulturminnefeltet blant innbyggerane i kommunen. Heile 270 utvalde og prioriterte område er plukka ut som vitne i små og store forteljingar om Steinkjer.

1.2 Kva er eit kulturminne?

I Kulturminnelova blir kulturminne og kulturmiljø definert slik:

Med kulturminner menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg tro eller tradisjoner til. Med kulturmiljø menes områder hvor kulturminner inngår som del av en større enhet eller sammenheng.

Kulturminne er altså alt som kan fortelje oss noko om menneske som har levd før. Lova gir ein vid definisjon av kulturminneomgrepet, og det seier seg sjølv at ein ikkje kan ta vare på alle spor etter menneskeleg verksemd. Heller ikkje alle spor vi vél å ta vare på, kan få plass i ein kulturminneplan.

Vi kan dele kulturminna i to hovudkategoriar: immaterielle og materielle. Immaterielle kulturminne er til dømes lokale tradisjonar, segn, myter, historier, musikk, songar, stadnamn og handverkartradisjonar. Dei immaterielle kulturminna blir gjerne tatt vare på av museum, historielag og andre som held dei levande gjennom formidling. Desse kulturminna blir ikkje tatt inn i kulturminneplanens tiltaksdel. Men det tyder ikkje at dei ikkje er viktige! Det er ofte dei immaterielle kulturminna som skaper historiene bak dei faste kulturminna, og som gjer at vi betre forstår korleis vår forfedre levde og tenkte.

Materielle kulturminne blir også gjerne ordna i to kategoriar: Faste kulturminne og gjenstandar. Gjenstandane blir for det meste tatt vare på og formidla av musea. Denne planen fokuserer på dei faste kulturminna, til dømes bygningar, gravhaugar, bruer, buplassar med meir.

Kulturlandskap er landskap påverka av menneskeleg aktivitet. Steinkjer er ein kommune med eit livskraftig landbruk med røter fleire tusen år attende i tid. Dette gjer at vi er omgitt av eit levande kulturlandskap med store miljø- og kulturverdiar: vegar, bygningar og kulturminne, dyr og plantar, i eit landskap som syner samspelet mellom natur og menneskeleg aktivitet. Dette er kulturarv som skaper grunnlag for verdiskaping i bygdene, trivsel og oppleving for alle. Dei fleste finn kulturlandskapet vakkert, sjølv om dei manglar kunnskap om korleis det er utvikla og kva det inneheld. Det er tilgjengeleg for alle, og det blir ikkje brukt opp av den enkelte. Det er eit fellesgode, og det er eit samfunnsansvar å ta vare på fellesgodene.

Truga og sårbare planteslag har ofte kulturlandskapet som leveområde. Endring av driftsform i landbruket, areal som blir liggande brakk, auka bruk av kunstgjødsel og kjemiske plantevernmiddel, attgroing av slåtteng og beitemark, planering og lukking av bekkefar, fjerning av kantsoner og åkerholmar kan føre til redusert biologisk mangfald og eit fattigare kulturlandskap.



Pælgarden i Steinkjerelva. Foto: Robert Øfsti

DEL 2. PLANDOKUMENTET

2. PLANEN

2.1 Kvifor ein kulturminneplan?

Steinkjer er ein utprega landbrukskommune med eit rikt kulturlandskap og er ein av dei kommunane i landet med flest registrerte kulturminne eldre enn 1537. Ingen andre kommunar kan syne fram same mengd og variasjon av kulturminne frå alle dei forhistoriske tidsperiodane innanfor eit så avgrensa geografisk område som Steinkjer. Fleire er òg av høg nasjonal verdi. I tillegg til dei freda kulturminna har Steinkjer ei rekkje verdifulle kulturminne regulert til bevaring gjennom Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningslova) og ei by-kjerne med autentisk gjenreisingsarkitektur.

2.2 Grunnlagsmateriale

Grunnlaget for planarbeidet har vore eksisterande kommunale og fylkeskommunale planar. Alle automatiske freda kulturminne eldre enn 1537 er registrert i Riksantikvarens offisielle database for kulturminne, Askeladden. Askeladden inneheld data om kulturminne og kulturmiljø som er freda etter kulturminnelova, verna etter plan- og bygningsloven, eller kulturminnefagleg vurdert som verneverdige. SEFRAK-registreringane omfattar alle faste kulturminne frå før 1900. Registreringar gjort av fagfolk og andre historieinteresserte på nettsida www.mittkulturminne.no er også brukt som grunnlagsmateriale.

2.3 Arbeidsprosessen

Arbeidet med å lage ein kulturminneplan for Steinkjer kommune er forankra politisk gjennom vedtak i kommunestyremøte den 12. desember 2008. Vedtaket var basert på innspel frå politikarar, offentlege utgreiingar og diverse stortingsmeldingar, (NOU 2002:1, St. melding nr 17 2004-2005, St. melding nr 22 2004-2005, St. melding nr 26 2006-2007). Planprogrammet «Plan for kulturminne, kulturmiljøer og kulturlandskap i Steinkjer kommune» vart vedteke i formannskapet 6. mai 2010. I tillegg til at planen skulle omfatte både fornminne og nyare tids kulturminne, vart det frå politisk hald stilt krav om at planen også skulle synleggjere samanhengar mellom kulturminna, måten dei vart skapt på og kvifor dei vart skapt.

Arbeidet med sjølve kulturminneplanen tok til i oktober 2010. Arkeolog Bodil Østerås vart engasjert for å skrive planen. Delar av arbeidet er gjort av Roger Lyngstad ved Egge museum og Robert Øfsti ved Nasjonalt senter for gjenreisingsarkitektur. Styringsgruppa har bestått av tenesteeiningsleiar for landbruk Gunnar Vorum, kultursjef Ellen Samuelsen, plansjef Svein Åge Trøbakk (2010-2012) og fylkesarkeolog Lars Forseth.

Medlemmer og drivkrefter i samtlege sju av kommunens historielag har gitt verdifulle innspel til omtalen av mange kulturminne.

2.4 Tilhøvet til andre planar

2.4.1 Kommunale planar

Kommuneplanen er den overordna planen for kommunens verksemd og tek utgangspunkt i kommunens rolle med å ivareta lokalsamfunnet sine fellesinteresser i brei forstand. I kommuneplanen for 2010-2013 har kulturminne ein markant plass, med utgangspunkt i at ein av Steinkjerprofilens fire pilarar er våre «unike røtter (med høvdingsete på Egge, rike kulturminner, en godt bevart gjenreisingsby og fleire banebrytende forfedre og formødre)». Det står vidare at «Steinkjer som kulturminnekommune markedsføres gjennom «10 attraktive kultur-



Del av gravrøys ved vegen mellom Vibe og Helge. Foto: Bodil Østerås

minner» samt at «kulturminneplanen utvikles til et strategisk verktøy for formidling og ivaretagelse av Steinkjer sine rike kulturminner. Det står også at «gjenreisingsarkitekturen gir Steinkjer særpreget og må fremheves som et av kommunens fortrinn».

Kommunens plan for landbruk, vedteke av kommunestyret 14.12.11, har eit eige kapittel 6.10 om kulturlandskap og kulturminne: «Steinkjer har et vakkert, åpent og velholdt kulturlandskap. Landskapet er et resultat av aktiv og variert jordbruksdrift gjennom generasjoner. Gårdsbebyggelsen med det karakteristiske trøndertunet, dyrkajord og beitearealer er viktige element i kulturlandskapet». Planen har som to av sine målsettingar å «ivareta kulturminner og kulturmiljø» og å «opprettholde et åpent, variert og velholdt kulturlandskap». Tiltak for å nå målsettinga er å «gjennomføre og følge opp kulturminneplan – ivareta Trøndertunet gjennom saksbehandlingen i tråd med kommuneplanens arealdel – gi SMIL til utvendig reastaurering av Trønderlån – gi SMIL til gjenåpning av gamle innmarksbeiter».

Kommunens plan for kultur, vedteke av kommunestyret 15.05.10 er den kommunale planen som har den mest omfattande omtalen av kulturminne og kulturminnevern. Planen slår fast at kommunen har «et ansvar for å sørge for at (kulturminner) ikke går tapt». Hovedansvaret ligg hos Avdeling for plan og naturforvaltning, medan kulturadministrasjon og bibliotek er sterkt involvert i formidling og utvikling av kulturminne. I kapittel 1.2.1 Levende kulturarv er Høvdingsetet på Egge, Nasjonalt senter for gjenreisingsarkitektur og Regionalt kompetansesenter for folkemusikk omtalt. I tiltaksdelen er følgjande tiltak nemnt: «Etablere Høvdingsetet på Egge som et informasjonsknutepunkt for alle kulturminner i kommunen – utarbeide kulturminneplan for Steinkjer kommune – utvikle helhetlig plan for utvikling og formidling av Eggeområdet og Steinkjers historie og kulturminner – legge til rette for forskning og næringsutvikling i forbindelse med kulturminner – arbeide for statlig støtte til et nasjonalt senter for gjenreisingsarkitektur.»



Døypefonten i Skei kyrkje, kleberstein, truleg 1200-talet
Foto: Bodil Østerås

2.4.2 Fylkeskommunale planar

Etter vedtak i fylkestinget tok fylkesrådet i Nord-Trøndelag initiativ til eit rullerande plandokument kalla «Handlingsprogram for kulturminnepolitikk» som var ferdig i 2009. Dokumentet skildrar sentrale utfordringar for fylkeskommunen innan kulturminnevernet. Det slår fast målsettingar og omtalar tiltak innanfor fire kategoriar: Kommunesatsing, verdiskaping, formidling og lovpålagte oppgåver. Handlingsprogrammet gjer òg ei oppsummering og evaluering av mål og verkemiddel frå tidlegare planar.

2.4.3 Nasjonale planar

I 2002 kom den offentlege utgreiinga «Fortid former framtid - Utfordringar i en ny kulturminnepolitikk» (NOU 2002:1). Denne vart følgd opp med St.meld.nr 16 (2004-2005) «Leve med kulturminner». Her blir det lagt opp til omfattande satsing på ny fredingspolitikk og betre vilkår for eigarar av kulturminne. Meldinga vil også styrke kunnskapsgrunnlaget slik at kunnskapen og opplevingane av kulturminna blir meir tilgjengeleg.

St. meld. nr 26 (2006-2007) «Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand» gir viktige og strategiske mål for bevaring og bruk av kulturminner. Meldinga har som mål at mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø skal forvaltast og takast vare på som bruksressursar og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping. Eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljø skal bevarast i eit langsiktig perspektiv. Den geografiske, sosiale, etniske, næringsmessige og tidsmessige breidda i varige verna kulturminne og kulturmiljø skal betrast, og eit representativt utval kulturminne og kulturmiljø skal vere freda innan 2020. Det årlege tapet av verneverdige kulturminne og miljø som kvart år blir fjerna, øydelagt eller forfell skal innan 2020 ikkje overstige 0,5 %. Dette er eit nasjonalt resultatmål. Freda og fredingsverdige kulturminne og kulturmiljø skal vere sikra og ha ordinært vedlikehaldsnivå i 2020. St.meld nr 35 (2012-2013) «Framtid med fotfeste», om kulturminnepolitikken, vart lagt fram seint i skriveperioden.

2.5 Andre hjelpemiddel i skriveprosessen

2.5.1 Askeladden

Riksantikvaren opna i 2004 databasen Askeladden. Basen omfattar arkeologiske kulturminne som er automatisk freda, eller som krev vidare gransking før fredningsstatus kan fastsetast (uavklart vernestatus), nyare tids kulturminne som er freda, førebels freda, verna etter plan- og bygningsloven eller ansett som verneverdige.

2.5.2 SEFRAKregisteret

Frå 1975 til 1995 vart det gjennomført ei landsomfattande registrering av hus og andre faste kulturminne frå før og rundt år 1900. Registreringa fekk namn etter organet som starta prosjektet; Sekretariatet for registrering av faste kulturminner, SEFRAKregisteret. SEFRAK-registeret er nytta i arbeidet med kulturminneplanen, men det er ikkje systematisk gjennomgått med tanke på å vurdere tilstand og status for samtlege registrerte objekt.

2.5.3 NBI-registeret

NBI-registeret er Riksantikvarens register over område av nasjonal kulturminneinteresse i byar. Dei delane av Steinkjer som er bygd opp att etter brannen i 1940 er NBI-område. Svenskyen og Sørsibakken er til vurdering som NBI-område

2.5.4 Mitt kulturminne

Nettstaden www.mittkulturminne.no er eit nettbasert registreringsverktøy der privatpersonar kan finne informasjon og legge inn kulturminne og funn av historiske gjenstandar. Dette er eit tilbod for alle historieinteresserte som ønsker å hjelpe til med bevaring av vår felles kulturarv. «Mitt kulturminne» er ein brukarvenleg nettstad med låg terskel for registrering av informasjon om kulturminne som er kjent i lokalmiljøet, men ikkje registrert av offentlege forvaltning. Brukarane legg inn kulturminne på eit kart og ein arkeolog frå fylkeskommunen går gjennom før offentliggjer. Automatisk freda kulturminne som ikkje tidlegare er registrert blir lagt over i Askeladden.

2.5.5 Skriftleg materiale

Heile rekke av årbøker for alle dei sju historielaga i Steinkjer og årbøker for Nord-Trøndelag historielag er gjennomgått. Anna lokalhistorisk litteratur er òg nytta. Det er gjennomgått ein del faglitteratur om kvart enkelt emne. Kommunalt arkivmateriale og kjelder i Statsarkivet i Trondheim er òg nytta. I tillegg er det nytta fleire lokalhistoriske nettsider og anna relevante sider. (Sjå også lista over referanselitteratur – vedlegg 1)

2.5.6 Munnlege overleveringar

Det er henta inn informasjon frå grunneigarar og andre eigarar. Medlemmer og drivkrefter i samtlege historielag har gitt verdfulle innspel til omtalen av mange kulturminne.

3. UTFORDRING, MÅL OG VERKEMIDDEL

3.1 utfordringar

3.1.1 Kva skal vi verne?



Kaia på Nordsia før 1903, med fleire innherredsjeker. Foto:

Kulturminne er ein ikkje fornybar ressurs som våre forfedre bygde opp og som vi må verne for vår eiga skuld og for kommande generasjonar. Når eit kulturminne er borte, er det for seint. Mesteparten av våre kulturminne yngre enn 1536 har ikkje noko formelt vern. Lite er registrert av bygningar reist etter 1900. Ofte er det difor vanskeleg å identifisere kulturlandskap, bygningar og miljø som vi bruker til dagleg og lever i, som kulturminne. Det er og vanskelegare å sjå verneverdien i bygg og anlegg knytta til samtid og nær fortid enn når det ligg hundreår mellom.

Kulturminne og kulturmiljø er truga frå mange hald. Nybygging for bustad, næring og fritid samt nyrydding av jordbruksareal kan gå ut over kulturminne. Sjølve kulturminnet eller miljøet rundt kulturminnet kan bli øydelagd. Ombygging av eldre bygningar for å møte endra brukskrav kan også gå ut over verneverdiar.

Vi verken kan eller skal ta vare på alt. Også samtid og ettertid skal forme si omverd og sette fysiske spor. Vern av kulturminne skal heller ikkje gå på kostnad av – men gå hand i hand med – utviklinga. Dei kulturminna og kulturmiljø vi vél å ta vare på, må difor spegle verdiar som dei fleste i vårt samfunn meiner er viktige å ta vare på, og som er representative for den historia som kan knytast til Steinkjer. Kulturminneplanen gir ei heilskapleg oversikt over verneverdige kulturminne i kommunen. Utval og avgrensing er gjort på bakgrunn av tilgjengeleg informasjon, diskusjonar med lokale kjentfolk og synfaring i felt.

3.1.2 Verdisetting og vekting av kulturminneverdi

Riksantikvarens handbok for lokal kulturminneregistrering opererer med tre kategoriar verdiar:

Kunnskapsverdiane representerar den primære kategorien; kulturminnet er kjelde til kunnskap om bygningshistorie, næringshistorie, personalhistorie osv.

Opplevingsverdiane kan seiast å ha ei meir personleg forankring enn kunnskapsverdiane. Arkitektonisk og kunstnarisk verdi er ein opplevingsverdi, medan arkitekturhistorisk og kunsthistorisk verdi er ein kunnskapsverdi.

Bruksverdien omfattar mellom anna økonomisk verdi og næringsverdi, men også formidlingsverdi og pedagogisk verdi.

Alder og autentisitet er eigenskapar ved kulturminnet som er særleg viktig for den endelege verdisettinga av kulturminnet. Om kulturminnet er sjeldant eller representativt samanlikna med ein samla kulturminnebestand, spelar også ei stor rolle for verdisettinga.

Ved den endelege vektinga av kulturminneverdien tek ein mellom anna omsyn til kriteria som om kulturminnet representerer viktige faser, verksemder, hendingar, eller personar i historia, er viktig for etniske grupper, har særleg arkitektonisk eller arkitekturhistorisk verdi, eller er ein ressurs for lokal utvikling og verdiskaping.

Innanfor forvaltinga blir kulturminne tildelt verdi ut frå ulik geografisk inndeling.

Kulturminne av nasjonal verdi er automatisk freda eller fredingsverdige etter kulturminnelova. Kulturminne av regional verdi er fagleg vurdert som verdfulle for Trøndelag. Verdivurderingane er noko ulike, avhengige om det gjeld kulturminne frå nyare tid eller automatisk freda kulturminne. Av nyare tids kulturminne i Steinkjer er alle freda kulturminne og listeførte kyrkjer vurdert som både nasjonalt og regionalt viktige. Kulturminne av lokal verdi er slike som er, eller bør bli, regulert til bevaring etter Plan- og bygningslova (PBL).

Synet på kulturminneverdiar er såleis ikkje eintydig, men bygger på faglege vurderingar, kunnskap om historia og politiske prioriteringar. Oppfatninga av kva som er «viktig historie» og kva som er verneverdig, vil heile tida vere i endring.

3.2 Mål

Det overordna målet for kulturminnevernet er å forvalte kulturminna slik at dei kan vere til glede og nytte for noverande og kommande generasjonar.

Kommunestyret har vedteke at Kulturminneplanen for Steinkjer kommune skal ha fem tydelege mål: Planen skal omfatte alle typar kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap i Steinkjer kommune, både fornminne eldre enn 1537 og nyare tids kulturminne.



Romansk portal på Mære kyrkje. Foto: Roger Lyngstad

Planen skal sikre og forvalte kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap.

Planen skal auke kunnskapen om vår historie og styrke Steinkjer sin identitet og attraktivitet. Den skal synleggjere samanhengen mellom ulike kulturminne, måten dei er skapt på og kvifor dei vart skapt.

Planen skal understøtte satsing på kulturbasert næring og reiselivsutvikling. Steinkjer si historie skal forvaltast som dokumentasjon av fortida og som ressurs for framtida og den vidare samfunnsutviklinga.

Planen skal sikre ei betre og langt meir langsiktig planlegging av den kommunale kulturminneforvaltninga. Den skal forenkla og effektivisere arbeidet til kommunen i arbeidet med plan- og byggesaker.

3.3 Verkemiddel

3.3.1 Informasjon, kommunikasjon og kunnskap

Kunnskap og dialog, gjensidig respekt og vilje til å forstå rollane og interessa til kvarandre er nødvendig for å finne gode løysingar som foreiner ulike interesser knytta til bevaring og utvikling. Kulturminneforvaltninga gir råd og rettleiing, og hjelper til med langsiktig tenking og planlegging. Dess meir kunnskap om kulturminne vi kan spreie og dess fleir som deler sin kunnskap, dess fleir vil kjenne ansvar for at kulturminna blir tatt godt vare på.

3.3.2 Økonomiske verkemiddel

Økonomiske verkemiddel skal stimulere til bevaring og vedlikehald. Eigarar og brukarar av kulturminne og kulturmiljø forvaltar verdiar på vegne av oss alle. Om fredingstiltak stiller spesielle krav til materialval og utføring, kan dette medføre ekstrakostnader som Riksantikvaren så langt råd er skal gi tilskott for å dekke. Norsk Kulturminnefond er eit statleg organ under Miljøverndepartementet og er oppretta for å gi tilskott til verneverdige

kulturminne og kulturmiljø. Gjennom jordbruksavtalen blir det kvart år sett av midlar til vern og skjøtsel av kulturminne. SMIL-midlane blir forvalta av kommunen. Regionalt miljøprogram for jordbruket blir utforma og forvalta av Fylkesmannen. Desse ordningane gir tilskott til planlegging, gjennomføring, investering, skjøtsel og vedlikehald av kulturminne.

3.3.3 Vern- og forvaltingsplanar

Verneplanar er planar for det einskilde kulturminnet. Planen seier noko om kva verdiar kulturminnet har, og peiker på verkemiddel for å ta vare på det i framtida. Forvaltingsplanen synleggjer korleis ansvaret for kulturminna skal handterast. Skjøtsel- og vedlikehaldsplanar er meir detaljerte planar for eit anlegg eller eit enkeltminne. Planane kan følgjast opp med forpliktande avtaler for skjøtsel og vedlikehald. Kommune, fylkeskommune eller sektorar som Forsvaret og Statens vegvesen kan utarbeide slike planar. Dei er ikkje juridisk bindande i seg sjølv, men retningsgivande.

3.3.4 Juridiske verkemiddel

Vern av kulturarven skjer både gjennom det generelle lovverket og gjennom særlovgiving. Dei viktigaste lovane er Plan- og bygningslova og Kulturminnelova. Dei aller fleste sakene ligg innanfor Plan- og bygningslova, og kommunen har difor eit vesentleg ansvar for å verne kulturminne.

4. KULTURMINNE SOM IDENTITET

4.1 Kulturminne som ein verdiskapar i seg sjølv

Kulturminne er ein del av omverda vår og ei oppslagsbok om det samfunn og levevis som våre forfedrar levde i. Kulturminna syner oss den historiske, samfunnsmessige, tekniske og kunstnariske utviklinga som er grunnlaget for samfunnet i dag. Å fjerne eit kulturminne er som å rive eit ark ut av historieboka. Diverre er det ofte slik at vi

ikkje ser verdien av eit kulturminne før det er gått tapt.

Kulturminne og kulturmiljø utgjer ein erfarings- og kunnskapsbank, og vi må sikre kjeldene slik at også framtidige generasjonar kan gjere nye tolkingar av fortida. Som nemnt kan vi ikkje ta vare på alt. Om eit viktig kulturminne er i så dårleg stand at det frå antikvarisk hald blir sett på som tapt, kan det vere aktuelt å foreta ei antikvarisk oppmåling/dokumentasjon med teikningar, skisser, fotografi og kart, eller utgravingar om det gjeld arkeologiske kulturminne. Denne type dokumentasjon vil vere til nytte for ettertida som kjelde til kunnskap, men er absolutt siste utveg, sett i eit verneperspektiv.

4.2 Kulturbasert næring

Kulturminne og kulturmiljø er ressursar i økonomisk verdiskaping. Vi skal ikkje vere redde for å bruke kulturminna. I mange samanhengar er bruk det beste vernet. Vi må sjå næringsutvikling og kulturminnevern som samarbeidande partar, ikkje som heilt motstridande interesser.

St. meld. nr 22 (2004-2005) «Kultur og næring» legg vekt på berekraftig bruk av kulturminne i samband med næring, og kulturarven som føresetnad for reiseliv. Kulturbasert reiseliv kan til dømes dreie seg om vern og opprusting av hus for overnatting, servering, forretning eller som tilhaldsstad for kunstnarar. Kulturminne og kulturmiljø tener ofte som gode rammer for reiselivsaktivitetar. Kulturarven er viktig for merkevarebygginga av stader og kan danne ramma for næringsutvikling generelt og kulturbasert næringsutvikling spesielt.

Steinkjer kommune har fleire eldre kulturminne av internasjonal og nasjonal verdi og «et vakkert, åpent og velholdt kulturlandskap (der) gårdsbebyggelsen med det karakteristiske trøndertunet, dyrkajord og beitearealer er viktige element...». «Gjenreisingsarkitekturen gir Steinkjer særpreg og må fremheves som et av kommunens fortrinn». Her ligg eit potensial som på langt nær er utnytta. Utfordringa er å realisere dette som berekraftige tiltak som ikkje går ut over kulturminnet, men bidreg positivt.

Reiselivsnæringa omfattar fleire bransjar: overnatting, servering, transport, infrastruktur og opplevingar. Turistane er interesserte i autentiske opplevingar, formidling og kunnskap, lokal kultur og tradisjon. Omstillinga i landbruket har ført til auka satsing på tilleggsnæringar. Her ligg det eit potensial i auka økonomisk verdiskaping i Steinkjer gjennom turisme, småskala matforedling, kulturminne og opplevingsnæring.

Handverkarane er, i tillegg til eigarane, dei viktigaste kulturvernarane. Handverkarar som spesialiserer seg på gamle handverksteknikkar innan byggfag har potensiale på ein marknad der etterspurnaden etter slik kompetanse er aukande.

DEL 3: KULTURMINNEVERNET

5. KULTURMINNEVERN GENERELT

Å ta vare på kulturminneverdiane er eit ansvar som kviler på kvar og ein. Offentlege instansar har eit overordna ansvar, medan ansvaret for dagleg vedlikehald ofte ligg på eigaren.

Ein reknar at 0,8 – 1 % av kulturminna våre går tapt kvart år. Staten si målsetting er å redusere det årlege tapet til 0,5 % innan 2020. Jordbruket og utbygging av kommunaltekniske anlegg er skuld i dei fleste tap av automatisk freda kulturminne. Det er òg ein tendens til at fornminne regulert til bevaring gjennom Plan- og bygningslova kan bli skadde trass i reguleringa.

5.1 Kulturminnevern – kva er det?

Kulturminnevernet i Noreg har vore i organiserte former i vel 150 år. Det var lenge ein del av nasjonsbygginga, og på 1800-talet i hovudsak i regi av Foreningen til Norske Fortidsminnemerkeres Bevaring (Fortidsminneforeningen), stifta i 1844. Ei hovudsak i dei første tiåra var arbeidet for å redde mellomalderske stav- og steinkyrkjer. Dokumentasjon og utgraving av arkeologiske kulturminne sto òg sentralt. Rundt år 1900 vart arkeologien meir knytta til Universitetet og musea, og Fortidsminneforeningen vende seg meir mot bygningsvern. I 1905 kom «Lov om fredning og bevaring av fortidslevninger».

Riksantikvarembetet vart oppretta i 1912. «Lov om bygningsfredning» vart vedteke i 1920. Da Miljøverndepartementet vart oppretta i 1972, vart kulturminneforvaltninga flytta dit som del av ein heilskapleg arealbruks- og miljøvernpolitikk. I 1978 kom «Lov om kulturminner», som erstattar lovane frå 1905 og 1920. Den første Riksantikvaren vart utnemnd i 1912. I 1988 vart Riksantikvaren (RA) eit direktorat under Miljødepartementet med overordna fagleg ansvar for heile kulturminnefeltet.



Interiøret i Mære kyrkje. Foto

5.2 Statlege forvaltingsledd

5.2.1 Miljøverndepartementet

Miljøverndepartementet har overordna mynde innafor kulturminnevernet. Kulturminneavdelinga er ei av seks avdelingar i departementet og har ansvar for strategi- og politikktutvikling innanfor heile kulturminnefeltet. Sentrale arbeidsområde er arkeologi, bygningsvern, fartyvern, kulturmiljø og kulturlandskap. Avdelinga har òg ansvar for oppfølging og utvikling av Norsk kulturminnefond.

5.2.2 Riksantikvaren

Riksantikvaren har ansvaret for at den statlege kulturminnepolitikken blir gjennomført og er rådgivande og utøvande faginstans for forvaltning av kulturminne og kulturmiljø, og har det generelle ansvar for å sjå til at kulturminnelova blir fylgt. RA har ansvar for fredning etter kulturminnelova og har overordna ansvar for automatisk freda kulturminne. RA kan også vedta fredning av kulturminne frå nyare tid. Unntaket er fredning av kulturmiljø, som Kongen i statsråd vedtek. RA handsamar klager og har dispensasjonsmynde i saker som gjeld automatisk freda kulturminne

5.2.3 Statens naturoppsyn

Statens naturoppsyn (SNO) har oppsynsmynde etter åtte ulike miljølover, mellom dei «Lov om kulturminner».

5.2.4 Sametinget

Sametinget har fått delegert mynde for samiske kulturminne etter kulturminnelova. Fylkeskommunen samarbeider med Sametinget i saker som omfattar både samiske og ikkje-samiske kulturminne.

5.3 Regionale forvaltingsledd

5.3.1 Fylkesmannen i Nord-Trøndelag

Fylkesmannen er eit regionalt statleg forvaltingsorgan med ansvar for den samla statlege verksemda i fylket. Landbruksavdelinga og miljøvernavdelinga er dei viktigaste aktørane og samarbeidspartane i kulturminnevernet. Mellom anna kan dei verne naturområde etter naturmangfaldslova, der vernet også vil omfatte kulturminne.

Fylkesmannens landbruksavdeling forvaltar eit regionalt miljøprogram for landbruket som også omfattar kulturminne. Programmet har økonomiske verkemiddel retta mot prioriterte miljøutfordringar i regionen. Ordninga har to

hovudmål: Tiltak for å ivareta kulturlandskapet og tiltak for å redusere forureining.

5.3.2 Nord-Trøndelag fylkeskommune

Fylkeskommunen har eit sjølvstendig ansvar for å sikre kulturminne av nasjonal og regional verdi og vere rådgjevar og rettleiar for kommunar og eigarar av kulturminne. Fylkeskommunen skal sjå til at kommunane tek vare på sine kulturminne. Fylkeskommunen har òg ansvar for skjøtsel og tilrettelegging av automatisk freda kulturminne. Fylkeskommunen skal etter kulturminnelova uttale seg i saker som gjeld bygningar oppførte før 1850. Fylkeskommunen skal også uttale seg om endringar, riving, dispensasjon frå vernevedtak og oppføring av nye bygg i område regulert til bevaring. Saker som gjeld tiltak i konflikt med automatisk freda kulturminne skal sendast på høyring til fylkeskommunen, som sender si tilråding til Riksantikvaren.

I visse tilfelle kan fylkeskommunen sjølv avgjere om det skal gjerast arkeologiske undersøkingar i eit område. I så fall står fylkeskommunen for forundersøkingane som skal danne grunnlaget for det vidare arbeidet utført av NTNU Vitenskapsmuseet.

Frå 2003 rår parlamentarismen i Nord-Trøndelag fylkeskommune. Fylkesrådet er fylkeskommunens viktigaste utøvande politiske organ. Fylkesråd for utdanning og kultur har det politiske ansvaret for kulturminnevernet. I Fylkesrådets politiske plattform for 2011-15 heiter det at ein vil «videreutvikle kulturelle Nord-Trøndelag (sic!) som reisemål og utvikle fylkets rike kulturminner og offentlige kulturinstitusjoner som attraksjoner».

5.3.3 NTNU Vitenskapsmuseet

NTNU Vitenskapsmuseet i Trondheim har Nord-Møre, Trøndelags-fylka og Helgelands-kysten som sitt arbeidsområde. Innanfor dette området har museet forvaltingsansvar for lause kulturminne eldre enn 1537, skipsfunn og kyrkjekunst. Museet har mynde til å grave ut automatisk freda arkeologiske kulturminne i samband med forskning og undervisning.

I saker som gjeld fjerning av automatisk freda kulturminne, har fylkeskommunen den førebunde sakshandsaminga før Riksantikvaren eventuelt gir dispensasjon, medan det er Vitenskapsmuseet som undersøker kulturminnet før det blir fjerna.

Nord-Trøndelag fylkeskommune, Bergkunstmuseet på Stjørdal og NTNU Vitenskapsmuseet samarbeider om bergkunsten, og har mellom anna sett i verk nye skjøtelsesmetodar på helleristningsfeltene Bardal og Bøla.

5.4 Lokale forvaltingsledd

5.4.1 Steinkjer kommune

Kommunen har ansvar for å ivareta kulturminnevernet gjennom planlegging og kontinuerleg målretta politisk og administrativt arbeid. Det fremste juridiske verkemiddelet til kommunen er Plan- og bygningslova. I tillegg har kommunen forvaltingsansvar etter fleire særlover som rører ved kulturminne. Kommunen er til dømes lokal landbruksstyresmakt og har økonomisk ansvar for vedlikehald av kyrkjer og kyrkjegardar.

Kommunestyret vedtek kommuneplanar og kommunedelplanar som kan omfatte område regulert til bevaring etter Plan- og bygningslova. Gjennom si behandling av byggesaker har Hovudutval teknisk, miljø og naturforvaltning ei avgjerande rolle, både når det gjeld bevaring og utvikling av byggeskikken i kommunen. Hovudutval for oppvekst og kultur har ansvar for det generelle kulturarbeidet i kommunen, herunder bibliotek, museum og formidlingstiltak i lokalt kulturminnevern.

5.4.2 Stiklestad nasjonale kultursenter, avdeling Egge museum

Egge museum er ein del av det konsoliderte museet Stiklestad nasjonale kultursenter saman med musea i

Stjørdal, Levanger, Inderøy og Verdal. Museet får driftstilskott frå Steinkjer kommune, Nord-Trøndelag fylkeskommune og staten. Alle hus og gjenstandar er eigd av Stiftelsen Egge museum, medan Stiklestad nasjonale kultursenter AS har driftsansvaret. Museet eig ei rekkje verneverdige bygningar og jekta Pauline.

5.4.3 Nasjonalt senter for gjenreisingsarkitektur

Nasjonalt senter for gjenreisingsarkitektur starta opp som eit prosjekt i 2008. Senteret har i dag ½ stilling og eit kontor på Rådhuset. Ein har så langt ikkje lukkast i å skaffe senteret statstilskott, og Nord-Trøndelag fylkeskommune gir heller ikkje lenger tilskott til drift. Senteret si oppgåve er å samle og spreie kunnskap om samtlige norske gjenreisingsbyar på brei basis.

5.4.4 Andre organiserte formidlingsarenaer

Det er bygd opp lokale formidlingstiltak rundt fleire kulturminne i kommunen, som til dømes Bøla, Mokka gard, Bodomheimen og Toldnes. Desse vil bli nærare omtalt seinare. Norges Midtpunkt SA er ei samanslutning av sju reiselivsverksemdar som arbeider med kultur- og næringsbasert reiseliv. Dei har eiga heimeside.

5.5 Det frivillige kulturminnevernet

Det frivillige kulturminnevernet, med sine mange ulike lag og foreningar er viktige for å ta vare på breidda i kulturarven. Dei er med på å skape interesse, og auker sjansen for at kulturarven blir godt ivaretatt.

5.5.1 Nasjonale frivillige organisasjonar

Fortidsminneforeningen, stifta som «Foreningen til Norske Fortidsminnesmerkers Bevaring» i 1844 er verdas eldste landsdekkjande frivillige verneorganisasjon som framleis er i aktivitet. Fortidsminneforeningen eig meir enn 40 eigendomar over heile landet, mellom anna fleire stavkyrkjer. Foreninga gir ut årbok, magasinet Fortidsvern og hefteserien Gode råd.

Norges Husflidslag vart stifta i 1910 og har som hovudoppgåve å styrke den levande husflidstradisjonen i Noreg – kulturelt, sosialt og økonomisk, ved å stimulere husflidsfagleg interesse og kunnskap, produksjon og omsetning. Organisasjonen har eit landsdekkjande konsulentapparat. Organisasjonen gir ut tidsskriftet Norsk husflid og ei rekkje andre publikasjonar.

Landslaget for lokalhistorie (LLH) vart stifta i 1920 og er ein er en paraplyorganisasjon for 417 historielag. LLH skal vere eit bindeledd mellom historielaga i Noreg, motivere og stimulere historielagrørsla til frivillig innsats og auke kompetansen i laga. LLH gir ut tidsskrifta Heimen og Lokalhistorisk magasin.

Norsk Kulturarv vart grunnlagt i 1993 som ei ideell stifting. Organisasjonen skal bidra til vern av norsk kulturarv gjennom berekraftig bruk av freda og verneverdige kulturminne. Organisasjonen vart etablert av Oppland fylkeskommune og har i tillegg andre fylkeskommunar, kommunar og private verksemdar og organisasjonar som innskyttarar av eigenkapital. Steinkjer kommune er samarbeidskommune. Organisasjonen har også ca 2000 direkte medlemmar. Norsk Kulturarv er særlig opptatt av interessene til eigarane av freda og verneverdige eigendomar. Organisasjonen deler ut kvalitetsmerket Olavsrosa og gir ut magasinet Kulturarven .

Norges kulturvernforbund vart danna i 1994 som paraplyorganisasjon for 21 frivillige organisasjonar innanfor historie og kulturvern. Forbundet skal «arbeide for å styrke kulturvernets rolle i norsk samfunnsliv ved å øke kjennskapen og interessen for historie og kulturvern, støtte arbeidet for registrering, innsamling, vern, bruk og formidling av kulturminner samt bedre rammevilkårene for kulturvernet». Norges Kulturvernforbund har styrings- og koordineringsansvar for Kulturminnedagane i Noreg.

Foreningen Fredet er ein landsdekkjande interesseorganisasjon for eigarar av hus og eigedom freda etter Kulturminnelova. Foreninga vart danna i 2006.



Rydding av vegen over Kvamsåsen: Inger Aassve og Andrea Hallan fjernar mose og vegetasjon frå murane, og undrar på om det ligg noko gøymd mellom steinane.
Foto: Roger Lyngstad

5.5.2 Regionale frivillige organisasjonar

Nord-Trøndelag Historielag vart stifta i 1919 og er i dag overbygning for 21 lokale historielag samt ein del direkte medlemmar. Det viktigaste arbeidet er å gi ut årboka.

Nord-Trøndelag Husflidslag vart skipa i 1935. Laget har ca 700 medlemmer fordelt på 17 lokallag. To av dei er i Steinkjer: Sparbu og Beitstad husflidslag. Nord-Trøndelag Kulturvernråd starta i 1990 på initiativ frå Nord-Trøndelag fylkeskommune, som ein paraplyorganisasjon for ni kulturvernorganisasjonar. Dessutan er det samiske miljøet og det framandkulturelle miljøet i Nord-Trøndelag representert.

5.5.3 Lokale lag

Kommunen har sju historielag: Beitstaden-, Egge-, Forr-, Kvam-, Ognadal- og Sparbu Historielag, samt Forening Gamle Steinkjer. Laga samlar inn, registrerer og formidlar kulturarv i sitt område. Mange har store fotosamlingar, arrangerer historiske vandringar og publiserer årbøker.

Fortidsminneforeninga er organisert med fylkeslag og lokallag. Sparbyggja fortidsminnelag dekkjer Steinkjer kommune. Fleire andre foreiningar tek på ulike måtar vare på kulturarv, t.d bygdekvinnelag og motorhistoriske foreiningar.

5.6 Grunneigarane

Kulturminna har alltid ein eigar, vanlegvis ein privatperson eller ei privat verksemd. Eigarane har hovudansvar for sine kulturminne, både dei som samfunnet har definert som verneverdige gjennom ulike vedtak og dei som først og fremst har verdi for grunneigaren. «Ditt hus er min utsikt», blir det gjerne sagt. Etter § 31-2 i Lov om planlegging og byggesaksbehandling (Plan- og bygningslova) pliktar «eier eller den ansvarlige [...] å holde byggverk og installasjoner som omfattes av denne lov i en slik stand at det ikke oppstår fare for skade på, eller vesentlig ulempe for person, eiendom eller miljø, og slik at de ikke virker skjemmende i seg selv eller i forhold til omgivelsene». Det er huseigar sitt ansvar å følgje denne paragrafen. Engasjerte og initiativrike huseigarar er den viktigaste faktoren for god bevaring av viktige kulturminne. Det krevst ofte ekstra ressursar for å ta vare på eit kulturminne. Det er difor ikkje alltid mangel på kunnskap eller forståing som gjer at kulturminne kan gå tapt, men tilgangen på ressursar. Eigar av verneverdige hus skal ta kontakt med kommunen for antikvarisk rettleiing ved endringar eller større vedlikehaldsarbeid før ein sett i gang tiltak.

6. LOVERKET

Kulturminnevernfeltet blir først og fremst regulert av kulturminnelova og Lov om planlegging og byggesaksbehandling (Plan- og bygningslova). Kulturminnelova omfattar først og fremst kulturminne av nasjonal verdi. Plan- og bygningslova skal sikre objekt og område som er verdifulle i regionalt og lokalt perspektiv.

6.1 Lov om kulturminner av 9. juni 1978

Kulturminnelova har som mål «å verne et representativt utvalg kulturminner og kulturmiljøer med deres egenart og variasjon, som del av vår kulturarv og identitet, og som ledd i en helhetlig miljø- og ressursforvaltning». Lova slår fast kva som er automatisk freda, og regulerer eigedomsretten til lause kulturminne. Riksantikvaren, og etter delegert mynde fylkeskommunen, handhevar lova.

Nokre viktige punkt i kulturminnelova:

§ 1, tredje ledd: Når det etter annen lov treffes vedtak som påvirker kulturminneressursene, skal det legges vekt på denne lovs (dvs kulturminnelovas) formål.

§ 15: Departementet kan frede byggverk og anlegg eller deler av dem av kulturhistorisk eller arkitektonisk verdi. Fredningsvedtaket omfatter fast inventar (skap, ovner m.v.). Når særlige grunner tilsier det, kan også større løst inventar medtas. I slike tilfeller må hver enkelt gjenstand særskilt spesifiseres.

§ 19: Departementet kan frede et område rundt et fredet kulturminne og skipsfunn som nevnt i § 14 så langt det er nødvendig for å bevare virkningen av kulturminnet i miljøet eller for å beskytte vitenskapelige interesser som knytter seg til det.

§ 20: Et kulturmiljø kan fredes av Kongen for å bevare området kulturhistoriske verdi. Fredningen kan omfatte naturelementer når de bidrar til å skape området egenart.

§ 25, andre ledd: Kommunen plikter å sende søknad om riving eller vesentlig endring av ikke fredet byggverk eller anlegg oppført før 1850 til vedkommende myndighet senest fire uker før søknaden avgjøres. [Midten av 1800-talet markerer ei omfattende auke i byggeaktiviteten og samtidig ei vesentleg endring i byggeskikk og materialval].

§ 27: Den som forsettlig eller uaktsomt overtrer forbud, påbud, vilkår eller bestemmelser gitt i eller i medhold av loven her, straffes med bøter eller fengsel i inntil 1 år. Under særdeles skjerpene omstendigheter kan fengsel i inntil 2 år anvendes. Medvirkning og forsøk straffes på samme måte. Overtredelse av første punktum anses som en forseelse.

6.2 Lov om planlegging og byggesaksbehandling av 26.juni 2008 (Plan- og bygningslova)

Plan- og bygningslova er kommunen sin hovudreiskap i arbeidet med å ta vare på kulturminne. Gjennom kommuneplanarbeidet er kulturminna også ein del av den heilskaplege miljø- og ressursplanlegginga.

Nokre viktige punkt i Lov om planlegging og byggesaksbehandling:

§ 3-1 Innenfor rammen av § 1-1 skal planer etter denne lov:

b) sikre jordressursene, kvalitetene i landskapet og vern av verdifulle landskap og kulturmiljøer c) sikre naturgrunnlaget for samisk kultur, næringsutøvelse og samfunnsniv [..]Planleggingen skal fremme helhet ved at sektorer, oppgaver og interesser i et område ses i sammenheng gjennom samordning og samarbeid om oppgaveløsning mellom sektormyndigheter og mellom statlige, regionale og kommunale organer, private organisasjoner og institusjoner, og allmennheten

§ 3-3, andre ledd: Kommunestyret selv har ledelsen av den kommunale planleggingen og skal sørge for at plan- og bygningslovgivningen følges i kommunen

§ 3-4, siste ledd: Fylkestinget er regional planmyndighet

§ 4-1, første ledd: For alle regionale planer og kommuneplaner, og for reguleringsplaner som kan ha vesentlige virkninger for miljø og samfunn, skal det som ledd i varsling av planoppstart utarbeides et planprogram som grunnlag for planarbeidet.

§ 5-1, første ledd: Enhver som fremmer planforslag, skal legge til rette for medvirkning. Kommunen skal påse at dette er oppfylt i planprosesser som utføres av andre offentlige organer eller private.

§ 9-1, første ledd: To eller flere kommuner bør samarbeide om planlegging etter denne lov når det er hensiktsmessig å samordne planleggingen over kommunegrensene. Samarbeidet kan omfatte alle kommunale plantyper.

§ 11-1, første ledd: Kommunen skal ha en samlet kommuneplan som omfatter samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen



Premierløytnant Zieglers kart frå 1871. Gravhaugane på Eggevammen og steinsettingane langs Gamle Kongeveg er lette å sjå. . Kjøkkenmøddingen på Våttabakken er markert med raudt av oss.

§ 11-5, andre ledd: [...]Kommuneplanens arealdel skal omfatte plankart, bestemmelser og planbeskrivelse hvor det framgår hvordan nasjonale mål og retningslinjer, og overordnede planer for arealbruk, er ivaretatt. Plankartet skal i nødvendig utstrekning vise hovedformål og hensynssoner for bruk og vern av arealer. Kommunen kan etter vurdering av eget behov detaljere kommuneplanens arealdel for hele eller deler av kommunens område med nærmere angitte underformål for arealbruk, hensynssoner og bestemmelser, jf. §§ 11-7 til 11-11.

§ 11-8: Kommuneplanens arealdel skal i nødvendig utstrekning vise hensyn og restriksjoner som har betydning for bruken av areal. Hensyn og forhold som inngår i andre ledd bokstav a til f, skal markeres i arealdelen som hensynssoner med tilhørende retningslinjer og bestemmelser. Det kan angis flere soner for samme areal. Til hensynssone skal det i nødvendig utstrekning angis hvilke bestemmelser og retningslinjer som gjelder eller skal gjelde i medhold av loven eller andre lover for å ivareta det hensynet sonen viser. Det kan fastsettes følgende hensynssoner: [...] c) Sone med særlige hensyn til landbruk, reindrift, friluftsliv, grønnstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø, med angivelse av interesse.

§ 11-9: Kommunen kan uavhengig av arealformål vedta bestemmelser til kommuneplanens arealdel om: [...] 6. miljøkvalitet, estetikk, natur, landskap og grønnstruktur, herunder om midlertidige og flyttbare konstruksjoner og anlegg. 7. hensyn som skal tas til bevaring av eksisterende bygninger og annet kulturmiljø,

§ 11-16, tredje ledd: Departementet kan, selv om det ikke er reist innsigelse, oppheve hele eller deler av planen eller gjøre de endringer som finnes påkrevd, dersom den strider mot nasjonale interesser eller regional plan.

§ 12-1: Reguleringsplan er et arealplankart med tilhørende bestemmelser som angir bruk, vern og utforming av arealer og fysiske omgivelser. Kommunestyret skal sørge for at det blir utarbeidet reguleringsplan for de områder i kommunen hvor dette følger av loven eller av kommuneplanens arealdel, samt der det ellers er behov for å sikre forsvarlig planavklaring og gjennomføring av bygge- og anleggstiltak, flerbruk og vern i forhold til berørte private og offentlige interesser.

§ 12-5: For hele planområdet skal det angis arealformål. Arealformål kan deles inn i underformål og kombineres innbyrdes og med hensynssoner. I nødvendig utstrekning angis områder for: [...] 5. [...] naturvern, jordvern, særlige landskaphensyn, vern av kulturmiljø eller kulturminne [...]

§ 12-7: I reguleringsplan kan det i nødvendig utstrekning gis bestemmelser til arealformål og hensynssoner om følgende forhold: 1. utforming, herunder estetiske krav, og bruk av arealer, bygninger og anlegg i planområdet [...] 6. bestemmelser for å sikre verneverdier i bygninger, andre kulturminner, og kulturmiljøer, herunder vern av fasade, materialbruk og interiør, samt sikre naturtyper og annen verdifull natur,

§ 20-1: Tiltak som krever søknad og tillatelse: [...] fasadeendring [...] riving av tiltak [...] plassering av skilt og reklameinnretninger

§ 29-2: Ethvert tiltak etter kapittel 20 skal prosjekteres og utføres slik at det etter kommunens skjønn innehar gode visuelle kvaliteter både i seg selv og i forhold til dets funksjon og dets bygde og naturlige omgivelser og plassering.

§ 30-3: Skilt- og reklameinnretninger må ikke virke skjæmmende eller sjenerende i seg selv, i forhold til omgivelsene eller for trafikken, eller i strid med ønsket utvikling i kommunen.

§ 31-1: Ved endring av eksisterende byggverk, oppussing og rehabilitering skal kommunen se til at historisk, arkitektonisk eller annen kulturell verdi som knytter seg til et byggverks ytre, så vidt mulig blir bevart. § 29-2 gjelder tilsvarende.

§ 31-3: Eier eller den ansvarlige plikter å holde byggverk og installasjoner som omfattes av denne lov i en slik stand at det ikke oppstår fare for skade på, eller vesentlig ulempe for person, eiendom eller miljø, og slik at de ikke virker skjæmmende i seg selv eller i forhold til omgivelsene.

§ 31-4: Departementet kan gi forskrift om kommunens adgang til å gi pålegg om dokumentasjon og utbedring av eksisterende byggverk og installasjoner. Pålegg kan bare gis der utbedring vil gi vesentlig forbedring av byggverkets eller installasjonens funksjon som tilsies av tungtveiende hensyn til universell utforming, helse, miljø, sikkerhet eller bevaringsverdi.

6.3 Lov om forvaltning av naturens mangfold av 19. juni 2009 (Naturmangfaldlova)

Kulturminne, kulturmiljø og landskap kan også bli sikra i samsvar med naturmangfaldlova. Lova inneheld vedtekter og forskrifter for fleire typar områdevern.

§ 33: Verneområder på land, i vassdrag og i sjø etter dette kapittel skal bidra til bevaring av [...] natur preget av menneskers bruk gjennom tidene (kulturlandskap) eller som også har kulturhistoriske verdier, og tilrettelegging for bruk som bidrar til å opprettholde naturverdiene.

§ 35, andre ledd: [...] nasjonalparker skal ingen varig påvirkning av naturmiljø eller kulturminner finne sted, med mindre slik påvirkning er en forutsetning for å ivareta verneformålet.

§ 36: Som landskapsvernområde kan vernes natur- eller kulturlandskap av økologisk, kulturell eller opplevelsesmessig verdi, eller som er identitetsskapende. Til landskapet regnes også kulturminner som bidrar til landskapets egenart. I et landskapsvernområde må det ikke settes i verk tiltak som alene eller sammen med andre tiltak kan endre det vernede landskapets særpreg eller karakter vesentlig. Pågående virksomhet kan fortsette og utvikles innenfor rammen av første punktum. Nye tiltak skal tilpasses landskapet.

§ 37, tredje ledd: I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

I Steinkjer kommune har vi seks naturreservat, delar av ein nasjonalpark (Blåfjella-Skjækerfjella) eit landskapsvernområde og to fuglefredingsområde.

7. SENTRALE OMGREP I KULTURMINNEVERNET

Kulturminnevern er vern, pleie og vedlikehald av kulturminne som kulturhistoriske, sosiale, økonomiske, estetiske og/eller antikvariske ressursar i samfunnet i dag og i framtida.

Eit kulturlandskap er landskap forma eller påverka av menneske. Eit kulturmiljø er eit område der kulturminne inngår som ein del av ein større samanheng, til dømes eit fiskevær, eit jordbrukslandskap eller eit bygningsmiljø i ein by. Omgrepet kulturmiljø omfattar all slags kulturpåverknad, også der hendingar, tru og tradisjon er knytta til landskapet.

Kulturminne frå oldtid og mellomalder (inntil år 1537) og ståande byggverk frå perioden 1537-1649 er automatisk freda etter kulturminnelova. Det same gjeld samiske kulturminne og maritime kulturminne eldre enn 100 år. Det er forbode med inngrep i automatisk freda kulturminne.

Riksantikvaren er ansvarleg for fredingsvedtak gjort med heimel i kulturminnelova. Enkeltobjekt og bygningar kan bli freda etter §15, område rundt eit kulturminne etter §19. Kulturmiljø kan bli freda etter §20. Område med kulturminne kan òg bli freda etter naturmangfaldslova.

Om ein bygning eller eit kulturminne blir truga av inngrep før det er etablert eit formelt vern, kan både Riksantikvaren og fylkeskommunen etter kulturminnelova vedta ei mellombels freding medan fredingsspørsmålet blir avklart.

Nyare tids kulturminne er kulturminne frå etter 1536. Med unntak av ståande bygningar eldre enn 1850 er desse kulturminna ikkje freda. Men kulturminnelova gir departementet heimel for å vedta freding av byggverk og anlegg uavhengig av alder, såkalla vedtaksfreding.

Kommunen har mynde til å regulere kulturminne til bevaring med heimel i Plan- og bygningslova.

Omgrepet verneverdig blir brukt om kulturminne og kulturmiljø det er knytta kulturhistorisk eller arkitektonisk verdi til. Det verneverdige kulturminnet bør ein ta vare på, men det ikkje formelt verna gjennom lovverket.

7.1 METODE

Ein må sjå metodeval i lys av mandatet, gitt i kommunestyret sitt vedtak 12. desember 2008. I saksutgreiinga til saka heiter det at: «Planen skal øke kunnskapen om vår kommunes unike historie og gjennom dette styrke Steinkjers identitet og attraktivitet.» Ei muleg tolking av dette mandatet kunne vore eit breitt program for arkeologiske utgravingar, dendrokronologiske undersøkingar og bygningshistoriske og arkitekturhistoriske studier for å avdekke ny kunnskap om kommunen si historie. Ein har ikkje tolka det slik, derimot forstått det som at planen skal sørge for at både tilsette i kommunen som har med kulturminne å gjere, og folk flest, skal ha betre kunnskap om kva vi har av kulturminne, kor dei befinn seg og kva dei betyr i historisk samanheng. Formidlings- og forteljingsaspektet skal stå sentralt. Plandokumentet skal vere ei handbok for kommunal saksbehandlarar og ei lokal historiebok for folk flest.

Planprogrammet seier at «Kulturminner, kulturmiljøer og kulturlandskap i Steinkjer kommune skal kartlegges.» «Kartlegging» er tolka som å framstille eit breitt oversyn over kjente og registrerte kulturminne». Like viktig er kartfesting av dei verneverdige objekta. Kartfesting er ein metode for vern, det er ein naudsynt føresetnad for vern at kunnskapen om kor dei verneverdige objekta befinn seg, er allment og lett tilgjengeleg.

Planprogrammet peiker vidare på at «Utfordringen blir å lage et godt utvalg av kulturminner, kulturmiljøer og kulturlandskap.» Kva er eit godt utval? Vi kan ikkje og skal ikkje, som nemnt i innleiinga, ta vare på alt. Utvalet skal, med utgangspunkt i Stortingsmelding 16 (2004-2005) Leve med kulturminner vere representativt og mangfaldig.

7.1.1 Kulturminne eldre enn 1537

Metode for registrering

Alle automatiske freda kulturminne eldre enn 1537 er registrert i Riksantikvarens offisielle database for kulturminne, Askeladden. Nokre få, ikkje-registrerte kulturminne som er meldt inn gjennom høyringsrunden, er tatt med.

Metode for verdisetting og vektning.

Av i alt 3021 arkeologiske kulturminne registrert i Steinkjer kommune, har 60 fått plass i planen. «Handbok for lokal kulturminneregistrering» opererer med tre kategoriar verdiar:

Kunnskapsverdiane representerar den primære kategorien; kulturminnet er kjelde til kunnskap om bygningshistorie, næringshistorie, personalhistorie osv.

Opplevingsverdiane kan seiast å ha ei meir personleg forankring enn kunnskapsverdiane. Arkitektonisk og kunstnarisk verdi er ein opplevingsverdi, medan arkitekturhistorisk og kunsthistorisk verdi er ein kunnskapsverdi.

Bruksverdien omfattar mellom anna økonomisk verdi og næringsverdi, men også formidlingsverdi og pedagogisk verdi.

Alder og autentisitet er eigenskapar ved kulturminnet som er særleg viktig for den endelege verdisettinga av kulturminnet. Om kulturminnet er sjeldant eller representativt samanlikna med ein samla kulturminnebestand, spelar også ei stor rolle for verdisettinga.

Ved den endelege vektinga av kulturminneverdien tek ein mellom anna omsyn til kriteria som om kulturminnet representerer viktige faser, verksemder, hendingar, eller personar i historia, er viktig for etniske grupper, har særleg arkitektonisk eller arkitekturhistorisk verdi, eller er ein ressurs for lokal utvikling og verdiskaping.

Samtlege kjende kulturminne eldre enn 1537 har sjølvsagt ein høg kunnskapsverdi. Utvalet er difor gjort på grunnlag av opplevingsverdien og bruksverdien. Dei best undersøkte er dei mest omtalte og dermed best kjende og er prioriterte. Skjøtsel og formidling av mange av desse er allereie godt ivaretatt av ansvarlege styresmakter (som ikkje er kommunen) – dei er plasserte i kategori A – nasjonal kulturminneinteresse.

Mellom dei andre finn vi nokre der kommunen bør ta initiativ til samarbeid om betre skjøtsel og formidling. Her er opplevingsverdien (t.d. estetisk verdi, symbolverdi, undring) og bruksverdien (eks. formidlingsverdi, pedagogisk verdi og tilgjenge) vekta. Det som tæl tyngst, er kulturminnet sine eigenskapar (alder, autentisitet, mangfald, samanheng osv) i lys av desse verdiane. Spørsmålet om «rettvis fordeling» innafor kommunen er ikkje vekta.

Innafor kvar type kulturminne er minst eitt plassert i kategori B – regional kulturminneinteresse. Dei resterande er plasserte i kategori C – lokal kulturminneinteresse.

Eksempel: Alle kjende bygdeborgar er tatt med i planen, i alt elleve - alle er automatisk freda og kartfesta. Ingen av dei er i dag sikra tilfredsstillande skjøtsel og formidling. På grunnlag av ei fagleg vurdering av opplevingsverdi-ane og formidlingsverdi-ane (best bevarte og/eller undersøkte) er tre plasserte i kategori B.

7.1.2 Kulturminne yngre enn 1536

Planen inneheld 208 kulturminne frå nyare tid. «Innenfor hver kategori vurderes ulike typer kulturminner: fornminner, bygninger, bygningsmiljøer, samiske kulturminner, forsvarsverk, industriminne (gruver, jernutvinning, kalkovner, kraftverk, etc.), kulturlandskap og jektfart etc». (planprogrammet).

Alle bygningar over 15 m² er registrert i matrikkel – det er såleis teoretisk muleg å liste opp og gje ei kulturminne-fagleg vurdering av heile bygningsmassen i kommunen. For eit fåtal bygningar er det allereie gjort ei slik vurdering. Det gjeld samtlege freda bygningar, listeførde kyrkjer og dei bygningane i sentrum som er regulert til bevaring med Plan- og bygningslova.

Alder er ein viktig eigenskap ved verdivurderinga. Samtlege bygningar frå før 1900 er registrert i SEFRAK-registeret, men registeret seier ikkje noko om andre viktige eigenskapar som autentisitet, mangfald og variasjon eller kor godt vedlikehalde bygninga framtrer i dag. Det er ikkje gjort noko systematisk registrering av bygningar yngre enn 1900 i Steinkjer, men aktuell litteratur er gjennomgått. (sjå litteraturlista).

På bakgrunn av dei registreringane som er gjort, aktuell litteratur og samtalar med informantar er kulturminna vektta etter kriteria henta frå «Handbok for lokal kulturminneregistrering»:

Kulturminnet representerer faser med særlig betydning for historien/utviklingen

Kulturminnet er knyttet til virksomheter med særlig betydning for historien

Kulturminnet er knyttet til hendelser eller begivenheter med særlig betydning for historien

Kulturminnet er knyttet til personer med særlig betydning for historien

Kulturminnet er av særlig betydning for en eller flere etniske grupper (den samiske urbefolkningen, nasjonale minoriteter eller andre etniske grupper)

Kulturminnet har særlig arkitektonisk og arkitekturhistorisk verdi

Kulturminnet har særlig betydning som kilde til historien der det finnes få eller ingen skriftlige kilder

Kulturminnet har særlig betydning som ressurs for lokal utvikling og verdiskaping

Spørsmålet om «rettvis fordeling» innafor kommunen er ikkje vektta.

DEL 4: STEINKJER SI HISTORIE

8.1 Innleiing

Vi kan gå ut frå at det har budd folk i det området som i dag utgjer Steinkjer kommune i 12 000 år. I eldre steinalder (10 000 – 4000 f.Kr budde dei nok ikkje fast, verken her rundt det inste av Beitstadfjorden (som gjekk heilt inn til Snåsa) eller andre stadar i landet. Dei streifa rundt på jakt etter byttedyr og fisk. Først med yngre steinalder (4000 – 1800 f. Kr), når menneska byrja å dyrke jorda, kan vi rekne med ei form for fast busetting, som vi har spor etter, også i Steinkjer. Store endringar skjer når menneska byrjar å ta i bruk metall (først bronse, i Noreg ca 1800 f.Kr, så jern – i Noreg ca 550 f.Kr), fossilt brennstoff (først kol til å drive dampmaskiner, ca. 1750, så petroleum som drivstoff for forbrenningsmotoren ca. 1860) og vasskraft til å framstille elektrisitet (i Noreg ca. 1880. Då var allereie vasskrafta nytta mekanisk i mange hundre år til å drive kvern og sag).

8.2 12000 år på 24 timar

Dersom vi tenkjer oss at desse 12 000 åra av Steinkjers historie blir gjort om til eitt døger, 24 timar, blir det kan

hende lettare å få tak på dei verkeleg lange linene og dei rette dimensjonane i historieframstillinga. Dette døgeret i steinkjerbyggens liv vil da sjå omtrent slik ut:

Omkring midnatt kjem den første steinkjerbyggen hit, på jakt etter byttedyr og fisk og anna etande. Heile natta og halve morgonen driv han med dette, og klokka har blitt 08.00 når han tek seg tid (eller har overskott) til å riste inn biletet av Bølareinen i fjellveggen. Klokka har rukke å bli 15.00 når steinkjerbyggen blir bufast på Våttabakken, som då var eit nes i eit grunt sund i Snåsafjorden. Her fann ein i 1871 (dvs kl.23.44.17) store haugar med østersskal, våpen og reidskap av skifer og pilespisser av bein. Steinkjerbyggen har byrja med landbruk attåt jakt og fiske, og slik går timane til det blir sein ettermiddag.

Omtrent klokka 17.30 byrjar han å ta i bruk bronzen, og ca. kl 17.48 har fleire menn på brøkdelen av eit sekund bygd ei enorm steinrøys over ei hellekiste der ein mann var gravlagd, fullt påkledd og med bronseidol og bronseøks ved sida. Eit slikt byggverk viser attende til mykje makt og eit godt organisert jordbrukssamfunn, men så har dei også allereie hatt ein heil dag på å kome seg dit. Ca kl 18.45 blir ein annan mann gravlagd ca. 500 meter unna, men han blir kremert, for no er vi over i yngre bronsealder, med andre gravskikkar. Og tvers over fjorden, i Beitstad, har helleristarane rista skip og solsymbol i berget. Heile bronsealderen er over på to timar, klokka 19.30 tek steinkjerbyggen i bruk jern, og han byrjar også å produsere jern. Kl. 20.00 blir Jesus født, utan at steinkjerbyggen veit kva det vil få å seie for han utover kvelden.

Dei neste timane blir det travelt for steinkjerbyggen. Før kl 20.48 skal han ha fullført steinsettingane ved Øv-isheim, mellom kl 20.48 og kl 21.00 skal han ha bygd gravhaugane vestover langs Eggevammen, reist bautasteinar og bygd gravhaugar på Helge og samtidig reist ei rekkje bygdeborgar for å markere makt eller forsvarer folk og fe i ei uroleg folkevandringstid. Gravfunna vitnar om utstrekt handelsverksemd med fjerne land, og militærleiren på Skei, som steinkjerbyggen anla klokka 21.36 vitnar også om eit velorganisert samfunn.

Frå no av har vi også skriftlege kjelder til historieframstillinga, i tillegg til arkeologisk materiale, som steinsettinga på Tingvoll som kan hende markerar ein høvdingss fall i utlandet eller forlis omkring kl 22.00. Såleis fortel norske kongesagaer og mange andre kjelder om Eirik og Svein jarl som styrde Noreg mellom kl 22.00 og kl 22.01.45. I følgje Snorre let Eirik jarl kaupangen i Nidaros forfalle og anla i staden ein kaupang i Steinkjer. Men stordomstida vara altså 1 minutt og 45 sekund i steinkjerbyggens døger.

Klokka 22.12 bygger steinkjerbyggen kavbruvar for å lette ferda til lands over Fisknes, og klokka 22.24 er kyrkja på Mære ferdig. Så sjølv om kaupangen forfell og Steinkjer kjem i skuggen av Nidaros, har bondesamfunnet kraft til å reise staselege byggverk, sjølv om dei blir små samanlikna med Nidarosdomen.


Tida mellom kl 22.30 og 23.30 er på ein underleg måte fjern og mørk. Vi veit at Svartedauden herja mellom kl 22.17.43 og 22.17.50, vi høyrer at Erkebispem eig Helge gard omkring kl.22.48. Dei første skriftlege kjeldene omtalar Solberg kyrkje kl. 22.51.24. Skriftlege kjelder fortel at erkebiskopen kjøpte garden Trana kring kl. 23.03.30 av «Olluff laggare». Kl.23.03.42 kjem reformasjonen, som også er skiljet mellom eldre og nyare tid i kulturminnevernet. Nyare tid utgjer altså knapt siste timen av steinkjerbyggens døger.

Oppgangssagene kjem til Noreg omkring kl. 23.05.50. No kan bøndene produsere plank og samtidig produsere velstand for seg sjølve. Men kl.23.19.14 vert «kjøpstadretten» innført, berre kjøpstadborgarar kan drive handel med mellom anna tømmer og plank. Trondheimsborgarar som Hans Horneman eig mellom anna to sager i Giltelva omkring kl. 23.24, to av dei største sagene i Trøndelag på den tida. Kl. 23.18.59 høyrer vi at Jacob Hals hadde krøtter, men ingen kornproduksjon på fjellgarden Hals på Nordfjellet i Beitstad. Kl. 23.19.28 står ei ny Skei kyrkje ferdig. Det same trondheimsborgarskapet som dreiv sagbruk, var òg ivrige på metallutvinning, og det er drift i kopparverka deira i øvre Ogdal mellom kl. 23.31.00 og 23.34.09. Ein sentral person i dette arbeidet er David Andreas Gram, som levde mellom kl. 23.30.39 og 23.39.37. Steinkjer blir ladested kl. 23.42.39. Ein stor bybrann legg heile Sørsia i ruinar kl 23.48, men full av optimisme i påvente av at Hell-Sunnanbanen skal gi ny vekst, blir byen raskt gjenreist. Kl. 23.52.40 kjem 2. verdskrigen og byen vert atter ein ruinhaug. Krigen varar i 35 sekund, gjenreisninga tek vel eitt minutt og kl. 23.55.35 vert Steinkjer kyrkje innvia.

Tre andre tidslengder kan gje perspektiv: Steinkjerbyggen var omstreifande jeger og sankar i 15 av døgerets timar og vart ikkje fastbuande før kl 15.00. Småbruket Bakken i Stod vart etablert kl. 23.51.03 og fråflytta kl. 23.58.09. Ein av dei lengstlevande industribedriftene i Steinkjer var Trana teglverk, som vart etablert som eit gards-



Kunnskapens tre på gamle Steinkjer folkeskole har røter i vikingtida. Det har staden Steinkjer også. Foto: Robert Øfsti



Over: Bølareinen.
Under: Bølamannen



Båtane dominerar delar av Bardalsfeltet. Foto:

teglverk kl. 23.42.04 og held det gåande til kl 23.56.10 – i 14 minutt og 6 sekund.

DEL 5: KULTURMINNE I STEINKJER

9. Oldtid og mellomalder

9.1 Bergkunst

Det er registrert meir enn 1700 lokalitetar med bergkunst i Noreg, fordelt på rundt 2200 enkeltminne og meir enn 30 000 figurar. I Steinkjer er det registrert 38 lokalitetar. Ut frå motiv og dateringar skil vi mellom veideristingar og jordbruksristningar:

Veideristingane er datert til eldre og yngre steinalder og tidleg bronsealder (ca. 7000-500 f. Kr.) og finst over heile landet. Motiva gir assosiasjonar til jakt- og fangstsamfunn: dyr og jakt- og fangstscener.

Jordbruksristningane blir datert til bronsealder (1800 f. Kr. til 500 f. Kr.). Motiva er geometriske figurar, båtar, menneske, hestar og jordbruksreiskap og gir assosiasjonar til et samfunn kor jordbruket har fått innpass.

Helleristingar er små spor etter ein stor del av historia vår. Det er viktig å ikkje berre skildre helleristingane, men skyve fram tolkingane. Det er ikkje berre ristningane ein skal søke kunnskap om, men også menneska bak, dei som faktisk laga dei. Dei mange båtristingane kan til dømes gi viktig praktisk informasjon om bronsealder-samfunnet: Kor lenge vart båtane padla, ikkje rodd, og når kom styreåra i bruk? Men minst like viktig er båten som eit sterkt symbol i over 4000 år, dobbelt så lenge som det kristne korset, eit symbol som må ha hatt varierende tyding opp gjennom tida. Det kan seie noko heilt grunnleggjande om korleis verda hang saman. Ofte kan ein sjå helleristningsbåtar i nærleiken av sola, og gjerne med så mange menneske om bord at det ikkje kan vere snakk om eit faktisk menneske, men heller eit samfunnsbilete. Eit slikt bilete kan ha samband med korleis folk i bronsealderen oppfatta kosmos. Båten frakta sola over himmelen om dagen og gjennom underverda om natta.

9.1.1 Bøla – kategori A

Elva Bøla renn gjennom Strind og Bøle allmenning frå Øyingen og kjem ut i Snåsavatnet ved Valøya. Her ligg helleristningsfeltet som er mest kjent for Bølareinen, men som inneheld i alt om lag 20 ristningar, mellom anna ein mann, fuglar og dyr. Bølareinen er ei av dei mest kjente helleristingane i Noreg. Berget kor reinen er rissa inn kom opp av havet for om lag 6000 år sidan, så teoretisk sett kan ristninga vere så gamal. Ho vart oppdaga i 1842 av gardbrukaren og møllaren Benjamin Vikran. Reinen er avbilda i full storleik, 180 cm lang og 136 cm høg, og har fått mykje merksemd av fagfolk og turistar gjennom tidene. Bølamannen vart oppdaga i 2001 og kan vere ein skiløpar med ski og ein stav.

9.1.2 Helleristingar i Beitstad – kategori A/B/C

Beitstad har ei rekke helleristningsfelt, som strekk seg frå Homnes i Sør-Beitstad langs sjøen til Logtu og Bardal, og derifrå til Skevik og Hammer. Lenger inn frå sjøen ligg felta på Tessem og Benan. Homnes har ristningar frå både veide- og jordbrukskulturen. På eit berg ved Skotrøa finn ein fotefer, båtar, hestar, skålgroper, hjortedyr og truleg ein fugl. På Logtu er det i utmarka funne ei båtristing.

Det største av dei fem felta på Bardal, Bardal I, vart registrert i 1896 og er eitt av dei mest kjende i heile verda. Feltet ligg like ved garden Bardal, 42 meter over havet. Helleristningsfeltet består av drøyt 400 figurar på ei 300 kvadratmeter stor bergflate. Det spesielle ved Bardalfeltet er at ein finn både veideristingar og jordbruksristningar her. Dei eldste veideristingane er datert til yngre steinalder. Ein finn mellom anna 15-20 hjortedyr, nokre menneske, fuglar, ein sju meter lang kval og ein bjørn. Dei største elgane er detaljert framstilt, og over tre meter lange.



Over: Båt og hest frå Tessem-feltet. Foto:

Under: Minnetavla på Våttabakken. Foto:



Ola Five framom bautasteinen på Våttabakken. Foto:

Dei er forma på same måte som Bølareinen. Båtane dominerar mellom jordbruksristningane. Den største båten er 4,3 meter lang, med 80 mannskapsstreker om bord. Området vart overtatt av NTNU Vitenskapsmuseet i 1957 og er godt lagt til rette for publikum.

På Skevik er det funne fem felt, fire av dei med båtristningar frå jordbrukskulturen. Vi finn òg to kvalar. På Hammer er det 17 felt med ei blanding av veide- og jordbruksristningar. Her er det mange båtar og nokre hestar og ryttrarar. I tillegg er det to ristningar av primitive ardar. Ei spesiell ristning viser ein kval med frampart som ein bjørn. Berget har forvitra ein del så ristningane er ikkje så godt synlege. Dei lågaste ristningane ligg omkring 18 meter over havet og skriv seg frå tidlegst midten av bronsealderen.

Tessem har minst fem felt med ristningar. Fire av dei ligg på toppen av Brennberga, ein åsrygg aust for Tessem Austre. Dette er jordbruksristningar frå bronsealder og tidleg jernalder. Her finn vi menneske, båtar, skålgroper, dyr og fotefar. Det spesielle med felta på Tessem er m.a. avbilding av svært salrygga dyr. På feltet Tessem I har ristningane same stil som ristningar i Østfold og Båhuslen. To figurar liknar padleårarer, og er unike i nordisk samanheng. Dette feltet trur ein er noko eldre enn dei andre.

Jordbruksristningane på Benan vart først oppdaga i ein hage i 1990, og i 2003 fann Anfinn Benan nokre strek på ein bergkulle som skulle vise seg å vera eit større felt. Til no er det funne fem felt her, det største med 35 figurar. Også her er det menneske, båtar, dyr, skålgroper og fotefar. I tillegg er det ein del geometriske figurar. Feltet Benan II er datert til sein bronsealder og tidleg jernalder.

9.2 Busettingsspor

Over og under bakken finn vi store mengder busettingsspor i Steinkjer. Det kan vere alt frå steinalderbuplassar til kokegroper, stolpehol etter hus, gravrøyser, gravfelt, bygdeborgar og vegfar, for å nemne noko.

9.2.1 Våttabakken – kategori A

Nedst i bakken opp mot Eggevammen ligg restane etter ein gamal buplass. Ein bauta er reist på staden for å minne oss om ei fjern tid. (Sjå også side 96) Bautaen er i dag plassert om lag 30 m over havet. For 4500 år sidan var dette eit nes i eit grunt sund. Stranda låg berre 5 m nedanfor. Buplassen i Våttabakken låg fint til ved innfallsporten til den fjordarma som i dag er Reinsvatnet, Fossemvatnet og Snåsavatnet.

I 1860-åra fann bonden, Johs. Holberg, nokre pilespissar av skifer på åkerstykket rett vest for husa på husmannsplassen Nordre Steinkjerhaug. Premieløytnant R. Ziegler dreiv med arkeologiske undersøkingar på Egge i 1871, og såg med det same på funnstadene for pilespissane. På åkeren vart det påvist ei sirkulær grå/kvit flate med ein diameter på 10 m. Denne var til dels omkransa av store runde steinar. Arkeolog Karl Rygh tok seg ein tur same året, og det vart konkludert med at dette måtte vere ein teltplass, ettersom det òg vart lokalisert ein eldstad inne i den lyse sirkelen. Den grå/kvite fargen kom av eit kulturlag på om lag 18 cm som besto av skjel, sniglehus og knuste dyrebein. Dette blir gjerne kalla ein kjøkkenmødding, altså avfallsrestar etter matlaging. Funn av menneskebein gjer det truleg at dei gravla sine daude der dei hadde sine daglege gjeremål. I tillegg til pilespissane vart det funne to spydspissar av skifer, ein kniv og ein kile, eit fiskesøkke og ei tverrøks av elgbein og ei pil av bein. Funna tyder på at buplassen kan daterast til yngre steinalder i perioden 4000-1500 f.Kr.

Steinalderbuplassen på Våttabakken var den første buplassen frå yngre jernalder som vart undersøkt av arkeologar i Noreg, og for første gong vart det lansert teoriar om ein fastbuande nordisk stein- og bronsealderkultur.

Men kor låg eigentleg buplassen? Det har vore hevda at den eigentlege buplassen forsvann då dei grov skjæringa for jernbanen. Men dersom ein legg løytnant Zieglers sitt kart oppå dagens kart, viser det seg at dette nok ikkje stemmer. Ein kan likevel ikkje vere sikker på at bautasteinen står nøyaktig på kjøkkenmøddingen.

9.2.2 Toldnes – kategori B

På Toldnes i Sparbu (Toinnes som det heiter på Sparbumål) finn vi Noregs største gravfelt frå bronsealderen.



Øverst: Bronsedolken frå Toldnes.

Foto: NTNU Vitenskapsmuseet.

Over til v: Steinkiste frå Toldnes.

Foto: Roger Lyngstad.

Til v: Gravhaug i Gjøvranmarka.

Foto: Bodil Østerås

Under: Bøylespenne i gull (T5590) frå eldre jernalder funne i nærleiken av husa på Gjøvran. Foto: NTNU Vitenskapsmuseet



Den store gravrøysa i Giskåsmarka. Foto: Bodil Østerås



Området vart undersøkt av Karl Rygh i 1879-1880 og 1905-1906 og til saman 25 bronsegjenstandar vart funne i tilsaman ti av røysene. Om lag 1200 år før Kr. vart ein mann gravlagt i ei røys på det som i dag er gardstunet til Toldnes østre. Fleire menn må ha halde på i vekesvis med å bygge den enorme steinrøysa over hellekista. Den daude vart lagt ned fullt påkledd, og med ein bronsedolk og ei bronsøkse ved sida. 900 år seinere vart eit lik brent på et bål og dei brente beina og oska lagt i ei lita trekanta steinkiste på Havnabakkin, ca 500 meter rett nord for tunet. Store steinrøysar på opptil 20 meter i diameter og tre meters høgd er avløyst av enkle branngraver rett i bakken utan markering, eller markert med ei lita røys. Men den gamle skikken med å legge den daude fullt påkledd i ei steinkiste vart ikkje brått erstatta med likbrenning. Funna frå 47 bronsegraver i totalt 21 røysar på Toldnes viser at begge gravleggingsmåtene var i bruk parallelt i fleire hundre år før branngravskikken vart ein-erådande utover i jernalderen.

9.2.3 Gjøvranmarka – kategori C

I det sørvendte landskapet rundt garden Gjøvran, med god utsikt over Beitstadfjorden var det liv og røre med husdyrhald og åkerdrift allereie i bronsealderen for om lag 3000 år sidan. På eit bratt berg lengst vest i marka ragar Gjøvranslottet, ei bygdeborg som fungerte som vaktpost og tilfluktstad for bygdefolket (sjå side 38).

Spreidd rundt om i Gjøvranmarka finn ein større og mindre samlingar av ulike typar gravanlegg. Gravene vart gjerne plassert nær husa på garden. Ein må gå ut frå at gravfelte markerer gardsbruk som låg her i fjern fortid. Dei talrike gravminna tyder på at folk heldt fram med å bu i området gjennom heile jernalderen og fram til Svart-edauden, da store delar av Gjøvranmarka nok vart lagt aude og skogen grodde til.

Om lag 1,5 km nord for husa på garden i dag ligg det største gravfeltet i Gjøvranmarka med over 60 graver i ulike fasonger, både runde, avlange og stjerneforma. I det same området er det fleire røysar. Nokre av desse er truleg rydningsstein i og med at vi finn åkerreiner og gamal åkermark i det same området. Her finn vi òg ein hulveg. Undersøkingar av åkerreina og kulturlaget under ei av dei stjerneforma røysene ga dateringar attende til sein bronsealder. Det kan sjå ut som om det er etablert gardsbusetting her for 3000 år sidan. I 2001 vart det undersøkt ein stjerneforma gravhaug i Gjøvranmarka. Ein fann ingen teikn til gravferd. Det låg ein bautastein i midten, der dei tre armane møttest. Denne vart reist på ny etter undersøkingane. Det vart tatt ut kolprøver frå anlegget, men dateringane attende til yngre bronsealder (2455-1960 f.Kr.) representerer nok ikkje etableringa av den stjerneforma haugen, men heller aktivitetsområdet med åkerrein like i nærleiken. Fleire av dei større gravrøysene kan truleg også daterast attende til bronsealderen, slik som den på Sveet oppe på høgda aust for gardsvegen.

9.2.4 Giskåsmarka – kategori C

Godt inne i skogen i området Skogli/Giskås ligg det både gravhaugar og gravrøysar. Gravhaugane er i hovudsak bygd opp av jord, røysa av stein. Røysene er oftast runde, men kan òg vere både båtforma eller avlange. Den største gravrøysa i Giskåsmarka er nokså stor, 19-20 m i diameter og 3 m høg, med ei plyndringsgrop i toppen. Både gravhaugar og gravrøysar har vore utsett for plyndring i både eldre og nyare tid. Det blir sagt at dei som sist grov i røysa på Giskås, stoppa da dei kom til ein veldig stor og flat stein. Som regel har gravrøysene eitt eller fleire oppmura gravkammer. Desse kan vere mannslange i dei ubrente gravene, eller relativt små om det er kremasjonsgrover til brente bein eller nedsetting av ei urne. På grunn av stor tilgang på vatn og luft blir eventuelle gravgåver nokså dårleg bevart i gravrøysar. Likevel kan ein vere heldig å finne både smykke, våpen eller andre mindre gjenstandar.

I dag ligg kulturminna godt skjerma inne i skogen. Vi må nok sjå for oss eit anna landskap den gongen haugane vart til. Dei vart nok laga i eit livleg område der både folk og dyr levde like ved og kring dei daude. Og leiter vi rundt i skogen, finn vi opne grassletter som ligg som eit minne om gamal slåtteng og ei åkerrein som vitnar om dyrking gjennom lang tid, og dermed fast busetting. Gravminne vart gjerne plassert på høgdedrag for å vere godt synlege frå sjøen eller andre ferdselsårer. Stien inn til kulturminna er ein veldig gamal veg mellom Giskås og Reipa. Her har det truleg vore trafikk heilt sia jernalderen, og her på flata ved det bratt skrånande terrenget låg haugane godt synlege for alle som ferdast i området. Utan skogen ville vi mot sør-vest kunne sjå vidt utover dalen mot

Hyllbrua og Vålen.

Rydding av gravrøysene ved Skogli vart sett i gang gjennom aksjonen «Rydd et kulturminne» i regi av Norsk Kulturarv. Elevar og lærarar ved Vålen skole sto for arbeidet i samarbeid med Ogdal historielag. Arbeidet som vart leia av Magne Andersson, vart premiert.

9.2.5 Storaunet på Oftenåsen – kategori B

Frå Trana og i skogen oppover mot Oftenåsen ligg det fleire fornminner og gravfelt. Tre gravrøysar i området nærast vegen vart undersøkt av Karl Rygh i 1873 og alle desse såg ut til å vere frå eldre jernalder (0-600 e.Kr). Går vi vidare innunder Svartberget møter vi etter kvart på ein hulveg som vi kan følgje om lag 40 m oppover ein åsrygg mot to gravhaugar. Hulvegen kan vi sjå som ein svakt U-forma forsinking i bakken slik den er arbeidd ned i terrenget av kløvhestar. Dei to gravhaugane ligg på kvar side av vegen som held fram i retning Storaunet. Dette er den gamle vegtraseen mellom Trana og Storaunet som møter vegen frå Ogdal som gjekk aust om Oftenåsen, over mot Ryan i Henning og vidare langs Leksdalsvatnet til Verdal. Tradisjonen seier at det var denne vegen Kalv Arnesson drog frå Egge for å ta del i slaget på Stiklestad.

Oppe på Storaunet kjem vi til ei ny konsentrasjon av gravminne, eit gravfelt med 11 graver og seks mindre grupperinger på 2-7 gravhaugar, til saman 21 gravminne på begge sider av hulvegen. I dag ligg desse kulturminna i utmarka heilt utan spor etter gardsbusetting. Namnet Storaunet peiker mot ein gard som vart lagt aude etter Svartedauden, og som truleg aldri vart tatt opp att som gardsbruk. Gravene kan vere knytta til generasjonar av folk som har levd på denne garden, men dei kan og vere relaterte til ferdselsvegen.

9.3 Graver

9.3.1 Trekantanlegg

Trekantanlegg er eit samleomgrep for gravhaugar med fasong som eit triangel, treodde eller trearma stjerne. Trekantanlegg finst berre enkeltvis i Noreg utanom i Trøndelag og Rogaland. Det har vore vanleg å sjå dei som graver, men berre unntaksvis er det funne spor etter gravlegging i denne typen anlegg, sjølv om dei i stor grad opptre innanfor gravfelt. Det er få sikre dateringar av trekantanlegg, men ein trur dei oppsto i eldre jernalder, på 2-300-talet e.Kr. og vart laga fram til tidleg vikingtid. Av dei 70 som er kjende i Nord-Trøndelag ligg 27 i Steinkjer kommune, 10 av dei er fjerna. Ettersom trekantanlegga gjerne ligg inne på gravfelt, men sjeldan inneheld spor etter gravferd, blir dei gjerne tolka som eit symbol på fruktbarheit, ein stad for utøving av fruktbarheitskult eller ein offerplass. Trekantforma gjer at enkelte tolkingar går i retning av astronomi; sola sin gang over himmelen. Sola symboliserer liv, daud og fruktbarheit, og anlegga kan difor symbolisere overgangen frå levande til daud.

9.3.2 Gravfeltet på Helge – kategori A

Gravfeltet på Helge ved Byafossen, det heilage eidet, har nok betydd noko særskilt for folk i jernalderen. Eit eid er ei landstripe med vatn på begge sider. Namnet gir meining om vi ser for oss landskapet i forhistorisk tid, da havet sto høgare og fjorden nesten gjekk opp til Byafossen. Mellom sjøen og Reinsvatnet var det da ei landstripe som utgjorde eidet.

Gerhard Schøning omtaler feltet i 1774, og i 1816 blir det kartlagt av Lorentz Diderich Klüwer, ein av Noregs første antikvarar. I følgje Klüwer var det den gongen 22 gravhaugar og fleire andre gravminne og anlegg. Dei to største haugane er Helgeshaugen og Ormshaugem. Mellom desse gjekk det tidlegare ein steinlagt veg, som gjerne blir tolka som ein prosesjonsveg til bruk ved religiøse og rituelle seremoniar. Eitt av dei mest spesielle anlegga inne på gravområdet er ein 60 cm høg og 2,5 m brei steinmur som avgrensar gravfeltet mot nordvest. Kor langt den opprinneleg var, er det ingen som veit.

Ein bautastein er ein tilhoggen minnestein frå førhistorisk tid, utan inskripsjon og gjerne stilt opp på eller like



Over: Gravrøys på Storaunet med utsikt over Ogdalen.

Under: Bautastein og gravhaug på Helge. Alle foto: Bodil Østerås





Over: Bautasteinen på Guin. Foto: Bodil Østerås
 Under: Steinsettinga på Tingvold. Foto: Roger Lyngstad
 Underst: Stor gravhaug ved furualleen på Egge. Foto: Roger Lyngstad



ved, ein gravhaug, slik som på Helge. Like vanleg er det at dei er reist på flat mark enkeltvis eller i grupper. Dei bautasteinane i Noreg som har latt seg datere, skriv seg frå eldre jernalder (0-600 e.Kr). Opphavleg har det vore fem bautasteinar inne på gravfeltet ved Helge. To av dei som framleis står, er usedvanleg høge (ca 8 m), og det må ha kravd stor innsats å reise dei. Ei steinsetting med åtte steinar kring ein stor midtstein er og særmerkt. I tillegg finst det fleire andre oppsette steinar rundt om. Det er gjort lite arkeologiske undersøkingar på Helge, men ut frå forma på anlegga og funn vart truleg folk gravlagde her ein gong i eldre jernalder (0-600 e.Kr.).

9.3.3 Guin – kategori C

Sommaren 1978 vart bautasteinen på Guin i Kvam reist på ny. Opphavleg ruva steinen godt i landskapet med ei samla lengd på om lag 8 m over og under bakken, på toppen av ein gravhaug. Så knakk den, 80 cm over jordbandet, og der vart den liggjande. Bautaen vart gjenreist mellom dei to gravhaugane på Guin for å unngå skadar på eventuelle fornminne. Markant i terrenget med utsikt over bygda og Snåsavatnet er den likevel med sine 4,4 m over bakken.

9.3.4. Vekreshaugen – kategori C

Langs den gamle ferdselsvegen over Vekreshaugen i Henning ligg det 16 rundhaugar. «Kongshaugen» er den største: 4 m høg og 28 m i diameter. Det er òg to langhaugar her, høvesvis 11 og 17 m lange, den siste er 4,5 m høg.

9.3.5. Steinsettinga på Tingvold – kategori A

I hagen på Tingvold er det ei oval steinsetting med 38 steinar. Steinsettinga er ein del av minst 20 gravminne frå yngre jernalder. På den tida lå området nær strandkanten og hovedferdselsåra frå Steinkjer til Egge. Då Gerhard Schønning reiste gjennom Trøndelag i 1774, omtala han denne steinsettinga og tolka det som ein tingstad. I dag veit vi at dette er eit «kenotaf»; ei symbolsk grav eller minnestad for ein høvding som kan hende fall i viking eller forliste. Vi reknar med at steinsettinga er sett opp omkring år 1000. Så seint som omkring 1820 var det minst to liknande steinsettingar i nærleiken. Men dei vart borte da byen voks nordover langs den gamle ferdselsvegen, den som i dag heiter Gamle Kongeveg.

9.3.6 Fornminna på Eggevammen – kategori A

Det er registrert 33 gravminne på Vammen, men truleg er det mange fleire. Det er runde haugar, avlange haugar, steinsettingar og bautasteinar, Det er og funne restar etter gardsanlegg frå både eldre og yngre jernalder.

Aust for Eggevegen (gamle E6) ligg eit gravfelt frå romartid (0-400 e.Kr). Her har det truleg vore mellom 20-30 gravminne, men i dag finn vi 13. Mellom mindre gravhaugar ligg det fleire store steinringar. Her vart mektige folk gravlagde med flotte gåver i urner. I den eine er funne sverd, spyd, pilespissar, skjold og gullringar. Høvdingen som ligg her vart kremert, og med seg på bålet hadde han eit bjørneskinn, eit mektig maktsymbol.

Langs Sigridstien vest for gardstunet på Egge ligg eit felt på om lag ti gravhaugar frå folkevandringstida (400-550 e.Kr). I ein av dei er det funne eit leirkar og ein flott fingerring av sølvblanda gull. På begge sider av furualleen ser ein restar etter eit større gravfelt frå vikingtida. Alle haugane er undersøkte. I ein av dei fann ein ei mannsgrav som viste seg å vere blant dei rikaste gravene som er avdekt i Trøndelag. Ein fann fann m.a. eit stort sverd.

9.3.7 Skeifeltet – kategori A

På Skei i Sparbu ligg Nord-Trøndelags største gravfelt frå yngre jernalder (datert til rundt år 800 e.Kr). Det er eit uvanleg interessant fornminneområde. Feltet inneheld 113 registrerte gravhaugar, tre bautasteinar, eit ringforma tun og store kokegropar. Tunet, rike gravfunn og dei store gravhaugane peiker mot eit høvdingmiljø på Skei.



Øverst; To av bautasteinane på Skei, med den største gravhaugen i bakgrunnen.

Foto: Bodil Østerås

Over: Steinrøysa på Rensviktangen.

Foto: Roger Lyngstad

Til høgre: : Gamal veglei mellom Nodal og Strømstad.

Foto: Bodil Østerås

Feltet inneheld både runde, avlange og stjerneforma gravhaugar. Den største stjerneforma haugen har 20 meter lange armar. Dei tre størst rundhaugane har ein diameter på om lag 20 m og ruvar godt heilt søraust i feltet. Ein gravhaug vart undersøkt sommaren 1986. Hagen var båtforma, bygd av jord og viste seg å innehalde ei svært rikt utstyrt kvinnegrav. Ei kiste av kantstilte heller var nedgravd i bakken. Inne i steinkista vart det funne restar etter ei trekiste. I denne var den daude kvinna begravd. I grava var det eit rikt gravmateriale. Mest merksemd vekte fire gjenstandar produserte i Irland: Eit stort trekanta bronsekar, truleg ei hengelampe; ei trebøtte med bronsebeslag; ei bronseause og eit bronsesmykke. Hengelampa og trebøtta er svært sjeldne og verdfulle funn, også ut frå kvaliteten. Grava inneheldt ei mengd andre gjenstandar, mellom anna ei skålforma bronsespenne og hesteseletøy.

I 1988 vart det gjort eit anna viktig funn: To parallelle haugar som tidlegare var tolka som gravhaugar, viste seg å vere langveggen i eit hus på 12 x 6,5 meter med to rekker av takberande stolper, og vegger av torv, sannsynlegvis med ein indre plankevegg. Ved nærare granskning fann ein åtte slike tufter som danna eit ringforma tun omkring ein open plass. Ein trur dette har vore militærkaserner, høvdingens faste leir. Funnet av tunanlegget på Skei er det første i sitt slag i dei breie innlandsbygdene.

Rundt husa vart det registrert nokre store kokegropar, som har vore nytta til tilbereding av mat. Gropene er opptil 1,5 meter i diameter, og relativt djupe. Talet og storleiken viser at det her vart laga mat til mykje folk. Det står teorien om at det har vore ein slags militærleir. Søraust i feltet står det tre bautasteinar på steinrøysar og markerer graver.

Fornminneområdet er drøyt 15 mål stort. Det fekk ei utvida fredning i 1981, og er inngjerda og til dels rydda. Informasjonstavlar på staden fortel om fornminna og funn som er gjort.

9.3.8 Gravrøysene på Rensviktangen og Sandviktangen – kategori C


Ytterst på Rensviktangen i Kvam, på grensa til Snåsa ved Snåsavatnet, ligg ei stor røys, 6 m brei og 9 m lang. På Sandviktangen, like sør for Rensviktangen, ligg ei røys som er 10 m lang og 5 m brei. I denne var det inga kiste, men det vart funne brende bein under steinhellene og eit kranium, bein, to skålspenner, glassperler og ein jernnagl under ein stor stein i utkanten av røysa.

9.4 Vegfar

Heilt sidan steinalderen har folk laga vegfar. Fast busetting førde til faste vegleier. Med hesten kom ridevegane. I Magnus Lagabøtes landslov av 1274 heiter det at veg skal ryddast i ei spydbreidd, altså fire meter. Vegane vart helst lagt der kor det var tørt, men der ein ikkje kom unna myrer og vått land vart det lagt ned kavlar. Vegane fekk namn etter utsjånad (hulveg og kavlvveg) eller bruk (kongeveg, postveg og pilgrimsveg). Allfarvegen vart mykje nytta som namn på hovudvegen. Ein skilde òg mellom sommarveg og vinterveg. På vinters tid var det lettare å ferdast i rette liner, over myrer og vatn. Det var vanleg å gravlegge folk langs vegleiene, anten det var oppe på åsen eller langs vatnet. Dei eldste husmannsplassane finn ein òg ofte i nærleiken av ferdselsvegen. Framleis er mange av dei gamle vegane i god stand, og nokre blir nytta den dag i dag. Kavlvegar er det òg ein del av, nokre godt synlege, andre gåymd i myra.

9.4.1 Vegleia mellom Nodal og Strømstad – kategori B

Det er framleis mogleg å vandre på delar av den gamle vegleia mellom Nodal og Strømstad i Kvam. Langsetter ruta dukkar det opp både eldre og nyare kulturminne. På Aunvold er det ein langhaug og fleire rundhaugar like inntil vegen. Ved Strømstad vil vi langsetter den same vegen finne ein større stjerneforma gravhaug saman med fleire rundhaugar. På Skogheim er det eit heilt gravfelt med seks gravminne. Restane etter husmannsplassane Austre og Vestre Skogen er å sjå langsetter det gamle vegfaret.



9.4.2 Veggen mellom Vibe og Helge – kategori B

Den gamle ferdselsåra mellom Vibe og Helge gjekk kortaste vegen rett over åsen. Delar av den gamle traséen blir framleis nytta som skogsveg eller tursti. Sjølve vegen er ikkje like tydeleg over alt, men enkelte stader framstår den som ein hulveg – ei grøfteliknande senking i terrenget. Vi veit ikkje når folk for første gong byrja gå desse vegane, men kulturminne plassert langsetter leia tyder på at folk har vandra denne vegen i dei siste 3000 år.

Like nord for tunet på Vibe finn vi dei første spor etter jernalderbøndene på garden. Her ligg det eit stort gravfelt med 13 haugar på rekke og rad langs vegen for å vere godt synlege for flest mogleg. På veg opp mot Geilvoll ligg fleire rektangulære tufter som truleg er restar etter hus frå mellomalderen. På høgdedraget ovanfor garden Geilvoll går vegen like forbi to store gravrøyser. Dette kan vere gravminne frå bronsealderen.

9.4.3 Hulveg og gravrøys på Tessem – kategori B

Hulvegen på Tessem i Beitstad ligg ikkje langt frå helleristningsfeltet. Vegen er 0,8 m - 1 m djup og 1,5 - 2,5 m brei. Store delar av vegen er såpass brei at det må vere snakk om ein gamal kjerreveg. Det er mogleg å gå den i om lag 75 m, og den er orientert i vest-sørvest – aust-nordaust retning. I den nordaustlege enden ligg slutten på vegen ca. 15 m sør-søraust for ein traktorveg. I den søraustlege enden av hulvegen og kant i kant med denne ligg ei gravrøys klårt markert i terrenget.

9.4.4 Hulveg på Fornes i Stod – kategori C

Austom Fossemvatnet går det ein om lag 100 meter lang hulveg mellom Skoglund og Tvestad. Ein tilsvarende veg tilnærma parallell med fylkesveg 763 går like aust for garden Stranda.

9.4.5 Veggen over Kvamsåsen – kategori C

Frå riktig gamalt av har hovudvegen nordover frå Kvam kyrkje gått opp den bratte lia til Kvamsåsen. Vegen er omtala som ein av dei brattaste i distriktet og var i bruk som hovudveg til 1876. Eit sagn knytt til vegen fortel at da dei skulle avgjere kor Kvamskyrkja skulle byggast, lessa dei på eit hestelass med tømmer. Der kor hesten stoppa, skulle dei bygge kyrkja. Da er det lett å forstå at det vart stopp på Kvam, når hesten såg den bratte lia framom seg. Oppe i åsen ligg det fleire steinringar, og oppe på flata ligg tuftene av husmannsplassen Ekkerhåggån.

I 2009 deltok Kvam skole i tiltaket «Rydd et kulturminne» i regi av Norsk Kulturarv. Under leiing av Roger Lyngstad rydda elevane vegtraséen og tuftene på husmannsplassen. Prosjektet vart premiert som eit av dei ti beste prosjekta det året.

9.4.6 Den gamle kongevegen, Sparbu-leia – kategori A

Den gamle kongevegen mellom Husby i Verdal og Vådal i Sparbu er truleg frå tidlig jernalder og er ein del av den gamle allmannavegen gjennom Innherad. Truleg nytta ein del av bondehæren denne vegen mot Stiklestad i juli 1030. Stien er godt synleg, men siste del av stien mot Vådal er dårleg vedlikehalde.


9.4.7 Gammelvegen til Giskåsgardane i Ogdal – kategori C

Like nord for husa med adresse Nordvegen 766 og 768 går det ein tydeleg hulveg ca 80 meter i nordaustleg retning mellom husa og ein ny sideveg til Nordvege. Dette er ein del av den gamle vegen til Giskåsgardane.



Øverst: Kartskisse over området mellom Vibe og Helge

Over: Rydding av vegen over Kvamsåsen: Alle mann i arbeid med å flytte grana som låg midt i leia. Frå venstre Odd Kristian Rygg, Kristoffer Hofstad, Sivert Lyngstad, Eirik Skogan, Henrik Ringseth og Karl Magnus Øksnes. Foto: Roger Lyngstad



Kavlbru ved Fisknes. Foto:



Offersteinen ved Råmmågutu. Foto: Roger Lyngstad



Vortesteinen i Stod . Foto: Roger Lyngstad



Til høgre: Gropa i steinen. Foto: Roger Lyngstad

9.4.8 Pilegrimsleia – Nordleia – kategori A

Nordleia går frå Gløshaugkyrkja i Grong til Stiklestad kyrkje i Verdal. Leia kryssar kommunegrensa mot Snåsa ved Grønberget nordaust for Lustadvatnet, går via Skjelstad nordom Lustadvatnet til Skjølågrind, følgjer dels Gamle Ogdalsveg dels fylkesveg 266, deretter den gamle Kolåsvegen til Svean, fylkesveg 264 til Bjerkem, via Elisveet og Eli, over Okstadmyra til Okstad og Henning kyrkje. Frå kyrkja går leia om lag rett sørøver i terrenget til Austmo, via Fossan, Bilstad, Bjørnhus, ovom Sæligardane til Vestli, deretter i terrenget aust for Henningvegen og ned på Henningvegen like før kommunegrensa mot Verdal.

9.4.9 Kavlbruene ved Fisknes – kategori C

Høsten 1982 vart det undersøkt to trebrulagte vegar i eit myrområde på Fisknes ved nordenden av Leksdalsvatnet. Bruleggingane har knytta saman ferdsele mellom den nordre delen av bygda og områda på aust- og vestsida av Leksdalsvatnet. Dei er nok òg nytta i samband med ferdsele på vatnet. Veg A er 300 m lang og går i rett linje langs fylkesveg 253 mellom elveosen og Vegmo. Fleire lag med stokkar viser at vegen har vore påbygd og ombygd fleire gongar. Siste byggefase er mest forseggjort. To ca 6 m lange og ca 30 cm breie halvklovde stokkar med flatsida opp utgjer vegbanen. Dei er festa med trenaglar til stokkar på tvers under. På sida er det tynnare, runde kantstokkar. Den totale vegbreidda er på 90 cm. Vegbreidda og slitasje på treverket tyder på at vegen er nytta som ride- og gangveg.

Veg B går i vinkel på veg A og er konstruert av eit 1,4 meter breitt lag av 8-10 langsgåande rundstokkar med eit 1,8 m breitt einsarta og regelmessig topplag av tverrgåande stokkar. Under begge vegane ligg eit lang med kvist, tynne stokkar og sandblanda torv.

Karbondateringar viser at bruene er bygde i løpet av 1100-talet. Det yngste brudekket er lagt ned på slutten av 1200-talet. Kavlbruene i Ryggamyra skriv seg frå same periode, men der er øvste laget frå ca 1450. Myra konserverer treverk godt, men når det kjem luft til, vil treverket morkne og sprekkje. Slike funn blir difor tildekkja etter undersøkingane.

9.5 Heilage og magiske stader

9.5.1 Råmmåguttu og offersteinen – kategori B

Råmmåguttu er ein trong passasje på den gamle ferdsele gjennom Henning, ved bruket Rysveet. Her ligg ei 2 m høg steinrøys med diameter 26 m og ein stor stein, 1 x 1 m med ein spiss egg. Konservator Theodor Petersen frå Vitenskapsmuseet i Trondheim undersøkte staden i 1922 og meinte at «dette er ein gamal offerstad frå langt tilbake i tida.»

9.5.2 Vortesteinen i Stod – kategori C

Denne store steinen ligg i skogmarka mellom Finstad og Lægran. Oppå steinen er det ei grop som folk helte vatn i. Så la dei f.eks. handa med vorter oppi, og dermed skulle vortene forsvinne. Dette gjekk føre seg så seint som på 1960-talet.

9.5.3 Olavskjelda i Egge – kategori C

Olavskjelda ligg på vestsida av Heggessberga. Brønnen er 70 cm djup og diameteren på holet er 37 cm. Kantane er tilhogde, truleg for å kunne senke ei bøtte ned i brønnen. Ein trur at folk henta vatn her i tørre somrar. Gerhard Schøningg beskriv kjelda slik:

Mellem de gaarde Qvam og Hegge findes det et maadelig høit Bierg, og i eet rundt Hul i Bierget, som



synes, etter Beretning, Ved Menneskehaand at være utarbeidet, muelig udvidet, og gjort meere ordentlig, opvelder en kilde, nederst fra Bunden, som kaldes st. Olufs Kilde. Den er ¼ alen tvertover, og udtørres aldrig, end i den største varme om sommeren. Sankthansaften søger meenige mand didhen for at drikke af vandet.

Holet vart gløymd og gjenoppdaga fleire gongar før det på nytt vart avdekka under røtene til eit tre på 2000-tallet. Namnet peiker attende på Heilag Olav. Til alle dei mange Olavs-kjeldene i landet er det knytta historier om vatn med lækjedomskraft.

9.6 Bygdeborgar

Ein bygdeborg er eit forhistorisk anlegg på ein vanskeleg tilgjengeleg naturformasjon som er gjort enno meir utilgjengeleg med murar av stein eller vollar av jord. Det er registrert om lag 400 bygdeborgar i Noreg. 11 av dei ligg i Steinkjer kommune. Det er uvisst kva bygdeborgane har vore brukt til. Dei kan ha vore knytta til strid mellom fiendegrupper. Dei kan òg ha fungert som tilfluktsstad der dei fastbuande kunne gøyme seg inntil omstreifande røvarar reiste vidare til neste bygd. Dei mindre bygdeborgane kunne vere observasjonspostar, eller dei kunne kontrollere eller stenge vegleier. Sikkert er at bygdeborgane vitnar om eit samfunn som hadde kome så langt i utvikling og folketal at innbyggjarane både hadde behov for slike fellestilltak og var i stand til å organisere og gjennomføre bygginga.

Det ser ut til å ha vore to typar bygdeborgar. Dei eldste er datert til førromersk jernalder (500 f.Kr – 0). Desse borgene er plassert på bratte, men ikkje stupbratte bergformasjoner og er dermed ikkje heilt utilgjengelege. Murane er av stein med innslag av jord. Området innanfor murane er temmeleg stort, gjerne 8 mål eller meir. Dei ligg relativt nær busettingsområde.

Den andre typen er etablert i yngre romersk jernalder og folkevandringstid (200 – 550 e.Kr). Dei er meir utilgjengelege og er i større grad plasserte i utmarka. Murane består stort sett av stein, men kan ha innhald av jord. Det er også funne konstruksjonselement av tre i desse murane. Alle borgene som er undersøkte og daterte til denne perioden er under 4 mål.

I utgangspunktet må bygdeborgene ha vore imponerende byggverk der dei låg godt synlege på åsryggane rundt om. I dag har murane rasa ut og skogen grodd opp, og det kan vere nestan uråd å sjå for seg at dei kunne vere effektive hinder mot inntrengjarar.

9.6.1. Bygdeborgen på Hoåsen – kategori C

Hoåsen bygdeborg ligg i Kvam på garden Kirkol like søraust for E6. Karakteristisk nok er den tilgjengeleg berre frå sør-vest. Her er vegen sperra av ein om lag 2 m høg og 8-10 m lang voll på tvers av åsryggen. Platået har eit areal på om lag 3 500 m². Innvendig er vollen bygd av leirblanda jord på innsida medan det utvendig er ein jordblanda steinmur med til dels store steinheller og brotstein på opp mot ein meter. Ei grop på innsida av muren markerer truleg staden det er henta masse til bygginga. Trekolrestar syner at det truleg har stått ei trepalisade på toppen av vollen. Dateringar av trekolet etter den brente palisaden syner at anlegget er frå yngre romartid/folkevandringstid (200-600 e.Kr). Borgen er liten og ligg for seg sjølv, like ved ein av dei gamle ferdselsleiene mot Innherad frå nord, og har truleg vore ein varslingspost for bygdene lengre sør. I eldre tid gjekk det ei ferdselslei langs Snåsavatnet langs fjellbandet på nordsida av Borgelva, og borgen låg difor strategisk til for å overvake denne leia

9.6.2 Gjævranslottet - kategori C

På «Slottet» ca 2,5 km nord for Gjævrans gard ligg restane av ein bygdeborg. Dei siste spor etter anlegget er overgrodde murrestar på toppen av ein markant ås. På tre sider av åsen er det bratt og uframkomeleg. Stien opp til Slottet ligg på den fjerde. Her ligg restane etter den første yttermuren. Innafor denne, og litt høgare opp finn vi ein større og kraftigare mur som held fram langs heile søraustsida av åsen. Muren kan ha vore fundamentet for



Over:Hoåsen 2011

Foto: Roger Lyngstad

Til høgre:Hoåsen 2011

Foto: Roger Lyngstad

Under: Restar etter den utrasa steinmuren på toppen av Gjævranslottet.

Foto: Bodil Østerås





Til venstre: Skansåsen. Foto: Ann-Mari Rosenlund

Under: Muren på Nattsjøberget.

Foto: Roger Lyngstad

Nederst: Utsikt fra Nattsjøberget østover mot Kippe og Læggran. Foto: Roger Lyngstad



ein trepalisade, og åsen har på denne måten vore «umogleg» å bestige.

Funn under den utrasa muren har gitt borgen ei datering til 400-600 e. Kr. I 1972 vart det funne eit fiskesøkke inne på borgområdet. Under utgraving i 1994 vart det òg funne ein overstein til ei dreiekvern. Slike funn tyder på at folk budde på bygdeborgen over lengre periodar. Ei arkeologisk undersøking inne på sjølve borgområdet i 1999, nær eit lite oppkomme, ga datering sein vikingtid. Borgen ser altså ut til å ha vore i bruk over lang tid, kanskje på ulike måtar.

Den gamle vegen frå Egge til Beitstaden gjekk like forbi, og vegen nordover frå Gjøvran gjekk på austsida av borgen. Med god utsikt mot fjorden og dei nære områda låg bygdeborgen på Gjøvran strategisk godt for å overvake ferdselen til og frå Eggeområdet.

9.6.3 Skansåsen – kategori C

Bygdeborgen ligg på ein skogkledd åsrygg på grunnen til garden Svenning i Egge, eit stykke søraust for garden. Åsen er stupbratt mot nordvest, vest og sør. Ei dateringsprøve viser at borgen var i bruk rundt år 300 e.Kr, ei anna datering tyder på at det var folk på borgen på 1300-tallet, altså i seinmellomalderen. Namnet Skansåsen kan tyde på at borgen har vore i bruk i nyare tid, kanskje på 16-1700-tallet. Det finns vatn fleire stader på området, så borgen var truleg i stand til å halde ut ei eventuell beleiring.

9.6.4 Bygdeborgane Nattsjøberget og Vinillen i Stod – kategori C

Dei to bygdeborgane som truleg er frå eldre jernalder, ligg i kvar si ende av den tronge bekkedalen som går vestover frå Nattsjøen. Her gjekk den gamle leia frå Sverige over Brannheia og Hatlingvatnet mot Fossemvatnet.

Vinillen ligg i For prestegardsskog, på ein langstrakt spiss åsrygg parallelt med bekken frå Nattsjøen. Delar av muren er synleg på sørsida av åsryggen. Den smale åskammen er ein lite egna stad å opphalde seg på, og truleg var Vinillen ein rein utkikkspost for å overvake ferdselen gjennom dalen.

Borgen på Nattsjøberget ligg på ein skogkledd rund ås like sør for Nattsjøen. Hovudmuren er godt synleg. Den ligg på sørsida av berget, med korte murar i forkant. Herifrå er det god utsikt til alle kantar.

I dette området ligg det forsvarsanlegg frå fleire tidsepokar. På Skansberget ved Læggran/Kippe ligg det eit anlegg frå seinare ufredstid med svenskane.

9.6.5. Bygdeborgane i Beitstad

9.6.5.1 Steinfjellet – kategori C

Borgen ligg på den smale bergryggen Festningsberget, om lag 190 m over havet, på vestsida av Steinfjellet i Sprova. Denne borgen, som har vore for liten til å romme noka stor folkemengd, har atkomst frå aust. Der har det vore to tverrmurar med 10 m mellomrom, som ein ser som røyser i dag. Denne borgen var nok lett å forsvare. For å kome til Festningsberget må ein gå langs ein bergrygg som blir smalare etter kvart. Det siste stykket kan ein knapt gå to i breidd. Theodor Petersen uttalte i 1917 at dette var «det villeste og mest maleriske» han nokon gong hadde sett. Frå borgen ser ein godt mot nord, aust og vest.

9.6.5.2 Kvitberget på Oppdal – kategori C

Borgen ligg på Kvitberget i Dalbygda, 70 – 80 m over havet, på garden Oppdals grunn. Frå denne borgen ser ein store delar av Dalbygda. På toppen av Kvitberget er det eit småkupert, 60-70 m langt og snaut 40 m breitt platå. Kortsidene mot sør og nord er stupbratte. Vestskråninga er høg og bratt, men ein kjem opp utan å måtte klatre. Den lettaste atkomsten er mot aust der det er ein steinmur. Muren ligg oppå ein naturleg steinrygg, er eit par meter høg og bortimot 50 m lang. I enden gjer han ein sving som dekkjer atkomsten mot sør.

Bortom steinmuren går det ein låg steinrygg som skjermjer sørsida av platået. Nedom og utanfor denne stein-

ryggen er det ei hylle der det kan ha gått ein sti bort til ei opning i steinryggen. Fiendar måtte i så fall gå omtrent 30 m på denne fjellhylla langs muren før dei kom til porten. Slik fekk forsvararane ein stor fordel. Rett innafør opninga i steinryggen mot sør er det en stor stein med ein vassdam under. Viss dette er eit oppkomme, var forsvararane sjølforsynte med vatn.

9.6.5.3 Østvik – kategori C

Bygdeborgen blir gjerne omtalt som Østvikslottet, men er og kjent som Brattbergsåsen eller Østvik. Den ligg på grunnen til garden Østvik, ein snau kilometer sør for Vellamelen.

Brattbergsåsen endar i ein smal bergrygg mot sørvest, som blir kalt Kleivhaugen. Bygdeborgen ligg langt inne på Kleivhaugen. Sidane av Kleivhaugen er bratte mot nordvest og sørøst, men det går greitt å gå opp bergryggen frå sørvest, langs kammen. Bergryggen vidar seg ut mot nord og nordaust, og her er det ganske lett å ta seg inn på borgområdet.

Den nordlege delen av bygdeborgen ligg på et parti av åsryggen som er høgare enn landskapet rundt. Det ser ut til at borgen har hatt samanhengande mur mot nord, sør og vest. Borgmuren mot vest er til dels rasa ut, men den nordre delen er i dag bevart i om lag 125 meters lengd. Mellom nord- og sørmuren er det eit par hundre meter. Nordmuren er rundt 3 meter brei og 50 meter lang, mens sørmuren er omtrent 40 meter lang. I nordmuren er det ei synleg opning. Stien som fører opp til borgen frå sør, er bygd opp og følgjer muren eit lite stykke før han svinger inn gjennom denne opninga.

9.6.5.4 Elnan – kategori B

Denne borgen som blir kalla Slottet eller Elnanslottet, er truleg den best bevarte bygdeborgen i Steinkjer og ligg på ein smal og stupbratt nord-sørgåande bergrygg i Elnandalen, 3-4 km nord for gardane på Elnan. To murar går tvers over bergryggen med ein avstand på 70 m og sperrar einaste mulege atkomst, som er frå nord. Den ytre (lengst nord) er 45 m lang, og består av eit lågt band med stein. Den indre muren er buforma og 40 m lang. Innafor denne ligg eit område på 20x40 m. Frå Elnanslottet ser ein sørøver mot bygda og Beitstadjorden. Ingen av bygdeborgene i Beitstad er fagmessig undersøkt, men kan truleg daterast til yngre romersk jernalder og folkevandringstid.

9.6.6 Bygdeborgane i Sparbu

9.6.6.1 Johalla – kategori B

Denne utilgjengelege fjellknausen ligg i Haugdal og Røtelle statsskog, 1 km sør-aust for Dyrstad i Sparbu, 225 m over havet. Hit kjem ein seg berre frå nord-aust og sør-vest, kor det ligg steinmurar på kanten av platået. Muren i sør-vest er 13-14 m lang, mens den i nord er noko kortare. Borgområdet er 60 m langt og har ei breidde på 20-40 m, totalt eit areal på 1200 m². Frå Johalla har ein god sikt sørøver til bygdeborgen Klingerhaugen ved Røra og nordover til borgen på Korpalsberget. Hausten 1994 vart bygdeborgen undersøkt. Trekol vart funne i to sjakter, frå den eine datert til 440-600 e.Kr, frå den andre til 790-975 e.Kr. Ut frå dette kan ein rekne at anlegget vart etablert i folkevandringstida, og at det òg vart brukt i vikingtida.

9.6.6.2 Korpalsberget – kategori B

Denne borgen ligg på toppen av Korpalsberget, 216 meter over havet, og om lag 600 m sør for garden Tanem i Sparbu. Berget skråner bratt mot nord-vest, og er svært utilgjengeleg frå den kanten og frå aust. Frå dei andre sidene er det lett å ta seg opp. Ein kan sjå murar i skråninga mot nord-aust. I sør er borgområdet avgrensa av ein 60 m lang og opp til 8 m brei voll. Det innhegna området er 200 m langt og opptil 70 m breitt, totalt rundt

Til høgre: Festningsberget ved Steinfjellet sett frå sør. Foto: Olav Skevik

Under til høgre: Kvitberget. Til venstre: detalj av muren. Foto: Einar Sandvik



Under: Elnanslottet, sørdelen av den indre muren Foto: Roger Lyngstad.





Øverst: Johalla. Foto: Roger Lyngstad

Over: Muren på Johalla. Foto: Roger Lyngstad

Under: Varden på Borghatten. Foto: Roger Lyngstad

12500 m².

Her i frå ser ein sørover til bygdeborgen på Johalla. Borgen er undersøkt, og det vart funne trekol i muren som er datert til åra 405 – 350 f.Kr.

9.7 Vardar

Systemet med å varsle fare ved å tenne store bål ved eller på vardar er svært gammalt. Vardane vart lagt på toppar som var synlege på langt hold og frå fleire kantar. Frå ein varde kunne ein gjerne sjå i andre vardar, slik at ein kunne bli varsla frå fleire hold. Vardevarsel kunne gje folk i distriktet tid til å koma seg i sikkerheit eller førebu motstand. Det er rimeleg å tru at eit varslingsystem med vardar var i bruk i folkevandringstida, som ser ut til å ha vore ei uroleg tid. Systemet har vore i bruk langt opp i nyare tid. Eit anna ord for varde er vete, og dette ordet har fått forma våttå i Inn-Trøndelag. Når en ås eller fjelltopp har leddet våttå i navnet, tydar det altså på at det har vore varde der. På Våttåhaugen i Steinkjer har det nok vore ein varde i gamle dagar. Andre eksempel på vardar i distriktet rundt Steinkjer, er Våttåhaugen ved Elnan og Storvarden ved Bardalshalla i Sør-Beitstad, Våttåberget ved Støa i Ogdalen, Våttån ved grensa mellom Ogdalen og Stod og Vistavåttån på Vist i Sparbu.

9.7.1 Ulvenvarden – kategori B

På ein av bergknausane ovafor garden Ulven i Følling ligg Ulvenvarden. Ein steinkonstruksjon og store mengder med stein framover på pynten kan tyde på at dette har vore eit større anlegg enn berre ein varde. Frå Ulvenvarden er det svært god sikt mot Snåsavatnet og Stod i aust, Egge i sør og bygdeborgane Vinillen og Skansåsen.

9.7.2 Borghatten – kategori C

Fjellet Borghatten ligg i Øvre Kvam og rager 525 m.o.h. På toppen står ein solid oppmurt varde, over 2 m høg.

9.7.3 Fossemheia – kategori C

På Fossemheia, 570 m.o.h i Ogdal Sellifjell står det ein varde.

9.8 Fangstanlegg

Til alle tider har folk jakta på dyr i utmarka. Allereie i Frostatingslova frå først på 1000-talet er det lovfesta at det var ulovleg «å grave dyregraver i annan manns jord eller bryte opp ur utan løyve frå grunneigar». I allmenningen kunne alle drive fangst, men også der var det reglar for korleis fangstgravene skulle plasserast. Derimot ser det ikkje ut til å ha vore reglar for korleis fangstgravene skulle vere innretta.

Elg-grava kunne vere 3 m djup og 4 m i diameter. I botnen vart det reist tilspissa pælar eller trestakar med spydodd. Grava vart dekt med kvist og granbar slik at ho forsvann heilt under snøen. Like ved grava vart det lagt bork og kvister av selje, som gjerne er yndlingskosten til elgen om vinteren. Når elgen kom for å ete, ramla han gjennom baret og vart spidda.

Reingrava var noko mindre og var kledd med flate steinar innvendig. På tvers av grava, om lag 1 m under kanten vart det lagt ein bom. I denne var det festa 5-6 lange jerntaggar slik at spissane vende ut til alle kantar. Det var òg vanleg med ledegjerde av stein inn mot desse gravene.

I 1730 kom ei forordning som sette grenser for bruk av dyregraver. Det vart innført fredingstid for alt storvilt og avgrensa fellingsløyve innanfor jaktperiodane. Jaktlova av 22. juni 1863 slo fast at: «Elgdyr og Hjort må ikke fanges i Grav». Men lova sa ingenting om at gravene måtte fyllast att, og ein finn framleis restar etter gamle fangstanlegg på fjellet og i utmarka.

Det er registrert 58 fangstanlegg i Steinkjer kommune.





Ulvenvarden. Nærast på bildet ser vi ein steinkonstruksjon.
Foto: Roger Lyngstad

9.8.1 Kolåsen i Ogn dal– kategori C

Fangstanlegget i Kolåsen har hatt mellom 10 og 18 graver i system, men mange av desse er borte i dag.

9.8.2 Grøtan i Kvam– kategori C

Like ved E6 på Grøtan ligg det tre fangstanlegg. Det eine har berre ei grav, medan dei to andre har tre graver etter kvarandre. Alle ligg i typiske elgråkk.

9.8.3 Roktplassen i Ogn dal – kategori B

Ikkje langt frå Roktbrua oppover på sørsida av elva ligg det minst fem dyregraver i elgråkkområde.

9.8.4 Falkefangst i Skjækerfjella – kategori C

På Brattbakken på austsida av Skjækervatnet står det ei sirkulær steinsetting. Steinen er stabla som ein mur med holrom innvendig, med ein diameter på 3-4 m. Kan dette vere restane etter ei steinhytte for falkefangst? Eit liknande anlegg finst på toppen av Tomsåsen ved Lustadvatnet.

Første gong vi høyrer om falkefangst i Noreg gjennom skriftlege kjelder er i saga om Håkon Jarl der jarlen skal betale danskekongen Harald Blåtann hundre mark gull og seksti falkar eller haukar i skatt for den delen av Noreg som jarlen tok over. I 1347 søker kong Magnus Eriksson paven om retten til å selje falkar til sultanens land. Pave Clemens VI gir kongen løyve til dette i fem år framover. Samstundes takkar han Magnus for dei kvite falkane og andre gåver. Falken var ein luksusartikkel som kongehuset brukte som jakt- og alliansegåve, men òg ei rein råvare som vart fanga, trenar og omsett på utanlandske hender.

Falkefangsten var truleg på sitt høgste på 16-1700-talet. Frå starten av 1800-talet gjekk falkonering av moten og forsvann heilt etter av det i 1833 vart innført skotpremie på rovfugl i Noreg. Vi er ikkje heilt sikre på om steinsettinga på Brattbakken er spor etter falkefangst, men steinmurane står der, og det er jaktfalk i Skjækerfjella den dag i dag.

Roktplassen i dag. Foto: Bodil Østerås



9.9 Jernvinneanlegg

Framstilling av jern av myrmalm er kjent i Noreg frå omkring år 300-400 f.Kr. Alt jern som vart framstilt her fram til år 1500 var grunna på myrmalm og blåsterbruk. Teknikken hadde på 1400-1500-talet nådd langt, men i tevling med masomnane som kom på den tida, kunne ikkje blåsterbruket greie seg. Ein og annan dreiv nok likevel med jernutvinning av myrmalm i avsidesliggjande strom.

For å framstille jern trengst myrmalm (jernoksyd) og trekol. I blåsteren vart jernoksyd redusert til reint jern ved hjelp av trekol. Sjølv blåsteren bestod av ei gryteforma grop i bakken, ofte med ein diameter på omkring ein meter. Botn og vegg var oftast steinsette, tetta med leire i fugane. Vanlegvis låg dei i ei svak helling. På nedsida var det eit hol til blåsebelgen. Seinare kom det òg anlegg med tappehol for slagget. Før jernblåsteren vart utstyrt med blåsebelg, måtte blåstergropa ligge på en haug eller liknande for å få nok trekk til smeltinga.

Ved smeltinga fylte ein gropa med trekol og sette fyr på. Når kolet var blitt glødande, vart det kasta inn på myrmalm i små porsjoner. Etter kvart som malmen smelta, vart ny kasta på. Når alt råstoffet var smelta, vart jernklumpen tatt opp og banka for å få bort slagget.

9.9.1 Jernblåster ved Skjærsjøen i Beitstad– kategori C

I Beitstad kjenner ein til to stadar med spor etter jernutvinning. På Råmåaunåsen i Kvernå allmenning er det



rester etter ei blåstergrop, og i ei lita bukt i Øyster-Skjærsvøen som frå gammalt av er kalla «Avvelkovbukta» er det funne smelteslagg. «No ligg blåstergropa omtrent i vassmålet for full dam i Skjærsvøen. Dammen vart restaurert i 1920-åra med den demmehøgda den no har. Før var den atskillig mindre. Det er derfor truleg at blåstergropa lå eit godt stykke ovafor vassmålet den tid den var i bruk. Så vidt eg veit er det ingen tradisjon om jernblåsterbruk i allmenningen i gamle dagar og hadde ikkje jernbrennaren på Råmåaunåsen kasta slagget i fjæra, ville vel dette blitt gløymd for alltid», skriv Leif Stamnes.

9.9.2 Jernvinning i Ogdal – kategori B/C

I Mokka marka, mellom Mokkaelva og vegen, er det registrert eit større jernvinneanlegg med omtrent sju omnar og med slagghaugar frå anleggsområdet og nedover mot bekken. Anlegget er frå Romartida, ca. 200 e.Kr. Ved Setertjønna like vest for Skjækervatnet er det registrert både omn og slagg. Blåstergropa har ein øvre diameter på 70-80 cm. Gropa var i 1964 30-40 cm djup. Ein steinprøve frå gropa har slagglegg på den eine sida og ber merke av å ha vore utsatt for varme. Det ligg ein slagghaug ved omnen

Ved Lustadliin og Lustadelva er det funne slagg etter jernframstilling. Det ligg det fleire groper på brinken ned mot bekken og på flata mellom bekkedalen og sagtomta. Desse gropene skjuler to-tre meir eller mindre intakte jernproduksjonsanlegg. I Løbukta i Skjækervatnet er det slaggrester etter jernsmelting. I Vakkerdalen vest for Glupen er det mykje rustframsett.

Spor etter jernframstilling finn ein òg på Hesttangen ved Gilten, i Mokka, på Smedmyra ved Guin, ved Døla, på Bulleråsen i Henning, ved Asp i Egge, ved Kippe, Åsan og Forr i Stod.

9.10 Steinbrot

9.10.1 Slipsteinsberget i Sparbu – kategori B

Slipsteinsberget er ein serpentinkuppe på 20000 m² omgitt av skifer, med kleber- og talkforekomster i randsonen, og ligg ved sørenden av Rambergsmyra, om lag 1 km aust for E6. Kanskje kjem namnet opprinneleg av «sleipstein», ettersom kleberstein er glatt og mjuk.

I vikingtida vart det produsert klebersteinsgryter, i mellomalderen bygningsstein. Døypefontane i Stiklestad og Henning kyrkje skal vere laga av kleber frå Sparbu. I moderne tid har det vore både talkumproduksjon og serpentinitbrot.

Klebersteinen er mjuk, og kan lett formast med kniv og annan reidskap. I bronsealderen nytta dei kleberstein til former for støyping av bronsegenstandar. Den tåler sterk varme, held lenge på varmen og er så feit at maten ikkje brenn seg så lett fast. I eldre jernalder (500 f.Kr – 550 e.Kr) kom produksjonen av gryter og kar, spinneshjul, vevlodd og fiskesøkke.


I den gamle folkemedisinen vart kleber nytta til medisin for folk og dyr. Om ei ku hadde fått kvast i seg, raspa dei steinen til mjøl og blanda det i vanleg mjøl, som «leira seg rundt det kvasse, og dreiv det bort».

Gryta vart forma til utvendig mens ho satt fast i bergveggen. Så vart ho kila laus og uthola. Gryteuttaka er godt synlege, og det er registrert over 650 av dei. Klebersteinsgryter funne i Sparbu i ei grav frå 700-talet, kan stamme her i frå.

Slipsteinsberget har òg mange hol og fordjupningar som truleg er laga for å kontrollere kvaliteten på kleberstein. Høla ligg ofte ved gryter som er tatt ut. Ved en god kleberåre laga dei gruver eller orter innover i fjellet. Då slapp ein å fjerne den ytre skorpa, som var påverka av vér og vind. På nordsida av Slipsteinsberget finn ein to orter, som begge er om lag 10 m djupe.

I mellomalderen vart det tatt ut ein god del bygningsstein til lokale kyrkje. Stiklestad og Mære kyrkje har portalar med kleberstein frå Sparbu, og Skei kyrkje har døypefont her i frå.

I 1873 sikra arkitekt J. M. Helgesen i Trondheim seg retten til å ta ut steinblokker på Slipsteinsberget. Blokkene vart frakta med hest og slede til Hylla på Røra, og derifrå med båt til Trondheim. Steinen vart mellom anna nytta til restaureringa av Nidarosdomen.



Øverst: Slipsteinsberget. Heile bergsida er full av spor etter gryteuttak.
Foto: Roger Lyngstad

Over: Steinbrotet i dag. Foto: Ukjend

Bergingeniør Hans Holtan frå Steinkjer kjøpte ein del av Smolberget tidleg i 30-åra. Det ligg i nordenden av Rambergsmyra. Der starta han uttak av talk, og bygde saman med Magne Mortensen og Olav Leira ein fabrikk på Lilleberg, kalt Puddra. Produksjonen kom i gang i 1936. Frå 1943 vart det også tatt ut talk frå Slipsteinsberget. Under krigen vart verket pålagt å produsere talkum for eksport til Tyskland. Etter krigen eksporterte dei til m.a. Øst-India og Danmark. Fabrikken sysselsette 10-12 mann, som produserte opp til 800 tonn pr år fram til nedlegginga i 1960.

A/S Lilleberg Verk ved professor Magne Mortensen og Christian Høy starta prøvedrift av serpentinbrot på 1960-talet, med ordinær drift frå 1968. Serpentinitten frå Sparbu har fin struktur, og er etterspurd i byggebransjen. Den er mellom anna nytta i golvet i 1. etasje i Steinkjer rådhus.

9.10.2 Steinbrot på Jørem – kategori C

Det er tatt ut stein heile vegen langs kanten av Jøremshalla i Sparbu. Her finn ein både skrotteipp med mengder av brotstein frå før-reformatorisk tid, og ein mura steinkonstruksjon som er vanskeleg å tolke. Gerhard Schøning fortel at det vart tatt ut stein til Mære kyrkje i dette brotet.

9.11. Førreformatoriske kyrkjer og kyrkjestader

9.11.1 Mære kyrkje – kategori A

Mære kyrkje er ei romansk gråsteinskyrkje frå siste halvdel av 1100-talet med 250 sitteplassar. Kyrkja ligg på Mæreshaugen, der inntrønderane i før-kristen tid hadde hov. Det er funne restar etter ei trekyrkje og to andre hus på staden. Dagens kyrkje vart bygd rundt trekyrkja medan ho framleis stod. Kyrkja er mura av brotstein som truleg er henta lokalt og kalkpussa både utvendig og innvendig. Portal- og vindaugsomrammingane er av hogd kleberstein. Takkonstruksjonen er datert til 1198-99. Kyrkja hadde opne takstolar med stikkbjelker som gjekk tvers gjennom murane og enda i særskilt kunstferdig utforma groteske masker. Nokre av maskene står framleis innfelt i murreima mellom sperrefaga. I 1277 rasa vesttårnet saman, og det vart laga dør i den tidlegare bogeopninga mellom skipet og tårnet. Nordportalen og den nå gjenmura sørportalen er rikt utsmykka med border, dyrefigurar og bladkapitel. Krusifikset over korbogen stammar frå 1200-talet. Kyrkja eig òg ei Maria-statue som er i NTNU Vitenskapsmuseet. Hausten 2013 kom ein kopi på plass i kyrkja. Steinalteret har eit lite relikvierom i alterplata.

Etter reformasjonen vart interiøret fullstendig endra i pakt med nye krav til kyrkjerommet. Altertavla er ei praktfull barokktavla frå 1650-åra, skore av Johan Bilthugger i 1652 og dekorert av Johan Kontrafeyer i 1656. Preikestolen er truleg litt eldre enn altertavla, og skore av Johan Bildthugger. Himlinga over preikestolen kom frå Nidarosdomen i 1650-åra. Døypefonten er òg frå 1600-talet, medan messingfatet truleg er eldre og kjem frå Sør-Tyskland. I koret står ein sjeldan klokkekarstol frå første halvdel av 1600-talet, og delar av to seinmellomalderseke korstolar med geometriske utskjæringar. Kirka har òg ein gamal bibel frå 1589.

Kyrkja vart restaurert siste gang i 1966-69. Då vart vindauga frå 1600-talet gjenskapte. Det vart bygd sakristi for presten, og nytt våpenhus og dåpssakristi i vest. Innvendig vart himlinga i skipet fjerna slik at sperreløftet kom fram. I koret vart det oppdaga eit kongemonogram frå 1811 som vart mala opp. Preikestolen vart flytta til sørsida av koropninga. Det vart bygd nytt galleri og installert nytt orgel.

9.11.2 Ol kyrkjestad – kategori C

Garden Ol er ein av dei eldste gardane i Øvre Kvam, eller Øvre Skaun som denne delen av Kvam heitte frå gammalt av. Ved ei gardsdeling fekk den nye garden namnet Kjer-Ol etter at det i mellomalderen vart bygd ei kyrkje på eignedomen. På ei hylle i terrenget like ved garden Kjerkol Vestre, på ein stad som etter tradisjonen heiter Kjerkreita, var det eit vegskilje på den gamle vegen til Snåsa. Her skal den 6,5 x 4 m store Ol kyrkje ha lege. Nærleiken til vatnet gjorde ho lett å nå. Kyrkja var lafta og hadde kor og skip i same breidd. På begge langsidedene



Over: Mære kyrkje. Foto: Roger Lyngstad
Under: Ol kyrkjestad. Foto: Bodil Østerås





Bauta på Kvam gamle kyrkjestad. Foto: Bodil Østerås

og på austenden var det bygd ein sval. Midt på skipet sto eit lite tårn med rom for to klokker. Kyrkja vart lagt ned i 1670, men var i bruk fram til 1692. Då var det bygd ny og større kyrkje på Kvam Vestre.

Fram til 1400-talet nytta øverskogningane Kvam kyrkje, som den gong låg på Kvam Vestre. Mykje godt vart Snåsavatnet nytta som kyrkjeveg, men i følgje segna hende noko dramatisk på 1400-talet: Eit brurefølgje frå Ol var på veg til kyrkja da det vart hard austavind og dei rente seg på eit skjær utafor Aunvoldtangen og kantra. Brura og tre andre drukna, og skjæret har etter den tid hatt namnet Bruraskjæret. Her utpå er det meisla inn eit årstal som startar med 14. Resten er viska bort av vær og vind, men det slår like vel fast at hendinga skjedde på 1400-talet. Dette er i følgje tradisjonen årsaka til at det vart reist ei kyrkje på Ol. Garden låg sentralt i bygda og hadde ressursar til å reise eit slikt bygg.

9.11.3 Kvam gamle kyrkjestad – kategori C

Gamle Kvam kyrkje låg like ovanfor husa til garden Kvam Vestre. Den eldste kyrkja var truleg ei lita stavkyrkje med eit skip på knappe 20 m². Kyrkja hadde kor, men ikkje tårn eller sakristi. Vi veit ikkje når ho vart reist, men i 1671 var ho erstatta med kyrkja som sto til 1878.

Den gamle kyrkjestaden ligg ikkje opent og fritt, slik dei vanlegvis ligg i landskapet. Ei forklaring kan vere at garden Kvam allereie i mellomalderen var sentrum i bygda, ettersom Skaunar skipreide hadde samlingsstad i området. Ei skipreide var ei administrativ inndeling av distrikta, der kvart skipreide skulle utruste og bemanne eit hærskip.

Det finst to segner som forklarar val av kyrkjestad. Den eine segna fortel at kyrkja opphavleg var tenkt bygd på Haugan, og tømmeret vart køyrd dit. Men i løpet av natta var alt tømmeret borte! Dei fann det att på Kvam og tok det som eit teikn frå høgre makter om at kyrkja burde stå der. Den andre segna fortel at folk var så ueinige om kor kyrkja skulle stå, at det enda opp med at tømmeret vart lasta opp på ein slede og spent for ein unghest. Der hesten stoppa skulle kyrkja byggjast. Han stoppa ikkje før han kom til Kvam, som dermed vart kyrkjestaden.

9.11.4 Solberg gamle kyrkjestad og kyrkjegard – kategori C

Kyrkja på Solberg er nemnt i kjelder tilbake til 1432. I 1649 vart det halde ei kirkebesigtigelse der lagrettemennene i Beitstad lista opp ei rekke tiltak til utbetring. Dette resulterte i ei omfattande ombygging, nærast eit nybygg. Denne kyrkja vart riven i 1869-70 og seld stykkevis. Tømmer og treverk vart brukt til uthus, inngangsportalen vart bislag på Strømnestangen, alterplata vart dørhelle på Mjendrem og preikestolen fór til Fosnes.

Det er bevart 17 gravminner på Solberg gamle kyrkjegard. I 1914 vart det reist ein minnebauta over Eidsvollskarane Sivert Paulsen Bratberg (1780-1816) og Daniel Larsen Schevig (1786-1833). Sivert Bratberg var bonde og lærar, medan Daniel, den «Velagtbare og tappre Sergeant og Dannebrogsmann», møtte på vegne av Første Trondhjemske Infanteriregiment.

I tillegg til desse møtte sokneprest Hans Christian Midelfart (1772-1823) også på Eidsvoll. Han var sokneprest i Beitstad 1802-1815, og i Skogn frå 1815 til han døydde der i 1823.

10. NYARE TIDS KULTURMINNE.

Nyare tids kulturminne er eit samleomgrep for kulturminne frå tida etter 1536. Nokre få kulturminne er vedtaksfreda av Riksantikvaren eller regulert til bevaring av kommunen, men dei aller fleste er utan formelt vern. Dei fleste er i privat eige, og det gjer eigarane til viktige aktørar i kulturminnevernet.

Kapitlet tek til med bustad og busetting, herunder samiske busettingsspor, tek deretter for seg kulturminne knytta til næring og samferdsle, deretter kyrkjene og andre samfunnsinstitusjonar og til slutt kulturminne knytta til ferie og fritid, krigsminne og andre minnesmerke.

10.1 Bustad og busetting

Storgarden, småbruket og husmannsplassen har tradisjonelt vore både bustad og næring. I siste halvdel av 1800-åra fekk vi ei utvikling av bygdesentra knytta opp mot handel, handverk og industri, kommunikasjon og administrasjon. Ein kan sjå ladestedet Steinkjer (eigen kommune frå 1857) som eit felles bygdesentrum for bygdene ikring («Bygdenes by»), men det vaks òg fram mindre bygdesentra i dei andre kommunane, t.d. Røysing (sjå s 70)

10.1.1. Storgardane

10.1.1.1. Vibe – kategori A

Truleg er det opphavlege namnet på garden Vid-vin, som tyder stor grasslette. Namnet kan skrive seg attende til 500-talet, og garden er såleis ein av dei eldste i vårt område. Typisk er det òg at den ligg høgt og fritt i terrenget med tanke på drenering av jorda og overvaking av garden. Hovudlåna på Vibe sto ferdig i 1796, reist av David Andreas Gram som hadde kjøpt garden i 1781. Huset er ei trønderlån med gjennomlys, men med valma tak. Hovuddøra er i rokokkostil, men med søylar og ornament over døra i Louis-seize-stil, med strengare krav til klårleik, orden og symmetri. Våningshuset vart freda i 1923.

Gamle teignamn gir innblikk i gardshistoria. Kjerringhaugen minner om Gunnhild, den siste oppsittar på Vibe øvre, frå åra mellom 1645 og 1668, då garden var delt. Hampforskottet ligg like nedanfor hovudlåna og vart brukt til lindyrking. Brødkorga ligg i lia nedanfor gravfeltet og var den einaste åkeren der kornet mogna i uåra kring 1812-1816. På toppen av Tukthuslia ligg tukthuset. Det er å finne under golvet i Raudlåna, som vart sett opp i 1913. El luke i golvet gjer det muleg å gå ned..

På midten av 1600-talet eigde godseigaren på Reins Kloster i Rissa ein part i Vibe. Hagen ber tydeleg preg av renessansehage med steinmurar, steintrapper, grusgangar med ei innramming av høgre tre som viktige element, og det finst framleis plantar igjen frå denne perioden.

David Andreas Gram (1757-1831) var fødd i Trondheim, men kom til Ogdal som proviantskrivar for Gaulstad gruver. Han var gift med Elen Schavland (1758-1844) frå Midjo. I sine velmaktsdagar eigde han om lag 50 gardar i Inn-Trøndelag, mellom dei Midjo, Vibe, By og Trana. Dei tre eldste døtrene fekk kvar sin gard. Alle var ugifte og gardane gjekk ut av slekta da den siste døydde i 1879. Den yngste dottera, Susanne Magdalene vart gift med Georg Bodom. Sønene Einar og Jakob busette seg på By. Jakob overtok seinare By, medan Einar vart eigar av Værnes. Jakob fekk sonen David Andreas d.y. som overtok garden etter faren. Fredrikke Marie Qvam var dotter av David Andreas d.y.

10.1.1.2 Trana, øvre – kategori A

Trana er eit gardsnamn vi ikkje kjenner til andre stader i landet. I følgje «Norske gaardnavne» kjem det av fuglenamnet trane. Arkeologiske funn kan føre gardshistoria attende til eldre jernalder. Skriftlege kjelder fortel at erkebiskopen kjøpte Trana kring år 1530 av «Olluff laggare» som nok er identisk med Ole Gjerv frå Inderøy. Trana vart truleg delt allereie på 1500-talet og Trana øvre har sidan først på 1600-talet hatt eit 20-tals eigarar. Hornemanfamilien eigde garden frå 1741 til 1767. David Andreas Gram fekk i 1812-13 bygd våningshuset i same stil som Vibe, og den store borgstua som står der i dag. Dattera Inger Margrete dreiv Trana godt og hadde 22 husmenn i 1863, det siste året ho levde. I 1852 starta ho eit teglverk som vart forløparen til det seinare Trana Teglverk AS. I 1874 kjøpte Ulrik Sverdrup, far til polfararen Otto Sverdrup, garden på auksjon. I folketeljinga frå 1875 er Otto oppført som «søfarende» og «fraværende». I 1917 selde Ulrik Sverdrup jr. garden til Ogdal kommune som tok i bruk hovudlåna som gamalheim. Gardsbruket var då skild frå. Da gamalheimen flytta ut i 1958, vart garden igjen komplett. Anlegget dannar eit firkanttun, og både hovudlåna, borgstua, verkstadbygninga og låven er freda.



Vibe gard i Ogdal: Foto www.digitalmuseum.no

Til venstre: Inngangsparti og vindauge frå det freda våningshuset på Vibe.

Foto www.digitalmuseum.no



Trana, øvre sett frå Othenåsen. Foto: Harald Duklæt



Til venstre: Den freda hovudbygninga på Hegge. Foto: Morten Stene
Til høgre: Hegge gard 1951. Foto: Widerøsamlinga, Steinkjer bibliotek
Under: Tuv, Sparbu. Foto:



Over: Familien Qvam 1890: Fredrikke, Olaf, Louise og Ole Anton. Foto: Egge Museum
Over til høgre: Gjævrans gard



10.1.1.3 Hegge – kategori A

Garden ligg i Heggesåsen like utanfor Steinkjer sentrum. Hovudbygning, uthus og stabbur dannar eit smalt og langstrakt gardstun i eit hellande terreng omgitt av eit byggefelt. Hovudbygninga er oppført i to etasjar med utvendig ståande panel. Taket er saltak med spissgavla ark midt på begge langsider. Hovudinngangen er enkelt ramma inn med pilaster og høgt profilert overstykkje. I den nordre stua er det tre dører i Louis seize-stil med utskorne girlander på overstykkje. Mellom dørene er det ein brannmur som er ramma inn i stukk med rifla pilaster krona med kraftige rokokkoformer. Huset vart freda i 1923.

Vi kjenner namna til dei som har budd på Hegge heilt attende til 1520-talet. Dagens eigarar kjøpte Hegge gard i 2008 og har sett i gang eit omfattande restaureringsarbeid.

10.1.1.4 Tuv – kategori A

Prestegardstunet på Tuv i Sparbu består av hovudbygning, konfirmantstove, forpaktarbustad og driftsbygning. Tidlegare låg det to stabbur og eit kornbur på tunet. Hovudbygninga er ei typisk trønderlån i to etasjar av lafta tømmer med ståande bordkledning og skifertak. Søndre del av låna er frå omlag 1770, nordre del frå rundt 1820.

Konfirmantstua er trulig frå siste del av 1700-talet. Det er ei toetasjes lafta tømmerbygning med teglsteinstak, lukka svalgang på vestsida, murt skorsteinspipe, murt kjellar med hellelagt golv og tilbygg med pulttak som inneheld gang og do. Huset var i bruk til konfirmantundervisning fram til 1911. Hovudbygninga og konfirmantstua vart freda i 1991.

10.1.1.5 Gjævrans – kategori B

Sjølve hovudgarden Gjævrans har truleg lege på same stad heilt sidan eldre jernalder. (0-600 e.Kr.). Funnet av ei draktspenne i gull i 1860 (truleg frå 3-400 e.Kr.) underbygger dette. Reins kloster i Rissa eigde Gjævrans i seinmellomalderen. Dette nonneklosteret tok i mot folk til forpleiing, og det kan tenkast at klosteret har fått garden som ei motyting. Gjævrans held fram med å vere leiglendingsgard lenge etter reformasjonen. I skriftlege kjelder dukkar Gjævrans for første gong opp i tiendepengeskatten frå 1520. Då er det leiglendingen Einar som skal betale formueskatt, og i Egge sokn er han den nest rikaste, etter Håkon på Egge. I 1704 kjøpte Hornemanfamilien i Trondheim Reins Kloster med alle tilhøyrande gardar.

Etter 150 år med ulike eigarar kjøpte Ole Anton Qvam garden i 1863. Han kom frå Molde til Steinkjer i 1857 som huslærer for dei tre borna til brukseigar David Andreas Gram på By. Han vart gift med Fredrikke Marie Gram i 1865. Den nye 450 m² store hovudbygninga på Gjævrans var ikkje ferdig då Qvam kjøpte garden, og dei flytta ikkje inn før i 1873.

Ole Anton Qvam (1834-1904) var sterkt politisk engasjert og den første ordføraren i Egge, seinare stortingsmann frå 1873, amtmann frå 1891, justisminister i to periodar og statsminister i Stocholm i 1902-03.

Ole Anton og Fredrikke Marie Gram (1843-1938) budde dei første åtte åra etter giftemålet på By for å hjelpe mora Louise Augusta f. Bing, som var enkje, med gardsdrifta. På Gjævrans fekk Fredrikke Marie det daglege ansvaret for økonomien, drifta av garden, arbeidsfolket og ungane. Tidleg på 1880-talet flytta familien saman med Ole Anton til Kristiania i vinterhalvåret og frå 1887 hadde dei eige husvere i Pilestredet. Fredrikke var heile livet opptatt av målsak og skyttarsak, men er mest kjend som forkjempar for kvinneleg røysterett og som stiftar og leiar av Norske Kvinners Sanitetsforening. I 1905 var ho med og organiserte innsamlinga av 280 000 underskrifter av kvinner frå heile landet til støtte for å løyse opp unionen med Sverige.

10.1.1.6 By – kategori C

Namnet tyder på at garden kan vere den eldste faste busettinga i området. I mellomalderen høyrde By gard til Elgeseter kloster i Trondheim. David Andreas Gram kjøpte garden i 1803, og han vart flytta frå Lia til dit han ligg i dag. Fire generasjonar Gram utvikla han til ein moderne storgard fram til 1896.

Raulåna vart bygd omkring 1817, Kvitiåna i 1849, men begge vart skotne i brann av tyskarane i 1940, og det er



By gard. Fjøset (Gramstallen) nærast, brenneriet i bakgrunnen. Foto: Roger Lyngstad



Til venstre : Hagen på Egge tidleg 1900-tal. Det er Otto Schultz med familie som er ute på hagemuren.
Foto: Egge Museum
Under: Trønderlåna på Five.
Foto: Jan Haraldsen



berre uthusa som er att frå den første perioden. Tett inntil Byavegen ligg Gramstallen frå 1856 (i dag eit moderne fjøs) og Brenneriet, ei murbygning frå 1840. På nordsida av Byavegen ligg potetkjellaren frå 1860. Parallelt med Gramstallen ligg Litj-fjøset, bygd sist på 1820-talet, med nyfjøset frå 1936 i rett vinkel på dette. Grunnmuren i frauhuset er to meter tjukk. Steinen tok dei frå Lommeberga på andre sida av Reinsvatnet. Fjøset hadde plass til 100 naut. Gramstallen hadde plass til 40 hestar.

Brenneriet ga arbeid til 15-20 mann og var i drift til 1881. Teglverket vart bygd øst for garden i 1847. Meieriet (frå 1847) låg mellom Raulåna og Kvitlåna, og skal vere det første i landet. Her vart det laga kvitost, brunost og smør. Etter at Steinkjer meieri vart bygd i 1877, vart det meste av melka køyrd dit.

Våningshusa som vart skotne i brann i 1940 er oppattbygde i same stil. Kvitlåna er eit godt døme på klassisisme på landsbygda, med ein portal der doriske søyler bér ein markert arkitrav og eit trekanta gavlfelt. Arkitekt var Sverre Olsen.

Omkring 1850 vart det laga ein parkliknande hage, «.. en vakker og velholdt park [...] helt omgitt av hagtorn-hekker. Den gjennomskjæres av en dalsenkning hvor en stensatt bekk går i slyng og utvider seg til en dam med en øy hvor det står et lite hvitt sirkelrundt fuglehus. En rekke slanke graner i symetriske avstande omgir kjeglebanen som en innvendig åpen søilehall langs bekken. Parken har en rikdom på vakre pryde- og frukttrær, bl.a. en prektig snorrett allé av sibirsk gran», skriv Carl W. Schnitler i «Norske Haver». I dag er det få spor att etter parken.

10.1.1.7 Egge gard – kategori C

Frå sagaen kjenner vi namna på tre mektige høvdingar som budde på Egge: Trond Haka, Olve og Kalv Arneson. Høvdingsetet låg truleg på same stad som våningshusa låg i moderne tid. Spor etter gardsbusetting før denne tida kjenner vi ikkje til, men gravfeltet på Ølvisheim tyder på at garden låg i dette området i romartid, og ved gravhaugane langs Sigridstien i folkevandringstid. Kjeldene er temmeleg tause utover i mellomalderen, men vi må gå ut frå at kongsgarden Egge hadde ein funksjon som administrativt senter og tente som bustad for syssele menn og seinare fogdar frå midten av 1000-talet og framover. I 1568 fekk Ingebjørg Krumme kongens brev på Egge som pensjon etter at mannen fall under Sjuårskrigen. Gerhard Schønning er tydeleg imponert over bygningane på garden i 1774, som førre eigar hadde reist. I 1857 brann både låve, stall og fjøs ned, men eigarane Eilert Olaus og Rebekka Rosenvinge (ei bondedotter frå Beitstad) sørga for å reise nye store uthus som delvis framleis står på Eggetunet. I 1886 vart store delar av Egge gard seld til Steinkjer kommune som trong meir plass til den veksande byen. Den tyske friluftsmannen Otto Schulz kjøpte garden i 1897. Han og fru Jeanette Martens er besteforeldra til Svein Otto Hauffen som eigde garden da hovudhuset brann ned i 1970 og borgstua i 1978. Egge gard si lange historie var med dette avslutta. Området er i dag park- og friluftsområde eigd av Steinkjer kommune og forvalta av Egge Museum. Heile området er freda.

10.1.1.8 Five austre i Kvam –kategori C

Stuelåna på Five austre vart bygd om i 1865, og står no som i Håkon Fives (1880-1944) dagar. Ho vert nytta som fritidsbustad av etterkomarane. På midten av 1800-talet finn vi Ole Larsen Sunde her. Han var både skolemeister, klokkar og medlem av det første kommunestyret i Stod herad. Han var far til Eilert, Karoline og Ola. Eilert (1839 - ?) overtok garden etter foreldra. Han stifta Stod Ungdomslag på Five i 1873, truleg det eldste ungdomslaget i Noreg. Dottera Signe (1877-1953) vart landskjend innan leikarring og dans, og la ned eit stort arbeid med å gjenskape og ta i bruk att dei gamle trønderbunadane. Karoline (1841-?) gifta seg med gardbrukaren Henrik Langhammer, og vart mor til ordførar og stortingsmann Ole H. Langhammer. Ola Five (1846 - 1930) kjenner vi som amtsskolelærer, stortingsmann, stiftar av Det frivillige Skyttervesen, Steinkjer Museum og Nord-Trøndelag historielag og fleire sparebankar. Eilert Five selde garden i 1890-åra. Ny eigar vart naboen Henrik Five. Sonen Håkon Five f. 1880 overtok, men hadde lite tid til gardsdrift. Han vart minister i fem regjeringar, nestformann i Venstre og var fylkesmann i Nord-Trøndelag frå 1927 til han vart avsett av okkupasjonsmakta i 1941. Han døydd på Five vinteren 1944.

Overrein i Ogdal (øverst) og Langhammer i Kvam (under) er typiske trønder-ske firkanttun



Under: Tuft etter fjellgarden i Bøverdalen. Foto Roger Lyngstad



10.1.2 Firkanttunet - kategori C

Det trønderiske firkanttunet fekk si utforming på 1800-talet. Det inneheld som oftast

- a) Trønderlåna. Ho fekk si utforming på slutten av 1700-tallet og i byrjinga av 1800-tallet som ei toetasjes lang, smal bygning. Ho består av ein eller fleire lafta tømmerkassar på rekke, med gjennomgåande rom, stort sett utan delingsveggar. Ved behov for fleire rom, bygde ein berre på i den eine enden.
- b) Uthus. Fjøs, stall og låve. Frå gammalt av var dette eigne bygningar, men utover mot 1900 vart «einskapslåven» vanleg, gjerne som ei vinkelbygning. Her vart mange funksjonar samla under same tak: frau kjellar under fjøs og stall, oppbevaring av høy og korn over fjøshimling og køyrebru heilt oppe i røstet. På det viset vart tyngdekrafta maksimalt utnytta. Frå 1860 vart det lettare å få tak i industrielt framstilte byggevarer som skurlast og teglstein, og enklare å bygge store låvar i bindingsverk med plass til landbruksmaskinene som etter kvart var vanlege. I 1885 kom landbruksdirektør Guldbrand Tandbergs «Kortfattet veiledning i Bygningsvæsen paa Landet» med nøyaktige utgreingar om korleis einskapslåven skulle vere. Boka kom i seks utgåver fram til 1925.
- c) Stabbur. På garden var det gjerne to stabbur, eit hovudbur og eit kårbur.
- d) Kårstua var opprinneleg ei eiga bygning på garden, men etter kvart vart det vanleg å bygge på trønderlåna, slik at ho fekk ein «kårende».
- e) Masstua var opprinneleg eit hus for lagring av mat, seinare eit hus for å lage mat i.
- f) Borgstua var bustad for tenestefolk, av og til også innreidd med ulike arbeidsrom.

Utafor sjølve firkanttunet finn vi smie, badstue, gardssag, sommarfjøs og høyløe. Ved bekken låg kvernhuset, stampehuset og oppgangssaga.

Nye driftsformer i landbruket og nye krav til komfort i bustaden kjem ofte på kant med det tradisjonelle firkanttunet. Men det finst framleis nokre som er karakteristiske og autentiske.

Tunet på garden Overrein i Beitstad har hovedbygning og fjøs, stall, låve frå 1888, drengstue, stabbur og smie. Tunet på Overrein i Ogdal består av hovudbygning og kårstue frå 1825, stabbur frå 1907, fjøs og stall frå 1911 og låve frå 1949. Hovudbygninga på Langhammer i Kvam er frå siste del av 1800-tallet med vinkelpåbygg frå 1920. Fjøs, stall og låve er frå 1932. På tunet ligg også drengstue og stabbur, medan saga ligg litt utafor tunet. Røysing og Nedre Røysing har begge stuelån frå 1810-20 og komplette firkanttun med driftsbygningar frå 1920-30-talet i vinkel og fleire stabbur. Dette doble anlegget er framleis omtrent slik Arne Berg teikna det i 1953. Hovudlåna på Mokka, bygd i 1898, har seteritak, ei takform som er sær sjeidan i kommunen. Tunet er eit komplett firkanttun, og det er i alt fem SEFRAK-registretre bygningar på teigen. Stulåna på Bjerkem er oppsett ca 1840, restaurert ca 1980 og tildelt kommunens kulturvernpris. Tunet på Bjerkem er eit komplett firkanttun, med ein moderne einebolig som «fjerde sida». Våningshuset på Klæbu søndre i Stod (gnr 299, bnr 2) skal vere oppført ca 1750 og ombygd i 1940, med innvendig mala dekorasjonar av Jonas Hægman frå 1853. Kunnskapsverdiene knytta både til dette interiøret og til andre, opphavlege delar av bygninga er store. Tunet på Søre Bruem består av eit våningshus i sveitserstil og driftsbygningar i sær eigen moderne arkitektonisk utforming.

10.1.3 Fjellgarden

10.1.3.1 Bøverdalen – kategori B

Gilten er eit fiskerikt vatn i Beitstad. Det ligg 201 m over havet. Ein trur namnet kjem av det gamalnorske ordet geislr, den som glitrar. På 1700-talet var det stor verksemd her med skogsdrift og tømmerfløyting. Hans Horneman (1688-1764) hadde to oppgangssager i Giltelva. Dei var mellom dei største i Trøndelag på denne tida.

Bøverdalen på nordsida av Gilten hadde fast busetting frå 1771 til 1919. Tre brukarfamiljar slo seg ned her etter å ha drive prøvedyrking av korn for å sjå om det i heile tatt var livsgrunnlag så langt innpå fjellet. Dei bygde seg kvern i bekken like ved, og dyrka korn på dei flate sandmoane rundt garden. Tre bruk vart etter få år redusert til to. Gardstaksten syner at Bøverdalen i 1802 hadde to umatrikulerte bruk, omtalt slik for kvart enkelt bruk: Udsæd 2 tønner korn. Avler 4 fold og 18 læs høe, føder 1 hest 2 nød og 4 smaafæe, har fornøden skov og mark, 1 ringe kværnbrug, sæter hjemme og lidt fiskerie. To bruk vart til eitt, men garden skaffa livsgrunnlag for mykje folk gjennom heile 1800-talet. Dei siste som budde her var Gurine og Petter Hagen, med borna Helga, Kalf og Jarle.



Tuft etter Walkerstua. Foto: Roger Lyngstad

Etter at husa brann ned i 1919 flytta dei til Skatlandstranda i Namdalseid. Kalf kjenner vi som vérspåmann.

Den engelske whisky«baronen» Sir Alexander Walker II, soneson til Johnnie Walker, hadde tilhald her om somrane i siste halvdel av 1800-talet. Han budde i det som vart kalla Walker-stua på garden, saman med heile reisefølget, rikeleg med whisky og andre varar frakta til fjells av lokale skysskarar. Walker hadde òg ei jakthytte ved Bergtjønna oppe i Bangdalen, og «Bangsjø Castle» ved Midtre Bangsjøen. (sjå s 93)

10.1.3.2 Giltmarka – kategori B

Dei første rydningsfolka kom til Giltmarka i 1834. Det var Johannes Andersen, opprinneleg frå Verdalsøra og kona Pauline Zakariasdotter Fivesplass. Pauline var syster til gardkona i nabogarden Bøverdalen. Dei bygde seg ei jordgamme der dei budde saman med nokre sauer og geiter. Etter «Gærnversnatta» i 1837 då storparten av skogen i Trøndelag bles over ende, vart det tømmer å bygge hus av. I 1919 dreiv Odin Haugan og Emelie, f. Meldal, garden. Dei kunne livberge ein hest, fire storfe, 13 sauer, ti geiter og fire høns på bruket. Det vart reist nye hus, og dyrkajorda var på om lag 20 dekar. Odin var ein kjempe til å bere, liketil slåmaskina bar han heim på akslane, er det fortald. Utpå 1960-talet var det slutt med både fast busetting seterdrift, og fjellslått i Giltmarka. Grunneigaren Statskog tek vare på husa, som framleis står.

Frå gamalt av gjekk det seterstier frå Dalbygda mot områda ved Gilten. I 1930-åra søkte lokale gardbrukarar om støtte til å bygge ein betre veg fram til Giltmarka. Dette arbeidet kom i gang, og i 1943 stod vegen ferdig. Han var til stor nytte for gardbrukarane i Giltmarka og ferdsla til setrane. Vegen er nyleg restaurert, med trebruer og stikkrenner av tre, og er til stor glede og nytte for dei som vil til fjells. Langs vegen står framleis ein del av furustolpane som bar telefonlinene mellom fjellgardane og omverda.

10.1.3.3 Hals – kategori C

På Nordfjellet i Beitstad ligg dei to gardane Hals og Kvernå. Hals ligg 260 m over havet, sør for Skjærsvæsjøen. Her var det gardsdrift før Svartedauden, etter den tid låg garden øyde. Men i 1617 finn vi Jacob Hals som skattebetalar med to merker smør, men ikkje noko mel. Jacob hadde altså krøtter, men ingen kornproduksjon. I Jordeboka frå 1620 har garden ei skyld på ½ øre, med Oluf Hals som brukar.

Seinare vart Hals nytta til setring. I matrikelutkastet av 1723 les vi at Skevik har Hals som seter, to mil frå garden, og at dei slår fire sommarlass med høy på setervollen. Jørgen Buttolfsen Finnvollen og kona Marit Pedersdatter fekk kontrakt på bruk av Hals 23.7.1803, underteikna av allmenningseigaren kaptein Hans Müller. Den gjeld for Hals, en Plads i Qværnaae Alminding tillige med Wiiset, Qvams- og Christenengene. Arnt og Randi Hågensdatter Toresen var dei neste brukarane. Arnt vart etter forholde ein velstående mann. Han vart myrda på Drøgsåsen (sjå s 97)

I 1883 fekk Adolf Holder skjøte på Hals. Han var son av murmeister Mathæus Holder, fødd i Würtemberg i 1814, utvandra til Noreg i 1836. Han kom til Nord-Trøndelag for å bygge glassverket på Åsnesset i Namdalseid og sette seinare opp mellom anna brenneriet på By (sjå s 73) og den første kyrkja i Steinkjer i 1865. I 1913 vart parten Halshaug fradelt allmenningen og tilhører framleis familien. Stuelåna på Halshaug brann ned i 2013.

10.1.3.4 Kvernå – kategori C

Kvernå ligg ved elva Kvernåa, 200 m over havet. Even Knudsen og Klara Dagfinnsdatter var dei første fastbuande her. Dei kom frå Biri i 1822 med to born, og her døydde de med ein dags mellomrom i november 1857. Før 1820 hadde Øvre Velde og Fosnes hatt seter her. I 1860 vart garden skilt ut frå almenningen. Eilert Finstad, som kjøpte bruket i 1874, og kona Anna Oline sette opp kårhus i Ner-Kvennåa i 1890-åra. Husa låg i hellinga mot Honburu. Ein lund med balsampoppel viser kor husa låg. Bruket vart fråflytta i 1916.



Til venstre: Giltvegen. Til høgre: Giltmarka 2011. Foto: Bodil Østerås
Under: Fjellgarden Hals





Roktgarden i dag. Foto: Bodil Østerås



Til venstre: Hulvegen inn mot Roktgarden. Foto: Bodil Østerås
Til høyre: Kavlbri ved Tomsåsen. Foto: Bodil Østerås



10.1.3.5 Roktgarden – kategori C

Roktgarden er kjent frå matrikkelen av 1668 og var då eigd av Kongen. Garden vart kjøpt opp av Fredrich Brix i 1703. Han eigde fleire andre gardar i Øvre Ogn dal, og det Brixske jordegods vart opphavet til det seinare Ogn dalsbruket. Garden kasta lite av seg. Det var hyppig skifte av bebuarar, og i fleire periodar låg han aude. I matrikkelen frå 1723 står det at garden «ligger i Fieldet paa flad Grund, Frostagtig, ingen Qverne og Fiskerie, Skov til Gierdsel og Brænde». Garden kunne fø ei ku og avla fire lass høy.

I 1757 vart «Rochne Saug» bygd. Saga følgde eigaren av Roktgarden, men vi veit lite om drifta. Vi kan framleis finne restar etter konstruksjonen i elvekanten. Frå 1777-1783 var det aktivitet ved Høttfossen med utbygginga av Rokne smeltehytte. Hit vart det køyrd kopparmalm frå Mokk gruver. Kanskje var dette den beste perioden for folka på Roktgarden med tanke på inntektene.

Den siste folketeljinga ein kjenner til med fast busetting på Roktgarden er frå 1801. Garden gjekk etter kvart over til å fungere som seter under Skjellegrindgardane. Så seint som i 1885 pløya Kornelius Skjelstadbakken delar av Roktgarden, men i 1929 vart den tidlegare dyrkajorda tilplanta med skog, og minnet om garden vart liggande som tufter i skogbotnen.

Før vegen vart lagt om i 1885 var Roktgarden eit knutepunkt for trafikken frå bygda og til Skjelstad, Lustad og Gaulstad. Her var det bru over Mokkaelva/Sør-Rokta og ein brukbar vadestad over Rokta. Frå Roktgarden gjekk Nordfjellstien over Slettfjellet og opp til Skjelstad-Lustad. Det var òg ein sti frå Rokstadgardsområdet fram til Sagfossen i Mokkaelva og ein til Furudalstjønna, over Høåsen og ned til Høa. Ein kan framleis finne spor i terrenget etter desse ferdelsårene. Av og til er dei slitt heilt ned på berget og i blaute område er det lagt ned kav, til dømes den vel 100 m lange kloppen over Langkloppmyra aust for Tomsåsen.

I 1980-åra vart tunet på Roktgarden rydda av Øvre Ogn dal UL og Ogn dalsbruket, og er seinare nytta til ulike kulturelle formål.

10.1.3.6 Bakkhaugen

Her budde mellom anna Abraham Pederssøn «Fjelli» Bakkhaug (1817-1893?). Dei som budde her, var etterkommarar av gruvearbeidarane i Mokk gruver i Ogn dal, og stod lågare på rangstigen enn husmenn. Dei fekk slå gras på myrane, og hogge tre som forstmannen blinka ut til dei. Abraham Fjelli lagde traug av treyrkjet han fekk, og sønene hans brende tjære i miler inne på fjellet. Abraham kom i konflikt med forstvesenet, særleg forstmann Nicolay Martens på Steinkjer, for han hadde hogd tre utan lov. Han hevda retten sin, og gjekk etter det folk seier til kongen i Stockholm for å legge fram saka si. Han fekk medhald, og eit brev som viste at han hadde rett til å hogge dei trea han ville ha. Dette godtok ikkje forstvesenet, og Abraham Fjelli gjekk ein tur til. Denne gongen var det ein ny konge av Norge og Sverige, og han fekk ikkje medhald. Buplassen vart fråflytta i 1872, og det er få synlege spor etter busetting. Men fire buplassar er merka med røys og namneplate.

10.1.4 Småbruket

Småbruk er vanleg nemning for ei lita drifts- og bustadeining i jordbruket, ein liten gard som ikkje eller berre så vidt kan brødfø ein familie utan attåtnæringar. I følgje jordbruksteljinga frå 1929 har småbruket mellom 5,1 og 20 mål innmark (dyrka jord pluss naturleg eng), medan bruk mellom 20,1 og 50 mål hamnar i kategorien småbruk og gardsbruk. Den glidande overgangen mellom småbruk og gardsbruk blir utdjupa slik: «Et bruk skal regnes for gardsbruk når det er så vidt stort at der holdes hest utelukkende eller overveiende for brukets skyld. Nogen bestemt arealgrense kan vanskelig opstilles, men i almindelighet vil et bruk på opimot 30 dekar innmark opfylle disse betingelser.»

10.1.4.1 Bakken i Stod – kategori B

Bakken eller Nordgårdsbakken var husmannsplass under Nordgård, nordre, frå tidleg 1800-tal til 1903, då



Ellen Lillevestre demonstrerer gamle arbeidsteknikkar på småbruket Bakken i 2008.



Aunplassen under Gjøvran i 1944. Foto: O.R. Benum

Til venstre: Aunplassen i dag. Nokre oppstapla steinar vitnar om at det tidlegare har stått hus på staden.

Foto: Bodil Østerås



Under: Husmannsplassen Sagplassen på Gaulstad.

Foto: Roger Lyngstad



sonen på garden, Oluf Nordgaard f. 1861, kjøpte plassen. Med på handelen følgde fri hamningsrett for to kyr og fire sauar i utmarka til hovudbølet og hogstrett i Strindallmenningen. Oluf gifta seg i 1904 med Oline Josefine Benjaminsdatter Ryggplass frå Kvam, og dei fekk borna Johannes (1904-1980) og Thomas f. 1909. Johannes gifta seg med Ingrid Lillevestre (1914-2002). Dei fekk ingen born. Ingrid flytta frå Bakken i 1987. I 1989 oppretta Forr Historielag, Stod Bondelag og Steinkjer Museum «Stiftelsen Bakken». Husa og utstyret er tatt vare på, både inne og ute. Det kom aldri traktor til Bakken, så her finn ein berre hesteutstyr og hestereiskap. Kufjøs, låve og stall er ikkje bygd om sidan 2.verdskrigen. I 1990 vart Bakken tildelt Landbruksdepartementets kulturlandskapspris.

10.1.5 Husmannsplassen

Husmannsvesenet starta så smått på 1600-talet. Utover 1700-talet auka det på, og det nådde toppen midt på 1800-talet. Etter 1900 vart dei fleste plassane selt til brukarane eller nedlagde. Husmannen fekk leige ein jordflekk til opparbeiding, gjerne litt perifert på garden. Betalinga skjedde som regel i form av pliktarbeid til eigaren. Talet på pliktdagar varierte mykje frå plass til plass. Husa kunne husmannen leige eller eige sjølv. Nokre husmenn leigde ikkje jord. Strandsittarane hadde hus ved sjøkanten og levde hovudsakleg av fiske. Det budde strandsittarar på grunnen til både Egge og Steinkjer gard. Torsk, sei, hyse og sild vart selt frå fiskekaia, som låg ved bruenden på Nordsia. Fiskehandlarane i Steinkjer kjøpte også aure og gullflyndre.

10.1.5.1 Aunplassen – kategori C

Under Gjøvran i Egge kjenner vi til sju husmannsplassar, der Aunplassen er ein av dei. I 1903 kom Ole Olderen, fødd 1875 i Stadsbygda til Aunplassen. Han studerte landbruk på eiga hand og etterlet mange notat og skriv om Aunplassen. Han var rådsdreng, arbeidsformann og rådgivar for Fredrikke Marie Qvam og dottera Lovise på Gjøvran.

10.1.5.2 Husmannsplassar i Paradisbukta – kategori C

Under Egge var det på det meste over 20 husmannsplassar. Ein av dei er Katteråsplassen ved Paradisbukta. Plassen vart etablert i 1879. Sjølv om våningshuset og uthusa, oppførde i 1890, forsvann i 1987, kan ein framleis sjå restane etter tomte og hagen. Områda rundt vert kalla Thunsmarka. Berget midt i Paradisbukta heiter Katteråsberget.

Lenger sør finn vi Visetplassen, som har namn etter husmann Peter Gunerius Viset frå Visetplass i Beitstad og kona Peternella frå Bardalsaunet. Dei arbeidde på Egge i dei pålagte pliktdagane, og opparbeidde seg eit jordstykke på Visetplassen. Ein kan framleis sjå delar av steinmuren der husa sto, omkransa av kirsebærtre frå den gamle hagen.

10.1.5.3 Sagplassen/Storvoll på Gaulstad – kategori B

Sagplassen er ein tidlegare husmannsplass frå 1700-tallet under Lille-Gaulstad, og har fått namn etter saga som stod i elva like ved. Husa på plassen er av god gamal årgang, og det har i dei siste åra vore utført eit stort restaureringsarbeid. Nytt torvtak er lagt både på våningshuset, stabburet og masstua. Fjøset er istandett og førd attende til opphavleg skikk.

10.1.6 Bureisingsbruket

I 1908 vart «selskapet til Emigrasjonens Indskrænking» stifta – seinare endra organisasjonen namn til «Ny Jord». I staden for å finne jord på den andre sida av Atlanterhavet, skulle ein finne dyrkbare myrer i heimlandet. Bureisinga gjekk føre seg i offentleg regi med offentleg tilskott, interesserte måtte søke om å få tildelt ein parsell.



Våningshuset på bureisingsbruket Haugum frå 1957. Foto: Robert Øfsti

Det starta i Nærøy, der heile Bjørndalsmyra vart dyrka opp. Men også i Steinkjer finn ein bureisingsbruk frå 1920-1950, lette å kjenne att med sine kompakte, små driftsbygningar og våningshus, gjerne i flatt lende på ei tidlegare myr.

10.1.6.1 Bureising i Ogdalen – kategori B/C

Det største og mest typiske bureisingsfeltet i Steinkjer er Hollåsfeltet nord for Ognå i Ogdal. Åtte av dei ni parsellane vart selt på 1950-talet, ein var selt tidlegare. 36 søkarar frå store delar av fylket meldte seg. Det mest autentiske kan vere Skogmo, Nordvegen 568 (gnr 161/59). Våningshuset på Haugum, Nordvegen 605 (gnr 161/137) er frå 1957 og eksteriørmessig nokså autentisk. I følgje Olav Randen (2002) vart det etablert i alt 70 bureisingsbruk på i alt 13457 dekar i noverande Steinkjer kommune, på i alt 16 felt påbyrja mellom 1926 og 1940. I følgje Anton Hofstad (1982) (Bygdebok for Sparbu og Ogdal) er talet på bureisingsbruk i desse to kommunane åleine over 100. Dei fleste vart etablert i regi av Nord-Trøndelag Landbruksselskap, men nokre altså i kommunal regi. I tillegg til dei ovannemnde var det større og mindre felt i Gosen og mellom Røysing og Skei i Ogdal, i Figgadalen og i Såsegga. Kvamseng (168/8), (Nordgård (167/5), Rein (176/13) og Lyngstad (176/4) er døme på godt bevarte bureisingsbruk frå 1930-talet

10.1.6.2 Lia – kategori C

Bureisingsbruket Lia vart etablert av Helga og Magne Kvam i 1937. Driftsbygninga vart reist i 1937, våningshuset i 1941. På midten av 1980-talet overtok kommunen husa. I åra 2000-2004 vart våningshuset om- og utbygd til bruk for rehabilitering og kvalifisering i kommunal regi.

10.1.6.3 Vassaunet – kategori C

I perioden 1937-1940 vart det etablert fire bureisingsbruk rundt Vassaunvatnet i Egge: Vassaunet, Aspmoen, Skogstad og Fjellstad. Både på Fjellstad (Vassaunvegen 85) og på Aspmoen (Vassaunvegen 88) står dei opprinnelege bygningane og gir eit fint inntrykk av bureisingsbruket sine særtrekk. Aspmoen var på 1700-talet ein husmannsplass under Asp. Vassaunet var ein gard allereie på 1600-talet, og i drift så seint som omkring 1915, men begge desse bruka er altså likevel rekna med i bureisingsfeltet som vart etablert i regi av Egge kommune i 1935.

10.1.6.4 Floin i Sprova – kategori C

I 1924-26 vart Gladsevatnet senka og 850 da av slåttelandet Floin, for det meste sumpland, vart tørrlagt. Kanaliseringa byrja i 1926. Staten dekte halvparten av kostnadane til senking og kanalisering. Dei fem bruka Vollstad, Myran, Myrstad, Bjørklund og Bjerknes vart etablert, og bygningane reist i hovudsak under og etter krigen. Etter kvart som myra tørka, sokk ho saman og vatnet måtte senkast ein gong til. Arbeidet tok til i 1952, og no måte det fjellsprenging til. Det auka kostnaden betrakteleg. I 1957 var arbeidet gjort.

10.1.7 Samisk busetting og samiske kulturminne

Samar har halde til i bygdene rundt Steinkjer frå 1600-talet. Vi finn dei m.a. i kyrkjebøkene, i samband med barnedåp, vigsel og gravferd. Enno på 1700-talet var dei stadig på vandring, så eitt år bur dei t.d. i Fivesmarka, eit anna år på Kne, deretter på Rømo. Det kan vere vanskeleg å finne spor etter samiske bustadar og gammar. Det einaste kan vere ein svak jordvoll etter torv som har rasa ned, og ein eldstad med steinar plassert på ein spesiell måte saman med trekol. Men mange stdnamn peiker mot samisk busetting som t.d. Finnburet og Finn-Kjerstihola.



Bureisingsbruket Fjellstad, Vassaunfeltet i Egge. Foto Robert Øfsti

10.1.7.1 Skaril har sett namn etter seg i Kvam – kategori C

Skaril er eit gammalt og nokså sjeldant samisk mannsnamn. Den 27. mars 1706 vart lappdrengen Scharil Mårtenson vigd til Sophia Mårtensdotter i Offerdalen i Jemtland. Ni år seinare er dei i Kvam kyrkje og døyper barnet sitt, Maritte. Ein Skaril vart gravlagd i Kvam i 1737, og kanskje er det han som har gitt namn til Skarilkråa på kyrkjegarden. Her har i alle fall ein Skaril funne sin siste kvilestad.

Fleire stadnamn i Kvam er knytta til namnet. Skarilbekken og Skarilåsen ligg i Borgmarka. Naturhøva ved Skarilbekken er slik at det er lite truleg at samar har vald å sette opp gamle i nærleiken. Men på ein stad langs bekken er det ei djup ravine. Dette er ein naturleg fangstinnretning. Kanskje jakta Skaril her, og på den måten gitt namn til bekken? I Guinmarka, rundt ei mil vest for Borgan, finn vi Skarilåsen og Skarilmyra. Det kan tyde på at mannen har halde til her ein periode.

10.1.7.2 Finnplassen i Laupsmarka i Stod – kategori C

Her budde Bereth Mortensdatter og Sivert Andersen på slutten av 1700-tallet. Sonen Andreas og kona Kirsten Hansdatter tok over plassen, og dreiv som reingjetarar attåt plassen. Seinare flytta dei til Finnstuvollen på Rømo. Fleire av borna slo seg ned i distriktet; Sivert på Finnstutangen ved Snåsavatnet, Benk i Rømo-plassen Limbuåsen, Hans i Finnheimen under Volden, og Ane i Nolla under Hatling. Ein bondeson i nabolaget tok over Finnplassen og endra namnet til Laupsplassen. I dag blir det dyrka korn på plassen og hustuftene er borte.

10.1.7.3 Hatlingplassen Nolla – kategori C

Sakarias Jakobsen Steinfjell slo seg ned i Nolla sammen med kona Siri Andersdatter Kreys f. 1801 i Sverige. Ho var dotter til finneskolemeisteren Anders Mortensen Krøyts. Han budde i Strådalen i Vera og reiste rundt og underviste sameungane. Eldsteson Jakob og kona Ane (jf ovafor) tok over plassen. Jakob var kjend som ein flink hornskeimakar. Dei hadde litt jord, men ingen krøtter.

10.1.7.4 Finnheimen i Stod – kategori C

Hans Andreassen og kona Elen Lisa Paulsdatter slo seg til på jordstykket Trøen under Volden i 1862. Plassen fekk namnet Finnheimen. Hans kom frå Rømomarka i Følling og Elen Lisa frå Volhaugen i Sparbu. I 1865 hadde familien to geiter og seks rein. Elen Lisa drukna i Bjørnør i 1886, og Hans gifta seg på nytt med enka Anna Kristine Jakobsdatter. Ho var barnebarn av Daniel Andersen og Milla Andersdatter frå reindrifsmiljøet i Skjækerfjella/ Skalstufjellet. Hans dreiv òg som hornskeimakar.

10.1.7.5 Limbuåsen, Finnstuvollen og Finnstutangen i Følling – kategori B

I Limbuåsen på Rømo ligg tuftene etter samebuplassen til Benk Andreassen og Malena Nilsdatter. Dei budde her på midten av 1800-talet. På Finnstutangen ved Snåsavatnet budde Sivert Andreassen og Maria Jonsdatter. Sivert var ein god symjar. Sin eigne ungar lærde han opp ved å ro dei ut på vatnet, kasta dei uti og let dei baske ei stund før han berga dei opp i båten. Besteforeldra hans, Finn-Sivert og Malena budde på Finnstuvollen i Non-såsen under Rømo. Sonen Andreas og kona Kjersti tok over plassen. Kjersti hadde eit oppkomme på Hølemyra kor ho tok vatn. Det heiter framleis Finn-Kjerstibekken etter ho.



Limbuåsen på Rømo. Foto: Roger Lyngstad.

10.1.7.6 Ellenplassen i Henning – kategori C

Ca 1,3 km rett aust for Henning kyrkje ligg Ellenplassen, truleg ein gammal samisk busettingsplass.

10.1.8 Bygdesentra

I alle bygdene i Steinkjer er det eitt eller fleire bygdesentra. Nokre har halde på denne posisjonen, andre har kome og gått. Næringsverksemd var ofte utslagsgivande for etablering av eit sentrum, og offentlege funksjonar som skole og kyrkje høyrer gjerne til. Utpå 1900-talet kom aldersheimane i tillegg. Jernbanen skapte stasjonsbyar som Sparbu og Sunnan. Andre stader var meieria sentrale, som på Rygg og Kne i Kvam, Lein i Sparbu, Yttervika/Vellamelen i Beitstad, Binde i Stod og Røysing i Ogdal (sjå s 70). Og Byafossen i Egge er kan hende kommunens einaste industri-tettstad.

10.1.9 Steinkjer - «Bygdenes By»

10.1.9.1 Sneppen – kategori A

Ni hus pluss uthus i Kristian Kristiansens gate på Sneppen utgjør det einaste samanhengande bustadmiljøet som syner korleis Steinkjer sentrum ein gong såg ut. Gata er oppkalt etter polfararen, som budde i nr 9 i 47 år. Rett over gata ligg nr 8, ei teglsteinsbygning som opprinneleg var skysstasjon, truleg frå 1850-talet. I 1859 besto området av fire hus, i 1902 av ca 20. Eitt hus var da rive for å gje plass til jernbanen, som delte bebyggelsa i denne delen av byen i to, snippen vest for jernbanen fekk etter kvart namnet Sneppen. Før 1940 var heile området mellom Kristian Kristiansens gate og elva bebygd på om lag same måte, men om lag ¾ av bebyggelsa gjekk med i bombinga.

Politikammeret hadde i perioden 1910 til april 1940 kontor i første etasje i eit hus på Sneppen. Her låg også det første offentlege biblioteket. I 1858 oppretta kommunelege Hans Michael Arentz eit «almuebibliotek». Den første bibliotekaren var lærar Esten Qvam, og biblioteket heldt hus i Johan Klevens gard på Sneppen saman med skolen. Området omkring Kristian Kristiansens gate er i dag regulert til bevaring med plan- og bygningslova.

10.1.9.2 Gamle Kongeveg – kategori A

Den sørlegaste delen av Gamle Kongeveg, mellom Kongens gate og Ølvegata er også regulert til bevaring. Her ligg mellom anna Gamle Kongeveg 2h, Sanitetsforeningas sjuke- og fødeheim, oppført i 1850-åra og brukt som sjuke- og fødeheim frå 1916 til 1952. I dag er bygninga restaurert i opprinneleg stil og brukt til leiligheiter.

10.1.9.3 Finnmarka – kategori C

Nord for jernbaneundergangen fører Gamle Kongeveg inn i eit nokså uhomogent bustadområde som blir kalla Finnmarka, og som held fram i Bogen. Bebyggelsa er nokså blanda, er reist over ein periode på over 150 år og har lite særpreg og strøkskarakter. Ei gruppe kulturhistorisk interessante bygningar finn vi mellom nr 17a og 27. Nr 17a gjekk på folkemunne under namnet Smitten, nr 17 b vart kalt Døden, og nr 19 a, litt tilbaketrekt, heitte Iso-latet. Namna peiker attende på at bygningane frå 1891 til 1948 utgjorde delar av ein helseinstitusjon. Institusjonen vart etablert i samband med ein difteriepidemi på 1890-talet og vart seinare tuberkuloseheim. Fylkesarkitekt Georg Fasting kjøpte Isolatet og bygde om huset til bustad omkring 1950.

Gamle Kongeveg 25-27 er eit rekkhus bygd av AS Steinkjerbygg, teikna av Sverre Olsen i 1946. Bygningstypen er nokså uvanleg på Steinkjer på det viset at kvart hus i rekka er ein horisontaldelt tomannsbolig, kvar med to soverom, stue og kjøken.



Kristian Kristiansens gate gir framleis eit lite inntrykk av korleis Steinkjer såg ut før bybrannen i 1900 og bombinga i 1940. Området er regulert til spesialområde med formål bevaring. Foto: Robert Øfsti

10.1.9.4 Anna Kammens hus – kategori C

Heilt i enden av Gamle Kongeveg, ved foten av Brattvammen ligg nr 56, Galsøystua som huset også vart kalt, - opprinneleg ein del av husmannsplassen Heggeseget, som vart rydda omkring 1870 av Anna og Sivert Jørgensen. Husa kom frå Sivert sin heim plass på Galsøy under garden Naustvollen på Inderøy. Det blir sagt at materiala vart fløyta over fjorden, men like truleg er det at dei vart frakta over på jekta til Sivert sin far. Husmannskontrakten vart inngått den 12. januar 1871. Huset er framleis eigd av etterkomarar etter Sivert og Anna.

Det var kona i husmannsplassen som gjorde huset berømt. Anna Kammen (1847-1922) arva praksisen som «klok kone» etter mor si. Ho vart landskjent og tok mot tusenvis av «klientar» i den vesle stua gjennom mange år.

10.1.9.5 Sveitserstil - Møllevegen 2 – kategori C

I andre halvpart av 1800-talet skjedde det store endringar i tradisjonell byggeskikk både i by og land. Først kom sveitserstilen, introdusert i Christiania av slottsarkitekt Linstow omkring 1840, som «den nye Træstil». Etterkvart fekk stilen namnet sveitserstil, truleg fordi den henta visse trekk frå sveitsisk folkearkitektur. Dei ytre kjenneteikna er saltak med store takframspring og rikt utforma gavlar. Mange sveitserhus har også ein takark – gjerne i kombinasjon med ein veranda, ofte ein glassveranda. På Nordsia, med adresse Møllevegen 2, ligg ein vel bevart og representativ trevilla. Den har Art Nouveau-stilens assymetriske fasadar (sjå nedafor), sveitserstilens store takut-spring og store snekker glede, og klassiserande dataljar rundt dører og vindauge. Den overlevde på mirakuløst vis bombing og brann i 1940 og står att som ein verneverdig representant for den trebyen som forsvann. Eit nokså skjemma påbygg mellom hovudhus og garasje forringar verneverdien. Likevel: «Boligbygget ligger i utkanten av bykjernen, men på en framtrædende plass ved Møllevegen. Et av de meget få gjenstående bygg i Steinkjer som er en eksponent for det nasjonalromantiske innslag i arkitekturen, med bl.a dekorative elementer i fasaden. Bygningens fasadeuttrykk og detaljeringer bør bevares. Byggeår 1898, arkitekt, byggmester ukjent,» skriv Egil Stensheim (1990).

10.1.9.6 Gardsbygningar i sveitserstil: Ovrein og Søre Bruem – kategori C

Det vart også bygd ein god del hovudlåner i sveitserstil på gardsbruk i Steinkjer rundt førre århundreskiftet. To gode og vel bevarte døme er hovudlåna på Ovrein i Beitstad, bygd i 1888. Grunnflata er på 160 m². Hovudlåna på Søre Bruem i Ogndal bygd i 1892 er enno større – 180 m². Driftsbygningane og støpulen på denne garden er teikna av arkitekt Jan Inge Hovig på 1970-talet og er eit interessant uttrykk for hans formspråk.

10.1.9.7 Villaer i sveitserstil: Bergstrand, Ølvisheim, Trollhaugen, Bjørkhøi – kategori C

Eit fint bevart døme på eit mindre bustadhus i sveitserstil på landet ligg like ved Rv 17, 2,5 km fra Beitstad sentrum. P.K Berre bygde i 1904 eit hus han kalte Bergstrand, på 70 m², som har alle stilens særtrekk. Det opphavlege taket er erstatta med eit moderne stålplatetak. Ein sentrumsnær villa i typisk sveitserstil er Ølvisheim på Eggevammen, bygd av overrettssakfører, seinare fylkesmann, Halvor Bachke Guldaahl på 1890-talet. Eit anna er Trollhaugen, bygd i 1914 for kjøpmann Alfred Finstad.

Otto Sverdrups veg 50, «Bjørkhøi», ligg i sørenden av ein nokså stor, parkmessig hage, som saman med nabohagen og eit grøntdrag langs Otto Sverdrups veg, dannar eit samanhengande grøntområde på ca 75x50 m med til dels store trær. Dette er nok det største samanhengande grøntbeltet i denne delen av byen.

10.1.9.8 Art Nouveau

Art Noveautilen, eller Jugendstilen som er den tyske nemninga, blomstra mellom 1890 og 1915. Art Nouveau

er ein dekorativ stil som kjem til syne i stort og smått, i keramikk, glasskunst og gullsmedkunst, i malarkunst og grafisk design og i arkitekturen. Her er stilen kjenneteikna ved ein ofte nærast demonstrativ mangel på symmetri, samt at ein gjerne tek i bruk element frå dyre- og planteriket i dekor av fasaden. Vindaugs- og dørøpningar kan gjerne ha avrunda former, men ikkje nødvendigvis halve sirklar. Mange bygningar i Steinkjer som vart bygd etter den store bybrannen som raserte heile Sørsia i 1900, hadde element av Art Nouveau, t.d Steinkjer kyrkje, som brann i 1940, og Steinkjer folkeskole (sjå s 90).

10.9.8.1 Byavegen 175, Elvarheim, kategori C

Dette våningshuset er oppført på Heggeseget 1915 og er noko så sjeldsynt som eit gardshus med tydeleg preg av jugendstilen, med dekorativt utforma vindfang, takark og karnapp og asymmetriske fasadar. Arkitekten er ukjend, men mykje tyder på at ein profesjonell arkitekt kan ha stått bak. Det er fascinerande med eit så gjennomført og på eitt vis eksklusivt hus på eit så pass lite bruk, 28 da dyrka mark. Bygninga har eit tilnærma autentisk ytre og er godt veldikehalde. Kunnskapsverdiane er knytta til arkitekturhistoria. Både dei arkitektoniske og kunstneriske opplevingsverdiane og bruksverdiane, knytta til bygninga i idylliske omgivelser ved Byaelva, er store.

10.1.9.9 Nyklassistiske villaer og embetsmannsbustadar

Art Nouveau- epoken tok slutt like brått som den slo gjennom, i alle fall i arkitekturen. Den vart avløyst av ein ny-klassisistisk periode før funksjonalismen braut gjennom på midten av 1920-talet. Trass i bombinga i 1940 er ny-klassisismen godt representert i Steinkjer sentrum. Som namnet seier, er perioden prega av symmetri i plan og fasade, samt gjenbruk av detaljar frå den klassiske gresk-romerske arkitekturen, søyler og pilastre, arkitravar og arkivoltar, triglyffar og metopar.

10.1.9.9.1 Johan Bojers gate 1-7 – kategori B

Ei rekkje villaer både i tre og mur i Johan Bojers gate bygd omkring 1920 har meir eller mindre ny-klassisistisk preg, med innslag av både Art Nouveau og sveitserstil. Regimentsjefboligen (Johan Bojers gate 7) teikna av Axel Guldahl i 1919 er eit fint døme på rein ny-klassisisme. Johan Bojers gate utgjer ei samanhengande rekkje av villaer godt synleg frå bysentrum. Sett i samband med Fylkesmannsboligen og NTE sin direktørbolig fortel bygningane om eit administrasjonssentrum som vaks fram i mellomkrigstida - embetsmannsbyen Steinkjer. Både visuelt og historisk er dette viktige innslag i bybildet.

Fylkesmannsboligen (som no er i Egge museum sitt eige) er også teikna av Axel Guldahl. Arkitekten bak Nord-Trøndelag elektrisitetsverk sin ny-klassisistiske direktørbolig i Heggelia er ukjend. Det har vore antydning (av Olav l'Orange) at byggherren, direktør Emil Astrup også har teikna villaen.

10.1.9.10 Funkis på Nordsihaugen – kategori C

Funksjonalismen, «funkisen», kom til Norge mot slutten av 1920-talet og breidde seg raskt utover landet, både som resultat av at arkitektar bynte å tegne i den nye stilen, og gjennom såkalla «folkefunkis» eller «byggmester-funkis», eit omgrep som i utgangspunktet var noko nedsettjande meint.

Funksjonalismens grunnsetning er at form skal følgje funksjon, at fasaden skal vere eit uttrykk for grunnplanen, slik at dei ulike funksjonane på eitt eller anna vis skal kunne lesast i fasaden. Dei typiske ytre kjenneteikna på funksjonalismen – og også på folkefunkisen – er det flate taket, av og til som eit tilnærma flatt pulttak eller som eit slakt pyramidetak, («Det flate taket frigjer grunnplanen frå saltakets tyranni», sa den store finske arkitekten Alvar Aalto.) vindaug i breiddeformat, som gjerne tenderar mot samanhengande vindaugsband, gjerne plassert heilt ute i hushjørnet, og tilnærma fråvær av ornamentering rundt dører og vindaug. Dersom det er ornamentering, er denne gjerne særst enkelt utforma, som eit mønster av listverk eller liknande.



Regimentsboligen, nyklassistisk villa tegna av Axel Guldahl jr i 1919. Foto: Robert Øfsti



Funksjonalismen slår gjennom på 1930-talet. Asmund Vinjes veg 1 vart teikna av Christian Fredrik Arbo for herredsagronom Paul Strand i 1932, ett av dei første husa på Nordsihaugen. Foto: Robert Øfsti

Også i Steinkjer vart det bygd i funkis-stil både før og etter 2.verdskrig. På Nordsihaugen kom dei første funkishusa i 1932-34. Martens veg 16 er truleg det første. Arkitekten til denne horisontalt delte tomannsboligen er ukjend, men ein utradisjonell og funksjonalistisk tenkt grunnplan kan tyde på at ein profesjonell arkitekt står bak. I 1.etasje er interiøret (visstnok) ganske autentisk. På 1960-talet vart fasadane endra, samtidig med at det vart bygd på ein car-port med direkte inngang til 2.etasje. På 2000-talet er bygninga tilbakeført til eit meir autentisk uttrykk, med liggande panel og hjørnevindaug.

Martens veg 10, som er bygd i 1934, er teikna av trondheimsarkitekten Arvid Johnsen. Trass i fleire påbygg har bygninga framleis ein tydeleg «funkis»-karakter med sitt slake pyramidetak.

Åsmund Vinjes veg 1 er teikna av den kjende drammensarkitekten Christian Fredrik Arbo i 1932 for fylkesagronom Paul Strand.

10.1.9.11 .Funkis i sentrum – kategori A

I 1934 teikna arkitekt Claus Hjelte eit bygg for det private landsgymnaset, som vart fullført med ein påbygg 2.etasje i 1939. Gammalgymnaset, eller «Blåbygget», vart rive i 1989. Men den første funksjonalistiske bustadblokka i Steinkjer, Sannanbygget, teikna i 1938 av Herman Semmelmann, står framleis med sitt flate tak og tendensar til vindaugsband, og enkle, maritimt inspirerte rørgelendre på dei karakteristiske lufteverandaene. I dag reflekterer vi ikkje over ein slik veranda, men dei uttrykker mykje av funksjonalismens grunnleggjande haldning til bustadspørsmålet – ein la vekt på å skape sunne bustadar, det skulle vere muleg å luften sengeklede på en måte som var lettvinnt for husmora. Sannanbygget er verna etter plan- og bygningslova.

10.1.9.12 Folkefunkis på landsbygda – kategori C

Også på landsbygda vart det bygd hus i funkisstil. Dei fleste er anten rivne eller sterkt om- og tilbygde, men Byavegen 130, bygd for Wilhelm Karlsen (forpaktar på Egge gard og kjend travtenar) i 1938 med to seinare tilbygg, ca 1970 og 1980 i relativt stilriktig «funkis» er verneverdig. Hågenmelen 12, også kalt Bruvoll, i Beitstad sentrum, med ukjend byggeår, men i alle fall før 1951, har også mykje av sitt opphavlege preg i behold.

10.1.10 Gjenreisingsbyen.

Styresmaktene i Steinkjer sto bokstaveleg tala midt oppe i ufattelege utfordringar etter den tyske bombinga 21. og 22. april 1940. Men dei visste kor dei skulle gå for å få laga ein ny byplan. Professor Sverre Pedersen (1882-1971) ved NTH i Trondheim var truleg landets fremste byplanleggar og ein anerkjent internasjonal ekspert på området. Så seint som i 1933 hadde han revidert sin eigen byplan for Steinkjer, eit oppdrag han hadde fått i 1924.

Formannskapet handla raskt, Pedersen kom til byen 22. mai. Allereie 7. august kjem brev til stadsingeniør Gregusson i Steinkjer: «I egen rull oversendes Dem utkast av reguleringsplan for Steinkjers sentrum...». Ansvaret for reguleringsarbeidet i samtlege krigsskadde byar og tettstader var på det tidspunktet overført frå kommunane til eit nytt statleg organ: «Brente Steders Regulering» (BSR) oppretta av Administrasjonsrådet (oppnemnd av Høgsterett). Sverre Pedersen var sjef i BSR frå 1. juli 1940 til 1. juni 1945.

«Arbeidet [i BSR] ble i den første tiden rent feltmessig ledet, i det sentralpunktet ble 2 utlånte tegnesaler på NTH, som for et par måneders tid ble ledige,» skriv Pedersen. Av medarbeidarane nemner Pedersen spesielt arkitektane Claus Hjelte (som fekk ansvar for Namsos og Steinkjer), Nils Holter og John Horntvedt. Arkitekt og biledekunstnar Jac. Hansen vart innkalla for å illustrere planane med perspektiviske akvarellar. Pedersen framhever samarbeidet med lokale styresmakter og fagfolk – på Steinkjer byingeniør Gregusson. «Med disse var kontakten intimt knyttet fra første stund, og er det fremdeles. Deres kjennskap til byen, deres innsikt i de tekniske og økonomiske forhold på stedet er det fundament byplanarbeidet hviler på.»

Det var eit sterkt press frå lokalt hald for på få planane ferdige raskt. 4. september heldt han pressekonferanse i Regjeringsbygninga i Oslo, der han presenterte planane for Steinkjer Molde og Namsos, som straks vart lagt ut



Steinkjers første bustadblokk, Sannanbygget, teikna av Hermann Semmelmann i 1938, med dei typiske funkiskjenneteikna flatt tak og horisontale vindusband. Blokka er fargesett i tråd med professor Bruno Lundstrøms fargeplan for Kongens gate. Foto: Robert Øfsti

lokalt til offentlig godkjenning. Planen vekte ein del motstand i Steinkjer:

«Undertegnede, eierne av tomterne på nordøstre side av Øvre Elvegata har med forferdelse erfart (...) at bebyggelsen av dette strøk foreslåes regulert således, at gårdene skal vende med gavlen (tverenden) mot gaten med en forhøvet mellom bygningerne og gaten. Dette blir helt ruinerende for dette strøk som forretningsstrøk. Den nordøstre side av Øvre Elvegata var før branden det beste forretningsstrøk i hele Steinkjer»

skriv tomteeigarane. På Nordsia protesterte kjøpmann Nordbotten mot det store torget Pedersen hadde plassert på hans tomt:

«Etter denne plan er min tomt nr. 126, og nabotomta og andre tomter i dette kvartal utlagt til åpen plass. Min tomt er uten tvil den absolutt beste beliggende forretningstomt på Nordsia i Steinkjer, samtidig som den er en av bydelens peneste beboelsetomter, vent(sic!) som den er mot syd med utsikt tvers gjennom byen over torvet. Er den plassen som er innlagt på byplana så nødvendig for byen at en slik pen og verdifull forretnings- og boligtomt absolutt må ofres?»

25. september 1940 sette Josef Terboven Administrasjonsrådet til sides og innsette i staden sitt Reichskommissariat. Tyske styresmakter greip no meir direkte inn i BSR sitt arbeid.

Oberbaurat Hans Stephan kom frå Tyskland og reiste saman med Baurat Luther og Pedersen rundt til alle byane og gjennomgjekk planane på staden. Stephans generelle merknad var «at det var tat litt for meget hensyn til de lokale forhold og private grunneierforhold. Han ønsket også litt større dimensjoner på enkelte gater og en mer bevisst utforming av plassanleggene». (Pedersen 1943 s 3) På grunnlag av dette utarbeidde BSR nye planar som vart lagt fram i løpet av første halvår 1941 og stadfesta i 1942. Men lite vart bygd. Delvis var det byggeforbod, delvis generell mangel på bygningsmateriale.

Dei nye planane, der Pedersen m.a hadde fjerna bebyggelsa langs Øvre Elvgate, vekker lokal motstand: I Steinkjer skriv gårdeigarane i Øvre Elvegata på nytt:

«I tilslutning til vor skrivelse av 17de f.m (...) Den gang gikk vi ut fra, at vi skulde få anledning til å bygge på vore tomter, enskjønt vi fandt, at plasseringen av bygningerne på tomten var høist upraktisk for et forretningsstrøk. Da nu de endelige planer foreligger, erfarer vi, at der overhovedet, ikke skal bli nogen bebyggelse i dette strøk. Vore tomter skal bli tat fra oss, så vi ikke skal få anledning til å drive vore forretninger på de gamle tomter». (jf nedafor)

Etter frigjeringa i mai 1945 er det i starten eit sterkt ønske om å revidere byplanane, både frå fagleg hald og frå lokalbefolkninga i gjenreisingsbyane. I reguleringsplanen som blir vedteke i 1946 er både sentrumsplassen («som omfatter meget verdifulle og lett omsettelige tomter») og torget på Nordsia borte. Vidare er : « ... de fleste offentlige bygg samles i kvartalene nærmest elven, og kvartalene utformes som parker hvor de enkelte bygg fritt grupperes, uavhengig av annen bebyggelse». Dette er bakgrunnen for plasseringa av Samfunnshuset, Post- og telegrafbygget (Kunnskapsparken) og namnet «Tinghustomta» på arealet mellom Kunnskapsparken og brua.

Noko forenkla kan ein seie at Sverre Pedersens sine byplanar er tufta på tre grunnsetningar, som alle er lette å lese i Steinkjer: Barokken, hagebyen og samspelet med landskapet.

Hovudgrepet i det barokke byplanidealet Sverre Pedersen var inspirert av, er utsiktsakser og fondmotiv. Gaten skal vere rette og breie, ikkje i eit regelrett rutenett, men slik at dei har ei markant bygning eller et markant naturmotiv i enden – i fonden. I Steinkjer er dette særst tydeleg. Kongens gate går i rett line sør – nord, med Brannstasjonstårnet i fonden. Tverraksane har kapellet og Regimentsboligen som fondmotiv i aust – mot vest åpna dei seg mot fjorden; for Pedersen var det også viktig med utsikt mot naturen.

Den mest sentrale oppgava for arkitektar og byplanleggjarar i det 20. hundreåret var løysinga av bustadspørsmålet – å gje alle ein sosialt akseptabel bustad til ein sosialt akseptabel pris. I Steinkjer kan ein med nokre hundre meters mellomrom sjå dei to mest aktuelle løysingane: hagebyen og bustadblokka. Pedersens eige ideal er hagebyen: «Mennesket oppfattet som matematisk størrelse har ført til kasernestrukturane og enværelsesleilighetene – menneskene oppfattet som levende væsen fører til havebytanken» (Jensen (1980) s 244), gjerne kalla «den engelske hagebyen», etter engelskmannen Ebenezer Howard som først sette fram ideen i boka «The garden cities of tomorrow» (1902). Både Svenskbyen, Påssåby'n på Sørsia og Hønby'n på Nordsia er små hagebyar,



Illustrasjon til Sverre Pedersens første utkast til byplan for Steinkjer.

Akvarell: Jac. Hanssen



Kongens gate sett mot nord, illustrasjon til Brente Steders Regulerings plan for Steinkjer frå 1942. Akvarell: Jac. Hanssen

der folk bur i to- og firemannsbustadar med hage omkring. I nyreisingsbebyggelsa utanom brannstrøka er òg hagebyidealet gjennomført: Guldbergaunet, Trana, Milbo-området på Skjefte, Skjervetrøa på Nordsia.

Pedersen let bebyggelsa understreke og framheve karakteristiske former i terrenget og opna for vakre utsikter til naturen gjennom parkbelte eller breie gate- eller torganlegg. I sær var han oppteken av høgdedrag og «skeiformer» i terrenget. Han var også oppteken av vatn – elva og fjorden. Analysen av terrenget blir viktig for løysinga av kvar enkelt byplanoppgåve.

Dette var noko nytt i byplanlegginga. I Steinkjer er Pedersen spesielt oppteken av «å skaffe pene fronter mot elva, som er det takknemligste motiv å arbeide med [...] og hvor det er særlege muligheter til stede for å skape interessante og vakre bybilder». (Jf Øvre Elvegata ovafor)

10.1.10.1 Sverre Pedersen og Sverre Olsen.

Sverre Pedersen var professor i byplanlegging ved Norges tekniske høgskole (NTH) i over 30 år, og han stod bak meir enn 100 reguleringsplanar for norske byar og tettstadar. Han var ein nybrottsmann på feltet og kom til å setje sitt preg på norsk byforming gjennom store deler av 1900-talet. Pedersen voks opp på Lademoen. Han tok eksamen på arkitektavdelinga ved Trondhjems Tekniske Læreanstalt 1901 og studerte ved den tekniske høgskolen i Hannover 1902–03, deretter ved høgskolen i Charlottenburg ved Berlin. Han vart tilsett i Trondhjems kommunale bygningsvesen 1905, frå 1908 som avdelingsarkitekt, og 1914–20 var han stadsarkitekt. Frå 1913 underviste han dessutan ved NTH, og 1920 vart han utnemnd til professor i bygningskunst og byregulering der. Han sat i denne stillinga til han gjekk av med pensjon i 1954.


Medan Sverre Pedersen nærast var sjølvskreven til å utforme byplanen, var det rein slump som førde arkitekt Sverre Olsen (1903-1950) til Steinkjer i 1940. Rolf Hanssen-gården, ein av dei store kjøpmannsgårdane på Sørsia låg i ruinar. Rolf Hanssen sjølv var nyleg død, men sønene kom til å tenke på at ein av farens forretningsvenner visstnok skulle ha ein svigerson som visstnok skulle vere arkitekt. Og det stemte. «Om ikkje Olsen kunne kome til Steinkjer og tegne Rolf Hanssen-gården?» Ein augustdag i 1940 steig den 37 år gamle arkitekten av toget på Steinkjer stasjon. Rolf Hanssen-gården (i dag Norli bokhandel) teikna han ikkje før i 1946, men ein villa for «hr. kjøbmann Gunnar Hanssen» (Ottos Sverdrups veg 17) er eitt av dei første av i alt 18 prosjekt han leverte frå seg berre i løpet av sine fem første månader i Steinkjer. Dei siste ti åra av sitt liv via han i all hovudsak til gjenreisninga av Steinkjer. «I takknemmlighet over det store arbeid som arkitekt Sverre Olsen nedla ved Steinkjers gjenreisning har Steinkjer kommune bestemt at begravelsen skal kostes av kommunen (...) og det henstilles til byens befolkning å minnes avdøde ved å senke flagget på halv stang» skreiv Trønder-Avisa i januar 1950.

Sverre Olsen var nok ukjend i Steinkjer da han kom, men for den som følgde med i nyare norsk arkitektur, var han eit velkjend namn. Han figurerte høgt på premielista i ei rekkje viktige arkitektkvevlingar i 30-åra og vann, mellom mykje anna, 2.premien i tevlinga om Notodden kyrkje i 1932 saman med Georg Fasting, 2.premie åleine i tevlinga om nytt Tinghus i Trondheim i 1936, og i 1938 vann han, saman med Nikolai Beer, tevlinga om ny skole i Kristiansand. Olsen var ein av dei mest lovande unge norske arkitektane i 30-åra.

Arkivet etter Sverre Olsen tel ca 150 prosjekt, dei aller fleste i Steinkjer. Ulike løysingar på boligspørsmålet utgjer ein stor del. Boligprosjekta er gjerne tilpassa ein lokal byggeskikk han kjende til og beundra, med saltak og ståande tømmermannspanel. Dei store, representative oppgåvene er løyste innafor modernismens formspråk. Grand Hotell er typisk i så måte, sjølv om omfattande om- og påbyggingar har endra uttrykket mykje. I dag er det Samfunnshuset som best viser kva for ein framifrå arkitekt han var. I beste funksjonalistiske ande let arkitekten form følgje funksjon, og fasadeutforminga fortel om innhaldet. Midtbygget er dominert av store glassflater. Dei store festsal-vindauga i andre etasje er bundne saman med ekstra store kontorvindauga i første etasje, berre skilt frå kvarande med smale vertikale band og eit horisontalt felt av mørk kalkstein. Inngangspartiet er forma som ein elegant portal i to etasjar med pilastre og søyler. Uttrykket er maksimalt åpent og inviterande. Kontorfløya er lågare, vindauga enkle – ei høg trapp smalnar inn mot ei enkel dørøpning. Den tredje fløya strekker seg opp langs Elvegata, vindaugsløst og med anna materialbruk og overflate, som for å fortelje at bak desse murane – i kinomørkret – finn du ei heilt anna verd.



Samfunnshuset vart offisielt innvia i mars 1951. Foto: Robert Øfsti



Sverre Olsens utkast til Framhuset skaffa han ein 5.premie i arkitekttävlinga i 1935.

10.1.10.2 Gjenreisingsbyens omdømme.

På 1950-talet var nok steinkjerfolk stolte over å bu «i en stilren og vakker by, moderne i hele sin utforming», som Olav Ulseth skreiv i 1956. Men synet endra seg etter kvart. 70-talet er av nokre kalla «Norsk Veiplan»-perioden i norsk planlegging. Planlegginga av dei nye bydelane Sørsileiret og Nordsileiret skjodde utan at det vart tatt omsyn til, eller prøvd å føre vidare prinsippa i, byplanen frå 1942/46. Aksene er ikkje forlengta, utsynet mot fjorden er stengt att, det er ikkje tatt omsyn til plassdanningar eller torg, tomtene er store, det er ingen tydelege gatebilder, det er litt grønt, men ingen samanhengande parkdrag.

1980-talet signaliserar ei ny interesse for fenomenet gjenreisingsbyen mellom fagfolk: Redaktør for fagtidsskriftet Byggekunst, arkitekt og byplanleggar Peter Butenschøn, viste stor interesse for denne epoken og samla mykje stoff i Byggekunst nr 5.1980: «Arbeidet i Brente Steders Regulering fra 1940 til 1945 er enestående i norsk byplanhistorie. Ennå mens røyken steg fra bomberuinene ble planleggingen startet. Det var en merkelig utfordring plutselig å tegne hele byer fra bar bakke, ubundet av hverdagens trege kompromisser.»

Men så seint som i 1988 var det ingen stor debatt i Steinkjer omkring Brugata 2, som nok er den enkeltsaka i Steinkjer som har øydelagt mest for gjenreisingsbyens særpreg. «'Brygga' i Brugata er blitt et nytt landemerke og dette har langt på vei overtatt som Nordsias signal og ansikt mot sør. Den har da også aktivisert sitt nærområde. (-).et romdannende og fargerikt ansikt vendt mot Sørsia» (Asplan/Viak 1997). Heller ikkje om- og tilbygginga av Skolegata 12-14 (Gjensidigegården) i 1990 og 1999, som også er ei markant endring av gjenreisingsarkitekturen langs dette gateløpet, vart debattert.

I 1995 blir synet på gjenreisingsbebyggelsa som verneverdig for første gang(?) prøvd politisk i samband med ei ombyggingssak, men verneomsyna slår ikkje gjennom. I 2004 arrangerte Steinkjer kommune i samarbeid med Husbanken eit to-dagars seminar: «Gjenreisning i Sentrum». Nettverk for Gjenreisingsbyar i Midt-Norge og ideen om eit nasjonalt senter for gjenreisingsarkitektur vart lansert på seminaret.

Det nye synet på gjenreisingsbyen nedfeller seg etter kvart i kommunen sitt planverk. I kommuneplanen for 2004-07 heiter det:

«Det gamle sentrum på Sørsida og Nordsida har en enhetlig arkitektur som er typisk for gjenreisingsbyene. Denne arkitekturen gir det gamle sentrum et spesielt preg, som det er både mulig og ønskelig å bevare. Steinkjer kommune bør ta initiativ overfor gårdeierne om en samlet oppfølging av gjenreisingsbebyggelsen, slik at den kan bli et distinkt element i Steinkjers stedsprofil.»

I kommuneplanens arealdel 2009 heiter det at:

«Steinkjers karaktertrekk som gjenreisningsby skal ivaretas og tydeliggjøres gjennom planarbeid og konkrete tiltak.[...] - Sterkere vektlegging på estetikk og byggeskikk generelt, og særlig knytta til Steinkjers kulturarv som gjenreisningsby, trøndertun/ trønderlån, og for øvrig bygninger i kulturlandskapet.»

Byplanen viser spor attende til både klassisk byplan på 20-talet og til modernismens og funksjonalismens gjenombrot i 1930-åra. Bygningstypene i gjenreisingsbyen viser delvis attende til klassiske ideal, men modernismen bryt etter kvart gjennom. Gjenreisingsbyen er i dag vurdert som unik og bevaringsverdig av fleire grunnar. Den er først og fremst den fysiske manifestasjonen av perioden 1940-60 med krig og okkupasjon, fred og gjenreisning, og med bygginga av ein ny velferdsstat, der løysinga av bustadspørsmålet er ei sentral oppgåve. Både hagebyen og bustadblokka blir lansert og realisert som alternativ både til tett karrébebyggelse for massane og til «de bedrestiltes» frittliggjande villa.

10.1.10.3 Vern av gjenreisingsbyen – kategori B/C

Med utgangspunkt i dette laga kommunen i 2006 ein estetisk vegleiar. I 2008 vart ein stor del av gjenreisingsbebyggelsa på Nordsia regulert til spesialområde med formål bevaring. I 2012 vart ein stor del av gjenreisingsbebyggelsa på Sørsia regulert til hensynssone med formål bevaring. Sjølv om det kan reisast diskusjon om enno fleire bygningar (i prinsippet gjerne samtlege) kunne vore regulert til bevaring, er det i all hovudsak gjort ei endeleg



Over: Bebyggelse langs Kongens gate på Nordsia er regulert til spesialområde med formål bevaring.
 Under: Svenskbyen med Dyrehaven, typisk hageby.
 Nederst: Godt bevart svenskhus i Håkkadalen.
 Alle foto: Robert Øfsti



fagleg og politisk vurdering av verneomfanget innafor planmråda, i og med at desse planane er vedtekne.

Utafor det gjenreiste strøket er det ikkje gjort noko kartlegging av verneverdige bygningar og bygningsmiljø før i denne kulturminneplanen. I dei villastrøka og hagebyane der utbygginga starta tidleg i 1941 og heldt fram til tidleg 1960-tal, finn vi òg kulturminneverdiar. Området Nedre Bakkeveg, Otto Sverdrups veg og Furuskogvegen er registrert som mulig NBI-område av Riksantikvaren.

«NBI-registeret angir områder hvor det må vises særlige hensyn i forbindelse med videre forvaltning og utvikling. Det innebærer ikke formelt vern at et kulturmiljø er med i NBI-registeret, men det gir et grunnlag for angivelse av nye hensynsoner iht. plan- og bygningsloven. Områdene kan også gi grunnlag for innsigelse ved nye arealplaner. Det kan heller ikke utelukkes at noen NBI-områder bør fredes eller at det finnes objekter i disse som på sikt kan vise seg å måtte sikres etter kulturminneloven.»(<http://nb.ra.no/nb/index/jsf>)

10.1.10.4 Svenskbyen – kategori C

Svenskbyen utgjør ein stor del av dette området, men det finst svenskhus også utafor NBI-området sine grenser. Svenskhusa er elementhus produsert på ulike ferdighusfabrikkar i Sverige. Dei vart innkjøpte med medel frå Nasjonalhjelpen, men også med gåver frå Sverige: «Byggnaden oppførdes med bidrag av Svenska folket 1941», står på ein plakett som framleis finst på nokre av husa. Husa er teikna av dei norske arkitektane Dagfinn Morseth, Mads Wiel Gedde og Gunnar Øvergård Jørgen. Steinkjer Boligråd oppretta eit nytt selskap, AS Steinkjer Boligselskap, for å organisere bygginga av dei 57 husa som husgaven bestod av, med tomtefordeling, utgraving og grunnarbeid. Det første svenskhuset (Ogndalsvegen 44) var innflyttingsklart i april 1941, og same haust var samtlige hus tatt i bruk. Boligselskapet administrerte husmassen gjennom heile krigen, deretter vart husa selt til bebuarane. I dag er dei fleste svenskhusa i Steinkjer kraftig om- og tilbygde.

10.1.10.4.1 Ogndalsvegen 48/50 Kategori B

Ogndalsvegen 48/50 har så mykje av sitt autentiske ytre (og indre?) i behald, at ein kan vurdere vern. Huset har og den tilleggsverdien at den kjende pianisten og pianopedagogen Svein Ottesen budde her i ei årrekke.

10.1.10.5 Villastrøket Sørsibakken – kategori C

På Sørsibakken (og i mindre omfang på Nordsihaugen) vart det allereie vinteren 1940/41 bygd ei rekkje eineboligustader med utsyn vestover mot fjorden. Mange er teikna av Sverre Olsen, men mange kjente trondheimsarkitekter har også teikna hus her. Sørsibakken og Nordsihaugen vart gradvis bygd ut mellom 1941 og 1965. Ønske om meir plass og moderne funksjonalitet har ført til mykje om- og påbygging som gjer at heilskapen i strøka gradvis blir borte, og at viktige arkitektoniske kvalitetar blir øydelagde.

Mange av eineboligane i strøket er teikna av Sverre Olsen, mellom andre ein villa i mur for bestyrer Holien. (Furuskogvegen 12), den representative villaen for banksjef Røsæg (Otto Sverdrups vei 19) og den litt enklare, men karaktersterke villaen for tannlege Heyeraas (Otto Sverdrups vei 21). Her budde Olsen forøvrig sjølv med kone og tre barn i 2. etasje, inntil han i 1947 kunne flytte inn i sitt eige hus. (sjå nedafor). Alle desse bygningane er relativt autentiske i sitt ytre og har fine arkitektoniske kvalitetar. Dei slår oss kanskje ikkje som utprega modernistiske med sine saltak og ganske vanlege vindauger. Men form følgjer funksjon og funksjonen skal kome til syne i fasaden. I nr 21 er all representativ symmetri forlatt, inngangen ligg ut mot hjørnet, halve fasaden mot gata er vindaugslaus og fortel om funksjonar som ikkje treng dagslys.

10.1.10.5.1 Furuskogvegen 26 – kategori B

Sverre Olsen teikna eineboligustad og kontor til seg sjølv i 1947. Eksteriøret og det meste av interiøret er autentisk og held høg arkitektonisk, materialmessig og handverksmessig kvalitet. Daglegstue/peisestue er skilt ut i eit eige,



Øverst: Sverre Olsens eige hus frå 1947.

Under: Hus for sokneprest Ola Lynum, teikna av John Tverdahl i 1940.

Nederst: MilBo-hus, teikna av Helmer Hofset i 1951.

Alle foto: Robert Øfsti



lågt bygningsvolum. Det store, sprosselause panoramavindaugget åpner seg mot utsynet over furuskog og fjord, og knytter hagen tett til interiøret. I underetasjen i hovudvolumet låg arkitektkontoret, der tre arkitektur teikna det nye Steinkjer i åra 1947 -1950, assistert av ei kontordame.

10.1.10.5.2 Furuskogvegen 3 – kategori B

Furuskogvegen 3 vart teikna av den kjende trondheimarkitekten John Tverdahl (1890-1969) for Ola Lynum (1893-1959) ein markant kyrkjeleg og kulturell person i Steinkjer-samfunnet i ei årrekkje, sokneprest frå 1934 til 1959. Huset har utvendig ein autentisk utsjånad og det er heller ikkje gjort store endringar innvendig. Det har høg arkitektonisk kvalitet, med sine rikt profilerte søyler (av nyare dato), og hjørnepilastre som imiterar murverk. Tegningane vart godkjende allereie i november 1940 og er såleis eitt av dei aller eldste gjenreisingshusa i Steinkjer. Det kan vere av nasjonal verdi som eit tidleg og godt bevart døme på vendinga i arkitekturen frå internasjonal funkis til eit meir «nasjonalt» formspråk. 1. Steinkjer speidertropp hadde patrulje- og troppslokale i «Prestkjelleren» frå 1945 til Spiderhuset vart bygd i 1963.

10.1.10.5.3 Furuskogvegen 18 – kategori B

Furuskogvegen 18, teikna av John Stensås i 1940 for verkseier Einar Rønning har eit relativt autentisk ytre og klare arkitektoniske kvalitetar. Typisk for tida er første etasjes framspring for stue, med lufterveranda rett ut for soverommet i andre etasje. Ei fin trapp og garasje med rullesteinsmur i garasjefasaden er samanbunde av ein omsorgsfullt utforma hagemur mot Furuskogvegen.

10.1.10.6 Milbo – kategori B/C

I løpet av gjenreisingsperioden vart store delar av den gamle byen og praktisk talt alt areal innafor den nye bygrensa frå 1948, bebygd med hagebyar. Nye bustadformer (tomannsboligen, firemannsboligen, rekkehuset, blokka); nye organisasjonsformer (bustadbyggelag og burettslag); og nye finansieringsformer – Husbanken; løyste langt på veg bustadspørsmålet. Omtrent alle fekk ein sosialt akseptabel bustad til ein sosialt akseptabel pris. Hagebystråka ligg der framleis og har behalde karakteren sin, sjølv om om- og påbygging gradvis har svekka autentisiteten. Men berre unntaksvis har enkeltbygningane ein slik arkitektonisk kvalitet at dei i seg sjølv kan reknast som verneverdige kulturminne.

Med den kalde krigen mellom NATO og Warszawapakten (Norge vart medlem i NATO i 1949) følgde ei sterk militær opprusting og kraftig utbygging av Steinkjersannan. For byen førde det til at den sterke veksten og den store byggeaktiviteten heldt fram. Offiserar og befal måtte ha hus. MILBO (MILitære BOLigbyggelag) fekk bygd 16 horisontaldelte tomannsbustadar på Skjefte etter teikningar av Helmer Hofset (1920-2006). Både reguleringsplanen for området og den bygningstypen Hofset teikna, held høg arkitektonisk kvalitet. Hofset var ein meister i å lage gode planløyningar og var opptatt av å sameine det konstruktive med det estetiske. I gavlen på dei Milbo-husa som har unngått endring, kan vi sjå korleis det bérande systemet med stolpe og dragar kjem til syne i fasaden.

Åsavegen 20 er eksteriørmessig autentisk, med unntak av at det i samband med nytt tak har fått upassande vindskier. Interiøret er ikkje undersøkt.

10.1.10.7 Ogdalsvegen 65-111 – kategori C

Det er nestan symbolsk at Harald Gilde (1921-1999) like før kommunesamanslåinga, på grensa til nabokommunen Ogdal, som ei avslutning på gjenreisingsperioden teikna det siste hagebyprosjektet - fire rekkehus på Guldbergaunet. Med sin karakteristiske sagtakka grunnplan som gir rom for eit lite vindfang på gatesida og ein



Over: Rekkehusa på Guldbergaunet, teikna av Harald Gilde i 1961

Under: Kalv Arnesons gate 16, teikna for Hjalmar Ålberg i 1946, av Knut Bergersen

Foto: Robert Øfsti



lun og skjerma verandakrok på hagesida, med kjøkken og gjennomgåande stue i andre etasje, med ein liten privat hageflekk og eit stort felles grøntaral, er dette kan hende det best planlagte bustadområdet i Steinkjer. Planen viser ei grunnflate på berre 48m², men ei særst gjennomtenkt og kompakt planløsning gjer at leilighetane i praksis er overraskande romlege. Etter nesten 50 år som «Raudrekka», «Grønnekka» «Blårekka» og «Gulrekka» er no alle like grå. Det kan gje opphav til refleksjonar omkring verdien og mulegheitane av å bevare immaterielle kulturminne som slike namn. Eksteriørmessig er nye og litt større verandaer med tilhøyrande skjermvegger, nye ytterdører og trapper dei einaste endringane i høve til den opphavlege utsjånaden.

10.1.10.8 Kalv Arnesons gate 16 – kategori B

Like nedafor Nordsihaugen teikna trondheimsarkitekten Knut Bergersen (1915-2010) i 1946 ein villa for Hjalmar Aalberg, Dette huset ligg innafor reguleringsgrensa for vedteken reguleringsplan Nordsia og er såleis på eitt vis tatt stilling til, men det har så klare arkitektoniske kvalitetar og eit så autentisk eksteriør (og truleg interiør) at det er ønskeleg med ei ny vurdering.

10.1.10.9 Nyreising i Egge og Ogdal

Eit anna viktig trekk i historia er at gjenreising førde med seg mykje nyreising. Medan folketalet i sjølve Steinkjer vaks med ca 1000 personar (ca 30%) frå 1940 til 1950, vaks folketalet i dei næraste nabokommunane med ca 2200 i same perioden, truleg i all hovudsak i bustadfelt tett opp til bygrensa. Sannsynlegvis flytta mange til steinkjerområdet for direkte og indirekte å arbeide med gjenreisinga, som sannsynlegvis førde til viktige demografiske endringar i store delar av Nord-Trøndelag. Ønske om meir plass og moderne funksjonalitet har også her ført til mykje om- og påbygging som gjer at heilskapen i desse nyreisingsstrøka gradvis blir borte. Bygningane her er i all hovudsak enkle og standardiserte løysingar som kvar for seg er av mindre arkitektonisk verneverdi, men fortellinga om ein viktig epoke blir mindre og mindre tydeleg. Det finst enkeltbygg verdte å vurdere for vern.

10.1.10.9.1 Åsvegen 50 – kategori C

Ein god representant for den representative villane er Åsvegen 50 i gamle Egge kommune, «Grane», teikna av Axel Guldahl jr i 1941. Inspirasjonen fra den internasjonale modernismen er tydeleg i denne teglsteinsbygninga med sine elegante søyler i underetasjen. Guldahl jr var ein av Trondheims leiande funksjonalistar i tida før 2.verdskrigen og truleg den arkitekten som ved sida av Sverre Olsen har prega gjenreisingsbyen Steinkjer sterkest.

10.1.10.9.2 Bergvegen 16/18 – kategori C Bergvegen 16/18 på Reina i gamle Ogdal kommune teikna Otto Nøst i desember 1956 ein tomannsbolig. Same år teikna han Heggessåsen 22/24, ein tomannsbolig der m.a. han sjølv budde. Begge er gode representantar for nybygging i nabokommunane sine sentrumsnære strøk og har klare arkitektoniske kvalitetar.

10.1.11 Myrslovegen 146 – kategori C.

På slutten av 1970-talet var Den kalde krigen mellom NATO og Warsawapaktlanda på sitt kaldaste på lenge. Ein frykta ein ny storkrig, ein atomkrig. Eitt døme på denne frykta er organisasjonen «Nei til nye atomvåpen» som vart stifta i 1979 som ein protestkampanje mot NATOs dobbeltvedtak om å plassere ut nye atomvåpen i Vest-Europa, og som ein protest mot Sovjetunionens utplassering av SS-20 atomrakettar. I 1983 samla «Aksjon mot forhåndslagring» 100 000 underskrifter. Myrslovegen 146 er eit permanent, materielt uttrykk for den same frykta. Dette særmerkte våningshuset vart reist i 1980/81. Det er bygd over ein kvadratisk grunnplan, med 20-30 cm armert betong i alle veggjar og dekke. Det har to etasjar pluss sokkel og ein kjellar med stort vassreservoar. På taket var det tenkt eit drivhus under eit tårnforma tak av aluminium og glass. Bygninga uttrykker byggherren sin idé om eit hus for å overleve ein tredje verdskrig. Kunnskapsverdiane er knytta til den politiske historia og viser

kor sterk frykta for ein ny krig kunne vere omkring 1980. Dette gir også bygninga ein pedagogisk bruksverdi. Den arkitektoniske opplevingsverdien er derimot diskuterbar.

10.2 Landbruk

Landbruket har gjennom fleire tusen år stått sentralt i Steinkjer. Lang tids verksemd har sett spor i landskapet kring gardsbruka og plassane, men og i utmarka og på fjellet. Vi finn mellom anna setervollar med hustuffer og høybuer i slåttenga.

10.2.1 Seterdrift

Seterbruk og utmarkslått har røter langt attende i tida, kanhende så langt attende som då klimaforverringa kring starten på vår tidsrekning gjorde hausting av vinterfôr heilt naudsynt.

Når det vart for lite beite ved garden måtte dyra lenger og lenger ut i marka for å finne mat. Da vart det etter kvart meir praktisk å bygge hus ute i marka og mjølke der enn å gå den lange vegen heim to gongar i døgeret. Slik unngjekk ein òg at dyr gjorde skade på åker og eng heime. Slik oppsto setra. Etter kvart kunne garden ha fleire setre som vart brukt til ulike tider. Heimsetra vart nytta vår og haust medan fjellsetra var i bruk om sommaren.

På setervollen vart gjerne skjul og masstu bygd under felles tak med skjulgang mellom. Eit gjerde rundt skjul og masstu hindra husdyra i å kome heilt inntil husveggen og trakke sund grastorva. Ved gjerdet låg det gjerne flate steinar der dyra fekk salt. Ofte var det jordgolv i begge husa, men skjulet fekk etter kvart tregolv og i masstua vart det ofte lagt steinheller. Var det høve til det, vart masstua gravd litt ned i jorda så ein fekk ein kaldare lagerplass for mjølk, smør og ost. I masstua var det gjerne berre ein liten lufteglugge på veggen, og hyllene var hengt opp slik at mus og anna uty ikkje skulle nå opp til smøret og osten. I skjulgangen sto vassbytta. Inne i skjulet var det ofte friskt bar, så det lukta godt. Langs den eine veggen var det breie briskar. Så var det ei grue, gjerne med ein omn til matlaging, og separatoren hadde sin eigen plass.

Den første jordbrukstellinga frå 1907 syner 1498 setre og 122 361 mål utslått i Nord-Trøndelag. Dette er etter at meieria og moderne driftsformer er introdusert, og tala var nok mykje høgare 50 år tidlegare. Seterdrifta fekk eit oppsving i 1920- og 30-åra, men kom bort i løpet av det neste tiåret. På det meste var det nok mellom 150 og 200 setrer knytta til gardsbruk i Steinkjer. I Roktalen, Gaulstadfjellet, Mokkamarka og opp mot Skjækerfjellet i øvre del av Ognal er det åleine omtrent 40 setervollar. Ein er i ferd med å rydde og merke vollane.

10.2.1.2 Åssvesetran – kategori B

Da seterbruket var på sitt største i Kvam og Følling må det ha vore om lag 40 setrer i allmenningen og i alle fall ti heimsetrer i privat eige. Åssvesetran er mellom dei eldste i Kvam. I eit dokument frå 1661 fekk ein nybrottsmann bygsla seg rydningsbruk i Kverdall allmenning. Bøndene på Åssve protesterte ettersom dei allereie hadde seter der. Åssvesetran vart etter dette flytta dit ho ligg i dag, nordom Åssverossåsen i Bogn og Gilten allmenning. Seks gardar hadde rett til Åssvesetran og kvar gard hadde skjul, masstu, kufjøs og geitefjøs. Alle husa låg på rekke og ikkje i eit klyngetun som var det vanlege. Med 40-50 krøtter, setertauser og gjetarar vart det liv på vollen! Åssvesetran var i bruk til utpå 1940-talet. I dag er det att eitt hus, dei øvrige finn ein berre tuftene etter.

10.2.1.3 Huslia – kategori C

Huslia ligg på Nordfjellet i Beitstad, nord for vatnet Bleia. Gardane Inderberg og Sotberg på Jåddåren nytta Huslia, som var i bruk til slutten av 1940-åra. Truleg var det opphald i seterdrifta på slutten av 1800-talet. Da budde enka Anne Marta Kleven og sonen Anton fast her. Han var skogvoktar, «faut», i allmenningen. Det vart bygd nytt fjøs i 1934. Skjulet er litt uvanleg ved at bakveggen til grua er sjølve tømmerveggen. Det er sett i stand



Aunsetran. Seterskjulet i dag, sett frå fjøstomta. Foto: Kolbein Dahle.



Øverst: Åssvesetran ca 1900. Foto: Konrad Moe
 Over: Åssvesetran i 2011. Foto: Bodil Østerås
 Under: Gjetarsteinen i Volhaugen. Foto: Kjell Kippe

og vert nytta som hytte.

10.2.1.4 Heggesbekksetran – kategori C

Heggesbekksetran ligg ved Heggesbekken i Stod. Ho vart truleg anlagt ein gong i 1840-åra av brukarane på Heggesbekkmoen. Eit nytt skjul vart bygd i slutten av 20-åra, og setra var i bruk til i 1950. Både seterskjul og masstu står framleis.

10.2.1.5 Aunsetran i Sparbu – kategori C

Den 24. juni 1920 ga Fylkesmannen i Nord-Trøndelag samtykke til bortfesting av ein del seterbruk og engsletter i Båbu statsskog. I alt 20 bønder og småbrukarar fekk på denne måten bygsel på seterrett. Skjulet vart bygd i 1922. Året etter fekk seterlaget støtte til å sette opp fjøset. Det hadde 60 båsplassar fram til 1939. Da vart ein halvdel rive og flytta til Nysetran i Leksdalen. I siste perioden fram til 1948 var det seks-sju kyr her. Deretter var det kviger på beite til 1968. Etter mange år med forfall kom nye vindauge, nytt tak og ny bordkledning på plass, og i 1992 stod skjulet ferdig til 70-årsmarkeringa.

10.2.1.6 Storroktsetran og Litlroktsetran i Sellifjell almenning – kategori C.

Også i Ognadal vart det dreve utstrekt setring. Storroktsetra vart opprusta omkring 1930. På Litlroktsetra vart det bygd tre sommarfjøs.

10.2.1.7 Gjetarsteinen i Volhaugen – kategori C

På nord-austre sida av Marsteinsvola i Sparbu ligg ein stein full av inskripsjonar. Den kallast Gjetarsteinen, så det er truleg gjetarar i området som har rissa inn initialane sine her. Ein tilsvarande stein ligg i Veldekloyva i Beitstad.

10.2.2 Fjellslått

Utmarka ga fôr. Sommarbeitet i seterhåggån var viktig, og det meste av vinterfôret vart henta frå myr- og fjellengslåtter, og i form av lauv og skav. Storparten av året var folk sysselsette med fôrberging. Fôret vart samla og tørka om sommaren og køyrd heim på sledeføre om vinteren.

Utover 1500-talet kan vi få grep om grensene for dei einskilde gardane sine slåttenger. Dei første som tok seg slåtteng fekk tak i dei finaste nærast bygda, medan dei som kom seinare måtte finne seg i å reise lengre til fjells. Det var eit strengt system, og det ser ut til at fjellet delvis var oppdelt i særskilte område for setring og slåtteng.

Fjellslåtten starta når dei var ferdige heime på garden. Karane tok med seg ljå og kvinnene rive og gjekk til fjells. Var det godt tørkevêr, slo dei gjerne graset i tre-tida på morgonen. Då rakk dei å vende det eit par gongar i løpet av dagen, slik at det var tørt til seinkvelden. Høyet kunne dei tre på ein høystakk eller dra på slede fram til ei høybu. Høybuene låg spreidd utover fjellet på stader med lite snø om vinteren. Dei fekk som regel inn 6-12 sommarlass i kvar bu, tilsvarande 3-6 hentingar om vinteren. Som regel slo dei berre halve enga kvart år, slik at resten fekk rotne ned som gjødsel.

Etter 1900 stilna fjellslåtten av. Kunstgjødsel og grøtting auka både produksjonsmengd og areal nede i bygdene, og utmarka vart ikkje lenger ein livsviktig ressurs.

10.2.2.1 Kasperbua og Veinesbua i Kvamsfjella – kategori B

I ein rapport utarbeidd av Biofokus på oppdrag for Fylkesmannen blir det slått fast at slåttemyrene i Kvamsfjella har nasjonal verdi;

« Kvamsfjellet er et slåttelandskap. I hele det undersøkte området, fra Føllingheia i sørvest til Avunna og Lystjønna i nordøst, er vegetasjonen formet av markslåtten, og det er store områder med slåttemyr og





Øverst: Fjellslåttenger i Kvam. Foto: Bodil Østerås

Over: Restar etter ei gamal høytu på Hellenget i Kvamsfjellet. Foto: Bodil Østerås

Under: Kasperbua. Foto: Roger Lyngstad

slåttepåvirka engskog.[...] Vi anslår at omtrent halvparten av arealet på ca. 30 km² har blitt brukt direkte i slåtten (slåttemyr og slått engskog). Kvamsfjellet har ganske sikkert vært det viktigste området for markaslått for bygdene Egge, Kvam og Stod, og slåtten er godt dokumentert i historiske kilder. I området ligger det (rester av) 100-200 høybuer, tre av disse er restaurert i nyere tid. [...] det er ingen større områder uten viktige (B) eller svært viktige (A) myrer. Vi mener slåttemyrene i Kvamsfjellet har nasjonal verdi, og de aller fineste myrene ligger vest for Monsdalen, rundt Giltmarkvegen og mellom Haugrossåsen og Kvamshaugen».

Høybueene er ein naturleg del av dette landskapet. Kasperbua i Skogmarka og Veinesbua om lag ein kilometer lenger aust får stå som døme. Inne i buene står høysleden, slik den vart satt att etter siste lasset var frakta ein gong før 2.verdskrigen. Golvet består av barka tynne rundstokkar, lagt tett i tett. På begge kortveggane er det ein glugge. Kasperbua har eitt rom, mens det i Veinesbua har vore eit slags loft, med ein glugge. Kan det tenkast at loftet har vore overnattingsplass under fjellslåtten, eller lagerplass, eller lagra dei høyet i to høgder?

Kvifor namnet Kasperbua? Garden Skogan vart delt kring 1810. Jon Andersen Skogan og kona Marit Bårdsdatter dreiv den eine halvdel. Drengen på garden hette Kasper Jonsen. Han vart gift med Anne Bårdsdatter, søster til Marit, og dei overtok den andre halvdel. Det var ufredstid, og Kasper vart utkommandert til militæreneste. Vinteren 1814 skulle han få reise heim, da ei synsk kvinne i leiren spådde at han ikkje ville komme lenger enn at han såg heim. Kasper la til gjennom Brunstadmarka på heimtur, og derifrå såg han heim til Skogan. På veg over Skogvatnet gjekk han seg gjennom isen og spådomen gjekk i oppfylling. Enka Anna tok seg ein ny ektemann og dreiv garden Skogan vidare. Frå dette ekteskapet vart det ein ny Kasper i 1822. Ein av desse Kasparane er det nok som har gitt namn til bua, som dermed kan vere om lag 200 år gamal.

Veinesbua er noko høgare enn Kasparbua og vart bygd omkring 1928, og restaurert av Kvam historielag i samarbeid med eigaren rundt 1980. Bua har namn etter garden Veines, som hadde eitt av sine slåtteng her. Åsvedbua i Johaugen og Øksnesbua i Omlian er to andre restaurerte høybuer i Kvamsfjella.

10.2.2.2 Stakkstonga i Nollamarka – kategori B

Stakking av høy var alternativet til lagring i høytu. Då sette dei ned ei solid stong i myra, godt festa til underlaget med ei ramme, la kvist og greiner mot bakken og bygde opp høyet rundt denne stonga. Dei fleste stakkstengene er for lengst borte, men ved Lystjønna i Nollamarka i Kvam står det framleis ei. Ein del fjelleng heiter Stakkenget, nettopp fordi dei hadde høystakken ståande der.

Så seint som på 1950-talet var det òg fleire stakkstenger på Giskåsslettet, Litlroktsetran, Hollåsslettet og Småsetthalla, som alle ligg frå Giskåsgardane inn mot Storroktsetran.

10.2.3 Myr dyrking – kategori C

Så tidleg som i 1864 kom det framlegg om å dyrke opp Mæresmyra, om lag 4880 dekar mosemyr, kratt, røsslyng og skog. Først i 1907 oppretta Det Norske Myrselskap sin forsøksstasjon. I 1908 tok myrselskapet over 1879 dekar frå gardsbruka omkring. For å sette fart i arbeidet vart det forhandla om bruk av straffangar. Trondhjem Landsfengsel bygde opp ein fangeleir og i 1909 kom dyrkinga i gang med 29 straffangar. Kanaliseringa starta der noverande Mæresvegen kryssar Hølbekken og fylgde bekken nordover. Dei grov 1860 m hovudkanal, 1,6 m djup og 1,3 m brei i botn, med steinsette trapper for at vatnet ikkje skulle grave, og med trepålar på skrå i botn for å halde kantane på plass. Dei nytta spade, spett og hakke, og hest med skope for å slette utover kanaljorda. Då kanaliseringa var ferdig i 1913, hadde fangane grave 4360 m kanalgrøft. Så starta oppdyrkinga. Først hogg dei skogen, så fjerna dei stubbane med stubbrytar. Så skulle arealet flåhakkas for mose. Dei dyrka ikkje der det var kvitmosetorv, men nytta den til torvstrø i staden.

Ein artikkel i Nordenfjeldsk Tidende 13.9.1915 gir ei god skildring av forholda:

[...] Ein svær kanal, 8 m brei og 2 m djup gaar langs etter heile myra. Inn i denne gaar mindre smaakanalar og inn i desse gaar det atter dræneringsgrefter som oftast 16 m millomrom.[...] Som vi veit





Straffangar på myra grov 4360 m kanalgrøft for hand mellom 1909 og 1913.

Straffangar på myra grov 4360 meter kanalgrøft for hand mellom 1909 og 1913

er det fangar fraa Trondhjems distriktsfængsel som her driv myr dyrking. [...] Der låg 70 maal nyaaker av havre og bygg, og han var baade fin og frodig, saag det ut for. 150 maal laag flaa hakka og mosebrent, og venta paa grefter og plog. Det skulle gjerast i sumar. 10 fangar dreiv med svære hakkor og flengde upp mosetuvor. Dei stod der i graa buksor med svarte rønder, og med kvit busserull og huve. Sterke muskelfaste karar, som vart straffa for lausgangar brot. Desse gjorde arbeid for 3 kroner dagen, og hadde 10 timers arbeidsdag. Det stod ein uppsynsmann og heldt vakt. Dei er ofte huga til aa røma, men blir seint eller tidleg attekne, og blir sidan sett fast i fængslet, for til Mæresmyra fær dei ikkje koma meir naar dei fyrst har rømt ein gong. At desse straffangane hadde gjort gangsverk vitna dei kilometerlange kanalar og grefter om. Og grøne aakrar og engjer breidde seg ettersom fangarne for fram. Men graamyra minka og minka....

I 1919 var dyrka totalt 170 mål på Mæresmyra. Heile myra var delt i 130 felt, kor det var gjort alle moglege forsøksdyrkingar med m.a. trønderbygg, trønderhavre og timotei. Trondhjems Landsfængsel avslutta nydyrkinga i 1933 og averterte Myra til forpakting. Forpaktaren fekk kjøpe garden i 1954. Myra vart nytta som fængsel både i 1944 og hausten 1945, då tre landssvikdømte sona her.

10.2.3.1 Myra – kategori C

I 1916 kjøpte Staten Vekresmeieriet i Henning og flytta det til Myra, der det vart sett opp som permanent fængsel for 16 fangar og våningshus for overbetjenten som òg vart gardsstyrar. Huset står framleis, noko påbygd i 1956, då jerngitra framom vindauga i fange-enden også vart fjerna. Med oppdyrkinga vart det bruk for fjøs og låve, ferdigstilte i 1922. Her var det plass til 20 kyr, ungfø, tre hestar og ein okse, ni grisar og 30 høner.

10.2.4 Andre driftsbygningar – kategori C

På garden Øyster-Skei i Ogdal står eit tørkhus frå 1921-22. Korntørka er ei hylltørke med rørar, rotoren blir driven av ein motor med flatreim. Gardane Setten, Fossem, Kjørk-Skei og Øyster-Skei brukte tørkhuset, som var i bruk til 1951-52. Det er no restaurert, mellom anna med tradisjonelt spontak. Alt er i god stand, ein kan fyre i omnen og tørke korn.

10.3 Skogbruk

Steinkjer har utnytta sine store skogressursar i fleire hundre år. Grunneigarar og andre med rettar har henta ut skog til husbruk og for sal. Lokalbefolkninga, kjøpmenn frå Trondheim og andre hadde oppgangssager i mang ein bekk og elv, alt etter rettar og grunneigarforhold. På 1700-talet tok dei ut så mykje skog at det nærast vart snaut somme stader. Ogdal kommune var i si tid den nest største skogkommunen i landet. Kommunen vart eigar av Ogdalsbruket i 1902 og sysselsette på det meste 250 mann. Tømmerhoggarar kom langveisfrå og busette seg i dalen.

10.3.1.1 Vassfallet ved Selli – kategori C

På 1600-tallet spreidde sagbruksdrifta seg innover fjorden til Innherad, men det var først frå 1660-åra at næringa vaks. Vassfallet ved Selli har gitt kraft til både sag- og kvernbruk. Ein finn framleis fundament og dammar etter sagbruket som var i drift frå 1660-åra. Dei to kvernhusa ein også ser restar etter, er nok enno eldre. I 1709 skar sagmeister Ole Jensen Selli 500 bord på saga. I 1720-åra var saga ikkje i drift, men i 1730 var ho i gang igjen. I 1736 eigde Jacob Hersleb saga, og Anders Selli skar 250 bord det året. Familien Lyng på Gjævrån var eigarar av saga frå 1767. Då Ole Anton Qvam kjøpte Gjævrån i 1863 fylgde saga med på handelen. Han selde halvparten til naboen Jakob Lund året etter. Kanskje var saginga av tømmeret til nyfjøset på Lund i 1896 det siste store oppdraget på saga.



Over: Rognvassdammen
Under: Løftaren i Ryggafossen
Alle foto: Roger Lyngstad



Nordsjødammen. Foto: Roger Lyngstad

Nokre hundre meter lenger ned i elva, ved Østbyfossen, har Egge historielag og Egge Museum bygd opp eit vasskraftmiljø med kvern, stampehus og oppgangssag, den siste bygd med utgangspunkt i ei sag ved Meldal bygdemuseum

Ved Bøla-elva i Stod er det óg synlege spor etter ei oppgangssag.

10.3.1.2 Havda sag – kategori C

Saga låg i Sagfossen omtrent der Mokkaelva, Sør-Rokta og Havda møtast. Ho var eigd av Horneman-familien (sjå s.49) og var eit stort sagbruk, karakterisert som eit lite industrieventyr. I 1744 vart de skore 23 400 bord her. Spor som kan skrive seg frå sagbruket er synlege i terrenget.

10.3.2 Fløytardammen – kategori C

For å få tømmeret ut av skogane nytta dei alle moglege vassdrag. Magasindammar ved utløpa av tjern og vatn måtte til for å få nok vatn til å fløyte ned elva. Dammen vart forma etter landskapet, kort og høg der elva var smal, låg og vid i flatare landskap. Det var tre slags konstruksjonar. Nåledammen har vertikalt ståande plankar som støyter mot kraftige bjelkar oppe og nede. Plankane kunne heisas opp ein etter ein. Lukedammen har ei eller fleire luker som vart heist opp, og opninga vart regulert etter behov. Slagdammen har horisontale plankar festa med kjetting til ein stolpe på eine sida, hvilande mot ein tilsvarande stolpe på andre sida. Så slepte dei vatnet med å løyse opp på den første stolpen.

I tillegg til desse fanst friskjøt, bokkdam og vardam. Sistnemnte skulle hindre tømmeret i å reise inn i sidebekker, bergnabbar og evjer. Dei fleste dammane vart bygd av tømmer, med landkar fylde med stein. Framleis finn vi restar etter damanlegg av tømmer, t.d. ved Rognvatnet i Kvamsfjella. I nyare tid vart større fløytardamanlegg bygd av stein. Eit flott eksempel på dette er Nordsjødammen i Kvam, der Borgelva renn ut av Nordsjøen. Dammen vart bygd av By Brug i 1950, og erstatta ein gamal dam av treverk. Ein ser fundamenta av sistnemnte ved låg vass-stand.

Fløytingsdammane i dei mange små og store sideelvene til Ognå fortel om den store verksemda i Ognavassdraget. Skjellivassdammen er restaurert i 1989. Svartbekkdammen er ein lukedam med ei særskilt renne for å løype vatnet. Årengdammen vart bygd i 1951 og resataurert i 1997, og kan nyttast til demonstrasjon av tømmerfløyting. Det er også synlege spor etter Lauvassdammen og Myrbekkdammen.

10.3.3 Løftarar – kategori C

Ein løftar vart bygd i stryk der tømmeret lett kunne sette seg fast under fløytinga. Gode eksempel på dette er løftarane i Borgelva, den eine i Nedre Ryggafossen, den andre i Høgfossen.

10.3.4 Skogastua – kategori C

Tømmerhoggarane hadde gjerne enkle husvere å bu i, såkalla skogastuer med stall for hestane. Bjønnsåsstu – speiderhytta på Byafjellet er opprinneleg ei skogastue. Plasseringa skal vere den opprinnelege, men bygninga er sterkt ombygd. Stallen ved Mokkaelva er autentisk. På Egge museum står det også ei skogastue.

10.4 Handel

I bygdene vart handelen gjerne drive av gardbrukarar, som t.d. i Kvitvangsvågen i Sparbu, på Utvik og Vikan i Beitstad, på Ol og Flekstad i Kvam, av og til med gjestgiveri i tilknytning til handelen. I siste halvdel av 1800-åra bygde lokale handelsforeningar butikkar, og det vart bygd meieri, gjerne med ein meierisal som fungerte som samlingslokale. Rundt butikk og meieri vaks det fram bygdasentra med handtverkarar og bustadar og etter kvart samlingshus, aldersheim. og skole.



Røysing, eit bygdesentrum med meieri og butikk med post og telefonsentral



Den gamle Kvitvangaia. Foto: Bodil Østerås.

10.4.1 Røysing bygdesentrum – kategori C

Frå gammalt av var Skei med kyrkja og det store gravfeltet sentrum i Ogdal. Då Røysing meieri vart bygd i 1887 vart hovudvegen lagt om og området kring gardane Øvre og Nedre Røysing utvikla seg til å bli eit «moderne» bygdesentrum. Vegen nedanfor husa opp forbi smia og tørkhuset vart til «Smedgata» med fleire nye heimar. Meieriet produserte ost og smør. Ei ombygging ga rom til butikken som Bertin Kjesbu starta i allereie i 1889, samt forsamlingshus. Drifta av meieriet var tungvint dei første åra, for utan straum var det hestevandring som sørga for kraft. Is til kjøling vart saga i Oгна og Gravåstjønna og lagra i ishuset. I 1910 vart meieriet eit moderne dampmeieri, men tolv år seinare vart det lagt ned. Den største kunden var H. Aspås i Trondheim, og det var truleg hans konkurs i 1922 som førte til at meieriet vart nedlagt same år.

I 1908 tok Edvard Bolås over butikken. Han dreiv òg post og telefonsentral i meierigarden fram til 1913. Axel og Marianne Stigum kjøpte ledige butikklokalar i meierigarden i 1919, og dreiv i tillegg transport med både lastebil, drosjebil og buss. Under 2.verdskrigen, da det var mangel på bensin, etablerte Axel ein knottfabrikk for bilar med vedfyrte gassgeneratorar. Under lastebilgarasjen dreiv Einar Grøtan bilverkstad og bygde mellom anna gassgeneratorar. Axel Stigum held på til sist på 1950-talet, og butikkutsalet vart lagt ned i 1995. På Øver-Røysinga dreiv Ole Røysing snikkarverkstad og smie. Nedanfor smia sto saga. På 1930-40 talet kom det flyttande både bygdesnikkarar og sydamer til «Smedgata».

10.4.2 Kvitvangsvågen – kategori B

Kvitvangsvågen ligg inst i Borgenfjorden, på grensa mellom Sparbu og Inderøy. Denne vågen kan vere ein av dei eldste handelsplassane ved Trondheimsfjorden. Ved Kvitvang møttest allfarveg og sjøveg, og staden vart i fleire hundre år ein viktig lade- og lossestad for Sparbu. Det finst skriftlege prov på handel her frå sist på 1600-talet, men ein kan lett tenke seg at dei har utveksla varer her så langt tilbake som i vikingtida. «Efterretningen om Inderøens Fogderie» frå 1760-åra fortel at

I Borgesund har Mæhre Sogn nest ved den Bugt hvor Inderøen tilstøder under Kaarsen et Lade-sted kaldet Waagen, hvor Mæhre Sogns og Heigning Annexes Almue henbringer de Vahre som de med Jægter vil føre til Trondhiem.

Den 16. mai 1800 fekk Peder Olsen Saxhaug løyve til å drive handel med sild og fisk, kornprodukt, brennevin og tobakk i Kvitvangsvågen. Han bygde handelsbu og ei steinkai for jektetraffikk. I berget like ved ser ein jernringen dei fortøyde jektene i. Kaia vart sidan utvida til dampskipskai. Dampskipet «Nea» var først ute, og la til kai i vågen siste søndagen i august 1870. «Nea» hadde fast rute mellom Trondheim og Steinkjer med ein avstikker inn Borgenfjorden til 1880. Året etter trafikkerte «Jølster», men så vart det slutt for ei stund. «Værdalen» gjekk i dagleg rute nokre år på 1890-talet. Saxhaug fekk òg løyve til å drive gjestgiveri, og vart pålagt å brygge øl, medan brennevin var forbode. Vertshuset var berre for dei reisande. Johannes Johnsen Aas dreiv landhandleriet «Lykkens Prøve» frå 1875 til ut i 1890-åra. På same tid hadde han ein kaffetilsettingsfabrikk. Brødvarane til Aas var etterspurde, og sparbyggen drog gjerne til Aas i Vågen for å handle. Siste handelsmannen i Vågen var Jørgen J. Lyngstad som dreiv butikk i nordre delen av våningshuset på Kvitvang til 1907.

10.4.3 «Sko-Schei» – kategori B

Det er sjølvstakt ingen ting att av butikkar frå handelssenteret Steinkjer som vaks fram som bygdesentrum og vart ladested frå 1857. Den moderne handelsbyen som vart gjenreist på Sørsia etter bybrannen i 1900 er også borte. Og med få unntak er dei «mann-kone»-butikkane som Gjenreisingsbyen vart bygd for, også nedlagde. Unntaket er M.Schei Sko og manufaktur i Ogdalsvegen 12. Butikken vart etablert av Magne Schei i 1927, som i 1948 kunne flytte inn i sin eigen forretningsgard med butikk i første etasje og leilighet i andre. Bygninga er teikna av den kjende arkitekten Jan Inge Hovig og har framleis sitt originale interiør og eit eksteriør med autentiske neon-



«Sko-Schei» Foto: Robert Øfsti

skilt og fasadeskilt.

10.5 Bergverk

10.5.1 Kopparverka i Ogdal

Gaulstad og Mokka kopparverk var to sjølvstendige verk som var i drift frå ca 1760 til 1786. Rokne smeltehytte høyrde til Mokka, medan smeltehytta til Gaulstad kopparverk sto nede ved Hyttfossen i Skjellegrend. Da det heile stoppa opp hadde folketalet i Øvre Ogdal auka frå om lag 35 personar til nesten 300, og 40 nye husmannsplassar var etablerte. Sjølv om dei fleste flytta då gruveeventyret var over, slo ein del rot i Gaulstadgrenda, og Ogdal fekk mykje nytt blod på kort tid.

Eigaren av Mokka kopparverk var den mektige herren til Reins Kloster, justisråd Henrik Horneman (sjå også s 49). Han var gift med Abel Margrethe, dotter til sokneprest Christian Hersleb i Stod. Mokka kopparverk dreiv to gruver på sørsida av Mokkafjellet. Blankstøyten vart ein av dei beste gruvene i heile gruvefeltet. Hestvindgruva var ei loddrett sjakt med hestevandring som frakta opp gråberg og malm frå gruva.

Malmen måtte gjennom fleire prosessar før kopparet kunne seljast. Om kopparinnhaldet var 4-6 % vart det rekna som bra, medan ogndalsmalmen held litt over 2 %. Det var investorane (partisipantane) sjølv som sto for salet. Det var 12 timars arbeidsdag i gruvene og 12 timars skift. Gruvearbeidarane tente litt meir enn ei drengeløn. Minerarar, smedar og smeltarar låg truleg noko høgare i løn, og på toppen var hytteskrivarar, proviantskrivarar og stigarar. Dei høyrde til leiar- eller funksjonærskjiktet.

Kopparproduksjonen var viktig for våpenindustrien, og kanonfabrikkane i Holland var ein god kunde. Elles vart kopparen brukt til tak på slott og kyrkjer, helst i Danmark, eller til kyrkjeklokker og kokekar.

Alle hytteanlegg hadde ved sida av smeltehytta bygningar som smie, lagerhus, røstingsplass og administrasjonsbygg. Det kunne arbeide om lag ti personar ved kvar hytte.

10.5.1.1 Rokne smeltehytte – kategori B

Eit slikt anlegg er framleis synleg ved Rokne smeltehytte. I 1994 vart det gjort befarings- og arkeologiske utgravingar som påviste hustomter, røstestovner, lager av trekol og spor etter vassrenna til smeltehytta. Ved smelteanlegget ligg fleire kolmiletomter, men òg ei stor kolmiletomte med ferdigbrent kol, klar til bruk.

10.5.2 Sølvgruva i Oftenåsen – kategori C

Det finst ingen skriftlege opplysningar om sølvgruva i Oftenåsen. Truleg er verken drifta eller mineralforekomsten registrert. Men frå Henning blir det på folkemunne sagt at: «Når Oftenåsen brenn vil det renne sølv ut av berget», eller «Kongsberg er kalven og Oftenåsen kua».

Sølvgruva avslører seg ved ein stor overgrodd steintipp som bryt i landskapet. Gruveganga og steintippen syner at det er lagt ned mykje arbeid med boring, minering, transport av steinblokker og ikkje minst tømning av alt vatnet som siv inn. Inne ved bergveggen ligg det ein liten vasspytt, og her startar ein 8-10 m lang stoll som skråar nedover i bergveggen.

På to stader er det festa stokkar på tvers som danna trinn eller avsatsar. Det er kalkspat-årer i berget som truleg inneheld det metallet drivaren var ute etter. Det kan ha vore bryte blyglans på staden, kanskje med små mengder sølv.

Nede i gruva er det funne ein stige, ein neverkopp og to ladekjappar som framleis luktar krut. Neverkoppen hadde ein trepropp og den eine sida var surra saman med tæger. Dette kan ha vore eit krutmål eller ein krutbeholder. Stigen hadde sju trinn og var veldig primitivt laga. Trinna var festa med heimesmidd spikar. Stigen er dendrokronologisk datert til 1874. Etersom det er lengst inn at gruvegangen blir så bratt at det er bruk for stige, er det rimeleg å tru at han vart laga mot slutten av driftsperioden.



Restane etter Rokne smeltehytte. Foto: Bodil Østerås



Over: Inngangen til sølvgruva i Oftenåsen.

Foto: Bodil Østerås

Til venstre: Kvit platemarmor frå Sparbu i Nidarosdomen.

Foto: NGU)

Under: Marmorbrotet på Lænn / Frøset



10.5.3 Skrattåsgruva på Byafjellet – kategori B

I byrjinga av 1880-åra fekk Martin Skrattaas frå Skrattåsen gard rett til å undersøke og utnytte (mute) ein forekomst av sink-bly. Han selde denne til ein tyskar ved namn Lunnenschloss som i 1886 sette i gang prøvedrift. Fram til 1899 dreiv dei berre i Fundgruva, først som dagbrot, seinare som sjakt. Lunnenschloss gjekk konkurs etter kort tid, og brørne Rafael Kristian (1852-1933) og Jakob Andreas Hellen (1851- ?) frå Kvam overtok gruva. Dei var og involverte i andre gruveprosjekt. Gruvearbeidarar vart rekrutterte frå Røros og Ålen. Blant dei var Johannes Råen f. 1870, som vart stiger i gruva frå 1899. Andre åbygg-namn frå den tida er Holden, Vongraven, Nestvold og Moan. Kristofer Uppdal arbeidde ei tid her og skildrar livet i gruva i romanen «Stigieren» frå 1919.

Frå 1899 kom det meir fart i utviklinga. Litt aust for Fundgruva kom Storsynken med eit fall på ca. 43°. I starten var det ei hestevandring som dreiv pumpa som lensa gruva for vatn. I 1902 kom ein dampkjel som dreiv både pumpa og vinsjen som drog kibbane med malm langs skinnegangen. Dampkjelen var i bruk helt til ein kontrollør frå Fabrikktilsynet banka hol i han med ein hammar. Då vart kjelen kassert. Fabrikktilsynet var for øvrig aldri nede i gruva. Det var for farleg, sa dei. Seinare vart det montert en 12 hk bensinmotor til vinsjen og en bilmotor til pumpinga. Bilmotoren vart flytta nedover etter kvart som vassnivået sokk, med eit etterkvart langt eksosrør opp i dagen.

Malmen gjekk først til skeidehuset, kor sju-åtte kvinner handskeida i tre kvalitetar. Deretter vart malmen køyrd med hest på vinterføre til Steinkjer og utskipa. Vegen ned til Steinkjer var ca. 12 km og kvart lass omkring 700 – 800 kg. Rekorden var visstnok 1000 kg. Seinare vart malmen frakta med jernbane.

Stigieren med familie budde og hadde kontor ei to etasjars gruvestove. I borsmia sørga smeden Johan Fornes for kvasse bor, for det var berre handboring her. På det meste, i 1910, arbeidde ca. 40 mann i gruvene, og i tida 1889 – 1914 tok dei ut 2500 m³. Det ga 7500 tonn råmalm, handskeida til 891 tonn prima malm, 1195 tonn sekunda malm og 2565 tonn subus.

Frå 1914 til 1925 var det stans i drifta, og i 1927 var det heilt slutt.

Bjønnsåsen gruve ligg 300 m sørvest og og Marken gruve 1 km søraust for Skrattåsgruva.

10.5.4 Prøveskjerping ved Storrokta – kategori C

Kring førre hundreåret vart det gjort prøveskjerping om lag 5-600 meter nordvest for Storrokta i Ogdal. Det vart sett opp både hus og smie, og både synker og dagbrot er synlege. Så seint som i 1977 foretok Norsk Hydro kjerneboringar her.

10.5.5 Marmorbrotet på Lænn i Sparbu – kategori C

Marmor er kalkstein som er omdanna nede i jordskorpa. Dei norske marmorane består av kalkspat og/eller dolomitt (magnesiumkalk). Marmor kan forekomme i mange fargevariantar, kvit, grå, rosa og grønn. Sparbutypen av marmor er kvit med litt «skyer» av grafitt, og er særst godt egna til plater. I brotet på Lænn tok dei ut marmor til restaureringa av Nidarosdomen frå 1869. Heile sjakta her er fylt med skrotstein. Rundt omkring er det fire skrottippar. Eit tilsvarande brot ligg på nabogarden Frøset, men det er fylt med åkerstein.

10.6 Vasskraft

10.6.1 Helge-Rein-By Brug A/S – kategori C

Det har vore mølle- og sagbruksdrift ved Byafossen i mange hundre år. Aslak Bolts jordebok frå midten av 1400-talet fortel at Erkebispstolen eigde ein del av garden Helge, og at biskopen fekk eigedomsrett til Helgeidskverna i bytte mot at førre eigar fekk inntekter av Skjefte i Ogdalen. Då hadde sikkert fossekrafta vore nytta



i lang tid allereie. På andre sida av elva ligg By og Rein, og dei nytta sjølvsgagt fossekrafta på si side. Familien Gram kjøpte By i 1803, Helge i 1810, og Rein i 1824, og dreiv seinare desse som eitt bruk. Ut gjennom 1800-talet var det på det meste tolv par kverner ved fossen. Kverna på Helge-sida måtte vike plass for eit nytt tresliperi i 1896, medan By mølle, «Bya-kveinna», vart utvida og modernisert med sju kvernpår og grynkvern. Ho var i bruk til utpå 1940-talet.

10.6.1.1 Spinneriet – kategori C

I 1888 starta Jakob Gram «Steinkjær Uldspinneri» på Byafossen. Etter kvart vart verksemda utvida med veveri og fargeri. I spinneriet vart det bygd eit lite kraftverk som produserte straum til lys i fabrikk og husa på By, og til motoren på sjoddymaskina. Ein vassturbin dreiv dei andre maskinene. I 1904 skifta fabrikk namn og eigar, og Hans Holtan frå Holtan i Sparbu vart disponert for «A/S Stenkjær Uldvarefabrik». Ti kvinner og seks menn produserte kjole- og draktstoff, stoff til underklede og ullteppe. Fabrikk framstilte også veve- og ullgarn.

Etter ein brann i 1911 vart det bygd ei ny og moderne bygning i to etasjar med ei grunnflate på 600 m². Det vart sett inn 13 vevstolar, to spinnemaskiner og eit kardeverk i tillegg til ulike andre maskiner. Fabrikk hadde 30-40 tilsette som gjekk to skift i døgeret. Det gjekk i ulltepper og hestedekken og «Byvadmelet» fekk ry over heile landet for sin gode kvalitet. Fabrikk tok òg i mot heimvevd stoff til bereding. Ullstrikk og tekstilfiller gjekk til sjoddyproduksjon som fyll i stopping av møbler og i sengeteppe.

Mot slutten av 1950-åra var tevlinga innan tekstilbransjen stadig hardare, og etter at fabrikk på ny vart råka av brann i 1964, vart verksemda lagt ned.

10.6.1.2 Sliperiet – kategori B

Den siste av Gram-slekta på By, Jakob Gram, selde Helge, Rein og By til forretningsmenn i Trondheim i 1896, og vi fekk det vi dag kjenner som Helge-Rein-By Brug A/S. Desse vidareutvikla vasskrafta i Byafossen og bygde sliperi allereie same året.

Sliperiet skaffa arbeid til 60-70 personar på det meste. Fabrikk var i drift til 1992. Sia er fossen berre nytta til kraftproduksjon.

10.6.1.3 Arbeidarbustaden Storhåggan – kategori B

Familien Gram bygde fleire hus for sine tilsette, mellom anna Storhåggan, som og vert kalla Mesterborg. Tunet består av våningshus, uthus og stabbur. Uthuset er bygd i 1824. Våningshuset ber òg årstallet 1824, men er truleg eldre. Kan hende Storhåggån opprinneleg er husmannsplassen Helgeshagen som vi kjenner frå 1700-talet?

10.6.1.4 Taubanen til Eggebogen – kategori C

I 1898-99 vart det bygd ein 5 500 meter lang taubane frå tresliperiet til utskipingshamna i Eggebogen. Banen var i drift til mai 1969 og vart demontert i 1971. Framleis kan vi finne spor etter konstruksjonen. Banen, som vart driven av krafta frå driftsturbinen i sliperiet, hadde 50 transportvogner, to stasjonar (sliperiet på Helge-Rein-By Brug og Ballbua på kaia i Eggebogen) og tre strammepunkt. På endestasjonane vart vognene hengt av manuelt og førd gjennom stasjonen for på- og avlasting. Dei var strammestasjonar i Kudalen vest for By gard, på Våtåbakken og i Vinkelen i Bogen. Her braut banen den rette linja med nesten 80°. Taubanen hadde om lag 50 berebukkar, og der han kryssa veg og jernbane var det bygd kraftige bruer.

I 1924 vart det bygd ei eksporthamn i Eggebogen som var spesialtilpassa tremasseutskipinga frå taubanen. Allereie i samband med førebuingane til bygginga av jernbanen gjennom Steinkjer i 1899 var hamna med i planane, og det vart lagt eit sidespor til Bogen. Bogakaia var ei 64 m lang og 12,5 m brei pillarkai og fungerte godt



Øverst: Helge-Rein-By Brug; Søttemur og fundament for taubanen.

Over: Sliperiet med kontorbygget til høgre.

Under til venstre: Verkstadbygg.

Under til høgre: Storhåggån/Mesterborg med hus frå 1824. Alle foto: Roger Lyngstad





Taubanebukk med vogn i Eggebogen på 1960-talet. Foto: Ukjend



Over: Hegglikverna 2011

Til høgre: Elva Tverråa i Kvam med vassrenne fram til Hegglikverna. Alle foto: Bodil Østerås



for skip som stakk djupt i vatnet. For å ta i mot blaut tremasse vart det bygd eit stort lagerhus på kaia, «Ballbua», som vart riven i januar 2008.

10.6.2. Hegglikverna i Kvam – kategori B

Hegglikverna ligg ved elva Tverråa. Det er truleg den siste kverna i Steinkjer som er bevart på sin opprinnelige plass. Ho vart bygd kring 1870, men då vart det nytta stokkar frå eit eldre hus der årstalet 1846 er ripa inn. Kvernsteinane har ein diameter på om lag 1 m. Nabogarden til Heggli, Meldal, hadde òg kvern i Tverråa. I tillegg var det ei sag i elva med dam oppe på fjellet.

Heilt til langt inn på 1900-talet var kvernhuset ein like viktig bygning som fjøs og stall. I 1830 var det 20-30 000 gardskverner i Noreg. Med vatn direkte på kvernkallen og kvernstein frå Selbu fekk dei fleste bønder malt sitt eige korn, vanlegvis på flaumkverner som var i drift på hausten eller under vårflaumen. Langs bekker og åer med nokolunde årsikkert flaumvatn kunne det stå fleire gardskverner etter kvarandre. Ovanfor den øvste var det som regel ein dam. Når flaumvatnet kom, var det om å nytte tida, og ofte sat det folk i kvernhusa og passa kvernsteinen heile natta. På primstaven blir 1. september kalla kvernkvarnen. Den skulle minne bøndene om at det var på tide å køyre kornet til kverna.

10.6.3 Nodal mølle og Kvam elektrisitetsverk – kategori C

Skriftlege kjelder fortel at Nodal nordre hadde kvern i Nodalselfva i 1661. I 1891 sto bygdekverna ferdig i Nodalsfossen, etter initiativ av Hans Hegli (1951-1931). Han hadde vore bestyrar for Kvam forbruksforening og vart seinare kommunekasserar og stiftar av Kvam ungdomslag. Kverna var eit treetasjes bygg med to kverner, skalmaskin, reinseanlegg og tørke. Mølla fekk kraft gjennom ein inntaksdam med renne og overfallshjul.

Kvernsteinane vart henta med hest frå Selbu. Mølla vart seinare bygd om, og i 1958/59 vart ho flytta til Grøtan, der ho framleis står. På 1930-talet heitte møllaren Mortinius Nodal. Han var ein kjempesterk gubbe. Ein dag fekk kvernsteinane tak i den nokså fillete trøya til Mortinius. På ein eller anna måte fekk han tak i eikane på eit drivhjul for kverna, og med eit kjempestrykk klarte han å stoppe steinen og kome seg laus. Då hadde steinen allereie gnege hol på både mageskinn og bukkinne, slik at magesekk og tarmar hang ut. Møllaren samla alt i nevene og gjekk den bratte bakken opp frå kverna og dei 500 metrane heim til Nodal. Han overlevde, men vart aldri den same som før.


I 1920 vart det bygd eit elektrisitetsverk ved mølla. Kvam e-verk, eller Nodal-verket som det gjerne vart kalla. Det forsynte bygda med straum frå Flekstad til Øvre Kvam. Var det knapt om vatn, hadde mølla førsteretten. E-verket vart tatt over av NTE i 1941.

10.6.4 Semsfossen Torvstrøsamslag A/S – kategori C

Vasskrafta i Semsfossen vart nytta til å drive ein torvstrøfabrikk. Torvstrø vart produsert av svakt omdanna kvitmosetorv som har stor emne til å suge opp vatn. Torva vart stukke i rektangulære, tynne skiver, gjerne om hausten, og lagt utover myrflata vinteren over. Torva utvidar seg ved frysing og tørka difor lettare når ho om våren vart lagt opp i spesielle hesjer eller hyller i mindre torvhus. Så vart torva frakta til produksjonsstaden. Sluttproduktet vart brukt som strø i fjøs og stall. Kunstgjødsel hadde så vidt kome på marknaden, men var dyrt. Ved å bruke torvstrø under dyra greidde ein å samle opp meir av blautgjødsla.

Semsfossen Torvstrøsamslag A/S vart stifta den 13. desember 1897 av bygdefolket i Følling og Kvam. Der elva frå Lømsen går gjennom ein trong dal nedanfor garden Skei søndre vart det bygd ei demning. Frå demninga vart det grave ein kanal rett over neset og fram til brua. Like nedanfor brua var det eit vasshjul med kraftoverføring via ein 350 meter lang stålvaier til eit stort hjul på fabrikkveggen. Hjulet dreiv ein knusar og ei presse.

I tillegg til strø vart det levert store mengder torv til bygginga av Nordlandsbanen. Etter at ein flaum øydela demninga i 1909 vart det kjøpt inn lokomobil, som gav trekraft fram til 1940 då straum frå NTE overtok. Etter



Semsfossen Torvstrøfabrikk ca 1915, etter at lokomobilen var tatt i bruk. Foto er henta frå boka "Bekken og kvennkallen".



Over til høgre: Nodal, Kvam e-verk 2011. Foto Bodil Østerås
Over til venstre: Måleri av Nodal Mølle. O. Støen 1958. Foto Bodil Østerås



Sagfossen kraftstasjon. Til høgre turbinen, i dag plassert ved Egge Museum



krigen vart det slutt på leveransen av torv til NSB, og utover 1950- og 60-talet gjekk jordbruket over til kunstgjødsel, og spurnaden etter torv og strø stilna.

Torvstrøfabrikkar var det óg mellom anna på Sparbu og på Rismyra mellom Ogna og Byaelva.

10.6.5 Kraftverka i Kvernfossen og Sagfossen – kategori C

Stod kommunale elektrisitetsverk vart sett i drift i 1917, etter at ein komité hadde jobba med saka sidan 1913. Kraftselskapet kjøpte fallrettane i Klæbufossen, Laupsfossen, Kvernfossen og Sagfossen i Hatlingelva (som bytter namn til Klæbuelva, Forra og Forneselva på sin tur ned til Fossemvatnet). Dammen ved Hatlingvatnet stod ferdig i 1915, og i 1917 var inntaksdammen i Nedre Sela og kraftstasjonen i Kvernfossen (Stod Nedre) på plass. Men det dekte ikkje det aukande behovet for straum. Åsvassdammen vart bygd i 1919 og i 1920-21 bygde dei Stod Øvre i Sagfossen. Frå kraftverka gjekk det eit høgspennetnett på til saman 43 km og eit lågspennetnett på 53 km som skaffa straum til heile bygda og til dels nabobygdene.

Ved bygging av dammane måtte dei ta omsyn til tømmerfløytinga. I kontrakten mellom Stod kommune og Snaasen skogforvaltning frå 1915 står det m.a. at: «Dammen for Hatlingvatn anordnes med en samlet sluseopning av 12 m² og med tømmerrenne som til enhver tid av kommunen må holdes i sådan stand, at fløtningen kan foregå uhindret».

Kraftstasjonen i Kvernfossen brann ned til grunnen etter eit lynnedslag nyårsaftan 1972. Turbinen i Sagfossen var utslitt, stasjonen vart sett ut av drift i 1974, og terrenget rundt Sagfossen vart ført attende til det opphavlege i 1984. Begge turbinane er tatt vare på. Den frå Kvernfossen står utanfor NTE sitt hovudkontor i Steinkjer, og den frå Sagfossen står ved Egge Museum.

10.6.6 Hamrum kraftstasjon – kategori C

Hamrum kraftstasjon vart etablert ved Hamremselva i 1913, i eit samarbeid mellom grunneigaren Anders Salberg Hamrum og ingeniør Ramberg frå Trondheim. Indrøndelagen rapporterte 28. juli 1913:

Paa gaarden Hamrum i Sparbu anlægges for tiden av eieren Anders Hamrum et mindre elektrisitetsværk meddrivkraft fra et fald i en bæk, som løper gjennom eiendommen. Anlægget blir paa 7 hæstekrefter og er beregnet paa foruden til gaaardens behov for lys og drivkraft aa skaffe lys til Sparbu station. Dette er det første elektrisitetsværk i Sparbu.

Demningen vart bygd i betong med sparestein, 15 m lang og 0,5 m tjukk, 5 m høg og med to botnluker. Kraftverket var i bruk til ut i 1920-åra. Seinare vart demningen brukt som bru og snarveg mellom Løkka, Lein og stasjonsområdet. I 1942 vart demningen tatt i bruk på nytt. Ungdom utkommandert på Arbeidstjeneste vart sett til å bygge nye jordvollar ved dammen for å lage eit badebasseng. Dei laga nye damluke, og sette opp stupebrett. Dammen vart eit 80-90 m langt og 15 – 30 m breitt basseng. Her vart det bada og arrangert svømmestemner for AT-gutar og -jenter. Demningen er nokonlunde intakt, og langs eine sida av elva ser ein konturane av jordvollen

10.6.7 Steinkjer kommunale mølle og elektrisitetsverk – kategori B

Stenkjærfossens Møllebrug vart bygd i 1854. I 1857 vart drifta stoppa, men frå 1877 var det kontinuerleg drift til og med 2.verdskrigen. I 1870-åra arbeidde elleve mann ved mølla i sesongen. Etter ein brann i 1899 vart mølla bygd opp att, og det vart også montert ein dynamo for å skaffe elektrisk lys til mølla. Seinare vart det montert to dynamoar til. Namnet var no A/S Steinkjærfossen Mølle og Elektricitetsverk. I 1919 kjøpte Steinkjer kommune mølla, som skifta namn til Steinkjer Kommunale Mølle & Elektrisitetsverk. Mølla flytta til Sørsikaia i 1947, og i bygningane i Møllevegen produserte A/S Trepres golvplater av trespon og argentinsk okseblod i nokre år. Steinkjer Vulkanisering hadde tilhold her frå 1957 til 1973. Etter 1973 var det ikkje verksemd i bygninga.

Bykartet frå 1902 viser at anlegget bestod av den store møllebygninga med turbinar, bygd på tvers over tilløpskanalen, samt eit vinkelbygg i bakkant. Tilløpskanalen bestod av ein indre støttemur og ein ytre, nestan 140



Demningen til Hamrum-kraftverket i dag. Foto: Roger Lyngstad

m lang rullesteinsmur mot elva. Både kanalen og store delar av muren er godt synleg i dag, og det går ein tursti på muren. Øvst var det ein dam på tvers og ei issperre (i form av ein pælgard?) på skrå frå ytre mur over mot elvebreidda. Det står att nokre nokså nedrotta trestolper – anten etter dammen eller (mest sannsynleg) etter issperra. På bykartet frå 1957 er vinkelbygget borte, mens det er to påbygg på hovudbygget. Rullesteinsmuren har fått ei anna utforming ved innløpet, og det er laga eit utløp like ovom mølla. Dette er (sannsynlegvis) synleg framleis. Nedanfor mølla er det bygd ein ca 70 m lang mur mot elva. Sjølve muren er godt synleg frå Sørsia, men det opprinnelege elveløpet er utfyllt. Mølla var på 250 m² grunnflate og i fire etasjer dels i mur og dels i bindingsverk, med utvendig bordkledning. Alle bygningane vart rivne like før og etter 1990. Det går som nemnt ein tursti på den ytre muren, men det er ikkje lett å ta seg fram mellom muren og mølle-grunnmurane.

10.6.8 Støa kraftverk – kategori C

I 1909 bygde Paul Kvarving eit lite, privat kraftverk i Støafossen. Det dereiv ei lita gardskvern og skaffa lys til dei næraste gardane. I 1912 sette Ogn dal kommune ned ein fossekomite for å undersøke om det er muleg å byggje eit kommunalt kraftverk. I 1918 gjorde ein endeleg vedtak om å bygge ut Støafossen, og i 1920 byrja Støa kraftverk å levere straum til innbyggjarane i kommunen. I 1944 overtok Fylkesverket (NTE) kraftverket med linenett og utbyggingsrettar. Støa vart nedlagt i 1964 etter eit lynnedslag.

Kvarvings kraftverk var på 5 kw, akkurat som Petter Bruems verk i Bruemsbekken, som vart bygd på same tid. Bruemsverket står det framleis fundament og dam etter. Turbinen på Støa produserte 900 HK. Årsproduksjonen var på 3 GWh. Støa var såleis mellom dei største småkraftverka i fylket. Delar av dammen, inntaket til kanalen og truleg fundamenta for kraftstasjonen er framleis synleg.

10.6.9 Rygg kraftverk – kategori C

Rygg kraftverk er eit godt eksempel på 1900-tals småkraftverk. Utstyret vart flytta til Olselva i Kvam frå Tiltnes i Stod, der hadde det vore i drift frå 1910-17. I 1918 sto anlegget klart i Ryggafossen. Fallhøgda i fossen var berre 5-6 m. Ein Francis-turbin produserte produsere 24 kW 225 V likestrøm til dei næraste husa og gardsbruka. Verket var i bruk til midt på 50-talet. Turbin og generator står att.

10.7 Annan industri

10.7.1 Laup teglverk – kategori C

I Steinkjer har vi hatt ei rekke teglverk. Det mest kjende er truleg Trana teglverk som var ei vidareføring av gardsteglverket til Stor-Trana som kom i drift i 1852. Verket vart nedlagt i 1970.

Laup teglverk i Stod vart oppretta av lokale gardbrukarar i 1897, som eit aksjeselskap. Omnen vart mura våren 1897 og teglverket satt i drift. Det første året vart det produsert 8000 murstein, 3300 takstein, 1150 stk. 2" drensør og 12800 stk. 1 ½ " drensør. Meister ved verket den første tida var Teodor Berntsen frå Tranabakkan. I Laupsfossen stod det eit vasshjul med kraftoverføring til verket via eit kjettingtrekk. Vasshjulet dreiv leirmølla, blåsebelgane ved tørkeomnen, rørprensa og transportbandet. Tørkeomnen var mura av gråstein, og er i dag det einaste som står att etter teglverket. I 1941 brann verksbygninga ned til grunnen. Verket stod såleis ved ein korsveg. Skulle dei satse, måtte dei investere i ny omn og flikke opp anlegget. Behovet for teglprodukt var stort, og leire var det rikeleg av like ved. Dei satsa på vidare drift, og i 1947 vart det montert ei ny teglsteinsmaskin. På den tida var det fem arbeidarar ved verket. I 1950 vart verket seld til dei tre arbeidarane som då utgjorde arbeidss-tokken. Etter at dei overtok, vart det laga 70-80.000 drensør kvart år. Dette var ikkje nok til å drive økonomisk, og verket fekk heller ikkje tilskott til drift og utbygging. Siste driftsåret var 1957. Produksjonen på 40.000 rør var knapt 10 % av det dei måtte ha for å drive vidare.



Restar av omnen ved Laup teglverk

10.7.2 Kalkommenen på Vallem – kategori C

På engelsk heiter kalk «limestone». Romarane kalla kalk for limus, som tyder gjørme. Ordet lim er altså knytta til kalkstein. Den kalkhaldige berggrunnen på Innherad vart ein viktig ressurs utover i mellomalderen. Med innføringa av kristendomen følgde kunsten å bygge i stein. Kalkmørtel vart nytta som bindemiddel mellom steinblokkane i kyrkjer og kloster. Produksjonen i Trøndelag var ei tid så stor at kalk vart eksportert med jektene rundt om til nye handelsplassar. Men mot slutten av 1800-talet tok nokre få industribedrifter over heile marknaden.

På Vallem ved Mesundet i Kvam står ruinane etter ein ubrent kalkomn bygd kring 1900. I nærområdet er det også spor etter fleire brente omnar. Omnen er rund med ein diameter på om lag 6 m. Veggane er 1,5 m tjukke og er mura opp av kalksteinsblokker. Rundt omnen er det åtte fyringshol. Dei tjukke veggane isolerte og gjorde at temperaturen vart høg nok til at den kjemiske prosessen kunne gå.

Inni omnen vart det fylt opp med stein og fyr med store stokkar, og det kunne gå med 15 famn ved på ei brenning. Når temperaturen var oppe i 800-1100°C vart kalksteinen spalta til kalsiumoksid (brent kalk) og karbondioksid. Når ein såg ein blå flamme over omnen var brenninga ferdig. Da hadde det gått om lag tre døger. Ei vanleg brenning gav kring 500 tønner kalk.

Kalk vart òg nytta til vasking av fjøsvegger, ettersom blandinga hadde ein desinfiserande effekt. Leska kalk blanda med leire eller sand vart ei velling som vart rappa på steinmurar eller treveggar.

10.7.3 Dampsaga kulturhus – kategori B

«Høvel'n» og smia i Dampsaga kulturhus er det eldste og beste bevarte industrianlegget i gamle Steinkjer, og eitt av dei første industribygg i Nord-Trøndelag som er teikna av arkitekt. Mykje tyder på August Albertsen (1877-1956) er arkitekten.

I 1874 starta arkitekt Haakon Mosling ein snekkerifabrikk og seinare dampsagbruk på Nordsileiret. Etter brann og gjenreising, konkurs og ny oppstart kjøpte Sunnan Træforedlingslag anlegget i 1907 og endra namnet til Stenkjær Dampsag & Høvleri i 1909. Same år vart det bygd ny høvelbygning og smie med ein 23 m høg skorstein, alt i massiv tegl med utvendige fuger. Alt står framleis og er i dag «Høvel'n» og kinosjefens kontor. I 1914 brann sjølve saga, men vart straks bygd oppatt, og i 1915 sto sagbygninga ferdig, med yttervegger i massiv raud tegl – dagens teater- og konsertsal «Saga». Sagbruket vart modernisert i 1964 og vart ein del av Inn-Trøndelag Skogindustri A/S i 1976. Då selskapet i november 1978 tok i bruk nyanlegget sitt på Nordsileiret, vart den gamle Dampsaga kondemnert og skulle rivast. Bygninga sto i traseen for ein planlagt veg. Men Steinkjer Mannsangforening trong øvingslokale, og ideen om å bruke Dampsaga som kulturhus vart født. Utover 1980-talet fekk tanken fotfeste, og i 1992 vart det nye Dampsaga kulturhus innvia.

10.7.4 Sagbruksepoken i Paradisbukta og Steinvika – kategori C

Det vart grunnlagt fleire dampsager i Egge på slutten av 1800-talet. Stenvigen Dampsag AS vart stifta i 1874 og verksemda opphørde i 1927. Drammensaren Anders Bentson Grindaker som kjøpte Egge gard i 1882 hadde store visjonar for trelastindustrien i Steinkjerområdet. Han eigde Nordsjø bruk i Eggebogen og i 1883 henta han inn ein annan drammensar, Lars O. Selvig, til jobben som styrar. 13 år seinare hadde Selvig starta eige bedrift i Paradisbukta: Selvig Dampsag og Høvleri, eit omfattande anlegg med sirkelsag og høvel.

Det vart produsert bord, plankar og listverk. Motoren på 14 HK drifta også ei maskin som kunne lage måddå og måddåfar i planken i ein og same operasjon. Tømmeret vart kjøpt i distrikta kring Steinkjer og frakta til sagbruket med hest. Produkta gjekk til Vestlandet, men noko vart òg frakta nordover. Mange med byggeplanar frå nabolaget køyrde tømmer, og fleire tok seg kortvarig arbeid ved bruket for materialet dei trengde til husbygginga. Dette var ein lønsam byttehandel for begge partar, og husbygginga i Eggebogen og Steinvika skaut fart.

I 1923 overtok sonen Arthur Selvig bruket, og det vart nye utvidingar. Tømmeret vart i stor utstrekning kjøpt på rot og Selvig hadde fleire mindre sager i distriktet, mellom anna Tørre i Beitstad. På slutten var det 20-30 mann i



Kalkommenen på Vallem ved Mesundet i Kvam. Foto: Bodil Østerås



Selvig Brug i Paradisbukta i 1895. Foto: Egge Historielag



Over: Restar etter grunnmuren til det eldste hovudhuset ved Selvig Brug.
Foto: Lars Lilleby Macedo.
Til høgre: Tjære«fabrikken» i Fivesmarka.
Foto: Roger Lyngstad
Under: Rensemaskina GLOBUS frå 1942.
Foto: Roger Lyngstad



arbeid ved full drift. L. Selvig & co, som saga no heitte, var ei hjørnesteinsbedrift for folket i Egge. Ho brann ned i 1925, men vart raskt bygd opp att med større hus og nytt maskineri. Men deretter kom ein vanskeleg periode, og sagbruket vart lagt ned i 1930.

10.7.5 Tjærebrenning i Fivesmarka i Kvam – kategori C

Tjære vart produsert her i landet i tidleg mellomalder og truleg også før den tid. I Midt-Noreg er det funne spor etter såkalla myrmiler datert til 1100-talet. Magnus Lagabøters Landslov frå 1276 og Gulatingslova slår fast grenser for retten til å brenne tjære. Tiende i form av tjære blir òg omtala. Tjæreproduksjonen var omfattande i Noreg i tidleg mellomalder, og tjærebrenning av både skip og kyrkjer var lovregulert.

Myrmiler var forløparar til dei andre miltypene. Til husbruk nytta dei jerngryter i produksjonen, i større målestokk omnar. Tidlegaste tilløp til fabrikkproduksjon i Noreg fann stad i 1850-åra. Anlegget i Fivesmarka vart bygd i 1930-åra av gardbrukar og grunneigar Petter Eilertsen Five. Det fekk visstnok ei kort driftstid, men omnen er så solid bygd at han er heilt intakt.

10.7.6 Gilberg frørenseri i Sparbu – kategori C

Dei første frørenseria kom i siste halvdel av 1800-talet. Grasfrø og kløverfrø vart dyrka på eigne jordstykke, der det fekk stå til mogning. Enget slo dei med ljå, sidan slåmaskin eller bindar. Frøriset vart tørka på staur eller i hesjer. Så vart det køyrd inn på låven og treska, før det vart sendt til frørenseriet.

Gilberg frørenseri vart etablert av Jakob Gilberg i 1912. Siste generasjon frørensar var Ingvald Gilberg som dreiv på til 1968. I starten var drivkrafta ein lokomobil lånt frå Mære treskelag. Sidan kom ein parafindriven oljemotor og i 20-åra vart det lagt inn straum. Etter 2. verdskrigen vart renseriet modernisert, og slik står det på garden Gilberg i dag. Hamsknusemaskina GLOBUS frå 1942 står i første etasje. I andre etasje finn vi ei rensemaskin frå 1906 og ei frå 1912 saman med den nyaste frå 1942, og ein syretrør som hadde til oppgåve å skilje syrefrø frå engfrø.

Hamsen vart tømt i ei matemaskin, og gjekk derifrå inn på ei forrensemaskin. Her vart timotei og kløverfrø skilt frå kvarandre. Kløverfrøet gjekk vidare til hamsknusemaskina i første etasje. Her vart kløverfrø og hams skilt, og frøet vart førd med elevator til 2. etasje for rensing i purgatormaskinane og syretrøren. Rensemakinane hadde ulike såldstorleikar og lufttilførsel skilde frøet i 1.sort og 2.sort. Overskytande hams vart ført med elevator til eit utløpsrør kor den vart sekka opp. Denne hamsen nytta dei som strø i husdyrhaldet.

10.8 Samferdsel

Mange av vegane våre har utvikla seg frå ein liten sti eller eit dyretråkk. Så byrja ein å ri etter stien, og på vinteren vart det køyrd med hest og slede. Denne trafikken følgde naturlege leier i terrenget og vegane var ikkje arbeidd på noko vis (sjå ogå s 35). I 1664 utnemnde kongen særskilte embetsmenn med ansvaret for vegstellet i Noreg. Frå midten av 1700-talet vart det fart i vegbygginga og utbetring av ridevegane. Vegane vart bygde etter franske idear om at kortaste veg var etter ei rett line. Det medførte sjølsagt bratte stigningar og unnabakkar i vårt kupert landskap. Nye veglovar i 1824 og 1851 førte til auka løyvingar og meir fart i vegbygginga. No vart vegane lagt rundt åsane i staden for rett over. Det er desse traséane som er nytta fram mot vår tid, berre at svingane er vorte benka.

10.8.1 Veg og vegbru

10.8.1.1 Hjellan i Beitstad – kategori C

Den gamle «Tjodvegen» (hovudvegen) over Innherad til Namdalen gjekk nordom Hjellbotn. Dagens trasé Rv 17 langs sjøen kom i 1868. Den avløyste Kongevegen frå siste halvdel av 1700-talet som tek opp frå sjøen ved Stranda og går vidare frå Gammalgården over innmarka på Ner-Hjellan til Hjelltrøa. Men den eldste vegleia er ein



Tjodvegen over Hjellan er no ein fin turveg. Foto: Roger Lyngstad

rideveg mellom Fosnes og Hjellan. Vegen er teikna inn på eit kart frå 1784, og dette har gjort det mogleg å finna han att. Vegen vart rydda og merka i 2000, og er no ein fin turveg med god utsikt over fjorden og bygdene ikring. Frå denne vegen går det ein tverrveg ned mot sjøen. Langs denne ligg det fleire røyser, som enten er gravrøyser eller rydningsrøyser.

Vegstykket mellom Fosnes og Hjellan er til dels nokså bratt, og har hatt eit dårleg rykte. Etterretningen om Inderøens Fogderi frå 1760-åra fortel at «Hielde-Klævene er meget steile og høie, og paa nogle Steder saaledes at man med Broer, Reck-Værk og deslige Bygninger har maattet gjøre Veyen passabel». Langs vegen er det steingardar og humle ved Gammelgården, og tufter av husmannsplassen Storsveet.

10.8.1.2 Gamle Ogdalsveg kategori B/C

Den gamle Ogdalsvegen gjekk frå Vive i vest til Gaulstadgrenda i aust, ei strekning på ca 35 km. Delar av vegen er no innmark og andre delar følgjer noverande vegtrasé. Men store omleggingar av vegen på 1870-talet har gjort at store delar av den gamle vegen er bevart i terrenget. Dei ulike bevarte delane er truleg anlagt til litt ulike tider. Vegen er halde godt ved like og merka med informasjonstavler og trimkasser.

10.8.1.3. Lund bru i Egge – kategori B

I 1829 vart det fatta vedtak om å bygge bru over Lundelva, slik at det skulle bli lettare å kome til Steinkjer eller til kyrkje. Den ferdige brua tilhørde da også kyrkjelyden i Egge.

Brua er ei tørrmurt kvelvbru. Over ei forskaling av tre vart det stabla nøye tilhogde steinar i ein halvsirkel, med ein låsestein på toppen. Når forskalinga vart fjerna, låste steinane seg i ein halvsirkelforma brukvelv. Så vart brua lagt oppå steinfundamentet. Først i samband med bygginga av ny fylkesveg vart kvelvbrua overflødig og ny plasstøyt kulvert lagt over elva.

10.8.1.4 Nodal bru i Kvam – kategori B

Det er uvisst når den første Nodalsbrua vart bygd. Litt lenger opp i elva enn dagens bru kan vi sjå restar etter eit brukar. Det kan vere denne brua Gerhard Schøning teikna på si reise i 1773-74. Nedanfor kvelvbrua finn vi ein fint oppmura brufot i elvekanten. Eit dokument frå 1840-åra fortel om restaurering av denne brua, Nodal bru nummer to. I 1870-åra var det storstilt vegbygging i Kvam. Vegen vart lagt i nye trasé, og det måtte byggast ei tredje bru. Denne vart, som den førre, bygd i tre med brukar av stein. Brua fekk ei køyrebreidde på 3 m, var 8,8 m lang og tålte ei belastning på 4 tonn. I 1942 byrja arbeidet på bru nr fire. Det vart brote stein i Nodalsmarka og på Bra-setgrunn. Eitt arbeidslag frå Snåsa og eitt frå Ytter-Namdalen arbeidde frå kvar si side av elva med oppmuring av fundament for brukara. Så vart det bygd forskalingsboge til steinkvelvet. Kvelvbrua bar den aukande tungtrafikken i mange år framover, men vart for smal og måtte difor erstattast i 1981 med ny-brua i betong og strekkmetall. Fire bruer side om side syner utviklinga innanfor bruteknologien. To av dei kan du framleis gå tørrskodd over.

10.8.1.5 Hamrum steinkvelvbru – kategori C

Langs gammelvegen mellom Hamrum og Tuv i Sparbu passerer vi ei lita steinkvelvbru. I dag er det mest gang- og sykkeltrafikk over brua, men ho tålar godt personbiltrafikken òg.

10.8.1.6 Veiebrua i Sparbu – kategori C

«Aar 1848 den 30te October var Lensmand Petersen tilstæde paa Weie for at optage Overslag og modtage Anbud paa Bebyggelse af Veie Broe paa Ridevei No 8, 12te Rode. Broen bygges af Steen, med Hvelv, paa same sted som den gamle Broe staa, med et Strømløb af 6 alen. Tømmeret skal være



Kvelvbrua over Lundelva. Foto: Harald Duklæt



Fint oppmura brufot på brua som var i bruk fram til 1941. Foto: Bodil Østerås
To bruer side om side. Kvelvbrua frå 1941 og ny-brua frå 1981. Foto: Bodil Østerås



Over: Hamrum bru. Under til høgre : Veiebrua. Under til venstre: Veiebrua, Vegetasjonen tek lett overhand. Alle foto: Roger Lyngstad

vinterhugget, afbarket og frit for krumninger, stenen stor, sterk, tugtelig og veldannet, at den kan give Karene baade stødighed og Zirlighed»,

heiter det i Sparboens Veiprotocoll. Brua går over elva Skjelja på vegen mellom Sem og Veie. Her gjekk trafikken mellom Vassbygda ved Leksdalsvatnet og Steinkjer. Brua var ferdig til avtalt tid i august 1849 og gjorde nytte for seg i mange tiår. Mellom 1910 og 1920 vart vegen lagt om med nye bruer ved Veiesdalen, og frå 1960 gjekk gamalbrua heilt ut av bruk. I 1994 tok Sparbu historielag opp arbeidet med å restaurere den forfalne brua. Folk frå Statens vegvesen tok seg av oppmuringa av steinkvelven, og brua vart gjenopna i 1999. Ein 200 m lang gangsti frå parkeringsplassen i Veiesdalen fører til brua.

10.8.1.7 Fånnettbrua ved Skjølågrinda – kategori C.

Brua over Fånetta er ei fin steinkvelvbru, bygd i 1905. Det opprinnelege rekkverket av stabbesteinar er borte og ei ny strekkmetallbru ligg oppå den gamle brukvelven

10.8.1.8 Håkkadalsbrua i Steinkjer – kategori C

Håkkadalsbrua, landets første nettverksbogebru, vart opna i juli 1963 og er konstruert av Per Tvedt med arkitekt Terje Moe som rådgjevar. Ho er 93,75 m lang, med eit hovudspenn på 79,75 m. Bruspenet er 12 m høgt på det høgste. Nettverket av kablar oppspent i dei to bogene er ein konstruksjonsmessig finesse og bakgrunnen for namnet nettverksbogebru - ein mellomting mellom ei hengebru og ei vanleg «spennbru».

10.8.1.9 Skjeflo-furua – kategori C

Mellom Lauvatnet og Sandtjønnna i Ognaldsfjella står det ei gammel furu med inskripsjonen «O.P.S.S. 29de apr. 1782». Dette gjer furua meir interessant og verneverdig enn dei fleste andre furuer i kommunen. Initialane tilhøyrrer Ole Pedersen Schiefloe, gardbrukar på Mokk og stiger ved Gaulstad og Mokk kobbergruver. Etter at gruvedrifta vart lagt ned omkring 1780, tok han over heimgarden til kona Berit Olsdatter, som kom frå Sem Øvre ved Leksdalsvatnet i Sparbu. Våren 1782 dro dei frå Mokk. Skareføret var sterkt, så dei tok sjansen på å dra over fjellet. Berit var gravid i femte månad, fem små barn i alderen to til åtte år, tenarar, husdyr og husgeråd hadde dei òg med. Undervegs rasta og overnatta dei ved furua. Vi må rekne med at det var stor spenning knytta til neste dags føre, når Ole rissa inn den kjende inskripsjonen. Til alt hell heldt føret, og heile reisefølgjet kom heilskinna til Sem.

10.8.2 Jernbane, jernbanebruer og stasjonsbygg

Den første jernbanen i Noreg opna i 1854 og gjekk frå Christiania til Eidsvoll. I 1877 nådde jernbanen Trondheim, i 1881 Hell, og i 1905 opna Hell-Sunnanbanen. I 1926 nådde banen Snåsa. Langs lina vart det bygd ei rekkje stasjonar og vokterbustadar, bruer og undergangar. Vi skal følgje lina frå Sparbu gjennom Steinkjer og Stod til Snåsa-grensa.

10.8.2.1 Sparbu stasjon – kategori B

Stasjonsbygninga er teikna av Paul Armin Due og Paul Armin Due jr. Dei teikna samtlige stasjonar på Hell-Sunnan-banen. Det var vanleg NSB-praksis å sørge for einskapspreg langs dei ulike linene, og stasjonane langs Hell-Sunnanbanen er i ein nasjonalromantisk dragestil. Første etasje på Sparbu stasjon er bygd i grovpussa teglstein med detaljar i synleg tegl. Ytterveggane i andre etasje er av tre tommar plank. Uthusbygninga var bygd av lafta tømmer. Stasjonsbygninga er selt til private, er i bruk som bustadhus og er den utvendig sett mest autentiske stasjonsbygninga i kommunen.



Håkkadalsbrua. Foto: Robert Øfsti



Over: Sparbu stasjon
Til høgre: Figga jernbane-
bru



10.8.2.2 Figga bru og Steinkjer bru – kategori C

Både Figga bru og jernbanebrua over Steinkjerelva er rette fagverksbruer i to spenn, kvart på 23 høvesvis 48 m lengd. Arbeidet vart utført i perioden 1902 -1904. Fyllmasse og bygningsstein kom frå fjellskjæringa i Løsberga og frå gardane Hegge, Frøseth og Lø Fagverket vart levert og montert av Kværner Bruk, Kristiania og Kristiania Maskinverksted. Delane vart frakta med jernbane til Trondheim, dampskip til Steinkjer og med hest til byggeplas- sen. Over Steinkjerbrua vart det vurdert å bygge ei svingbru, slik at båttrafikken til pakkhusa oppe i elva kunne halde fram. Men grundige drøftingar førde til at jernbanen sitt framlegg om fastbru vart følgt. Pakkhuseigarane fekk i staden erstatning for tapet.

10.8.2.3 Steinkjer stasjon – kategori C

Det var skarp strid om kor stasjonsbygninga i Steinkjer skulle ligge, og ordføraren si dobbeltrøyst vart avgjerande. Stasjonsbygninga er i grovpussa tegl, med synleg tegl i detaljane. Uthus og privetbygning (rivne) var også i tegl. Eksteriøret er relativt godt bevart. Bygninga vart samanbygd mot sør med bussterminal/administras- jonsbygg for Fylkesbilene i Nord-Trøndelag og NSB på 1970-talet. Mot aust og nord er fasadane i hovudsak bev- arte, men trapp, dører og vindauge er ikkje autentiske. Mot vest er to halvsirklar i to rundboge vindauge attmura. Interiøret er også ombygd mange gongar og nytta på ulikt vis. I dag er ventehallen attende på sin opprinnelege plass, og nokre opprinnelege interiørdetaljar er framleis synlege, men ikledd NSBs noverande fargeprofil i raudt, kvitt og grått. Relieffa på fasaden med Fylkesbilene sin gamle logo er utført av Oluf Føinum.

10.8.2.4 Jernbaneparken – kategori B

Frå Figga vart jernbanesporet lagt på ein oppfylt bankett. I gropa mellom jernbanesporet og Strandvegen vart det i 1907/08 anlagt ein park, Nyparken, som i dag heiter Jernbaneparken.

Traséen gjekk tvers gjennom bydelen vi i dag kallar Sneppen. Omlag 20 hus vart fjerna, og det vart utbetalt 93.695 kroner i erstatning. «Der er opstukket en linie fra Figgabroen langs den nedre delen av ekserserplassen indtil litt sønnenfor Vodahls næst. Herfra gaar den over Leiret, tvers gjennom stasjonsholder Ronæs sin staldbyg- ning, forbi Karl Olsens hus og Badeanstalten, midt gjennom entréen i Thorbjørnsens Hotel og videre gjennom bødker Hofstads hus ved Hotel Haaka og kommer paa den nordre side av elven tett nedenfor ekspedisjonens nederste brygge og tangerer saa Johan Dallagers uthus, hvorefter den viser rett paa Kjerstina Andersens hus», skreiv pressa. I 1927 sto sidesporet til djupvassskaia i Bogen ferdig.



Steinkjer stasjon

10.8.2.5 Jernbaneskjæringa i Våttabakken – kategori C

For å forsere moreneryggen som omkransar Steinkjer by vart det grave ei skjæring gjennom Våttabakken. I si tid var dette den største skjæringa i jernbanehistoria: 85 m lang og 21 m djup. Totalt vart 125 000 m³ grus grave ut, halvparten for hand og halvparten med dampdriven gravemaskin. Det vart nytta damplokomotiv til bortkøyring av massane som mellom anna vart brukt til å fylle opp stasjonstomta og jernbanetraseen frå Figga til Sneppen. Byafossen stasjon var haldeplass fram til 25.11.1958. Han var oppført i plankereisverk og riven i 1971

10.8.2.6 Sunnan stasjon

Den offisielle opninga av Hell-Sunnanbanen skjedde 14. november 1905. Anlegget besto av stasjonsbygning, uthus, privet med vedbu, to godshus for to vogner, med gjennomgåande spor, og eit kryssingsspor.

Stasjonsbygninga sto opphavleg på Hell stasjon på Meråkerbanen frå 1881 til 1902, og er teikna av Peter Andreas Blix. I tillegg var det eit ekstraspør med godsrampe, kolskur, vasstårn, dreieskive og lokomotivstall for to lokomotiv. Både vasstårnet og lokomotivstallen ved Sunnan stasjon var bygd i tre slik at det skulle vere lettare



Her er dampgravemaskina Saturn i ferd med å grave seg gjennom jernbaneskjæringa i Våttabakken. Foto: Fotograf Aune gjennom Foreningen Gamle Steinkjer



Sunnan stasjon

å bygge om når banen skulle forlengast. Ein 60 m lang passasjerplattform låg aust for sporet. Eit sidespor gjekk ned til brygga ved Snåsavatnet. Traséen er framleis synleg. Stasjonsbygninga vart riven i 1978 og stasjonen nedlagd i 1988.

Årsaka til at Sunnan vart endestasjon, var usemja om vidare traséval. Dessutan var Snåsavatnet ei viktig samferdselsåre, som på denne måten vart knytta til jernbanenettet. I Nord-Trøndelag var det allmenn semje om at traséen burde gå over Stjørdal, Levanger, Steinkjer og Namsos, og allereie i 1870-åra låg det føre ein plan. Ti prosent av kostnadane skulle betalast av vertskommunane. Både i Stjørdal og i Sparbu vart det lokal strid om linjevalet. Fylkets jernbanekomote var i 1889 delt i spørsmålet om traséval mellom Steinkjer og Grong: Snåsalina, eller Beitstadlina over Namsos? Hovudargumenta for Snåsalina var at strekkinga var fem mil kortare, og at Snåsa ville få ei betre og sikrere trafikkavvikling. Beitstad hadde dessutan sjøverts samband, og det planlagde sidesporet frå Grong til Namsos var òg eit argument mot Beitstadlina. Men det sokna 3-4 gongar så mykje folk til Beitstadlina som til Snåsalina. Dessutan hadde Namsos samband til Ytre Namdal. Godstrafikken ville bli større og banen meir lønsam. Kommunane sørover gjekk inn for Snåsalina, Trondheim kommune truga jamvel med å trekke sitt tilskott om Beitstadlina vart vald. Namdalskommunane (unntatt Grong) gjekk inn for Beitstadlina. I 1900 gjekk fylkestinget med 18 mot 12 røyster inn for Snåsalina, som vart vedteke av Stortinget året etter. I følgje Land-splanen for jernbane frå 1908 skulle ein nå Grong innan 1922. I 1929 vart dette ein realitet.

10.8.2.8 Stod stasjon – kategori C

Berre dobbeltsporet og ein open flekk fortel kor Stod stasjon låg. Stasjonsbygninga kom i 1920 og vart riven i 1989. Plasseringa rett aust om Klingvoll skuldast ei planlagd vegbru over Klingsundet (sjå nedanfor).

10.8.2.9 Valløy stasjon – kategori C

Stasjonsbygninga er teikna av Eivind Gleditsch og bygd i 1920 til 1923 i nybarokk/nyklassisistisk stil, samanbygd med gods- og varmerom. Stod stasjon var av same typen. Stasjonen vart nedlagd i 1988, og bygninga er selt til private.

10.8.2.10 Gråsteinsmuring på jernbanen

Jernbanelina mellom Sunnan og Snåsa byr på fleire framifrå døme på gråsteinsmuring av høg kvalitet. Ca 1,5 km nord for stasjonsområdet er det ei lita bru over ein sti ned til Snåsavatnet, og like ved helleristningsfeltet med Bølareinen er det ei fin bru over elva Bøla. Også på strekkinga mellom Steinkjer og Sunnan finn ein døme på fin gråsteinsmuring.

10.8.3 Vassvegen

10.8.3.1 Klingsundet på kryss og tvers – kategori C

Gjennom århundra har det alltid vore ferdsel med båtar på Snåsavatnet. Små robåtar, litt større seglbåtar og dampbåtar har frakta folk, fe og varer. Størparten av vatnet var djupt nok, men tvers over Klingsundet går ein morene som nærast delar vatnet i to. Praktisk for dei som fór etter landevegen, men eit problem for båttrafikken. På tørre somrar kan ein vasse mellom Klinga i Stod og Haugan i Kvam.

Dette var frå gammalt av ein offentleg veg, med ferging om somrane, og brøyting av veg over isen på vinters tid. Ferginga over vatnet var ein del av det kommunale vegnettet på 1800- og 1900-talet. Frå gammalt av vart det ferga mellom Kvamsøra og Klinga. Sist på 1800-talet overtok Haugan i staden for Kvam. Jakob Haugan tok over som fergemann frå 1. oktober 1912 mot ei årleg godtgjering på 100 kr, og 40 øre i skysspengar. Når fleire reiste i lag var taksten 20 øre. Skyssen måtte tingast pr telefon. Jobben gjekk i arv frå far til son, og sist ut var Jann Haugan,




Valløy stasjon



Flekstadkaia. Steinkara strekker seg nesten 100 meter ut i Snåsavatnet, og er godt synlege ved låg vasstand. Foto: Roger Lyngstad



Over: Detalj av det eine steinkaret i Flekstadkaia. Foto: Roger Lyngstad
 Under: Naustet på Hoøya. Foto: Bodil Østerås



som ferga til midt på 1960-talet. Da var årane bytta ut med påhengsmotor.

Historia fortel om fergemannen som skulle frakte ei dame over vatnet ein regn- og skoddefull dag. Dei la i veg og vel framme, trudde han, sette han dama på land og rodde heim. Men då han nådde land, stod dama og tok imot ham. To gongar hadde han gjort same runden ute på vatnet utan å kome over.

Spørsmålet om bru over Snåsavatnet kom opp tidleg på 1900-talet, enno mens Stod og Kvam var ein kommune. På same tid kom striden mellom Beitstadlina og Snåsalina (sjå ovanfor). Jernbanekomiteen peikte i 1910 på at det var naudsynt med ei bru til rundt 100.000 kr for at Kvam skulle få betre tilgang til jernbanen. Brua kom med på vegplanen i 1918, og var tenkt oppført 1925-27 til ein kostnad av 410.000 kr. I og med at dei store båtane kom til å bli tatt ut av drift ved opninga av jernbanen til Snåsa, vart det planlagt ei låg bru på 40 m med fyllingar på begge sider. Dårlig byggegrunn gav frykt for auka kostnader, og når ein i tillegg fekk stor prisstiging, vart prosjektet utsett. Brua er ikkje nemnd i vegplanen for 1933-40. Så kom krigen. Tyskarane planla visstnok å fullføre bru-prosjektet, men det rakk dei ikkje.

Før vassdraget vart regulert, var Snåsavatnet nærast delt i to med ei elv dei kalla Hølen. Namnet kjem av at det er så mykje straum at det er isfritt her når resten av vatnet er islagd. Denne passasjen var tilstrekkeleg til vanleg, men på tørre somrar nytta det ikkje å kome fram. Båtar som Bonden og St. Olaf vart for store, og dei måtte difor mudre «elva», som i ettertid vart heitande Renna. Storparten av dette arbeidet vart utført rundt år 1900.

10.8.3.2 Naustet på Hoøya – kategori B

Alderen på naustet på Hoøya er ikkje nærare undersøkt, men det kan vere bygd først på 1800-talet. Det er heiltømra og taket er tekt med spon. I gavlveggen mot sjøen er ein brei port. Einaste lyskjelde er ein glugge over denne porten. Til naust å vere er det ein stor bygning, 7 x 9 m. På garder som satsa på fiske skulle det gjerne vere plass til fleire båtar, og her låg det to Åfjords-båtar, ein seksring og ein færing. Naustet skulle òg romme utstyr som børnskap, sjøhyre, barkekar, ulike garn og liner, kaggar og tauverk.

Naustet vart gitt til Egge Museum i 1973 og reist på det dåverande museumsområdet på Nordsihaugen, men flytta attende til sin opphavlege plass på Hoøya i 2003. Grunnen til at naustet ikkje ligg på landsida, er at det er for langgrunt der, og for langt å dra båtane på fjære sjø.

10.8.3.3 Steinkjer hamn – kategori C

Det er ikkje mykje av hamneanlegget i Steinkjer vi vil kalle kulturminne. Men rekka av trepæler som ligg like utom steinsettinga langs Nordsileiret mot elva, er over hundre år gamal. På bykartet frå 1902 finn vi att rekka som den eine ev to parallelle «pæleskjærm»-ar som går i nordaustleg/sørvestleg retning eit stykke ute i fjorden. Pæleskjermene skulle leie elvestraumen forbi kaianlegga slik at elva ikkje mudra att kaiene, verken på nordsia eller sørsia. På 1957-kartet er trepælene forsterka med ein steinmur, og idag spaserar folk rett forbi dei på Nordsileiret. Ein annan pælgard finn vi litt lenger opp i elva. Ute i elva står det også ein dykdalb – ein bunt av lange trepælar, samanbunde med kjetting eller jernring og nytta for å fortøye skip.

Truleg hadde Olve på Egg, Kalv Arneson og jarlane Erik og Svein skipa sine fortøyd omtrent her, ved Steinkjerelvas munning. Sia kom jektarten, men det var dampskipa som skapte behov for gode kaianlegg. Den første offentlege hamna i Steinkjer var ei 20 m lang steinkai frå andre halvdel av 1800-talet. I 1885 vart det gjennomført ei omfattande oppmudring av elveløpet og pælemurane vart sett opp. I 1898 er hamna omtala slik: «... er ikke nogen havn i dette ords egentlige betydning, men kun en almindelig laste- og losseplads og det tilmed endogsaa som saadan en, der kun afgiver en høist indskrenket og ubequem plads.» I 1901 vedtok kommunestyret å bygge nye kaier: På Nordsia, nedafor den komande jernbanebrua, og på Sørsia nedafor Sneppen/Håkkaområdet.

Kaiene på Nordsia heitte «Intrønderbrygga», «Farmandkaia» og «Dampsagkaia». De to første hadde namn etter dampskipa «Intrønderen» og «Farmand» som gikk i rutefart mellom Steinkjer og Trondheim. Dei vart ikkje gjenreist etter bombinga i 1940.



Pælane i elva anno 2012. Foto: Lars Lilleby Macedo

10.8.3.4 Fyrlykta «Jakob» – kategori C

Fyrlykta står i dag i småbåthamna i Bogen, men sto opprinneleg i innseglinga til hamna. Ho var i bruk frå ca 1890 til 1970, då oppmudringa tok til. Namnet skal skrive seg frå handelsmann og havnefogd Jakob Sæther.

10.9 Kyrkjer

Mære kyrkje (sjå s 44) er den einaste kyrkja i Steinkjer som er freda. Kyrkjene Skei, Følling, For og Egge er listeførde, fordi dei er oppførde mellom 1650 og 1850. Beitstad og Henning kyrkjer og Bodom kapell er også listeførde. Listeførde kyrkjer skal handsamast etter det såkalla kyrkjerundskrivet, som inneber at Riksantikvaren skal uttale seg om endringar og istandsettings- og vedlikehaldstiltak. Steinkjer kapell, Bartnes kapell og Steinkjer kyrkje er etterkrigsbygg. Vi har også spor etter to kyrkjestader, der kyrkjebygget i dag er borte (sjå s 44-45).

10.9.1 Skei kyrkje – kategori A

Skei kyrkje vart bygd i 1664 med bord-tak og tjærebreidde tømmerveggar utan utvendig bordkledning. Tårnet var ein takryttar med lauk-kuppel. I 1862 vart det lagt panel både utvendig og innvendig. Det vart lagt stein på taket og alle vindauger vart skifta ut. Det vart lagt underloft, og både altertavla, preikestolen og døypefonten vart måla opp. Kyrkja fekk sitt første orgel og dermed også orgelgalleri. I 1911 vart tårnet og våpenhuset rive og nytt tårn bygd på murane av våpenhuset. Nytt våpenhus vart sett opp ved tårnboten og det vart bygd nytt dåps-sakristi. Korbogen vart avrunda og med dette fekk kyrkja den utsjånad som ho har i dag. Den gamle døypefonten i kleberstein er frå 1200-talet og har kanskje vore fast inventar i alle kyrkjene på Skei. Nattverdsalken i sølv vart gitt av «kyrkjeverje» Jens Jensen Friis i 1664.

Namnet Skei kan truleg førast attende til eldre jernalder. Det ligg eit større gravfelt like ved kyrkja, så det er det grunn til å tru at Skei var samlingsstad lenge før den første kyrkja vart bygd, truleg på 1100-talet. Det var nok fleire kyrkjer mellom denne og den noverande, men vi saknar opplysningar om desse.

David Andreas Gram eigde Skei og Henning kyrkje med jordegods frå 1786 til 1803, da han overdrog dei til sokna. På Skei vart det reservert ein gravstad for familien. Det vart planta eit lønnetre som framleis står. I alt er 17 personar gravlagde på Gramhaugen, frå David Andreas Gram i 1832 til barnebarnet Elen Bodom i 1901. På kvar grav ligg det store plater av stein eller støypejern med namn og årstal.

10.9.2 Følling kyrkje og kyrkjestad – kategori A

Den noverande Følling kyrkje vart bygd i 1726. I 1728 vart rekneskapet gjort opp, og det framgår at tårnet vart tilgodesett med dei beste kjøpmannsbord og kopparbeslag, og på taket var det lagt 5550 teglstein kjøpt i Holland. Altertavla var det sokneprest Christopher Herslebs svoger Peder Frost og madam som skaffa. I 1765 vart kyrkja malt utvendig med tran og raudmaling, og i 1783 samla ungdommane i soknet inn pengar til innvendig maling. Dåpshuset vart oppført som eit særskilt bygg i 1755, og sto truleg til 1825, då det var ein større reparasjon på kyrkja. Gapestokken sto visstnok plassert ved kyrkjegardsporten, på nordre sida. I 1799 vart det innkjøpt ei ny jernlenke til denne.

Lars Hess Bing omtala kyrkja slik i 1797:

.. en liden, men smuk træekirke med et høit spir, staaende paa en stor bakke paa Gaarden Følling. Under kirkegulvet er et godt begravelsessted, hvor Præstegjeldets siste afdøde Sognepræst Hr Ole Molde er hensat, ligesaa Sorenskriverne Peder Rosted og søn Peder Andreas Rosted med deres hustruer o. fl.

Ut gjennom 1800-talet kom spørsmålet om riving opp. Saka løyste seg endeleg i 1867. Ein kongeleg resolusjon som vart lest opp i Følling kyrkje 5. søndag i faste slår fast at «Følling Kapelsogn udløses frå sin Forbindelse med Egge Sogn og opprettes til eget Aneks, saa ledes at den Egge Kirke af Følling Almue fortiden tilflydende Tiende



Skei kyrkje. Foto: Bodil Østerås



Følling kyrkje. Foto: Roger Lyngstad.

Interiøret i Følling kyrkje. Paul Ivar Wæhre fortel for ein skoleklasse.
Foto: Roger Lyngstad



og øvrige rettigheter overgaar til Følling Kirke». Følling var på nytt blitt eit fullverdig annekssokn, etter 200 års «ekteskap» med Egge.

I 1872 vart kyrkja restaurert under leiing av den kjente byggmeister Rasmus Overrein. Kyrkja fekk nytt og høgre tårn, større vindauge, ny preikestol, ny inngang, og ny bordkledning som vart mala kvit. I 1876 vart ho ombygd og pussa opp innvendig. Tårnet blåste ned i 1884, og nytt tårn vart bygd over våpenhuset.

I 1958 fikk kyrkja ei omfattande restaurering, under leiing av arkitekt John Tverdahl og byggmeister Olav Nordtug. Tverdahl rekonstruerte altertavla og Oscar Lynum laga figurene som mangla i altertavla. Altertavla er mala av Ola Sæter og Arne Bakken. Under restaureringa fann ein kong Christian VII sitt monogram i taket. Under golvet i våpenhuset var det ei rekke graver, og her fann dei ei lita kiste på bare 28,5 cm. Av andre funn var det m.a. 17 myntar, den eldste frå 1625, og den nyaste frå 1832.

Følling kyrkjestad har truleg ei fortid som førkristent hov. Det er funne restar etter kjeven av ein gris og ei tann frå ein hest her, og under kyrkja er det spor etter fleire branngraver. Kyrkja er første gong nemnd i Aslak Bolts jordebok frå omkring 1432, som Folinjar kirkja, soknekyrkje for Følling sokn. Kyrkja var for 19 bønder, berre 8 alen (ca 5 m) lang, og utan kor og våpenhus. I 1614 kom eit lafta tilbygg i vest, og i 1646 eit kor i aust. I 1670 kom vedtaket frå kyrkjekommisær Titus Bulche om at Følling kyrkje skulle leggest ned som soknekyrkje og soknet slås saman med Egge. Inntektene var for små og behovet for vedlikehald for stort. Bøndene i soknet gjekk imot at kyrkja skulle rivast, og baud seg til å vedlikehalde ho sjøve.

I 1720 skreiv presten Christopher Hersleb ein søknad til stiftamtsmannen og biskopen om støtte til nybygging:
Den gamle Staf Kiercke her udi Stods Gield, Kaldet Følling Kiercke, er udi Reformatsens Tid blefuet frataget alt sit Indkomme og senere henlagt til Egge Kiercke, udi Meening at Følling tilhørere sammesteds skulde søge derhen efter deris Betjenelse, som icke schied eller s u or Besværing for dem, efterdi der er en sterck Miil imellem Kierckerne, ja frå en liden Fieldbygd, hørende under Følling, og til Egge Kiercke halvanden Miil med en meget slem Vei, særdelis i uføre høst og Vaar, at de da icke vel kunde komme didhen med deris Lig at lade begrafue eller Copulationer at lade holde. Thi hafuer Indbyggerne av Følling Sogn, som kunde være til 24 udi Tallet, heller af egne Midler ville paakoste deris lille Guds Huus til dags at flicke og reparere, for derudi at nyde nogle Tienester om Aaret, samt deris brudevielser og liigbejengelser, efterdi der ved Steden er en meget smuck Kierckegaard.

Videre skriv Hersleb at den gamle stavkyrkja er aldeles til nedfalls, og at bøndene allereie har byrja å køyre fram tømmer til ny kyrkje. Det var ikkje mogleg å bruke noko frå den gamle kyrkja. Dei måtte ha nytt inventar, dører og vindauge, prekestol og altertavle. Dessutan måtte kyrkja ha stein på taket, og anna pryð, hvis ho skulle bli eit prydeligt Guds Huus, liggende udi en sterck alfarende Vey. Presten søkte om 100 riksdaler og fekk innvilga 60. Arbeidet starta, men Hersleb døydde året etter, så det vart sonen Jakob som fekk sjå den nye kyrkja stå ferdig.

10.9.3 Egge kyrkje – kategori A

Egge var ein storgard i vikingtid og mellomalder, men om det låg ei gardskyrkje eller eit privat kapell for stormenn knytta til garden, veit vi ingenting om. Det første skriftlege prov på ei kyrkje på Egge er i «Reformasten» frå 1588.

I 1765 sto det ei stor og sømeleg utstyrt korskyrkje på Egge. Etter gudstenesta søndag 11. august 1765 gjekk medhjelpar Alf Østby til Hegge med kyrkjenøkkelen. Her budde Margrete Hersleb, dotter av tidlegare sokneprest og kyrkjeieigar Jakob Hersleb (1689-1757). Det var torevér, og nett då Østby leverte nøkkelen slo lynet ned og sette kyrkja i eld.

I 1766 starta bygginga av dagens kyrkje - ei langkyrkje, 24 alen lang og 15 alen brei, med kor, skriftehus og våpenhus. Slik sto kyrkja til 1870. Da hadde folketalet auka sterkt, og kyrkja var for lita. Tømmeret i alle vegger vart skøyta på. Det vart sett inn større vindauge, som framleis står. Tårnfot vart bygd frå grunnen av i vestenden, og eit 47 ¼ alen høgt tårn sett opp. Sakristi vart bygd og kyrkja vart fornya innvendig. Firkanta stolpar vart reist som skilje mellom midtskip og sideskip, og desse bar taket som no hadde vorte ein god del breiare. Kyrkja vart 28 alen leng og 18 alen brei, med sitteplass til 484.



Egge kyrkje. Foto: Sigurd Kristiansen



For kyrkje Foto: Roger Lyngstad.

Byggmeister Rasmus Mentsen Overrein(1815-1895) sto for arbeidet, og ein kjenner att stilen hans, (jf Henning og Kvam kyrkje, som også er nygotiske langkyrkjer inspirert av arkitekt Christian Heinrich Grosch. Overrein var ansvarleg for reisinga av Namdalseid kyrkje, teikna av Grosch.)

Altartavla er mala av Einar Øfsti (1862-1906) frå Inderøy og framstiller Krossfestinga. Over denne hadde kunstnaren måla Gud, og som modell hadde han nytta sokneprest Albert Lange frå Inderøy. Han var kjend som ein ihuga grundtvigianar, og dette vart for hard kost. Gud vart difor lenge «forvist» til sakristiet, inntil han fekk plass på ein langvegg i skipet.

«Reformasten» frå 1588 seier lite om korleis kyrkja då såg ut, men skildring av bindingsverk og stolpar tydar på ei form for stavkyrkje med stolpane direkte nedgravne i bakken. 29 bønder sokna til kyrkja.

Jakob Hersleb skreiv i kallsboka si om den nye kyrkja som vart bygd i 1676. Skipet i den gamle kyrkja vart kor i den nye, og koret vart skriftehus. Det vart reist heilt nytt langskip og tverrskip, og der sto korskyrkja. Slike kyrkjer er sjeldne i Trøndelag. Det var truleg soknefolket som skaffa tømmer til kyrkja. Frå gamalt av var det bøndene si plikt å halde kyrkjer, som òg var deira eigendom. Denne eigendomsretten tok kongen frå folket på 1700-talet, da alle kyrkjer med tilhøyrande eigedom vart Kongens eige. Etterkvart måtte Kongen selje kyrkjene, og sokneprest Jakob Hersleb kjøpte alle kyrkjene i Stod prestegjeld for 1000 riksdaler, og vart såleis den første private eigar av Egge kyrkje. Han var gift med Inger Mareie Frost og dei budde på Egge medan han var kapellan i Stod, frå 1713 til 1723. Ved auksjonen etter Hersleb i 1758 kjøpte Rasmus Lyng på Gjævrån kyrkja.

10.9.4 For kyrkje – kategori A

Kyrkja slik vi ser ho i dag stod ferdig i 1846 og erstatta ei tidlegare tømmerkyrkje. Ho vart bygd etter arkitekt Hans D.F. Linstow (1787-1851) sine mønsterteikningar for hovudkyrkjer på landet. For kyrkje er den einaste Linstow-kyrkja i Trøndelag. Ho er bygd i kvitkalka mur, 36 alen lang, 18 ½ alen brei og 9 ½ alen høg frå grunnmur til tak.

Altartavla med «Jesus i Getsemane» er mala av den kjende nasjonalromantiske landskapsmalaren Johan Fredrik Eckersberg (1822-1970), og vart gitt som gåve av sokneprest Balchen, som også var ordførar i Stod i 1844-45. Alterkalken er frå 1757 og døypefatet frå slutten av 1700-talet.

Det opprinnelege valmtaket og kuppeltårnet vart ombygd av Rasmus Overrein i 1871, og året etter vart dei lukka kyrkjestolane opna for heile kyrkjelyden. I 1901 fekk kyrkja sakristi, og delingsveggane inne i kyrkja vart fjerna. I 1946 fekk kyrkja ei komplett overhaling utvendig og innvendig.

Den første kyrkja på For vart reist på Forahaugen mellom steinringar og gravhaugar frå førkristen tid. Soknet vart truleg etablert på 1200-talet, og i 1521 er For hovudkyrkja i «For Prestegjeld», med Egge og Følling som annekssokn. Ved reformatsen av 1589 vart sokna Kvam og Ol overført frå Snåsa til Stod. I 1648 vart det bygd ei tømmerkyrkje – truleg vest for dagens kyrkje. Utover 1800-talet ville soknet erstatte den falleferdige kyrkja som var i bruk til 1845. Prekestol, orgel og døypefont frå den gamle kyrkja vart innsett i den nye.

Ein runestein sto frå gamalt av på kyrkjegarden, og vart flytta lenger vest i 1648. I 1775 var den borte, men vart funne att i 1863. Jørn Sandnes har tolka innskrifta slik: «Her hviler Sira Klemet prest, far til Margareta. Be et paternoster for hans sjell! Fred og sæle skal hvile over Ranens enke Margareta. Torstein gjorde meg». Steinen står i dag på NTNU Vitenskapsmuseet i Trondheim.

10.9.5 Beitstad kyrkje – kategori A

Beitstad kyrkje vart bygd på garden Utvik sin grunn sommaren 1868 og vart vigsla 19. september 1869. Kyrkja er ei nygotisk langkyrkje, bygd etter arkitekt Jacob Wilhelm Nordan (1824-1892) sine typeteikningar for Kyrkjedepartementet. Altersølv, døypefat, ein stor lysestake frå 1671 og krusifikset vart førd over frå den gamle Solbergkyrkja. Verre var det med altartavla frå 1662. Ho var ikkje i samsvar med pietismens ideal og vart overlevert Vitenskapsmuseet i Trondheim. Den svenske målaren Edler laga ei ny, som samsvarte med dei nye idealane. I 1933 vart kyrkja renovert, og den gamle barokkaltartavla innsett att. Soknenamnet vart endra frå Solberg til Beitstad i

1913, men i ettertid er begge namna brukt.

10.9.6 Bartnes kyrkjestad – kategori C

Bartnes vart truleg kyrkjestad etter at kyrkja på Laugtu vart lagt ned i 1673. Da flytta dei kyrkja på Kjerkreit i Malm over sundet til Bartnes. I 1849 vedtok heradsstyret å flytte kyrkja attende til Malm. Året etter vart soknegransa endra så gardane Hammer, Rones, Grandhus, Bartnes, Lia, Stamnes og Holia vart lagt til Solbergsoknet, medan seks gardar på andre sida av sundet: Saugestad, Strømnes, Holmvik, Landsem, Gjelen og Tverås, vart lagt til det nye Malmo sokn. Kyrkja vart riven og frakta over isen vinteren 1850. I august året etter var kyrkja klar til bruk på Malmo. Ho vart fort for lita, men var i bruk til 1886, da ho vart seld og oppsett som kapell på Skålvær i Alstadhaug, Nordland.

Kyrkjegarden på Bartnes vart hjelpekyrkjegard for gardane på sørsida av sundet i 1851.

10.9.7 Henning kyrkje – kategori A

Kyrkja vart bygd av Rasmus Overrein og tatt i bruk i 1872, som erstatning for ei tømmerkyrkje frå 1665. Interiøret vart mala i nasjonal stil i 1912 under fagleg vegleing av treskjeraren og folkehøgskolemannen Lars Kinsarvik (1846-1925). Altertavla er mala av Lorents og Lauridts Smidt i 1860 og restaurert i 1912. Engelen som held døypefatet er frå gamalkyrkja, dåpsfatet og kanna er frå 1790. Bagabu kyrkje er nemnt i skriftlege kjelder frå 1289, Henning kyrkje i ulike bispebrev både i 1530 og 1589. David Andreas Gram eigde kyrkja frå 1786 til 1813, da ho kom i soknet sitt eige.

10.9.8 Kvam kyrkje – kategori C

Rasmus Overrein fekk i 1876 i oppdrag å arbeide fram ein plan for ei ny kyrkje i Kvam. (jf s 45). Dermed var det opna for lokaliseringstrid i soknet. Det vart halde møte og folkerøysting, men ordføraren, sokneprest Bødtker, såg inga anna råd enn å sende saka til kyrkjedepartementet, som ba biskop Grimelund i Nidaros om å synfare alternativa. Han kom med si innstilling, og ein kongeleg resolusjon slo fast at den nye kyrkja skulle byggast på Austre Kvam. Kyrkja vart innvigd av biskop Grimelund 13. november 1878. Ein del av inventaret vart flytta over frå den gamle kyrkja, mellom anna vart kyrkjeklokkene med på lasset. Orgelet vart bygd i 1880 av Mattias Klæbo på Steinkjer. Altertavla kom på plass i 1883. Ho er måla av (målemeister Christian Brunchorst?) Brun (1834- ?) frå Christiania og syner Jesu dåp.

10.9.9 Bodom kapell – kategori A

Det er langt frå heimane øvst i Ognadal til Skei kyrkje. I 1864 kom det ein søknad til heradsstyret frå Gaulstad-bygdene om kyrkjegard på Gaulstad, for å sleppe den lange køyreturen ved gravferder. Men ein kom ikkje vidare før i 1901. David Kristian Bodom (1823-1895) var barnebarn av David Andreas Gram (sjå s 46). Han var sjøoffiser, generalkonsul i Arkangelsk og medeigar i Ogndalsbruket frå 1863 til 1894. Da Ogndalsbruket vart seld ut av slekta, flytta både han og systera Elen (1821- 1901) til Christiania. Begge var ugifte og testamenterte pengar til ei kyrkje i Øvre Ognadal. Dei nye eigarane av Ogndalsbruket ga tilsegn om trevirke og fri grunn til kapell og kyrkjegard, og dessutan ein liten skogparsell til finansiering av framtidig vedlikehald. Arkitekt Søren Andreas Wiese-Opsahl (1880-1968) fekk i oppdrag å teikne kapellet, som vart bygd i nasjonalromantisk stil. Tysdag 1. august 1905 vart kapellet og kyrkjegarden vigsla av biskop W. A. Wexelsen. Stort sett alt av inventar var gitt i gåve av folk og lokale lag og foreningar i nabolaget. Diverre vart det øydelagt i ein brann på ein gard dit inventaret var lagra i samband med ei omfattande restaurering av kapellet i 1971. Men ogndalingane ga nytt inventar til kapellet sitt. Kapellet har endra status til kyrkje og det er jamnleg gudstenester der.



Øverst: Beitstad kyrkje.
Foto: Roger Lyngstad
Til høgre: Henning kyrkje.
Foto: Roger Lyngstad
Under: Kvam kyrkje.
Foto: kirkesok.no





10.9.10 Steinkjer kapell og krematorium – kategori B

Som eit fint fondmotiv i enden av Ogdalsvegen sett frå Kongens gate finn vi det arbeidet som har gitt arkitekt Hermann Semmelmann (1902-1979) nasjonalt ry – Steinkjer kapell, innvia i 1951. Fram til 1965 var kapellet interimkyrkje for Steinkjer, no er det eit gravferdsanlegg.

Ei brei trapp fører opp til ein open forhall med fire doble søylestillingar som ber eit kraftig valmtak. Furuskogen er tatt inn i anlegget med dei kraftige furutrea i hagen mellom kapellet og bisettingsrommet. Steinrelieffa kring inngangen er laga av Kristofer Leirdal, det keramiske relieffet over inngangen til bisettingsrommet er signert Nic. Schiøll. Innvendig er kapellet utsmykka av Henrik Sørensen (maleriet over korveggen), Oscar Lynum (trekrusifikset) og Herman Bongaard (glassarbeid i bisettingsrommet). Kapellet er praktisk talt i sin opprinnelege skipnad, og er såleis kan hende det mest autentiske gjenreisingsbygget vi har. Eksteriøret er regulert til bevaring, men interiøret er også verneverdig. Utvendig er muren skjemt av feilaktig vedlikehald av den kvite mineralittpussen. Den frittstående klokkestøpulen er teikna av Sverre Olsen i 1942.

10.9.11 Bartnes kapell – kategori C

Bartnes kyrkje er ei langkyrkje med plass til 100 personar. Kapellet stod ferdig i 1960, og vart vigsla 31. juli same år av biskop Arne Fjellbu. Kapellet er teikna av arkitekt John Aasum (1911-1976) frå Steinkjer, og oppført i kvitpussa betong og teglstein. Petter Folden var byggmeister. Tomta vart gitt av Leopold Bartnes og kyrkja vart finansiert med gåver frå ni sysken frå garden Ner-Granhus. I 2008 vart det avduka ein minnestein for dei ni på kyrkjegarden. Brudestolane og døypefonten er laga av Petter Folden, altarutsmykinga av Oscar Lynum.

10.9.12 Steinkjer kyrkje – kategori B

Kyrkja vart innvia den 25. mars 1965 og er den tredje kyrkja på staden. Den første, teikna av Henrik Bull, brann i 1900 og vart gjenreist etter teikningar av Karl Norum. Denne kyrkja brann 21. april 1940. Vanlegvis vart det utlyst arkitekttevlingar om monumentalbygga i gjenreisingsbyane. I Steinkjer vart Oslo-arkitekten Arnstein Arneberg (1882-1961) kontakta direkte, og det ligg føre skisser som viser korleis kyrkja var tenkt. Men først i 1963 var det grunnsteinsnedlegging for den nye kyrkja, no med Olav Platou (1918-2009) som utførande arkitekt. Ho er ved første augekast utprega modernistisk, med reine, rette liner, omtrent fri for ytre dekor. Men grunnplanen er den tradisjonelle basilikaforma med eit høgt midtskip og to lågare sideskip. Sett frå Torget er heile fasaden skjult av ein skjermvegg, slik vi kjenner frå engelsk gotikk. Det frittstående klokkeårnet har sitt historiske forbilde i italiensk mellomalder.

Innvendig er kontrasten slående mellom dei kvite veggane og det mørke taket med ein slags kyrkjeklokkeprofil taket. Taket svever liksom på ei stripe av lys. Koret er òg eigenarta. Det mest vanlege er at koret ligg som eit litt smalare (gjerne halvsirkulært eller kvadratisk) tilbygg for enden av skipet. Men i Steinkjerkyrkja er koret ein frittliggande plattform i enden av sjølve skipet, berre markert med nokre få trappetrinn opp.

Olav Platou tok kontakt med Jakob Weidemann (1923-2001) fordi han ønska at kyrkja skulle få ei modernistisk utsmykking. Weidemann mala både altertavla og glassmaleria i løpet av våren 1965, og da kyrkja vart innvia, var det med dei glassvindauga som no er utstilte i Weidemannrommet i Steinkjer rådhus. Etter innviinga vart dei demonterte og sende til kunstglassmeister Annar Millidal i Oslo, som saman med Weidemann «gjendikta» dei til dei blyglassvindauga som no smykker kyrkja. Men dei to vindauga nærast altaret på langveggane er laga med utgangspunkt i tradisjonelle kartongar, utførde av Weidemann.

Mosaikken på døypefonten er laga av steinkjerkunstnaren Inger Kvarving (1938-2007), bronsekrusifikset og dørhandtaka med korn og vindruer som motiv av Sivert Donali (1931-2010). Vevnaden i koret er vevd av Astri Oxaal etter kartong teikna av Kåre Mikkelsen Jonsborg (1912-1977).



Øverst: Bodom kapell
Foto: Bodil Østerås
Over: Steinkjer kapell
Foto: Robert Øfsti
Til høgre: Bartnes kapell



10.10 Andre institusjonar

10.10.1 Helse- og sosialinstitusjonar

Institusjonar for eldre og fattige er kjende sia mellomalderen, da gjerne i kyrkja sin regi. Hovudansvaret for eldreomsorgen låg hos familien, heilt fram til 1965 hadde barn lovpålagt plikt til å ta seg av foreldra sine. I byane vaks det på 1700-talet fram nye omsorgsinstitusjonar. Trondheim fekk t.d Thomas Angells Hus for eldre frå borgarskapet og Thomas Angells Stuer for fattige med god vandel. Aller nedst i omsorgsvesenet var fattighuset. På landet var legdsystemet vanleg: Gamle og sjuke utan skyldfolk fekk vere ein månad eller to på ein gard før dei vart sende til neste gard i «legda», som besto av 4-5 gardar i ei grend. Ordninga er nemnt i Frostatingslova og vara fram til Lov om fattigstell kom i 1900.

10.10.1.1 Gamleheimen i Stod – kategori B

Denne lova er truleg bakgrunnen for at Stod kommune sette ned ein komite i 1901 med tanke på å etablere ein gamleheim i kommunen. Tanken vart ikkje realisert før i 1919 da kommunen kjøpe garden Klæbu Nedre og tilsette Anne og Einar Høilo til å bestyre gard, eigedom og gamleheim. Denne jobben hadde dei til 1957. Husa på garden var gamle og nedslitte. Den freda hovudbygninga frå 1700-talet vart demontert og etter kvart attreist på Nordsihaugen da Steinkjer museum fekk tomt der i 1933. Klæbustua brente i 1980.

Den nye gamleheimen vart oppført i 1921-22 av lafta tømmer og var ei bygning i to etasjar på 420 m², med 27 rom, kjøkken, veranda og stor kjellar. Fjøs, stall, låve, stabbur, sagbruk og sommarfjøs utgjorde ein komplett gard med allsidig produksjon. I fjøset var det 20 kyr, kalvar, 4-5 hestar, høns, grisar og sauer. I tillegg til bestyrarparet var det fem fast tilsette.

Dei gamle deltok i arbeidet på garden i den grad dei var i stand til det. Ei slik ordning var det på fleire gamleheimar i Steinkjer, som Kvam austre i Kvam, Kvam i Egge, Trana i Ogn dal. På 1950-talet vart det vanleg å bruke nemninga aldersheim. Gamleheimen på Klæbu var i drift til 1977, da Stod Eldresenter på Binde sto ferdig. Husa vart da selde til private.

Ein har ikkje oversikt over kor mange gamleheimar som vart bygd særskilt for føremålet i perioden før Lov om alderstrygd kom i 1937. Stod aldersheim er truleg ein av få attverande, og truleg ein av dei mest autentiske, både inn- og utvendig. Men han er truleg prega av å ha stått ubrukt i snart 40 år. I følgje Askeladden er ingen aldersinstitusjonar i landet frå denne epoken freda. Liknande anlegg i andre kommunar kan vere regulert til bevaring.

10.10.1.2 Wimpelmannsgarden i Steinkjer – kategori A

Steinkjer Eldresenter held til i Wimpelmannsgarden, som vart bygd av Karsten Wimpelmann i 1851. Bygninga tente mange funksjonar, m.a som konsertlokale, skysstasjon, skole og prestebustad fram til ho vart gamleheim i 1925. Murbygninga aust for Wimpelmannsgarden er teikna av Hermann Semmelmann i 1959. Wimpelmannsgarden er regulert til bevaring.

10.10.1.3 Beitstad gamleheim, Utvikheimen – kategori C

Gamleheimen er oppført 1919 i nyklassisistisk stil med valmtak, fleire takarkar og kobbhus. Hovudfasaden mot Solbegvegen har eit framtrekt midtparti (ein risalitt) med fine klassiserande detaljar. Utvendig framtrer bygninga tilnærma autentisk. Kunnskapsverdiane knytta til arkitekturhistorie og sosialhistorie er store, dei estetiske og arkitektoniske opplevingsverdiane like eins. Bygninga var i bruk som eldresenter/omsorgsbolig til ut på 1980-talet, og har sia vore i privat eige og brukt til bustadformål.

10.10.2 Skolar

Norge fekk sin første skolelov i 1739. I 1827 kom «Lov angaaende Almue-Skolevæsenet pa Landet». «Lov om

Til høgre: Steinkjer kyrkje
Foto: Tor Morten Krogstad
Under: Stod gamleheim
Foto: Roger Lyngstad
Nederst.: Stod gamleheim, inngangsparti i nyklassisistisk stil.
Foto: Roger Lyngstad





Allmueskolene paa Landet» frå 1860 innfører egne skolebygg «Forsaavidt Bostederne ligge saa nær sammen, at Antal af mindst 30 skolepligtige Børn fra Hjemmet hver Dag kunne søge samme Skole, holdes denne i eget dertil opført eller leiet hensigtsmæssigt Locale»: (§3. 2. avsnitt) .

Men omgangsskolen er eit alternativ også etter Lov om Folkeskole paa Landet, som kom i 1889:

§ 13: For enhver Folkeskole skal der i Regelen opføres eller leies særskilt Lokale. Dog kan Skolen i Smaakredse (§3) og i Folkeskolekredse, hvis samlede Elevantal ikkje overstiger 20, holdes paa Omgang hos Kredsens Indvaanere, forsaavidt brugelige Rum der kan tilveiebringes. Inden nogen Plan for Opførelse av ny Skolebygning bliver vedtagen, skal Sundhedskommissionen og Overtilsynet have havt Anledning til at udtale sig om den. [...]

10.10.2.1 Vollan skole i Sparbu – kategori C

Vollan skole vart bygd i 1891 og var i bruk til 1968, da skolekrinsen saman med Bruheim vart slått i hop med Mære krins.

10.10.2.2 Steinkjer folkeskole – kategori A

Skolegata 22, Steinkjer gamle folkeskole frå 1904, er eit godt døme på den satsinga på skolebygg som prega byane i dei første tiåra av 1900-talet. Bygninga som vart reist etter bybrannen i 1900, hadde to klasseeromsfløyer med midtkorridor, forbunde av ei tverrfløy med mellom anna trapperom og lærarrom. I tredje etasje var det spesialrom, mellom anna skolekjøkken. I 1963 flytta skolen inn i nye bygningar (bygd i 1957-59), teikna av arkitekt Axel Guldahl jr. Denne skolen er eit fint uttrykk for 1950-talets nye, mindre autoritære idear om skolearkitektur: ein langstrekt to-etajers paviljong med sidekorridor og fleire inngangar. Begge bygningane huser i dag HiNT.

Den gamle folkeskolen er hovudsak ei nybarokk bygning, men samtidas Art Nouveau har festa seg som plant-eornamentikk rundt husnovene. Eit tre – venteleg «Kunnskapens tre» – veks opp av røter forma som Oseberg-or-namentikk. Heilt oppunder gesimsen har treet friske greiner og ber von om ny frukt i eit snart sjølvstendig Norge. Dei dekorative og oppbyggelege relieffa er truleg teikna av arkitekten – Gustav Lorenz Gulbrandsen (1871-1942). På baksida finn ein to nyreforma vindauge, eit typisk uttrykk for stilens interesse for organiske former. Vindauga er ikkje lenger mulege å sjå frå bakkeplan, men frå andre etasje i nybygget kan ein få auge på dei. Fasadane er regulert til bevaring gjennom plan- og bygningslova, men uryddige detaljar som søppelskur og lite gjennomtenkt skilting skjemmer uttrykket.

10.10.2.4 Moen skole i Beitstad – kategori C

Den gamle skolebygninga på Moen vart reist av tømmer i 1904, og restaurert i 1950. Bygninga vart nytta heilt til skolenedlegginga i 2013.

10.10.2.4 Bruheim (Bruem) skole i Sparbu – kategori C

Bruheim skole i Sparbu ligg ved tunet på garden Bruem. Bygget vart reist i 1912 av tømmer i to fulle etasjar og med loft. Bygget erstatta eit eldre frå 1861. Skolen har tre klasserom og bustad for læraren. I 1968 vart skolen lagt ned, og skolekrinsen slått saman med Vollan og Mære. I ettertid er skolen nytta av Heimevernet.

10.10.2.5 Mære landbruksskole – kategori C

Landbruksutdanninga i Nord-Trøndelag tok til i 1850 på By i Egge og flytta til Bunes i Verdal i 1856. Frå 1860 til 1870 hadde Søndre og Nordre Trondhjems amt felles landbruksskole på Rotvoll.

I 1890 hadde statsråd Hans Konrad Foosnæs frå Beitstad gjort framlegg om ei nyordning innan landbruksundervisninga. Dette vart ein viktig føresetnad for landbruksskolen på Mære som kom i gang hausten 1895, etter



Øverst: Vollan skole

Over: Steinkjer folkeskole. Foto: Robert Øfsti
Til høgre: : Moen skole

Under: Bruem skole. Foto: Roger Lyngstad





Øverst: Mære landbruksskole. Magasinet, kor skolen har sitt eige museum.

Foto: Roger Lyngstad

Over: Mære landbruksskole. Stabburet. Foto: Roger Lyngstad



Steinkjer ungdomsskole, bygd som Steinkjer offentlege landsgymnas i 1962.

Foto: Robert Øfsti

at amtstinget fekk eit godt tilbod om å overta Mære Nedre. Hovudbygget var ominnreidd, stórhus og drengestue sett i stand, medan det vart bygd nytt grishus, undervisningsbygg og internat.

Johannes Okkenhaug vart første styrar og virka til 1922. Fram til 1916 var det også husmorskole på Mære, med Marianne Krogh frå Høland som styrar. Ei av elevane ved husmorskolen har skildra skoleåret 1910-11 slik: «Vi var der for å lære. Kombinasjonen praksis og teori i jordbruk, hagebruk og husdyrstell saman med husstell, handarbeid, behandling og lagring av planteprodukter så vel som husdyrprodukter, var grunnlaget for at ei husmor på ein gard skulle fylle sin plass i heilheita på eit gardsbruk».

Under okkupasjonstida hadde skolen fleire besøk av Vidkun Quisling, og det vart halde fylkesting her. NS-mannen Næsgård vart bestyrar frå 1942, og tidlegare frontkjemparar fekk gratis utdanning.

Lærarar, fjøsmeister og husmor hadde buplikt på skolen til innpå 1970-talet. Elevane hadde laurdagsskole og plikt til å delta i arbeid på ettermiddagar og i helger.

10.10.2.6 Statens Skogsskole – Høvdingvegen 10. Kategori C.

Skolen vart oppretta i 1880. Skolen førde eit omflakkande liv fram til 1904, då den flytta inn i Wimpelmannsgarden. Kommunen ga gratis tomt til eigen skolebygning i Eggelia og i 1924 flytta skolen inn i egen bygning, teikna av Lorenz Harboe Ree i 1923 i typisk ny-klassisistisk stil. Første etasje inneheldt klasserom, leserom og bibliotek, medan andre etasje inneheldt kontor og to lærarbustadar. Midt på 1960-tallet vart tomte utvida til 16 dekar, og det vart laga eit arboretum med 20 utanlandske bartreslag. I 1966 vart det bygd eit eige kontor- og undervisningsbygg, teikna av Harald Gilde.

10.10.2.7 Steinkjer ungdomsskole, Ogdalsvegen 66 – kategori C.

Skolen vart bygd som Steinkjer offentlege landsgymnas i 1962, og er teikna av arkitekt Nils Henrik Eggen i firma Lien og Risan. Det er eit godt døme på eit nytt prinsipp for utforming av eit skoleanlegg, med mykje grønt og utan innelukka skolegard. Kunnskapsverdiane er knytta til arkitekturhistoria og planhistoria. Bygginga av gymnaset var ein viktig faktor i utviklinga av området til ein bydel for undervisning og idrett. Opplevingsverdiane er store, anlegget er estetisk tiltalende med god dimensjonering, gjennomtenkt materialbruk og fine detaljar. Bruksverdiane er store, bygninga er ein funksjonell skole. Den pedagogiske verdien og formidlingsverdien er stor, både for samtlige skoleelevar på Guldbergaunetområdet og for allmenheita.

10.11. Krigsminne

Av og til ønsker vi å gløyme kulturminne knytta til ubehagelege sider av vår historie, til dømes krigsminne. Ønsket om bevaring kan skape eller halde liv i konflikter. Like fullt spelar også slike kulturminne ei rolle i vår leiting etter samanhengar og meining i tilveret.

10.11.1 Stabburet på Jørem i Sparbu – kategori B


Under Armfeldt-toget i 1718 kom buret i skotlinja. Dei svenske soldatane var innom på garden og forsynte seg med bygg, havre og høy. Mat fann dei ikkje, men soga seier at dei tok til å ri rundt buret og skyte i veggane. I tertid har ein telt opp 15 – 20 kulehol. Men bly var verdfullt, og kulene vart plukka ut. I 1934 var buret så til nedfalls at det måtte novast opp på nytt. Det vart flytta til enden på stuelåna, fullstendig restaurert og litt mindre.

10.11.2 Anne Austli og «Hotellet» i Ogdal – kategori C

Ved Tolstadvegen rett sør for Tollstad ligg garden Svedjan, eller Sveet som det alltid vart sagt. Her budde enka Anne Austli (1897-1972) med fire søner og fem kyr. Anne Austli kom tidleg med i det illegale arbeidet under



Stabburet på Jørem. Til høgre: kulehol i veggen



2.verdskrigen, og leverte ein innsats i aller fremste rekke.

I starten av krigen nekta Anne å levere inn kulene til sin flunkande nye separator, så ho kommanderte sønene sine til å grave ei jordhole i nærleiken av garden for å gøyme separatoren der. Hola vart seinare kalla «Hotellet».

Motstandskarane Harald Larsen og Knut Sand frå Steinkjer greidde å rømme frå fangeleiren Falstad til Anne Austli sitt «hotell». Anne måtte vere doktor for å lækje skadane etter flukta, å sende bod på legehjelp var uråd. Larsen og Sand rømde til Sverige og kom seg over til England. Dei vende seinare heim til Noreg som Lingeekarar og fekk Svedjan som tilhaldsstad. Her hadde dei sendar og våpen og kontakt med John Hammer som køyrde rutebil, stadig med agentar nedover til Steinkjer og flyktningar oppover. Dei formidla òg kontakt med grenselosen Peder Elvereng i Gaulstad som i løpet av krigen hjelpte om lag 500 folk over til Sverige.

Var det framande i garden, hang Anne Austli opp eitt kvitt flagg for å åtvare Lingeekarane. Om dei var i garden når framande kom, sveiva ho på grammfonen for å varsle om besøket.

10.11.3 Tangen i Stod – kategori C

Felttoget gjennom Stod i april dagane 1940 gjekk langs veg og jernbane. For å hindre den tyske framrykkinga vart både vegbrua og jernbanebrua ved Tangen sprengt 27. april. Brua fekk lite skade, da ladinga visstnok var for svak, men jernbanebrua vart heilt øydelagd, og ein bit av ei skinne gjekk rett gjennom veggen på ei hytte ca 90 m unna og delte golvet i to.

Dagen etter var det kampar ved Tiltnes, kor hovudbygninga vart skoten i brann. Kamphandlingane heldt fram nokre dagar, og ein del tyskarar fall, men det er noko usikkert kor mange.

Fredag 3. mai kom ordren om at 1. bataljon til IR14 skulle til Mosjøen. Mannskapa gjekk opp på opne lastevogner, som vart skubba fram av eit lokomotiv. Dette toget skulle nordover til Jørstad. Der skulle mannskapet gå over på eit persontog med andre soldatar for vidare transport nordover. Men persontoget nordfra vart ved eit mistak sendt sørover mot Tangen i staden for å vente på Jørstad. Tidleg på morgonen den 3.mai kom meldinga om at dei to toga hadde kollidert i ein skarp kurve ved Tangen. Nokre av soldatane og togpersonalet rakk å kaste seg av vognene før det small, men åtte soldatar omkom. Søndag 5. mai kapitulerte dei norske styrkane på Snåsa.

15. april 1945 vart Tangen jernbanebru sprengt på nytt, denne gongen for å seinke tyskarane si evakuering sørover. Sprenginga vart utført av kommandogrupperne Woodlark og Rype under felles leiing av major William E. Colby. For historielag reiste i 1990 eit minnesmerke over desse hendingane på Tangen.

10.11.4 Fangeleiren i Holanmarka i Sparbu – kategori C

I krigsåra vart det bygd over 30 ammunisjonsbunkarar i Holan-/Langåsmarka, mellom Vist og Sandvolla. Arbeidet vart utført av ein lokal entreprenør, offisielt med 20 arbeidarar. Ei kjelde seier at 30 russiske krigsfangar også abeidde her. Russarane budde i ei godt vokta brakke med piggrådgerde rundt, like ved inngangen til den tyske leiren. Russarane fikk ha eit trekkspill i fangebrakka, og rett som det var kunne lokalbefolkninga høyre musikk gjennom veggane.

Ein lokal gardbrukar hevda i ei rettssak om anlegget i 1947 at han mista 100 mål med bra skogland til anlegget, og at det ikkje var noko gagn i å diskutere saka med utbyggaren. Utbyggingstempoet kommenterte han slik: «De mått vel driv sæ slik at arbeidet kuinn bli ferdig te freden kom, og karan fekk kom sæ te Steinkjer fer å få på sæ heimefrontbainna!» Her skin det nok gjennom ei klar heldning til folk som dreiv «tyskerarbeid».

10.11.5 Kinobrakka på Steinkjersannan – kategori C

Ei av dei aller siste bygningane som framleis står etter den militære verksemda på Steinkjersannan er kinobrakka. Ho vart bygd som teaterbrakke av tyskarane som og omgjort til velferdsbygg for soldatane i 1945/1946 med kinosal, bibliotek og diverse aktivitetsrom. Bygget var også sivil kinosal frå 1946 til 1951 da kinoen i Sam-



Minnestein på Tangen, Foto: Roger Lyngstad

funnshuset vart tatt i bruk. Kinobrakka vart kjøpt av Steinkjer kommune i august 2004 og nytta av Steinkjer skole. Det er vedteke å rive brakka i samband med bygging av ny barneskole. Ein del bygningsdetaljar frå eksteriøret er vel verdt å ta vare på.

10.11.6 «Illegal» kvern på Giskås i Ogdal – kategori C.

Kverna vart bygd av Ingvar høa, John Høen og Ole Giskås og gøymd i agnbua. Kverna er intakt, med motor

10.12 Ferie og fritid

For dei breie lag av folket er fritid og ferie eit relativt nytt fenomen. Arbeidarrørsla lanserte så tidleg som i 1880-åra parolen om 3x8, dvs åtte timar arbeidsdag, åtte timar kvile og åtte timar fritid. Kravet viser sjølvsgagt at det ikkje var slik ein hadde det. Og i ein situasjon der bustadspørsmålet, med ein sosialt akseptabel bustad til ein sosialt akseptabel pris til alle, langt frå var løyst, seier det seg sjølv at fritidsbustad var noko berre den absolutte overklassen kunne ha. Men heller ikkje overklassen dyrka friluftsliv før mot slutten av 1800-talet. Frå da av kunne det vere aktuelt å bygge seg feriehus ved sjøen for bading og segling, men i vår del av landet var det først og fremst jakt og sportsfiske som var overklassens fritidssyssele. Dei eldste formene for fritidsbustader i Steinkjer er difor jakthytter på fjellet. Desse kunne vere staselege byggverk, som Bodomheimen.

10.12.1 Bodomheimen – kategori B

David Kristian Bodom (sjå og s 87) kjøpte garden Lustad i 1884 som sommarstad. Vinteren 1886-87 sette han i gang arbeidet med «Heimen» inne ved Lustadvatnet. Så godt som alle menn i Gaulstad og Skjelstad var på ein eller annan måte involvert i anlegget.

Teikningane var levert av arkitekt Balthazar Conrad Lange (1854-1937) kjent for mellom anna Trondheim jernbanestasjon (1883) og Holmenkollen sanatorium (1894) (no Holmenkollen Park Hotel). Tonerius Hollås var ein påliteleg byggmeister i øvre Ogdal, men han hadde aldri bygd hus etter teikningar før, så Emil Hansen måtte assistere som teikne-lesar. Hansen var òg den som sto for utskjeringane på stolpeverket. Murearbeidet vart utført av muremeister Chruichshank, smedarbeidet av smed Mathisen på Steinkjer og bygdemålar Tore Fjeset sto for målinga. Bodomheimen er eit godt døme på den nasjonalromantiske stilen («dragestilen») i norsk arkitektur på slutten av 1800-talet, og eit sjeldant døme i Nord-Trøndelag. Bodom tok òg initiativet til «Gulstadvegen», som sto ferdig til bruk i 1895.

Da Bodom døydde, vart heimen seld til to av dei nye eigarane av Ogdalsbruket. Den eine av dei, Fylkesmann Halvor Backe Guldahl vart seinare eineeigar. Han testamenterte Bodomheimen som gåve til Nord-Trøndelag fylkesmannembete i 1931. I 1979 overtok Nord-Trøndelag fylkeskommune driftsansvaret for Bodomheimen og i 2004 vart eigdommen seld til Stiftelsen Bodomheimen.

10.12.2 Andre jakthytter – kategori C

Helge-Rein-By Brug AS bygde kring 1917 ei staseleg jakthytte ved Nordsjøen i Kvam, som framleis er i bruk. (jf også Sir Alexander Walkers jakthytter, s 49). Statens Skoger bygde i 1880-åra tre jakthytter i Ogdalen. Dei vart nytta av utanlandske elgjegarar i starten. Under og etter krigen var det skogsarbeidarar som nytta dei. Etter Fossemsetra, ca 1,2 km nordaust for Giskåstjøna står det framleis att nokre rester. Dei to andre, Holmen i Lauvatnet og hytta ved Jørstadslettet er borte. Holsingsetra i Snåsa var òg viktig for Ogdal i samband med jakt og fløyting.



Eventyrslottet Bodomheimen. Foto: Per Ivar Nicolaysen



To hytter teikna av Jan Inge Hovig. Over: Firmahytta «Børgin» ved Børgin.
Foto: Robert Øfsti. Under: Hans eiga hytte ved Mokkavatnet. Foto: Steinkjer kommune.



12.3 Sætervika feriekoloni – kategori C

Retten til årleg ferie vart forhandla fram av fagforeiningane frå omkring 1900. Arbeidervernlova av 1936 fastsette rett til årleg ferie med full løn i ni arbeidsdagar, men dei fleste arbeidstakarane hadde allereie rett til lengre ferie gjennom tariffavtalar. Ferielova av 1947 gav rett til tre vekers ferie – frå 1964 utvida til fire veker. Men det tok mange år før folk flest hadde råd til å bygge eigen fritidsbustad. I staden vart det lansert ulike kollektive løysingar. Med utspring i arbeidarrørsla vart Norsk Folkeferie danna i 1939. Dette selskapet dreiv etter kvart ei rekkje ulike ferieheimar og reisebyråverksemd. Men det fanst også lokale kollektive løysingar. Helge-Rein-By Brug AS kjøpte eigedommen Sætervika i Sør-Beitstad i 1960. I 1961 overtok foreininga Sætervika Ferieheim området og oppførte ein feriekoloni med åtte små hytter på ei open grasslette, til bruk for bruket sine tilsette. Det ligg dessutan tre privateigde hytter på området. Fleire av dei opphavlege hyttene er bevart i opphavleg tilstand og heile området har eit autentisk preg. Ei planlagt hytteinbygging i området vil i liten grad forringe området som eit kulturminne om ein tidleg, kollektiv feriekultur.

10.12.4 Firmahytta «Børgin» – kategori B

Det er ikkje kjend andre slike hyttekoloniar, men det finst minst eitt døme på ei bedriftshytte, «Børgin», som vart bygd for funksjonærane i Stod og Steinkjer Sparebank i 1962. Hytta er teikna av den kjende arkitekten Jan Inge Hovig (1920-1977) og har arkitektoniske kvalitetar som gjer den til eit verneverdig kulturminne. På ein høg og litt skrådd grunnmur av støypt betong kviler ein nokså flatt røsta trekonstruksjon med eksponerte søyler og dragarar og med ståande trepanel. Assosiasjonane går både i retning av festning/borg (jf namnet og nærleiken til Børgin) og til stabbur. Det er synt stor omtanke for detaljar både ute og inne, hytta er mellom anna fri for innvendig listverk. Og især er innvendige konstruksjonar i samband med belysninga interessante. Med unntak av at nokre veggfaste sittebenker er fjerna, at kjøkken og dusj/toalett er modernisert, er hytta særst autentisk.

10.12.5 Hovighytta ved Mokkavatnet – kategori C

Arkitekt Jan Inge Hovig teikna også ei hytte til seg sjølv ved Mokkavatnet. Han døde omtrent samtidig med at hytta var ferdig, men enka, Fjernsynskjøkkenets Ingrid Espelid Hovig nytta hytta i mange år, til ho vart selt omkring 2010. Ein må karakterisere hytta som ei arkitektonisk perle, og eit godt uttrykk for den landskjende arkitektens særlege stil. Hovig hadde gjennom giftemål eit sterkt tilhøyre til Steinkjer i ein periode. Familien eigde garden Sør-Bruem i Ognadal, begge barna gjekk på Fagerheim skole, og arkitektkontoret hans hadde i nokre år ei lokal avdeling i Steinkjer.

10.13 Idrett, sport og ungdomsarbeid

10.13.1 Skistua på Byafjellet – kategori C

Idretten har sett mange fysiske spor etter seg. Nokre av dei fortener status som kulturminne. Så tidleg som i 1898 fremma skiinteresserte steinkjerbygg tanken om å bygge ei skihytte på Byafjellet, og søndag 11. desember 1904 kunne Skistua innviast på ei tomt gitt av gardbrukar Axel Benum på Fossem gard. Vel 15 år seinare vart Skistua flytta til si noverande plassering ved Fossemsetra og utvida med eit vinkelbygg, etter teikningar av arkitekt August Albertsen. Forutan å vere eit ynda turmål, er det staselege laftebygget også eit lite skimuseum med historiske foto, portrett og historisk skiutstyr.

10.13.2 Haugtrøbakken i Kvam – kategori C

Haugtrøbakken var ei tid kongen blant bakkane i Kvam. Bakkerekorden var på heile 47 m. Ovarennet var langt og ganske kupert, så hopparane forsvann ei stund før dei dukka opp like før hoppkanten. Det solide trehoppet



Til venstre: Dristige svev i Haugtrøbakken. Til høyre: Haugtrøbakken i dag.
Foto: Bodil Østerås



Jutuln i 1949

var bygd drygt 20 m inne på kula. Etter ein vellukka sats kunne hopparen i eit kort sekund sjå halve Snåsavatnet og delar av Kvamsbygda før dei måtte førebu nedslaget. Unnarennet var bratt som mønet på eit fjøstak, men halvvegs nede flata det betrakteleg ut, og her var det nesten umogleg å lande ståande.

Frå tidleg på 1900-talet vart det arrangert søndagsrenn i solskin med trompetstøt og spente hopparar med startnummer, strekkbukse og mørkeblå topphuve. Bygdafolket kravla seg oppover i djupsnøen for å møtast, og for å la seg imponere av dristige prestasjonar i vakker natur. No har vegetasjonen for lengst dekt over alle spor etter den stolte, høgreiste bakkeprofilen, men hoppet som var mura av stein, er godt synleg.

10.13.3 Hoppbakken Klempen i Ogndal – kategori C

Klempen eller Hollåsklempen vart bygd i 1921, etter initiativ av Emil Molin, og i bruk til slutten av 1950-talet. Rydding av skog, bygging av hopp og fartsbru vart gjort på dugnad av ungdommane i grenda og kosta ikkje ei krone for kommunen eller idrettslaget. Profilen i bakken var ikkje i samsvar med nokon norm, men ein hadde skaparglede, dugnadsande og hoppglede!

Naturen har tatt også Klempen attende. Men mange ungar i Ogndal fekk utfolda seg her, og hoppa du rundt 35 m i Klempen kunne du drøyme om å bli den nye Birger Ruud eller Torbjørn Falkanger....

10.13.4. Hoppbakken Jutul'n på Lø – kategori C

Jutul'n vart bygd i åra frå 1936 og utover, etter teikningar av bakkekonsulent T. Thunold-Hansen i Norges Skiforbund. Formannen i Steinkjer Skiklubb, Ragnar Schultz-Jessen, var byggeleiar. Namnet var det Hilda Hjelde som fann på. Ho komponerte også «Jutul-marsjen». Bakken var godkjend for internasjonale hopprenn.

Første renn vart arrangert 18. februar 1940, men det neste først i januar 1949. I februar same år vart NM arrangert, med 16000 tilskodarar og med kong Haakon og kronprins Olav som æresgjestar. Torbjørn Falkanger vann, og sette ny bakkerekord med 73 m. Det var årlege renn frå 1952 til 1955, da Steinkjer Skiklubb feira 70-årsjubileum. Kongepokalen i kombinert det året vart sett opp til jubileumsrennet, med Johan Vanvik frå Selsbakk som vinnar. Siste rennet i Jutul'n vann Johan Flytør i 1958. Bakken, med stillas og dommartårn i tre vart riven i 1963. Men ein kan framleis sjå restane etter hoppet, som var mura av stein, og etter fundamenta for stillaset.

10.13.5 Hoppbakken Svedjan i Ogndal – kategori C

Det første rennet i Svedjan vart arrangert i 1903 og det siste i 1970. I 1908 vann steinkjehopparen Johan Chruicshank Kongepokalen i landsrennet her. Etter 2.verdskrigen vart det bygd fartsbru og montert flomlys, og det vart hoppa omkring 40 m. Stillaset vart rive i 1980. Fundamenta for lysmastene og eit par betongkonstruksjonar er synlege minne etter eitt av dei mest populære idrettsanlegga i Steinkjer.

Hopping i Svedjan baud på mange utfordringar. Kom du ståande ned på sletta, galdt det om å krysse Ognaldsvegen utan å bli påkøyrd av bil, og deretter var det viktig at isen på Ogna bar, blir det fortald. Men dei aller, aller fleste greidde å stanse før dei nådde brøytekanten.

10.13.6 Hoppanlegget Store og Lille Oksvollhalla – kategori C

Den første skibakken her vart offisielt tatt i bruk 14. januar 1922. Anlegget forfall ganske raskt, men vart bygd oppatt etter krigen og tatt i bruk på ny i 1949. I 1954 deltok 200 guttehopparar i kretsrenn i Lille Oksvollhalla, lengste hoppet var på 35 meter. Bakkerekorden var på 42 meter, og 63 meter i Store Oksvollhalla. I 1971 fekk anlegget flomlys og vart tildelt tilskott siste gang i 1985. Anlegget er no nedlagd.

10.13.7 .Travbanen på Bommamyra på Heggesenget – kategori C

Travporten har blitt utøvd på mange slags arenaer. Isen på Lømsen og Rungstadvatnet er nytta mang ein

gong. Men vinteren 1928 og i januar 1944 kørde dei frå Figga til Torget. Da var isforholda for dårlege.

Meir ordna forhold vart det da Steinkjer og Omegn travlag høsten 1963 anla ein travbane på Bommamyra ved Heggesenget. Heile anleggskostnaden kom seg på 7-8000 kr. I 1966 stilte 30 hestar til start i travlagets jubileumsstemne, og i 1979 heldt Lømsen travlag sitt 75-årsjubileumsstemne her. Men travbanen gjekk gradvis ut av bruk, for dårleg dosering i svingane var ein av årsakane. Men anlegget er framleis godt synleg i terrenget. Lømsen travlag sin nye bane i Sprova er sia 1991 hovudarena for travkøyring i distriktet.

10.13.7 Fjell salongskyttarbaneanlegg – kategori C

På ei myr ved Oksås i Sparbu ligg Fjell salongskyttarbane. Den vart bygd omkring 1930 og var i bruk til rundt 2000. Her er det skyttarhus, standplass med overbygg, og skivestativ med vaieroverføring på 30, 50 og 100 m. Anlegget er av dei best bevarte i Steinkjer. Salongskytinga blomstra opp i 1920-åra, og det vart bygd fleire banar i alle bygdene i Steinkjer. Utpå 60-talet dabba det av med interessa for salongskyting. Aktiviteten hamna i stor grad inn i Det Frivillige Skyttervesen sine skyttarlag. Blant dei som heldt ut lengst i Steinkjer er Fjell i Sparbu og Ogna i Ogdal.

10.13.8 Speiderhuset – kategori C

Det mest særprega byggverket arkitekt John Aasum teikna i Steinkjer er Speiderhuset ved elva på Nordsia, ferdig i 1964. Både oppgåva og utforminga er spesiell. Funksjonen får pent underordne seg det formmessige utgangspunktet – det omskrevne omrisset av speiderlilje og trekløver. At patruljeromma i førstehøgda fekk skrå vegger, var kan hende upraktisk, men ga også ei slags «hule»-kjensle. Og det store, høglofta rommet i andrehøgda, med sine store vindauge ut mot elva og faste langbenker langs veggen, har danna ei stemningsfull ramme om mangt eit troppsmøte. Speiderhuset er teikna i samarbeid med arkitekt Arne Eggen.

10.13.9 Skauna ungdomshus – kategori C

Ungdomshuset Skauna vart bygd i 1920 av UL Maiblomsten i Øvre Kvam. Med unntak av eit tilbygg på inngangspartiet med garderobe og toalett er husets eksteriør rimeleg uendra. Av interiøret er Liss-salen og Stor-salen relativt autentisk, medan kjøkkenet er oppgradert. Her har det lokale spellaget sine årlege framsyningar, og Øvre Kvam Mannskor nyttar Skauna til øvingslokale.

10.13.10 Heistad forsamlingshus, Sparbu – kategori C.

Dette forsamlingshuset er bygd i 1899. Det er mykje ombygd, men har framleis mellom anna synlege, opphavlege tømmerveggar i storsalen.

10.14 Statuar og minnesmerke – kategori C

10.14.1 Edvard Lillemark – gråsteinsmurar og bautasteinar

Edvard Lillemark vart fødd på småbruket Lillemark i Egge den 3. februar 1883. Han fekk seg agronomutdanning på Mære, men da Steinkjer skulle byggast opp etter brannen i 1900 kom han i murlære. Gråsteinsmuring vart yrket han dreiv i tillegg til småbruket. Lillemark hadde ei rekke oppdrag med å mure gjødselkjellarar og grunnmurar, mellom anna på gardane Selli, Dyrstad, Svenning, Kvam og Homnes i Egge, Hoset, Hosetaunet og Hærvik i Beitstad, Rygg, Ryan og Øvre Dalem i Sparbu. Noko av det flottaste han gjorde er terrassemuren på Egge gard, som vart oppført på midten av 1920-talet. Steinblokkene kom frå steinbrotet Nygården i Eggelia.

I 1922 fekk Lillemark i oppdrag frå Bondeungdomslaget i Steinkjer å reise ein minnebauta over statsråd Ole Anton Qvam. Bautaen vart levert av Johan Myrvang i Hegra. Den er 4,5 m høg og veg 4,5 tonn, er graven 1 m



Øverst: Speiderhuset. Foto: Robert Øfsti
Over: Skauna ungdomshus



Over: Hagemuren på Egge. Mura av Edvard Lillemark ca 1925.

Foto: Bodil Østerås

Under: Bautaen over Ole Anton Qvam ruvar på Egge kyrkjegard. Foto Robert Øfsti

Under til høgre: Minnesteien på Drøgsåsen. Foto: Morten Stene



ned i bakken og står på eit fundament som veg 2/3 av vekta til bautaen. Minnebautaen over statsråd Qvam, med bronserelieff utført av Gustav Lærum, vart avduka 5. august 1922.

I 1927 fekk Lillemark i oppdrag å skaffe til vegs og etterarbeide gråsteinsbautaen på Våttabakken (sjå s 31). Det vart brukt stubbryter for å få steinen fram frå steinura like ovanfor småbruket Lillemark, og bautaen vart frakta på støtting med hest til Våttabakken. Lillemark skaffa til vegs og reiste bautaen og dei fire mindre steinane til minnesmerket for Ola Five (sjå s 48) på Krogbakken i 1932. Minnesmerket vart flytta til skytebanen ved Lerkehaug i 1995.

10.14.2 Mordet på Drøgsåsen – kategori C

Drøgsåsen ligg mellom Vassaunet og Dyrstad i Egge. Her gjekk den gamle hovudvegen frå Steinkjer til Beitstad og vidare over Namdalseid til Rødhammerberga. Vegen gjekk ut av bruk kring 1875 da vegen om Asphaugen vart bygd.

Ein julidag i 1860 la den 77 år gamle kårmannen Arnt Toresen Hals (sjå s 50) ut på Steinkjertur. Første dagen gjekk han til dottera Karen. Neste dag fekk han følgje av ein ferdamann som hadde overnatta i Fosnesstranda. Dei vart gåande saman og prate, for Arnt var ein riktig pratmakar. Vegen gjekk ovanfor husa på øvre Dyrstad, og ovanfor vegen låg det ein husmannsplass. Arnt og framandkaren var innom her og drakk kaffi før dei la i veg over Drøgsåsen. Kona på Dyrstad-plassen som var den siste som såg Arnt Hals i live.

Arnt kom ikkje attende frå Steinkjer-turen og ingen hadde sett han på Steinkjer. Men framandkaren var det mange som hadde sett. Ein som hadde køyrt med hest og vogn over Drøgsåsen same føremiddag hadde sett ein kar som vaska fingrane i eit myrhol. Andre hadde både sett og prata med karen på vegen mellom Rungstad og Steinkjer.

Etter 10-12 dagar fann dei liket av Arnt under ein haug med bar 30 m nedanfor vegen. Halstørkelet var bundet over munnen og ytterkleda var borte. Ved sida av låg nisteskreppa, lommeboka og pengepungen, men pengane var borte. Obduksjonen syntte at han vart slått i hovudet med noko hardt, truleg ein stein. Signalementet på framandkaren vart sendt ut over heile landet, og fem personar var inne til avhør, men alle hadde alibi. Tre år seinare, den 19. mai 1863 arresterte lensmannen i Stjørdal ein kar med bergensdialekt. Mannen heitte Lasse Sørensen Hatlem og vart dømt i underretten for mordet på Drøgsåsen. Han anka til høgsterett der han både fekk medhald på alle punkt og erstatning på 1000 kr frå Stortinget.

På dødsleiet vedgjekk Hatlem likevel at det var han som hadde tatt livet av Arnt Halsan, men det same gjorde visstnok også ein svensk omstreifar.

Olaf Berg (Martin Kvinnavika) sette opp ein trekross på staden der Arnt vart funnen, med følgjande tekst: »Her ble kårmann Arnt Hals myrdet 4. juli 1869 i sin alders 77.-de år. Morder ukjent./ For nogle lumpne kroners vinning/ fik du slaget i din tinning, men morderen skal ikke spares/ når alting en gang åbenbares». I 1939 tok Berg korset med heim for å pusse det opp. Dermed gjekk det tapt i bombinga i 1940.

I 1984 reiste Egge og Beitstaden historielag ein minnestein med same inskripsjon. Steinen vart henta frå grunnmuren på hovudlåna til Egge gard.

10.14.3 Minnesteinar og monument ikkje nemnt annan stad

Olaf Berg, minnestein med relieff av Oscar Lynum på Steinkjer kyrkjegard

Inge Bjørnes (daud i tysk konsentrasjonsleir), minnestein på Bodom kyrkjegard

Hans Konrad Foosnæs, politikar og skolemann, minnestein på Solberg kyrkjegard

Asbjørn Følling, byste av Annasif Døhlen i HiNT-parken

John Hansen Myranes, lærar og arbeiderfører, minnestein på Steinkjer kyrkjegard

Asbjørn Hellen (daud etter tysk fangenskap), minnestein på Kvam kyrkjegard

Ola Lynum, sokneprest, gravstein med relieff av Oscar Lynum på Steinkjer kyrkjegard

Olav Nordtug (fall i krigen), minnestein på Solberg kyrkjegard

Fredrikke Marie Qvam, byste av Tore Bjørn Skjølsvik ved Steinkjer kyrkje



Gravminne over Henrik Reitlo på For kyrkjegard.
Foto: Roger Lyngstad

Henrik Reitlo, minnestein på For kyrkjegard
 Otto Sverdrup, monumentalskulptur av Carl E Paulsen i parken foran Steinkjer Eldresenter
 Kristofer Uppdal, byste av Nils Aas i nordenden av Kristofer Uppdals gate
 Edvard Vekre, minnestein med relieff på Mære kyrkjegard
 Jakob Weidemann, byste av Nils Aas i Steinkjer rådhus.
 Jakob Weidemann, minnestein ved Steinkjer kyrkje.
 Ole Sivert Welde, politkar, minnestein med relieff av A. Santi ved Beitstad skole

Førebels litteraturliste

Binns, Kari Støren 1996: Steinalderboplassen på Våttabakken i Egge, Steinkjer kommune. Årbok Egge Historielag
 Bins, Kari Støren 2004: Historisk vandring Trana-Ofteånasen gjennom 3000 år. Ogdal- og Egge Historielag og Foreningen gamle Steinkjer
 Bygdebook for Sparbu og Ogdal bind 1 og 2
 Direktoratet for naturforvaltning ??? : Handbok nr 13 Kartlegging av naturtyper
 Duklæt, Harald 2002: Kalkbrenning. Nåkkå tå kvart nr 15. Kvam Historielag
 Duklæt, Harald 2011: Rokthotta-smeltehytte. Sålaupen 22. årgang. Ogdal historielag
 Dybdahl, Audun 1994: Bebyggelsen på Egge gard. Årbok for Egge Historielag
 Dybdahl, Audun 1995: Gjævrån i middelalderen. Historisk vandring fra Gjævrån gard til bygdeborgen Slottet. Egge Historielag
 Dyrstad, Jorid 1996: Spinneriet på Byafossen. Årbok Egge Historielag
 Egge Historielag 1995: Historisk vandring fra Gjævrån gård til bygdeborgen «Slottet». Egge Historielag
 Egge Museum 1998: Ola Five. Best å vera budd. Utstillingskatalog
 Ellingsen, Ellen Johanne Grav 2003: Trekantede og stjerneformede anlegg i Trøndelag – en studie av synbolikk og funksjon. Hovedoppgave NTNU Vitenskapsmuseet
 Fossum, Gunnar 1996: Mordet på Drøgsåsen. Årbok Egge Historielag
 Fossum, Gunnar 1996: Selvig Dampsag og Høvleri. Årbok Egge Historielag
 Fossum Gunnar 2006: Hegge. Årbok Egge Historielag
 Fylkesmannen i Nord-Trøndelag 2000: Natur og kulturverdier i Ognavassdraget, Steinkjer kommune. VVV-rapport 2000-12
 Getz, K 1996: Taubanene Byafossen-Eggebogen. Årbok Egge Historielag
 Getz, Knut 1996: A/S Helge-Rein-By brug 100 år. Årbok Egge Historielag
 Gildberg, Asbjørn 2004: Barndomsminner frå en optimistisk etterkrigstid. Nåkkå tå kvart. Nr 17. Kvam Historielag
 Guin, Arne 1986: Seter og seterliv i Kvam og Følling. Kvam Historielag. Steinkjer
 Hagen, Nils Christian 1985: Mykje lokalhistorie er samla kring Roktgården. Ogdalsvandringar. Øvre Ogdal Ungdomslag
 Hofstad, Anton, (1982)Jordbruket I: Bygdebok for Sparbu og Ogdal
 Karlsen, Charles 1994: Stenvigen Dampsag A/S. Årbok Egge Historielag
 Karmøy kommune 2008: Kulturminneplan Karmøy kommune 2008 – 2012
 Kjesbu, Johannes 1924: Inntrøndelagens julenummer
 Kvistad, Alf(1995): Minne om Asbjørn Hellen, i Nåkkå tå kvart nr 8, Kvam historielag
 Landbruks- og matdepartementet, Miljøverndepartementet 2007: Utvalgte kulturlandskap i jordbruket
 Lillemark, Mentz 1993: Gråsteinsmureren fra Egge som reiste minnebautaer. Årbok Egge Historielag 1993.
 Lund, Bjørn 2004: Bekken og Kvennkallen. Virksomheten ved elver og bekker i Steinkjer kommune. Designtrykk AS
 Lyngstad, Roger 1998: Ola Five og amtskolen på Flekstad 1886-1887. Nåkkå tå kvart. Nr 11. Kvam Historielag
 Lyngstad, Roger 2002: Kvam historielag 25 år. Nåkkå tå kvart nr 15. Kvam
 Lyngstad, Roger 2003: Kvam kirke. Nåkkå tå kvart. Nr 16. Kvam Historielag
 Lyngstad, Roger 2006: Hans Hegli. Nåkkå tå kvart. Nr 21. Kvam Historielag
 Lyngstad, Roger 2007: Bygdebok for Stod, Kvam og Egge. Folk og heimer i Kvam. Hegge-Grøtan. Bind IVa. Steinkjer

Lyngstad, Roger 2009: Tur til Hellenseteren. Nåkkå tå kvart. Nr 21. Kvam Historielag
Lyngstad, Roger 2011: Nodal bru. Nåkkå tå kvart. Nr 22. Kvam Historielag
Løøv, Anders 2003: Skarilbekken og Skarilmyra. Nåkkå tå kvart. Nr 16. Kvam Historielag
Macedo, Lars Lilleby 2012: Som en påle. Upublisert.
Nicolaisen, Per Ivar 2011: Har det vært falkefangst i Ogdalsfjella?. Sålaupen 22. årgang. Ogdal Historielag
Nord-Trøndelag fylkeskommune 2009: Handlingsprogram for kulturminnepolitikk
Nord-Trøndelag fylkeskommune og Fylkesmannen i Nord-Trøndelag 1995: Verneplan for kulturmiljø
Nord-Trøndelag fylkeskommune og Fylkesmannen i Nord-Trøndelag ????: Fram i lyset
Norges bebyggelse herredsbind for Nord-Trøndelag, midtre del (opprykk 1977) faglitteratur as.
Norsk biografisk leksikon
Ogdal sokneråd 1989: Skei kyrkje 325 år. Steinkjer trykkeri AS
Olai, Fred 1992: Den mest «illegale» kvinnen i hele Nord-Trøndelag, Anne Austli i Ogdal. Sålaupen. Ogdal Historielag
Qvam, Eystein 1995: Noen trekk frå gårdens historie i nyere tid. Historisk vandring fra Gjævrån gard til bygdeborgen »Slottet». Egge Historielag
Riksantikvaren: (2013) Håndbok i lokal registrering
Rygh, Oluf 1897-1924: Norske gaardnavne 1-18
Skjei, Jarle (red.) 2006: Bygdebok for Stod, Kvam og Egge. Bind 1. Steinkjer
Smestad, Ingrid 1991: Frå Vibe til Helge. Historisk vandring fra Vibe til Helge. Ogdal- og Egge Historielag
Smestad, Ingrid 1995: Bygdeborgen på Hoåsen. Nåkkå tå kvart. Nr 8. Kvam Historielag
Smestad, Ingrid 1995: Gjævrån i forhistorisk tid. Historisk vandring fra Gjævrån gard til bygdeborgen »Slottet». Egge Historielag
Stigum, Finn 1992: Axel Stigum Sålaupen 3. årgang. Ogdal Historielag
Stensheim, Egil (2006) Estetisk veileder for Steinkjer
St.meld. nr 16 (2004-2005): Leve med kulturminner
Tønne, Berit 1991: Vibe gård i Ogdal. Historisk vandring fra Vibe til Helge. Ogdal- og Egge Historielag
Tønne, Lars 1990: Røysing Meieri-eit 100 års minne. Sålaupen 1. årgang. Ogdal Historielag
Tønne, Lars 2005: Bodom kapell 100 år. 1905-2005. Sålaupen. Ogdal Historielag
Tønne, Lars 2009: «Smedgata» i Røysinga. Sålaupen 20. årgang. Ogdal Historielag
Wæhre, Paul Ivar 2001: Kvamsfjella-Fjellslått. Ytre del. Nåkkå tå kvart. Nr 14. Kvam Historielag
Wæhre, Paul Ivar 2005: Semsfossen Torvstrøsam lag A/S. Nåkkå tå kvart. Nr 18. Kvam Historielag
Øfsti, Robert (2010) Eit nasjonalt senter for gjenreisingsbyane våre. Forprosjektrapport
Østerås, Bodil 2012: Gravminna i Giskåsmarka. Plakat Ogdal Historielag
Øverland, Berge 1967: Egge kyrkje. Historisk oversikt. Egge Sokneråd, Steinkjer
Aarholt, Tormod 1994: Bygdebok for Sparbu og Ogdal. Bind IX. Bygdeboknemnda for Sparbu og Ogdal
Aarholt, Tormod 1998: Koppverka i Ogdal. Gruvene på Gulstad og Mekk. Ogdal Historielag
Reamstad, Wenche, Fjellstad, Wendy og Puschmann, Oskar: 2000-2001 Tilstandsovervåking og resultatkontroll i jordbrukets kulturlandskap ved hjelp av utvalgskartlegging

Nettsider:

<http://snl.no>

<http://www.steinkjerleksikonet.no>

<http://www.steinkjer-kommune.net/eggevandring/egge/index.php>

www.lovdatabas.no